

# Knot

**Omgrepet, definisjonane og førestellingane**

Else Berit Molde



Masteravhandling ved Nordisk institutt  
Universitetet i Bergen  
Våren 2007

## FØREORD

Det er mange som har gjeve meg råd i samband med arbeidet mitt med dette prosjektet. Knot har vorte eit samtallemne i dei fleste sosiale lag, og folk eg har møtt har kome med konkrete tips på kven eg burde nytta som informantar. Sjølv om det aldri har vore eit mål for meg å gjera opptak av folk sine vene, onklar eller tidlegare sjefar, har eg sett pris på den interessa prosjektet har vorte møtt med, og eg vil takka for alle innspela eg har fått.

Fleire har hjelpt meg med gjennomføringa av dette prosjektet. Eg vil fyrst av alt takka rettleiaren min, professor Gunnstein Akselberg, som har vist engasjement og kome med gode råd til arbeidet med prosjektet. Dette har vore til stor hjelp for meg i denne prosessen. Vidare vil eg takka systera mi Ann-Kristin Molde for å ha lese teksten og gjeve tilbakemeldingar på denne, i tillegg til å stilla opp for meg i innspurten. Ingrid Guntveit og Torill Sæterøy fortener også ein takk for å ha lese korrektur og kome med små og store innspel. Til sist vil eg takka informantane som stilte opp i undersøkinga og delte meiningane sine om knot med meg.

Bergen, mai 2007

Else Berit Molde

# INNHOLD

|   |           |
|---|-----------|
| <b>1 INNLEIING .....</b>  | <b>7</b>  |
| 1.1 Hovudmål .....  | 7         |
| 1.2 Bakgrunn for avhandlinga .....  | 7         |
| 1.3 Problemstillingar .....   | 8         |
| 1.4 Avgrensing av studieobjektet .....  | 10        |
| 1.5 Strukturen i avhandlinga .....  | 12        |
| <b>2 BAKGRUNN: KNOT I EIN SPRÅKHISTORISK KONTEKST .....</b>                                     | <b>13</b> |
| 2.1 Innleiing .....   | 13        |
| 2.2 Sosiale talemålsskilnader oppstår i det norske språket .....                                | 14        |
| 2.2.1 Dansk skriftspråk tek over i Noreg .....  | 14        |
| 2.2.2 Utviklinga av eit dansk-norsk talemål i dei høgare samfunnslaga .....                     | 15        |
| 2.2.3 Knot – forsøk på å leggja seg etter eit <i>finare</i> talemål? .....                      | 16        |
| 2.3 Det nasjonale si rolle for oppvurdering av dialektane .....                                 | 17        |
| 2.3.1 Interessa for det <i>ekte</i> norske språket oppstår .....                                | 18        |
| 2.3.2 Grunnlaget for det <i>norske</i> skriftspråket – danna daglegtale eller dialektane? ..... | 19        |
| 2.3.3 Talemålet i skulen – motstand mot opplæring i den danna daglegtalen .....                 | 20        |
| 2.3.4 Knot – vart førestellingane forsterka av ein nasjonal dimensjon? .....                    | 21        |
| 2.4 Statusen til normaltalemål og dialektar etter 1800-talet .....                              | 22        |
| 2.4.1 Uoffisiell talemålnormering i Noreg .....   | 23        |
| 2.4.2 Dialektreisinga på 1970-talet .....   | 24        |
| 2.4.3 Knot – forsøk på normert tale? .....  | 25        |
| 2.5 Stoda til dialektane i dag .....  | 26        |
| 2.5.1 Dagens talemålssituasjon .....  | 26        |
| 2.5.2 Knot – kva rolle speler fenomenet i Noreg i dag? .....                                    | 27        |
| <b>3 OMGREPET Å KNOTA .....</b>   | <b>29</b> |
| 3.1 Innleiing .....   | 29        |
| 3.2 Når oppstod omgrepet å knota? .....   | 29        |
| 3.3 Definisjonar av omgrepet å knota i norske oppslagsverk .....                                | 31        |
| 3.4 Forklaringsar av fenomenet knot i faglitteraturen .....                                     | 33        |
| 3.5 Populærviskaplege forklaringar av knot .....  | 37        |
| 3.6 Nokre språkpolitisk prega syn på knot .....   | 39        |
| 3.7 Folkelege oppfatningar av knot .....  | 42        |
| <b>4 TEORETISKE TILNÆRMINGAR.....</b>   | <b>46</b> |
| 4.1 Innleiing .....   | 46        |
| 4.2 Folkelingivistikk .....   | 47        |
| 4.2.1 Studiet av ikkje-lingvistar sine oppfatningar av språk .....                              | 47        |
| 4.2.2 Det språklege medvitsnivået til ikkje-lingvistar .....                                    | 49        |
| 4.3 Språkhaldningar .....   | 51        |
| 4.3.1 Ulike tilnærmingar til haldningsomgrepet .....  | 51        |
| 4.3.2 Er visse haldningar meir eigentlege enn andre? .....                                      | 53        |
| 4.3.3 Stereotype førestellingar .....   | 55        |
| 4.4 Språknormer .....   | 57        |
| 4.4.1 Fastsette og internaliserte normer .....  | 57        |
| 4.4.2 Konstitutive og regulative normer .....   | 58        |
| 4.4.3 Korrekt og reint språk .....  | 60        |

|   |           |
|---|-----------|
| 4.4.4 Språkleg solidaritet og gruppetilhørsle .....                       | 62        |
| 4.4 Språklege val .....   | 63        |
| 4.5.1 Talespråkleg tilpassing.....  | 63        |
| 4.5.2 Er språket ein viktig del av identiteten? .....                     | 65        |
| <b>5 METODE .....</b>   | <b>66</b> |
| 5.1 Innleiing .....   | 66        |
| 5.2 Val av metode.....  | 66        |
| 5.2.1 Kvalitative og kvantitative metodar .....                           | 66        |
| 5.2.2 Direkte og indirekte måling av språkhaldningar .....                | 68        |
| 5.2.3 Bruk av spørjeskjema for innsamling av data .....                   | 69        |
| 5.3 Val av informantar .....  | 70        |
| 5.3.1 Kvifor gjennomføra spørjeundersøkinga på éin geografisk stad?.....  | 71        |
| 5.3.2 Ein kort presentasjon av bygda Voss .....                           | 71        |
| 5.3.3 Unge og eldre informantar .....                                     | 72        |
| 5.3.4 Unge informantar frå gymnas og jordbrukskule.....                   | 72        |
| 5.4 Utforming av spørjeskjemaet .....                                     | 73        |
| 5.4.1 Bruk av opne og lukka spørsmål .....                                | 73        |
| 5.4.2 Spørsmålsformuleringane.....  | 74        |
| 5.5 Praktisk gjennomføring av undersøkinga.....                           | 75        |
| 5.5.1 Dei unge informantane .....   | 76        |
| 5.5.2 Dei eldre informantane .....  | 76        |
| 5.5.3 Vurdering av innsamlingsarbeidet .....                              | 77        |
| 5.6 Beskriving av det samla materialet .....                              | 78        |
| 5.7 Framgangsmåte i analysen av resultata.....                            | 79        |
| <b>6 PRESENTASJON OG DRØFTING AV RESULTATA .....</b>                      | <b>81</b> |
| 6.1 Innleiing .....   | 81        |
| 6.1.1 Kjennskap til omgrepet <i>å knot</i> .....                          | 82        |
| 6.1.2 Oppsettet i presentasjonen av resultata .....                       | 84        |
| 6.2 Definisjonar av omgrepet <i>å knot</i> .....                          | 84        |
| 6.2.1 Kva legg informantane i omgrepet <i>å knot</i> ? .....              | 85        |
| 6.2.1.1 <i>Informantane frå gymnaset</i> .....                            | 85        |
| 6.2.1.2 <i>Informantane frå jordbrukskulen</i> .....                      | 86        |
| 6.2.1.3 <i>Informantane frå eldretreffet</i> .....                        | 87        |
| 6.2.2 Oppsummering og drøfting .....                                      | 88        |
| 6.3 Normoppfatningar – kva er vossamål og kva er knot?.....               | 89        |
| 6.3.1 Kva er typisk for vossamålet? .....                                 | 90        |
| 6.3.1.1 <i>Informantane frå gymnaset</i> .....                            | 90        |
| 6.3.1.2 <i>Informantane frå jordbrukskulen</i> .....                      | 91        |
| 6.3.1.3 <i>Informantane frå eldretreffet</i> .....                        | 92        |
| 6.3.2 Finst det ulike variantar av vossamål? .....                        | 93        |
| 6.3.3 Korleis snakkar ein vossing som knotar? .....                       | 94        |
| 6.3.4 Oppsummering og drøfting .....                                      | 98        |
| 6.4 Reaksjonar på knot .....  | 100       |
| 6.4.1 Korleis reagerer informantane når dei høyrer folk som knotar? ..... | 100       |
| 6.4.1.1 <i>Informantane frå gymnaset</i> .....                            | 100       |
| 6.4.1.2 <i>Informantane frå jordbrukskulen</i> .....                      | 101       |
| 6.4.1.3 <i>Informantane frå eldretreffet</i> .....                        | 102       |
| 6.4.2 Oppsummering og drøfting .....                                      | 103       |

|  |            |
|--|------------|
| <b>6.5 Årsaker til knot.....</b>   | <b>105</b> |
| 6.5.1 Kva trur informantane er årsakene til at folk knotar? .....        | 106        |
| <i>6.5.1.1 Informantane frå gymnaset .....</i>                           | 106        |
| <i>6.5.1.2 Informantane frå jordbrukskulen.....</i>                      | 107        |
| <i>6.5.1.3 Informantane frå eldretreffet.....</i>                        | 107        |
| 6.5.2 Oppsummering og drøfting .....                                     | 108        |
| <b>6.6 Førestillingar om språkbrukaren og språkbruksituasjonen .....</b> | <b>110</b> |
| 6.6.1 Er det visse typar menneske som knotar meir enn andre? .....       | 110        |
| <i>6.6.1.1 Informantane frå gymnaset .....</i>                           | 110        |
| <i>6.6.1.2 Informantane frå jordbrukskulen.....</i>                      | 111        |
| <i>6.6.1.3 Informantane frå eldretreffet.....</i>                        | 112        |
| 6.6.2 I kva samanhengar knotar folk mest?.....                           | 113        |
| <i>6.6.2.1 Informantane frå gymnaset .....</i>                           | 113        |
| <i>6.6.2.2 Informantane frå jordbrukskulen.....</i>                      | 113        |
| <i>6.6.2.3 Informantane frå eldretreffet.....</i>                        | 114        |
| 6.6.3 Oppsummering og drøfting .....                                     | 115        |
| <b>6.7 Evaluering av eige talemål .....</b>                              | <b>116</b> |
| 6.7.1 Informantane si vurdering av eigen språkbruk.....                  | 116        |
| 6.7.2 Eigenevaluering og årsaker til knot.....                           | 119        |
| 6.7.3 Eigenevaluering og rapporterte reaksjonar på knot.....             | 120        |
| <b>7 DRØFTING AV HOVUDRESULTAT, METODE OG TEORI .....</b>                | <b>122</b> |
| 7.1 Innleiing .....  | 122        |
| 7.2 Hovudtendensar i resultata frå spørjeundersøkinga .....              | 122        |
| 7.2.1 Avgrensing av knot .....   | 122        |
| 7.2.2 Haldningar til knot .....  | 124        |
| 7.2.3 Førestillingar om språkbrukaren.....                               | 125        |
| 7.2.4 Eigenevaluering.....   | 126        |
| 7.3 Evaluering av metode og teoretiske tilnærmingar.....                 | 127        |
| 7.4 Overføringsverdien av resultata .....                                | 128        |
| <b>8 AVSLUTNING .....</b>  | <b>130</b> |
| 8.1 Større innsikt i det språklege fenomenet knot? .....                 | 130        |
| 8.2 Vil omgrepet å knota finnast i daglegtalen i framtida? .....         | 132        |
| 8.3 Tankar om vidare forsking .....                                      | 133        |
| <b>LITTERATURLISTE.....</b>  | <b>134</b> |
| <b>VEDLEGG 1: TABELLAR .....</b>   | <b>139</b> |
| <b>VEDLEGG 2: SPØRJEUNDERSØKINGA .....</b>                               | <b>143</b> |
| <b>VEDLEGG 3: INFORMASJONSSKRIV TIL DEI ELDRE INFORMANTANE.....</b>      | <b>147</b> |
| <b>SAMANDRAG .....</b>   | <b>148</b> |

## OVERSIKT OVER TABELLAR, FIGURAR OG DIAGRAM

|   |     |
|---|-----|
| Tabell 1: Oversikt over innsamla spørjeskjema.....  | 78  |
| Tabell 2: Fordeling mellom kategoriane 'frå Voss' og 'ikkje frå Voss' blant dei unge informantane.....              | 79  |
| Tabell 3: Fordelinga av informantar som svarer at dei kjenner til omgrepet å knota.....                             | 83  |
| Tabell 4: Definisjonar av omgrepet <i>å knot</i> . Informantane frå gymnaset.....                                   | 85  |
| Tabell 5: Definisjonar av omgrepet <i>å knot</i> . Informantane frå jordbrukskulen.....                             | 86  |
| Tabell 6: Definisjonar av omgrepet <i>å knot</i> . Informantane frå eldretreffet.....                               | 87  |
| Tabell 7: Kva er typisk for vossamålet? Informantane frå gymnaset.....  | 91  |
| Tabell 8: Kva er typisk for vossamålet? Informantane frå jordbrukskulen.....  | 91  |
| Tabell 9: Kva er typisk for vossamålet? Informantane frå eldretreffet.....  | 92  |
| Tabell 10: Enkeltord som informantane trekkjer fram som døme på knot.....   | 96  |
| Tabell 11: Reaksjonar på knot. Informantane frå gymnaset.....   | 101 |
| Tabell 12: Reaksjonar på knot. Informantane frå jordbrukskulen.....   | 101 |
| Tabell 13: Reaksjonar på knot. Informantane frå eldretreffet.....   | 102 |
| Tabell 14: Årsaker til knot. Informantane frå gymnaset.....   | 106 |
| Tabell 15: Årsaker til knot. Informantane frå jordbrukskulen.....   | 107 |
| Tabell 16: Årsaker til knot. Informantane frå eldretreffet.....   | 107 |
| Tabell 17: Førestillingar om språkbrukaren. Informantane frå gymnaset.....  | 111 |
| Tabell 18: Førestillingar om språkbrukaren. Informantane frå jordbrukskulen.....                                    | 112 |
| Tabell 19: Førestillingar om språkbrukaren. Informantane frå eldretreffet.....                                      | 112 |
| Tabell 20: Førestillingar om språkbruksituasjonen. Informantane frå gymnaset.....                                   | 113 |
| Tabell 21: Førestillingar om språkbruksituasjonen. Informantane frå jordbrukskulen.....                             | 113 |
| Tabell 22: Førestillingar om språkbruksituasjonen. Informantane frå eldretreffet.....                               | 114 |
| Tabell 23: Årsaker til knot. Informantane som knotar <i>sjeldan, ganske ofte eller svært ofte</i> ..                | 119 |
| Tabell 24: Årsaker til knot. Informantane som <i>aldri</i> knotar.....  | 120 |
| <br>  |     |
| Figur 1: Ulike omgrep som vert nytta om det same språklege fenomenet.....   | 11  |
| Figur 2: Knot som språkleg tilpassing til eit finare talemål. Ein sosial dimensjon.....                             | 17  |
| Figur 3: Knot som språkleg tilpassing til eit dansk talemål. Ein nasjonal dimensjon.....                            | 22  |
| Figur 4: Knot som språkleg tilpassing tile it normaltalemål.....  | 26  |
| Figur 5: Knot – kva form for språkleg tilpassing er det i dag?.....   | 28  |
| Figur 6: Eit utval definisjonar av omgrepet <i>å knot</i> .....   | 33  |
| Figur 7: Plassering av folkelingvistikken i det generelle språkstudiet.....   | 48  |
| Figur 8: Vurderingar av korrekt dialektbruk.....  | 60  |
| Figur 9: Kva form for talespråkleg tilpassing er knot. To definisjonar av omgrepet.....                             | 88  |
| Figur 10: Korrektheitideal i vossadialekten. Ein skala mellom ytterpunktak <i>ekte dialekt</i> og <i>knot</i> ..... | 98  |
| <br>  |     |
| Diagram 1: Reaksjonar på knot.....  | 104 |
| Diagram 2: Årsaker til knot.....  | 109 |
| Diagram 3: Knotar informantane sjølv?.....  | 117 |
| Diagram 4: Årsaker til at andre knotar.....   | 120 |
| Diagram 5: Reaksjonar på knot. Svara til informantane som knotar, og informantane som aldri knotar.....             | 121 |

# 1 INNLEIING

## 1.1 Hovudmål

Målet med dette prosjektet er å få innsikt i det språklege fenomenet knot. Omgrepene *å knota* har vore nytta om språkbruk i Noreg heilt sidan 1600-talet,<sup>1</sup> og me møter det framleis både i daglegtalen og i media, vanlegvis i negativt ladd tyding. Det finst ingen lengre vitskaplege utgreiingar om emnet, og utgangspunktet for prosjektet er difor eit ynske om å gjennomføra ei systematisk undersøking av fenomenet knot. Målet for arbeidet er å gå nærmare inn på kva som ligg i omgrepene *å knota*, og kva førestellingar som knyter seg til dette språklege fenomenet.

I dette kapitlet vil eg først gje greie for bakgrunnen for avhandlinga (punkt 1.2) og deretter presentera problemstillingane mine (punkt 1.3). Vidare vil eg avgrensa studieobjektet for prosjektet (punkt 1.4), før eg til sist presenterer strukturen i avhandlinga (punkt 1.5).

## 1.2 Bakgrunn for avhandlinga

Det vert ofte hevda at me lever i eit land med stor talespråkleg toleranse. Dette synet vert grunngjeve med at det i Noreg er slik at dialektbruk er både utbreidd og akseptert, ikkje berre i private samanhengar, men også i media og det offentlege rommet. Samanlikna med andre europeiske land har dialektar i Noreg jamt over større prestisje, og ettersom det heller ikkje finst offisielle talemålsnormer her i landet, vert den norske språksituasjonen ofte trekt fram som spesiell og særeigen. Nordmenn kan bruka dialekten sin i så godt som alle situasjonar, og aksepterer langt på veg at andre gjer det same. Den talespråklege fridomen i Noreg er slik sett stor, og nordmenn vert generelt rekna for å vera tolerante til språkleg variasjon:

Man kan ikke vokse opp i det norske sprogsamfund uden at bli vænnet til sproglige forskelle og variation som noget naturligt – noget som man derfor ikke oppfatter som irriterende og forstyrrende, men som verdifullt (Kristiansen 1996:12).

Den norske språksituasjonen kan på mange måtar framstå som eit *talespråkleg paradis*, der språkleg variasjon er verdsett og akseptert. Det er liten tvil om at dette i stor grad er tilfelle for bruk av tradisjonelle dialektar, men er det slik at nordmenn oppfattar nordmenn *all* variasjon i talemålet som naturleg og verdifull? Omfattar den språklege toleransen også alle former for individuell språkleg variasjon?

Nokre gonger varierer folk språket sitt på ein slik måte at språkbruken deira vert kalla *knot*. Dette er ei form for individuell språkleg variasjon som mange nordmenn ikkje har sett på som naturleg og verdifull, snarare tvert imot. Knot har vore rekna som eit brot på

---

<sup>1</sup> Bakgrunnen for at omgrepet oppstod på 1600-talet, presenterer eg i punkt 2.2 og punkt 3.2.

dialektnormene, og dermed også som eit brot på lojaliteten til lokalsamfunnet, og det har gjerne vorte oppfatta som eit forsøk på å gjera seg finare enn ein er. Det språklege fenomenet knot har spelt, og speler truleg framleis, ei viktig rolle i det norske språksamfunnet, og det er på mange måtar noko like særegne ved den norske språksituasjonen som den utbreidde toleransen for dialektbruk. Fenomenet knot har likevel aldri vore teke opp til utførleg drøfting av språkforskarane, og det har difor i liten grad vore teke omsyn til i samband med skildringar av den norske språksituasjonen:

The Norwegian situation offers an alternative sociolinguistic model to the situation we find in most other European countries. Is it a model we all should support and applaud, dominated as it is by linguistic tolerance and linguistic variability – or does it also involve drawbacks that should likewise be taken into account and discussed? *A closer analysis of the knot concept would probably be of importance in a balanced discussion of advantages and possible drawbacks inherent in the Norwegian situation* [mi uthaving] (Jahr 1997:369).

Ei undersøking av fenomenet knot kan kasta lys over ei side av den norske språksituasjonen som enno ikkje har vore grundig utforska. Nettopp det er bakgrunnen for denne avhandlinga.

### **1.3 Problemstillingar**

Med utgangspunkt i målet om å få innsikt i det språklege fenomenet knot, har eg formulert denne hovudproblemstillinga for prosjektet:

- Korleis vert omgrepet *å knota* definert, og kva førestellingar knyter seg til dette språklege fenomenet?

Tilnærminga mi er ikkje å undersøkja faktisk språkbruk, men å studera fenomenet knot ut frå korleis det vert definert, og kva førestellingar som finst om det.<sup>2</sup> Som ei ramme for prosjektet vil eg også setja fenomenet knot inn i ein språkhistorisk kontekst, og sjå på korleis ulike tilhøve ved den norske språksituasjonen kan forklara at omgrepet *å knota* oppstod, og at det har vore nytta fram til i dag.

For å svara på problemstillinga over har eg nytta to metodar:

- 1) *Granskning av skriftlege kjelder:* Korleis vert omgrepet *å knota* definert og forklart i norske skriftlege kjelder?
- 2) *Spørjeundersøking:* Korleis definerer folk omgrepet *å knota*, og kva førestellingar har dei om den språkbruken dei reknar for å vera knot?

---

<sup>2</sup> I punkt 4.4 gjer eg nærmere greie for skiljet mellom *språkbruksnivå* og *normidealnivå* i talemålsundersøkingar.

Den fyrste metoden er altså *gransking av skriftlege kjelder*. Her vil eg gje ei systematisk framstilling av kva som er skrive om fenomenet knot i eit utval norske kjelder. Eg vil sjå både på korleis omgrepene *å knot* vert definert, og på kva oppfatningar av knot som kjem til syne i desse kjeldene. Ettersom det, så vidt eg veit, ikkje er skrive utførlege drøftingar av fenomenet knot, nyttar eg denne metoden for å gje eit oversyn over korleis fenomenet knot tidlegare har vorte forklart. Dette utgjer ein mindre, men likevel viktig, del av prosjektet.

Hovuddelen av prosjektet mitt er knytt til den andre metoden, *spørjeundersøkinga*. Her har eg valt ei folketingvistisk tilnærming (jf. punkt 4.2) ved at eg spør informantane direkte om kva førestellingar dei har om fenomenet knot. Ut frå hovudproblemstillinga har eg formulert nokre underproblemstillingar som eg ynskjer å få svar på i undersøkinga:

- *Avgrensing av knot*: Korleis definerer informantane omgrepene *å knot*, og kvar meiner dei grensa går mellom dialekt og knot?
- *Haldning til knot*: Korleis reagerer informantane når folk knotar?
- *Førestellingar om språkbrukaren*: Kva trur informantane er årsakene til at folk knotar? Kva oppfatningar har dei av kven som knotar, og i kva samanhengar det skjer?
- *Eigenevaluering*: Meiner informantane sjølve at dei knotar? Er det ein samanheng mellom eigenevaluering og førestellingar om knot?

I denne undersøkinga vil eg altså gå nærmare inn på fleire sider av fenomenet knot. Eg vil sjå på informantane sine normoppfatningar av kva som skil knot frå dialektbruk, kva haldning dei har til knot, og kva førestellingar dei har om *kvifor* folk knotar, *kven* som knotar, og *når* folk knotar. Vidare vil eg sjå på korleis informantane evaluerer sin eigen språkbruk, og vurdera dette opp mot korleis dei reagerer på knot, og kva dei trur er årsakene til at folk knotar.

For å få svar på desse spørsmåla har eg valt å gjennomføra ei skriftleg spørjeundersøking med ei gruppe eldre og ei gruppe unge informantar i bygda Voss (jf. punkt 5.3). Gruppa av unge informantar kan eg vidare dela inn i to grupper, informantar frå allmennfagleg og informantar frå yrkesfagleg vidaregåande skule. Ein vesentleg del av undersøkinga er difor å sjå på skilnader og likskapar i svara mellom informantgruppene. I kapittel fem vil eg gjera nærmare greie for bakgrunnen for val av informantar, og kvifor eg meiner det er interessant å gjennomføra ei undersøking av fenomenet knot på gruppenivå på éin geografisk stad.

## 1.4 Avgrensing av studieobjektet

I dag vert omgrepet *å knota* nytta i fleire samanhengar. I dette prosjektet vil eg avgrensa studieobjektet mitt til berre å gjelda omgrepet slik det vert nytta om *munnleg språkbruk*. Eg vil dermed ikkje sjå på i kva grad omgrepet *å knota* også er i bruk om skriftspråket, eller meir generelt om noko som er vanskeleg eller klønnete.<sup>3</sup> Når eg utover i denne avhandlinga drøftar ulike sider av fenomenet *knot*, er det såleis med tanke på talemålet.

Omgrepet *å knota* er i utgangspunktet eit folkeleg omgrep,<sup>4</sup> og det er ikkje eit omgrep som let seg avgrensa og definera i streng vitskapleg forstand. Det er snarare grunn til å tru at det finst mange ulike definisjonar av sjølve omgrepet, og at folk har ulike oppfatningar av kva fenomenet *knot* er. Målet med prosjektet mitt er ikkje å finna den eine presise definisjonen som forklarer omgrepet ein gong for alle, men å få ei større innsikt i det komplekse språklege fenomenet som vert kalla *knot*. For å ha ei ramme for prosjektet kan det likevel vera føremålstenleg at eg tek utgangspunkt i ein vid definisjon av omgrepet *å knota*. Eg nyttar difor denne arbeidsdefinisjon: *Knot er ein munnleg språkbruk som vert rekna som brot på dialektnormene*. Denne vide definisjonen vil eg leggja til grunn til å byrja med, for å kunna setja fenomenet *knot* inn i ein språkhistorisk kontekst i kapittel to. I kapittel tre vil eg sjå nærrare på korleis omgrepet *å knota* meir konkret vert definert i ulike skriftlege kjelder, og i kapittel seks vil eg ta føre meg informantane sine definisjonar av omgrepet.

I avhandlinga nyttar eg verbet *å knota* og substantivet *knot* for å skildra det språklege fenomenet eg undersøkjer. Verbet og substantivet er nært bundne saman, på den måten at verbet *å knota* viser til sjølve handlinga, medan *knot* er resultatet av denne. For at ein språkbruk skal kunna reknast for *knot*, må *nokon knot*.<sup>5</sup> På bakgrunn av dette vil eg i denne avhandlinga til dømes veksla mellom å skriva ”årsaker til *knot*” og ”årsaker til at folk *knotar*” i den same tydinga. Vidare viser eg ofte til motsetnaden mellom *knot* og *dialekt*, slik som i arbeidsdefinisjonen over. I den samanhengen nyttar eg omgrepet *dialekt* om ein språkleg varietet som vert nytta innanfor eit bestemt geografisk område, altså i tydinga *geolekt* (jf. Røyneland 2004: 22). Bakgrunnen for å gjera det er at dette er den vanlege tydinga av *dialekt*


<sup>3</sup> Som ein del av arbeidet mitt med å granska skriftlege kjelder, har eg kome over fleire nyare tekstar der omgrepet *å knota* vert nytta i vid forstand om noko som er vanskeleg, strevsamt eller klønnete. Døme på dette er at folk ”*knotar på fotballbana*” eller at dei ”*knotar framføre datamaskina*”. Dette er truleg ei overføring av tydinga av det språklege omgrepet *å knota*, jf. Hegge sitt svar i punkt 3.5. I avhandlinga mi vil eg ikkje sjå på denne forma for *knot*, fordi eg altså avgrensar studieobjektet mitt til å gjelda talemålet.

<sup>4</sup> Med *folkeleg omgrep* meiner eg at omgrepet *å knota* i hovudsak vert nytta i den folkelege daglegtalen, ikkje av språkforskarane. I faglitteraturen vert omgrepet i mange tilfelle sett i hermeteikn (jf. punkt 3.4), truleg for å visa at det ikkje er eit vitskapleg omgrep.

<sup>5</sup> På mange måtar kan ein tenkja seg at *knot* ikkje finst med mindre nokon *knotar*. Motsett kan likevel ikkje folk *knota* med mindre nokon, eller dei sjølve, reknar språkbruken for å vera *knot* (jf. punkt 4.1). Det er slik sett ikkje lett å seia kva som kjem først, men det er i alle fall tydeleg at verbet og substantivet er svært nært knytte saman.

i daglegtalen (loc.cit.), og eg meiner det er denne definisjonen som må leggjast til grunn for å forstå fenomenet knot.

Studieobjektet for prosjektet mitt har eg avgrensa til å gjelda omgrepene *å knota*. Det finst likevel andre omgrep som vert, eller har vorte, nytta i Noreg om det same språklege fenomenet som *å knota*, slik eg viser i figuren under:



Figur 1: Ulike omgrep som vert nytta om det same språklege fenomenet.

Som me ser i figuren over, er omgrepet *å knota* eitt av fleire folkelege omgrep som vert nytta for å skildra det same språklege fenomenet. Det kan difor tenkjast at folk kan kjenna til fenomenet, utan å kjenna til omgrepet *å knota* (jf. punkt 6.1.1). For at eg skal kunna gjennomføra ei systematisk undersøking av det språklege fenomenet, vil eg berre konsentrera meg om omgrepet *å knota*, og ikkje trekkja inn dei tilsvarande omgrepene som finst i landet. Det er fordi det i hovudsak er dette omgrepet ein finn i oppslagsverk og i litteraturen, i tillegg til at eg meiner det også er dette omgrepet som er i bruk på Voss, der eg har gjennomført undersøkinga mi.

Målet med dette prosjektet er som nemnt å få innsikt i eit språkleg fenomen, gjennom å undersøkja definisjonar av *omgrepet* og førestellingar knytt til *fenomenet*. Det er viktig å presisera at det er ein skilnad mellom eit *språkleg omgrep* og eit *språkleg fenomen*. Det er omgrepet folk kan definera, men det er det språklege fenomenet, ikkje omgrepet i seg sjølv, folk har førestellingar om. Definisjonane av omgrepet *å knota* kan likevel visa kva førestellingar som er knytte til det språklege fenomenet knot.<sup>6</sup>

---

<sup>6</sup> I denne avhandlinga har eg nytta verbet *å knota* som oppslagsord for definisjonane i punkt 3.2 og punkt 3.3, og eg har også bede informantane i spørjeundersøkinga om å definera kva dei legg i omgrepet *å knota*. Dette har samanheng med at eg trur det vil vera lettare for informantane å gjera greie for handlinga å knot, enn å definera substantivet knot. Eg har difor valt å vera konsekvent på å skriva ”omgrepet *å knota*”, i staden for ”omgrepet *knot*”, i heile avhandlinga.

## **1.5 Strukturen i avhandlinga**

Denne avhandlinga er delt inn i åtte kapittel. Etter dette innleiingskapitlet vil eg i *kapittel 2* setja fenomenet knot i ein språkhistorisk kontekst, for å kunna forstå korleis omgrepet *å knota* oppstod, og korleis ulike forhold ved den norske språksituasjonen kan ha vore med på å halda oppe førestellingane om knot. I *kapittel 3* vil eg gje ei framstilling av korleis omgrepet *å knota* vert definert og forklart i ei rekke skriftlege kjelder i Noreg. I *kapittel 4* presenterer eg dei teoretiske rammene for undersøkinga mi, med hovudvekt på den faglege retninga folkelingvistikk og teoriar om språkhaldningar og språknormer. *Kapittel 5* er eit metodekapittel, der eg gjer greie for metodiske val i samband med spørjeundersøkinga, og i *kapittel 6* presenterer eg resultata frå spørjeundersøkinga og drøftar desse punktvis. I denne delen ser eg på likskapar og skilnader mellom svara til dei tre informantgruppene. I *kapittel 7* gjer eg greie for hovudtendensane i resultata frå undersøkinga, evaluerer metoden og dei teoretiske tilnærmingane, og vurderer overføringsverdien av resultata. *Kapittel 8* er avslutning og avrunding på avhandlinga, der eg vurderer korleis spørjeundersøkinga og granskninga av skriftlege kjelder har vore med å gje ei innsikt i fenomenet knot, og drøftar om omgrepet *å knota* kjem til å vera ein del av den folkelege dagspråket også i framtida. Avslutningsvis gjer eg meg nokre tankar om vidare forsking.

## 2 BAKGRUNN: KNOT I EIN SPRÅKHISTORISK KONTEKST

### 2.1 Innleiing

”Knot er så vidt eg veit eit særnorsk ord som heng saman med den særeigne språksituasjonen i Noreg”, skriv Lars S. Vikør (1974: 8) i ein artikkel som tek føre seg knot.<sup>7</sup> I dette kapitlet vil eg sjå nærmare på korleis ”den særeigne språksituasjonen i Noreg” kan leggjast til grunn for å forklara det språklege fenomenet knot. Eg vil her ta utgangspunkt i arbeidsdefinisjonen frå punkt 1.4 om at knot er munnleg språkbruk som vert rekna som brot på dialektnormalene, og at det såleis er ein motsetnad mellom *å knota* og *å halda på dialekten*.

I Noreg har det å knota gjerne vore sett på som eit brot på bygdesolidariteten, og som eit forsøk på å gjera seg finare enn ein er (jf. punkt 1.1). Fenomenet knot må difor setjast i samanheng med at nordmenn byrja å skilja mellom *dialekt* og *finare talemål*. Eg vil starta kapitlet med å gå tilbake til den tida då Noreg var i union med Danmark, og sjå på dei *sosiale talemålsskilnadene* som oppstod i det norske språket utover i denne perioden (punkt 2.2). Deretter vil eg ta føre meg korleis unionsoppløysinga og den nasjonalromantiske ideologien førte til ei større interesse for det *ekte* norske språket, og kva rolle det *nasjonale* spelte for ei oppvurdering av dialektane (punkt 2.3). Sjølv om dialektane i Noreg etter unionsoppløysinga vart meir verdsette enn tidlegare, har normering av talemålet vore vanleg blant mange nordmenn heilt opp til vår tid. Eg vil difor vidare i kapitlet sjå på statusen til dialektane og *normaltalemål*<sup>8</sup> i Noreg etter 1800-talet (punkt 2.4), før eg avslutningsvis tek føre meg stoda til dialektane i dag (punkt 2.5). Under kvart av desse punkta vil eg drøfta korleis fenomenet knot kan forklarast ut frå den språkhistoriske konteksten.

Målet med dette kapitlet er å sjå på korleis ulike sider ved den norske språksituasjonen kan forklara at omgrepet *å knota* oppstod, og at det har vore nytta heilt fram til i dag (jf. punkt 1.3). I denne gjennomgangen vil fokuset vera tilhøvet mellom dialektane på den eine sida og eit finare talemål eller normaltalemål på den andre sida. Framstillinga er ikkje meint å vera ei inngåande skildring av den norske språksituasjonen før og no, men fungerer som ei ramme for prosjektet, der eg trekkjer fram tilhøve som eg meiner kan ha verka inn på innhaldet i, og opplevinga av, fenomenet knot. I kapittel tre vil eg sjå nærmare på korleis omgrepet *å knota* har vorte definert og forklart i skriftlege kjelder i løpet av den tida det har vore nytta i Noreg.

---

<sup>7</sup> Det har ikkje vore ein del av prosjektet mitt å undersøkja om det finst tilsvarande omgrep som *å knota* i andre land, men eg ser ikkje vekk frå at det er mogleg. Det som er sikkert, er at det *norske* fenomenet knot har ein nær samanheng med den *norske* språksituasjonen, og det er denne samanhengen eg vil sjå nærmare på i dette kapitlet.

<sup>8</sup> I punkt 2.4 gjer eg greie for kva eg legg i omgrepet *normaltalemål*.

## **2.2 Sosiale talemålsskilnader oppstår i det norske språket**

Bakgrunnen for at omgrepet å *knota* oppstod,<sup>9</sup> finn me ved å sjå på den utviklinga som skjedde med skrift- og talespråket i *unionstida*.<sup>10</sup> I løpet av denne perioden fekk me i Noreg dei sosiale talemålsskilnadene som me i hovudsak kjänner att i dag, og som er viktige for å forklara fenomenet knot. Utviklinga av eit *finare* talemål hadde samanheng med standardiseringa av det danske skriftspråket, som var basert på det høgare talemålet i København, og den prestisjen ein skriftnær dansk uttale etter kvart fekk hos embetsstanden og borgarskapet i Noreg. I dette delkapitlet vil eg kort gjera greie for korleis dansk skriftspråk tok over i Noreg (punkt 2.2.1), før eg ser på korleis eit finare *dansk-norsk talemål* oppstod blant dei høgare samfunnslaga (punkt 2.2.2). Dette vil eg setja i samanheng med at omgrepet å *knota* kom i bruk for å skildra språket til folk som forsøkte å leggja seg etter det finare danskprega talemålet (punkt 2.2.3).

### **2.2.1 Dansk skriftspråk tek over i Noreg**

I 1380 gjekk Noreg inn i eit kongefelleskap med Danmark, og i 1387 oppstod Kalmarunionen. Senteret i denne nordiske unionen låg i Danmark, og skriftspråket her var dansk. På denne tida vart norsk enno nytta som skriftspråk, men gjerne blanda med svenske og danske språkformer. Ifylgje Didrik Arup Seip (1947: 8) hadde språktihøva i Noreg på slutten av mellomalderen utvikla seg slik at ”det var særlig lett for fremmed innflytelse å komme til”. Dette hadde samanheng med at svartedauden hadde svekka Noreg både økonomisk og kulturelt. Noreg var det svakaste av dei nordiske landa i unionen, og det at kongemakta sat i København, førte til at norsk skriftspråk sakte men sikkert gjekk ut av bruk.

To kulturelle hendingar fekk ifylgje Seip (loc.cit.) mykje å seia for at det danske skriftspråket fekk stadig sterkare påverknad i Noreg. Det eine var innføringa av boktrykkjarkunsten, som kom til Danmark i 1480-åra. Det andre var den lutherske reformasjonen i 1536, som førte til at den gamle katolske kyrkja vart erstatta av ei statskyrkje. Same året vart det norske riksrådet avskaffa, og dermed vart all styringsmakt samla hos kongen og det danske riksrådet. Etter reformasjonen skulle språket i kyrkja vera på dansk, og i 1550 kom den første bibelen i dansk omsetjing. Dette medverka til å styrkja posisjonen til det danske skriftspråket i Noreg, og dansk vart til slutt einerådande skriftspråk i landet.

---

<sup>9</sup> I denne avhandlinga har eg avgrensa studieobjektet mitt til å gjelda omgrepet å *knota* slik det vert nytta om munnleg språkbruk (jf. punkt 1.4). Når eg i dette kapitlet, og i punkt 3.2, drøftar når omgrepet å *knota* oppstod, er det såleis med tanke på når omgrepet kom i bruk om talemål. Omgrepet hadde opphavleg ei anna tyding, og det gjer eg greie for i punkt 3.2.

<sup>10</sup> Med unionstida refererer eg til tida frå 1380 til 1814, som er den perioden Noreg var i union med Danmark.

## 2.2.2 Utviklinga av eit dansk-norsk talemål i dei høgare samfunnslaga

I løpet av 1500-talet vart dansk skriftspråket for alle i Noreg, eller rettare sagt for den vesle delen av folket som kunne skriva, det vil seia folk frå dei høgare samfunnslaga. Talemålet blant folk her var framleis norsk, noko Ragnvald Iversen argumenterer for i boka *Bokmål og norsk talemål i Noreg i 1560-1630* (1921). Han skriv: "Talespråket til de høieste stender i Norge har i dette tidsrom i alt vesentlig været norsk. Det vil igjen si: hver mann har i hovedsak talt sin egen dialekt" (Iversen 1921: 288). Iversen meiner at "de høieste stender" i Noreg nyttet sin eigen dialekt også i formelle samanhengar som i kyrkja og i rettssalen, og stiller spørsmålet: "Hva skulle de ellers talt? Dansk? Hva slags dansk da?" (loc.cit.). Ettersom dansk talemål på denne tida ikkje hadde noko fast norm, og det heller enno ikkje var faste normer for skriftspråket, peiker Iversen på at "det unektelig ville være et merkelig forhold om nordmennene vilde gi sig til at tale et mål som de tydelig kunde høre at danskene selv ikke var enige om at tale i nogen fast regulert form" (loc.cit.).

Dette skulle likevel koma til å endra seg utover på 1600-talet. Dansk tale hadde ein sjølvsgåt kunna høyra blant danske embetsmenn i Noreg i lang tid. Etter kvart vart embetsverket prega av fleire norskfødde embetsmenn,<sup>11</sup> og blant dei utvikla det seg ein tendens til å leggja talemålet sitt etter eit skriftnært dansk språk (jf. Torp & Vikør 1993: 118). Gustav Indrebø (1951: 318) meiner denne språklege utviklinga tok til i Noreg på midten av 1600-talet. Han nemner tre grunnar som var viktige for at "talemålet åt innfødde embættsmenn og storfolk" vart "meir og meir dansk-lita" i tida fram mot 1814:

- a) Det innfødde borgarskapet (av norsk og utlensk ætt) *voks i velstand og makt*. Dermed voks form-viljen, viljen til kultur, i minst ytter kultur. I målvegen syntet det seg i at dei lagde seg meir etter å tala vyrdelegt, fyre-seg-gjort mål, som då ikkje vart vyrdsla norsk, men dansk. Innfødde norske menn slapp meir til enn fyrr i embætti utetter 1700-talet; det førde desse nordmennene meir over til dansk. b) Frå ikr 1700 byrja eit *normal-talemål* å festa seg meir enn fyrr hjå høgare krinsar i Danmark. c) Danske grammatiskarar seinstundes på 1600-talet (Høysgaard, Jacob Baden) forma ut fastare reglar for det danske skriftspråket og sytte fyre hjelpebøker til skule-upplærings i dansk. Samstundes besna skulestellet på 1700-talet. Desse umstendi (b-c) vart til framhjelp for stødare dansk talemål i Noreg (loc.cit.).

Me ser at dansk skriftspråk fekk fastare normer, og at eit normalisert dansk talemål fekk prestisje i dei høgare samfunnslaga også i Noreg. Dette dansk-norske talemålet var svært skriftspråkbaseret, og uttalen skilde seg difor frå den danske:

---

<sup>11</sup> Det kan vera problematisk å setja eit klart skilje mellom *danskar* og *nordmenn* blant folk frå dei høgare samfunnslaga i Noreg på denne tida. Dei innfødde embetsmennene hadde ofte danske foreldre (jf. Torp & Vikør 1993: 118), og dei hadde sterke band til København.

Dei nordmennene som prøvde å leggje talemålet sitt etter ei norm, kunne ikkje så lett ta etter dansk talemål. Det hadde for vanskelege uttaleregler og vart ikkje utan vidare assosiert med skriftbiletet. Det vart i staden skriftbiletet som sette norma for talemålet, og resultatet vart ei dansk språkform med norsk uttale, eit hybridmål. På grunn av den skriftrette uttala si fekk nordmenn av høge samfunnsklassar kring 1800 gjetord for at det var dei som tala best dansk (Venås 1982: 206).

Det talemålet som Kjell Venås her kallar ”ei dansk språkform med norsk uttale”, vart i tida rundt 1800 rekna for å vera det beste danske språket blant dei høgare samfunnslaga. Den danske presten J. N. Wilse skreiv i 1779 at ”det Sprog de Fornemmere i Christiania tale, det er baade det netteste i Udtale og nærmer sig meest til Hoved-Sproget som bruges i Skrift” (sitert i Indrebø 1951: 319). Dette synet hadde samanheng med at skriftspråket på denne tida vart sett på som det mest *korrekte* språket, medan dialektane vart rekna for å vera dårlige variantar av dansk. Ute på bygdene snakka folk likevel framleis sine vanlege dialektar. Talespråket til dei høgare samfunnslaga og talespråket til resten av folket var difor ikkje lenger det same.

### **2.2.3 Knot – forsøk på å leggja seg etter eit *finare* talemål?**

Dei språklege endringane som skjedde i løpet av unionstida førte til at det oppstod *ein sosial talemålsskilnad*. Medlemmar frå overklassen hadde eit talemål som vart sett på som danna, og dette var i stor grad bygd på skriftspråket. Bondestanden derimot snakka sine lokale dialektar, og desse hadde lågare status. Ifylgje Arne Torp og Vikør (1993: 134) vart det likevel oppfatta som normalt på denne tida at klasseskilnadene også kom til uttrykk i talemålet:

At det var stor avstand mellom skiftspråket/høgtidsspråket og daglegspråket, var vanleg i heile den vesteuropiske kulturkrinsen; faktisk var standardspråka bevisst normerte med tanke på å markere denne avstanden så klart som råd. Ein annan språksituasjon ville truleg ha blitt sidd på som direkte usunn: klasseskilnadene var rekna som gudgitte av dei fleste, også blant vanlege folk, og at dei òg var markerte i språket var vel sjølv sagt (Torp & Vikør 1993: 134).

Ifylgje Indrebø hadde det danske språket prestisje også blant bøndene, men det var likevel ikkje populært når ein av deira eigne la om talemålet sitt til eit finare mål:


Dansk fekk prestisjen hjå bøndene sjølve, likso vel som hjå embættsmennene. Bøndene lika fulla ikkje at deira eigne ”danska” eller ”knota”. Dei kunde jamvel vera ein grand byrge andsynes *kvarandre* av kvart sitt mål. [...] Men dansk høyrdie storfolket, gudsordet og boki til, og var difor like fullt det ”rette” og velseda i deira augo òg (Indrebø 1951: 327).

I Erik Pontoppidan si ordliste *Glossarium Norvagicum* frå 1749 kjem det tydeleg fram at bøndene ikkje sette pris på at andre bønder la om talemålet for ”at stille sig Dansken liig” (Pontoppidan 1972: 49). Han skriv: ”Hør hvor han *dansker*. Saa siger Bondefolk til Spot naar en af dem dreyer sitt Maal efter Dansk Tale” (loc.cit.).

Bakgrunnen for at omgrepene å *knota* oppstod, meiner eg må liggja i dette at det blant bøndene vart oppfatta negativt når ein av deira eigne forsøkte å leggja om til det finare dansk-norske talemålet. Det var slik sett den sosiale talemålsskilnaden som la grunnlaget for omgrepene, og det vart nytta om språkbruken til ein nordmann som prøvde å snakka dansk (jf. punkt 3.2). Det er grunn til å tru at omgrepene å *knota* i hovudsak vart nytta i negativt ladd tyding, og at det var dei breie laga av folket som skulda kvarande for å knota, ikkje folk frå overklassa. Bak nedvurderinga av knot låg det truleg ein tanke om at folk gjennom talemålet prøvde å gjera seg finare enn dei var, og at dei på denne måten ville heva seg over sin eigen sosiale bakgrunn (jf. Vikør 1974: 8). Det vart difor gjerne oppfatta som eit lojalitetsbrot når nokon la om talemålet sitt til eit finare talemål, eller ”storfolk-mål” som Indrebø kallar det:

Menn av ålmugen som fekk tilsetjing i dei aller fleste tenestepostane (skulehaldarar, undersoffiserar), freista ymist nytta storfolk-målet i tenesta og i høgtidlege stunder. Det vart gjerne eit stift og tilgjort mål (”klokardansk”) (Indrebø 1951: 318).

Dei negative reaksjonane på knot var på mange måtar bygdefolket sitt forsvar mot embetsstanden og dei høgare samfunnslaga (jf. Vikør 1974: 8). Det var slik sett den *sosiale* dimensjonen ved knot folk reagerte på, og det å knota var å bryta dialektnormalene ved å leggja seg etter eit finare talemål, slik eg viser i figuren under:



Figur 2: Knot som språkleg tilpassing til eit finare talemål. Ein sosial dimensjon.

Sjølv om eg til no har kalla dialektane *norske* og det finare talemålet for *danskprega*, er det vanskeleg å tenkja seg at nedvurderinga av knot hadde noko å gjera med ein *nasjonal* motsetnad i språket. Førestellinga om at ein norsk nasjon måtte ha eit særnorsk språk, var ukjend på denne tida (jf. Torp og Vikør 1993: 137). Det var difor den sosiale dimensjonen ved knot som førte til at omgrepene oppstod, og det vart truleg i hovudsak nytta blant bøndene om forsøk på å snakka eit *finare talemål*.

### **2.3 Det nasjonale si rolle for oppvurdering av dialektane**

I tida før unionsoppløysinga i 1814 hadde det danske språket vorte stadig viktigare i heile det norske samfunnet. Skriftspråket var dansk, og talemålet til eliten var basert på det danske skriftspråket, medan bøndene snakka sine vanlege dialektar. No er det likevel ikkje noko uvanleg i europeisk samanheng at det finst sosiale talemålsskilnader, og denne utviklinga

hadde truleg kome også om Noreg ikkje var i union med Danmark. Når den norske språksituasjonen i dag vert trekt fram som særeigen, har det samanheng med den språklege utviklinga i *etterkant* av unionsoppløysinga. Mykje av bakgrunnen for at dialektane i dag har høgare status enn i dei fleste andre europeiske landa, kan forklarast på grunnlag av at det etter 1814 vart viktig for den *nye* nasjonen Noreg å styrkja den nasjonale identiteten. Dette hadde nær samanheng med den nasjonalromantiske ideologien som gjorde seg gjeldande i Europa på byrjinga av 1800-talet, og i Noreg vart språket ein viktig del av det nasjonale prosjektet.

I dette delkapitlet vil eg kort sjå på bakgrunnen for at interessa for det *ekte* norske språket oppstod (punkt 2.3.1), og vidare ta føre meg korleis dei sosiale talemålsskilnadene frå unionstida la grunnlaget for to norske skriftspråk (punkt 2.3.2). Deretter vil eg koma inn på spørsmålet om talemålet i skulen (punkt 2.3.3), før eg til sist drøftar om førestellingane om fenomenet knot kan ha vorte forsterka av at det kom ein *nasjonal* dimensjon til dei talemålsskilnadene som alt fanst (punkt 2.3.4).

### 2.3.1 Interessa for det *ekte* norske språket oppstår

Som fylgle av Napoleons-krigane vart Danmark-Noreg oppløyst i 1814.<sup>12</sup> Unionsoppløysinga førte ikkje direkte til at det vart stilt språkspørsmål i Noreg. Rett nok diskuterte ein kva ein skulle kalla skriftspråket no, men den verkelege interessa for det *ekte* norske språket kom fyrst utover på 1830-talet, og då som ein del av den europeiske retninga *nasjonalromantikken*. Ernst Håkon Jahr (1994: 11) peiker i boka *Utsyn over norsk språkhistorie etter 1814* på at det er vanskeleg å ”forklare kvifor språksaka i Noreg blei slik ho blei, ja, kvifor det blei ei språksak i det heile” utan å koma inn på nasjonalromantikken. Innanfor denne retninga var tanken om sambandet mellom nasjon og språk sterkt understreka, og språket vart såleis eit sentralt nasjonalt symbol. Nasjonalromantikken sin ideologi spreidde seg over Europa og vart viktig for den nye nasjonen Noreg. Ettersom skriftspråket her var dansk, og dermed *utanlandsk*, etter 1814, braut nordmennene eit heilt fundamentalt nasjonalromantisk krav til eigen nasjon (jf. Jahr 1994: 11). Det vart difor etter kvart viktig for Noreg å få sitt eige skriftspråk, noko dei aller fleste var samde i. Måten det skulle gjerast på var det derimot store diskusjonar om, og dette vart starten på den langvarige striden om skriftspråket som har vore

---

<sup>12</sup> I 1814 gjekk Noreg inn i ein personalunion med Sverige som varte fram til 1905. I tida like etter 1814 vart det danske skriftspråket styrka i Noreg, både fordi skriftspråk generelt hadde fått meir å seia i samfunnet, og som eit forsvarstiltak mot svensk påverknad. Frykta for det svenske språket forsvann etter kvart, ettersom det viste seg at Sverige ikkje gjorde noko forsøk på å ”forsvenske Norge språklig” (Torp & Vikør 1993: 139). Striden om skriftspråket som kom utover på 1800-talet, var såleis ein intern strid i Noreg. Unionen med Sverige kan likevel ha spelt ei rolle for dei sentrale språkspørsmåla som kom opp utover på 1800-talet, fordi at det på grunn av denne vart ekstra viktig å byggja opp ein norsk nasjonalidentitet (loc.cit.).

synleg i samfunnsdebatten heilt fram til i dag.<sup>13</sup> Den nye tanken om at nasjonen Noreg skulle ha sitt eige nasjonale språk, hadde også noko å seia for at det etter kvart oppstod motstand mot opplæring i det danna talemålet i skulen, ettersom det var basert på det *danske* skriftspråket.<sup>14</sup> Diskusjonane knytt til skriftspråket og talemålsnormalisering utover på 1800-talet, og resultata av desse, medverka på sikt til ei oppvurdering av dei norske dialektane.

### **2.3.2 Grunnlaget for det *norske* skriftspråket – danna daglegtale eller dialektane?**

Utgangspunktet for striden om skriftspråket var altså det etter kvart veksande behovet for at Noreg som eigen nasjon også skulle ha sitt eige skriftspråk. Denne striden hadde bakgrunn i ulike syn på kva *talemål* som skulle vera normaliseringsspråket for skriftspråket, og det vart ein ideologisk strid med to dimensjonar, ein *nasjonal* og ein *sosiokulturell* (Bakke 2001: 56). Den sosiokulturelle dimensjonen handla om val av danningsideal, og spørsmålet her var: "Skulle den kulturelle standardiseringa og det nasjonale skriftspråket ta utgangspunkt i høgkulturen til embetseliten eller i eit alternativt danningsideal bygd på ei foredling av folkekulturen?" (loc.cit.). Vidare var det også ein strid om innhaldet i det nasjonale, og her støtte to nasjonssyn saman. Hovudpunktta i desse to syna kan, ifylgje Torp og Vikør (1993: 141), forklara ut frå svara på spørsmåla "Kor gammalt er Noreg?" og "Kva er norsk?". Det eine synet tok utgangspunkt i at Noreg var ein ung nasjon i 1814, og at embetseliten representerte det nasjonale, ettersom dei var berarar av høgkulturen. Det norske skriftspråket burde i så fall byggjast på språket til denne eliten. Det andre synet var at Noreg var ein gammal nasjon med ei ubroten nasjonal line tilbake til vikingtida, og det var bøndene som representerte det nasjonale. Skriftspråket skulle difor ha utgangspunkt i dei norske dialektane. Striden om skriftspråket handla såleis om mykje meir enn berre språk, det vart også ein kulturell strid mellom bondestanden og embetsregimet.

Dei sosiale talemålsskilnadene som fanst i Noreg før unionsoppløysinga, skiljet mellom det finare talemålet og bygdedialektane, la slik sett grunnlaget for dei to skriftspråka me har i dag. Enkelt kan ein seia at Ivar Aasen bygde sin skriftspråknorm, *landsmålet*, på eit utval av dei norske dialektane, medan Knud Knudsen baserte skriftspråket sitt, *riksmålet*, på den 'dannede dagligtale'. Knudsen meinte denne daglegtalen var ubunden av geografisk stad, og han måtte i staden definera av brukarane, nemleg den danna klassen. Både Knudsen og Aasen ynskte eit nytt *norsk* skriftspråk, men medan Knudsen gjekk inn for ei gradvis

<sup>13</sup> Det er på mange måtar ei forenkling å kalla perioden frå 1830-åra og fram til i dag for ein langvarig strid om skriftspråket, for det har naturlegvis vore mange ulike spørsmål knytte til skriftspråka som har vore oppe til debatt i Noreg i løpet av denne perioden. Når eg likevel kollar det éin strid, og ikkje fleire, er det for å få fram eit poeng med at det i Noreg stort sett har vore kontinuerlege debattar om skriftspråket dei siste to hundre åra.

<sup>14</sup> Det var også pedagogiske grunnar som låg bak denne motstanden, jf. punkt 2.3.3.

fornorskning av skriftspråket, ville Aasen laga eit heilt nytt skriftspråk med utgangspunkt i dei dialektane som han meinte låg lengst vekk frå det danske språket.

Spørsmålet om skriftspråket førte til store debattar og langvarig språkstrid. I 1885 vart dei to skriftspråka landsmål og riksmål likestilte, og sidan har me hatt to offisielle skriftspråk i Noreg. Språkstriden stilna likevel ikkje med dette, særleg ikkje etter at *samnorsk* kom på banen frå om lag 1910. Tanken var at dei to skriftspråka på sikt skulle bli eit felles skriftspråk. Gjennom 1900-talet kom det mange språklege reformer, og forsøk på ein språkleg tilnærningspolitikk vekte sterke reaksjonar frå mange hald. Samnorskideen vann ikkje fram, og vedtak i Språkrådet og Stortinget på 1980-talet gjorde til slutt samnorsk uaktuelt som praktisk språkpolitikk (Venås 1982: 213).

Striden om skriftspråket har i periodar vore intens, og kan truleg leggjast til grunn for å forstå mykje av det engasjementet for språk me finn i Noreg. Mange nordmenn har engasjert seg i normeringsgrunnlaget for skriftspråket, altså kva *talemål* det skulle, og skal, baserast på. Det at Aasen laga ein skriftspråknormal med grunnlag i dei norske bygdedialektane, har hatt mykje å seia for at dialektane etter kvart fekk høgare status. Vidare har både nynorsk og bokmål i dag, som eit resultat av språkstriden og ein politisk tilnærningspolitikk, store variasjonsmogleheter, og nordmenn kan velja dei språkformene som ligg nærest opp til talemålet deira. Fylgjene av det nasjonale prosjektet med å skapa eit nytt norsk skriftspråk kan difor ha styrkja det språklege mangfaldet i Noreg, og det har truleg gjort nordmenn meir medvitne om, og tolerante til, dialektbruk.

### **2.3.3 Talemålet i skulen – motstand mot opplæring i den danna daglegtalen**

Eit viktig spørsmål frå 1870-åra og eit stykke ut på 1900-talet var kva talemål som skulle nyttast i skulen. På denne tida var framleis den danna daglegtalen, det talemålet Knudsen tok utgangspunkt i då han laga skriftspråksnormalen sin, den einaste akseptable i formelle samanhengar, også i undervisninga i skulen. Dette høgtidlege talemålet, gjerne kalla klokardansk, låg nært opp mot skriftspråket, og skilde seg difor mykje frå bygdedialektane. Den store avstanden mellom skriftspråket og talemålet til barna skapte problem i undervisninga (Torp & Vikør 1993: 264). Debattane gjekk såleis ut på om elevane skulle kunna bruka dialekten sin på skulen, og vidare kva talemål læraren skulle bruka (loc.cit.).

Etter kvart fekk kravet om bruk av dialektar i skulen stor oppslutnad, og dette førte fram til at denne forskrifta kom inn i skuleplanen i 1878: ”Undervisningen i Almueskolen bør saavidt muligt meddeles på Børnernes eget Talemaal.” Det var altså i stor grad pedagogiske grunnar som låg bak denne forskrifta, men det nasjonale spelte også ei rolle. Jahr (1997: 368)

meiner at opplæringa i den danna daglegtalen i skulen av somme vart oppfatta som ”a means of making the children speak Danish and therefore damaging to the national spirit they wanted to promote in the new Norwegian state”. For mange nordmenn var det viktig å ta avstand frå det danske, og det var difor mange som berre ville godta bygdedialektane som dei ekte norske. Jahr (1990: 9) fortel at:

De arbeidde av den grunn aktivt for at skolebarna ikke skulle trenge å lære et normalisert talemål etter boka når de gikk på skolen. Det ville nemlig, slik de så det, bare bli knot, og det ville bli å knote dansk i tillegg.


Helge Omdal meiner også at motstanden mot opplæring i eit skriftnært danna talemål må setjast i samanheng med nasjonale tendensar. I artikkelen ”Språknormering og språklig klima i Skandinavia” skriv han:

Bakgrunnen for 1878-forskrifta er truleg for ein stor del nasjonalistiske tendensar i samanheng med den nasjonalromantiske bølga i forrige århundre: barna skulle først og fremst vernast mot å måtte bruke en bokstavrett uttale av dansk i skolesituasjonen, dessutan ville bruk av dialekt lette opplæringsituasjonen både for lærere og elever (Omdal 1996: 367).

Det var likevel ikkje alle nordmenn som var samde i at skolebarna ikkje skulle læra eit normalisert talemål. Diskusjonen om talemålet i skulen heldt fram til 1920-talet. I byane hadde ein særleg vanskeleg for å gå over til dei folkelege bytalemåla, som hadde låg status. Fleire meinte også at det var dansk-norsk, eller riksmål, som var det eigentlege språket i byane, og dermed var dette også barna sitt språk (Torp & Vikør 1993: 265). Etter kvart stilna likevel striden om talemålet i skulen, og dei aller fleste vart samde om at elevane skulle ha rett til å bruka dialekten sin i skulesamanheng. Uansett om det i hovudsak var pedagogiske eller nasjonale grunnar som låg bak at 1878-forskrifta kom, har denne forskriften vore viktig for å styrkja statusen til dialektane i Noreg.

### **2.3.4 Knot – vart førestellingane forsterka av ein nasjonal dimensjon?**

Dei sosiale talemålsskilnadene som fanst i det norske språket før 1814, var ikkje i utgangspunktet ein *nasjonal* motsetnad mellom norsk og dansk, men utover på 1800-talet vart dei av mange nordmenn oppfatta slik. Ser me dette i samband med fenomenet knot, kan den store interessa for det nasjonale språket ha *forsterka* nedvurderinga av knot. Medan det tidlegare var den *sosiale* dimensjonen ved knot folk i lokalsamfunna reagerte på, kom det no også ein *nasjonal* dimensjon til det å knota *dansk*. Dette viser eg i figuren under:



Figur 3: Knot som språkleg tilpassing til eit dansk talemål. Ein nasjonal dimensjon.

Knot vart truleg framleis sett på som eit forsøk på å gjera seg finare enn ein var, men det finare talemålet, den danna daglegtalen, var i tillegg språket til den tidlegare kongemakta. Dette kan ha medverka til å halda oppe førestellingane om knot.

Utover på 1800-talet fekk dialektane også meir prestisje enn tidlegare, både ved at det vart danna eit nytt skriftspråk med utgangspunkt i dei norske dialektane, og gjennom motstanden mot opplæring i eit normert talemål i skulen. Desse språkhistoriske hendingane er truleg svært relevante som bakgrunn for at omgrepene *å knota* framleis er i bruk. Slik seg ser det, kan ei oppvurdering av dialektane ha ført til ei større nedvurdering av bygdefolket sine forsøk på å snakka danna. Som ei fylgje av unionsoppløysinga, nasjonalromantikken og språkdebattane vart truleg mange nordmenn etter kvart meir medvitne om dei norske dialektane, og i lokalsamfunna kan det dermed ha vorte eit endå større lojalitetsbrot å knota.

I artikkelen ”On the use of dialects in Norway” (1997), som eg har referert til tidlegare i avhandlinga (punkt 1.2), skriv Jahr:

Together with the pressure against using *knot*, I believe the formal protection of the children’s use of dialects in the schools from 1878 onwards – as well as the positive attitude expressed repeatedly by Parliament – to a large extend accounts for the strong position of local dialects and dialect use in present-day Norway (Jahr 1997: 368).

Eg trur at ”the pressure against using *knot*” som fanst før 1814, både kan ha medverka til, men også vorte halde oppe av, den oppvurderinga av dialektane som kom utover på 1800-talet.

## **2.4 Statusen til normaltalemål og dialektar etter 1800-talet**

Medan me i Noreg hadde mange politisk styrt reformer for skiftspråket utover på 1900-talet (jf. punkt 2.3.2), har situasjonen vore annleis for normering av talemålet. Myndighetene har ikkje gått inn for å leggja føringar på talemålet, med unntak av det kjende dømet om innføringa av den nye teljemåten i 1951. Me har ikkje hatt noko opplæring i eit *normaltalemål* i skulen, og det finst ikkje offisielle talemålsnормer i Noreg. Likevel har det nok vore vanleg for mange nordmenn å normera talemålet sitt i visse situasjonar, særleg i tida fram mot 1970-talet. I dette delkapitlet vil eg sjå nærare på uoffisiell talemålsnormering i Noreg (punkt 2.4.1), og vidare trekkja fram ein debatt om normaltalemål frå 1970-talet (punkt 2.4.2).

Deretter vil eg ta føre meg dialektreisinga på 1970-talet (punkt 2.4.3), før eg til sist drøftar kva rolle knot kan ha spelt i det norske språksamfunnet utover på 1900-talet (2.4.4).

Til no i dette kapitlet har eg skilt mellom dialekt og eit finare, eller danna, talemål. I den vidare framstillinga nyttar eg omgrepet *normaltalemål*, eller normalisert tale, som ein motsetnad til dialekt. Med dette meiner eg eit talemål som ligg nært opp mot skriftspråket, og som har liten lokal forankring (Vigeland 1995: 13).<sup>15</sup> Eg ser ikkje vekk frå at normaltalemålet også har vorte rekna som eit finare talemål blant nordmenn. Når eg likevel vel å gå vekk frå å nyitta omgrepet finare eller danna talemål, har det samanheng med at me i Noreg fekk to skriftspråk, og at det av den grunn kan diskuterast om me har hatt, og framleis har, *to* normaltalemål. Eit bokmålsbasert normaltalemål vil vera ei vidareføring av det talemålet eg til no har kalla det danna talemålet, men eit nynorsk normaltalemål vil ikkje vera det.

#### 2.4.1 Uoffisiell talemålsnormering i Noreg

Sjølv om me i Noreg ikkje har hatt offisielle talemålsnormer,<sup>16</sup> er det nok slik at folk i mange situasjonar har opplevd eit uformelt krav til normering. Med ein etter kvart aukande mobilitet i samfunnet utover på 1900-talet og tilflytting, særleg til byane, opplevde mange det som vanskeleg og problematisk å nyitta dialekten sin. Ein del kjende eit press til å leggja om språket sitt. Andre tilpassa truleg språkbruken sin av meir praktiske grunnar, til dømes for å betra kommunikasjonen. Sjølv om dialektane i Noreg etter 1800-talet hadde større prestisje enn i mange andre europeiske land, vart det oppfatta som naturleg å normalisera talemålet sitt i visse situasjonar, særleg i formelle samanhengar (jf. Akselberg 2001: 209).

Omdal (1996: 365) meiner at det har vore vanleg i Noreg at folk har opplevd ”et sosialt press i retning av å erstatte dialekttale med normalisert talespråk i bestemte situasjoner”. Også Venås (1992: 344) meiner at mange nordmenn som ikkje har ein bokmålbaserd standardtale, har opplevd eit sosialt press til å tileigna seg dette språket. Han reknar såleis normaltalemålet i Noreg for å vera bokmålsbasert. Omdal (1996: 366) definerer normalisert tale som ”et talespråk med grunnlag i øvre sosiale lag i Oslo og med tilslutning av folk med østnorsk og til dels trøndersk talemålsgrunnlag, dvs. språkformer med et delvis beslektet fonologisk system”. Han peiker likevel på at ”et slikt standardtalespråk er lite enhetlig, og det er usikkert hvor mange som bruker det” (loc.cit.).

Ettersom me har to skriftspråk i Noreg, kan ein tenkja seg at det også kan finnast to normaltalemål her (jf. punkt 2.4). Unn Røyneland diskuterer dette i boka *Språkmøte*

<sup>15</sup> Eit anna omgrep som vert nyitta i den same tydinga er *standardtalemål*.

<sup>16</sup> Ulike institusjonar og organisasjonar i Noreg har likevel si eiga talemålsnormering, mellom anna NRK og Det Norske Teatret.

(Røyneland 2004: 24), og forklarer at det har etablert seg *både* eit bokmålsbasert *og* eit nynorskbaseret normaltalemål i Noreg. Ho meiner det mest kjende dømet på denne talen er å finna på radio og fjernsyn, for her snakkar medarbeidarane både normert nynorsk og bokmål. Også Torp og Vikør (1993: 268) meiner at det finst eit nynorsk normaltalemål i landet som har vore teke i bruk av ”mange enkelpersonar med dialektbakgrunn, særleg akademikarar, lærarar og mediefolk”. Dei peiker likevel på at det ikkje finst noko miljø der dette talemålet dominerer som allment talemål, og at det er få eller ingen som har dette som morsmål. Og ifylgje Røyneland (2004: 24) er det bokmålsnorma som har fått størst gjennomslag som talemålsnorm, og det er språket i og rundt Oslo som folk assosierer med eit normaltalemål.

#### **2.4.2 Dialektreisinga på 1970-talet**

Utover på 1900-talet var det som nemnt vanleg at folk la om dialekten i visse situasjonar. På 1950- og 60-talet sette ein utdanningseksplosjon inn i Noreg, og ifylgje Torp og Vikør (1993: 268) skulle dette kunne ført til ein stor overgang til normalisert tale, men slik gjekk det ikkje. Som ein del av ungdomsopprøret frå slutten av 1960-åra kom ei stor dialektreising. Bakgrunnen for denne dialektreisinga hadde mange sider:

Denne bølgja hadde røtene sine i meir allmenne straumdrag: ein opposisjon mot den eldre generasjons normer (som tilsa normalisering i formelle samanhengar), mot autoritet, sentralisering og teknifisering og ei søking tilbake til kulturelle røter i lokalsamfunna kombinert med ein politisk radikalisme som fekk mange unge til å identifisera seg med arbeidarklassa og primærnæringane i motsetnad til den urbane mellom- og overklassa som hadde bore oppe det tradisjonelle bokmålet/riksmålet i skrift og tale (Torp & Vikør 1993: 268).

Dialektbølgja var slik sett eit internasjonalt fenomen, men ifylgje Torp og Vikør (loc.cit) vart utslaga av denne bølgja kraftigare i Noreg enn i andre land. Dette hadde samanheng med at dialektar i Noreg jamt over alt hadde hatt relativt høg prestisje, som eit resultat av dei norske språkpolitiske tilhøva. Omdal (1996: 371) forklarer også omfanget av dialektbølgja med norske politiske tilhøve:

Da endringene i det politiske klimaet tok til å skje på 1960/1970-tallet, hadde landet lenge hatt en politisk ledelse som hadde gått inn for menneskelig likeverd og like demokratiske rettigheter, lik rett til utdanning osv. Den ”grønne bølgja” virka forsterkande på de demokratiske rettighetene som folk mer og mer tok for gitt. ”Er jeg like mye verdt som deg, er kanskje språket mitt også like mye verdt.”

Denne tanken om språkleg likeverd er noko også Venås nemner i artikkelen ”Dialects and standards in Norway” (1992). Han meiner at eit viktig argument for dialektbruk som kom fram på denne tida, var at alle skulle ha rett til å bruka den språklege varieteten som kjendest naturleg for dei. I diskusjonen om i kva grad dialektane kunne brukast i alle sosiale

samanhangar, vart det frå dialekttilhengjarane si side lagt vekt på at alle språklege varietetar var lingvistisk sett likeverdige, og at "the popular belief of their inequality is due to social prejudice and to differences of social status of a non-lingustic origin" (Venås 1992: 343).

Dialektreisinga førte til at det etter kvart vart vanleg å høyra dialektar både i radio og fjernsyn, på Stortinget og i kyrkja. På same tid vart det også mindre vanleg å bruka høflege tiltaleformer, og folk slutta stort sett å seia *De* til kvarandre. Helge Sandøy (2002: 13) peiker på at denne "omlegginga i språkklimaet" også kunne ha samanheng med at næringslivet, med masseproduksjon og massesal, måtte retta seg mot kundar på ein annan måte, og at det uformelle og direkte difor fekk ein ny funksjon. Dette, som Sandøy kallar den "avslappa språktonen", er ei utvikling han meiner kom i mange land, men ho fekk språkleg sett sterke utslag i Noreg enn andre stader. Ifylgje Sandøy (loc.cit.) var omlegginga i bruken av dialektar den største endringa som skjedde med norsk talemål i siste halvdelen av 1900-talet.

#### 2.4.3 Knot – forsøk på normert tale?


Utover på 1900-talet var det vanleg, og av mange oppfatta som naturleg, å leggja om talemålet i bestemte situasjonar. Mange nordmenn flytta inn til byane, og ein del la då om til eit meir normalisert talemål. Dialektbruk hadde som nemnt likevel jamt over høg prestisje i Noreg også før dialektreisinga (jf. Torp & Vikør 1993: 268), og det var ingen offisielle talemålsnormer eller opplæring i eit normaltalemål i skulen. Det var difor ikkje heilt eintydig kva status dialektane hadde i forhold til normaltalemål.<sup>17</sup>

Eg meiner det er grunn til å tru at forsøk på normert tale i visse samanhengar kan ha vorte rekna som knot. Tidlegare har eg gjort greie for at det å knota har vore sett på som eit lojalitetsbrot mot si eiga sosiale klasse, og som eit brot på bygdesolidariteten (jf. punkt 2.2.3). Ein kan difor tenkja seg at folk som flytta til byane, og prøvde å leggja om til eit normalisert talemål, kan ha fått reaksjonar frå folk frå heimstaden. Den sosiale dimensjonen ved knot, det å gjera seg finare enn ein er, har nok også spelt ei viktig rolle for at omgrepene å *knota* stadig var i bruk. Trass i at dei sosiale skilja utover på 1900-talet ikkje var like klare som tidlegare, vart nok særleg eit bokmålsbasert normaltalemål av mange vore oppfatta som finare, eller som forsøk på å snakka finare, ettersom det frå gammalt av var det danna talemålet.

I figuren under viser eg knot som ei språkleg tilpassing til eit normaltalemål:

---

<sup>17</sup> Sjølv om det meste av språkdebatten i Noreg har dreidd seg om skriftspråket, har diskusjonane om talemålet også blussa opp med jamne mellomrom. Spørsmålet har då i hovudsak vore nettopp kva status dialektar og normaltalemål skal ha i det norske samfunnet. Særleg på 1970-talet handla mykje av språkdebatten om talemålsnormering, noko som kan ha samanheng med den samtidige dialektreisinga. Sjå mellom anna Wiggen 1973 for utdrag frå denne debatten.



Figur 4: Knot som språkleg tilpassing til eit normaltalemål

Sjølv om eg i denne figuren set opp normaltalemål som ein motsetnad til dialekt, meiner eg ikkje at alle former for talemålnormering vart oppfatta som knot. Det var truleg i hovudsak folk på bygdene som reagerte på at deira eigne la om talemålet når dei flytta til byen, og det er også grunn til å tru at det særleg var *mindre vellukka* forsøk på normalisert tale som kan ha vorte sett på som knot (jf. Vigeland 1995: 14, punkt 3.4).

Dersom normalisering av talemålet hadde vorte endå meir vanleg i Noreg, og dialektreisinga ikkje hadde kome, hadde kan hende haldingane til det å normalisera talemålet vorte meir positive. På sikt kunne det ha ført til at fenomenet knot ikkje lenger spelte ei rolle i det norske språksamfunnet, og at omgrepet hadde forsvunne frå daglegtalen. I staden førte dialektreisinga til at motstanden mot talemålsnormalisering auka, og det har nok vore med på å halda oppe førestellingane om knot. Sjølv om dialektilhengjarane på 1970-talet gjekk inn for språkleg likeverd (jf. punkt 2.4.3), gjaldt nok den språklege toleransen for dei fleste ikkje den språklege variasjonen som vart rekna som knot.<sup>18</sup> Snarare er det grunn til å tru at figuren over, som viser knot som forsøk på normert tale, kan ha vore særleg gjeldande nettopp på 1970-talet, på grunn av motstanden mot presset til å normera talemålet i visse situasjoner. I neste kapittel skal me sjå at eit normalisert talemål i fleire av dei skriftlege kjeldene trekt fram som døme på knot, særleg i samband med språkbruk i media (jf. punkt 3.5. og punkt 3.6)

## 2.5 Stoda til dialektane i dag

Etter 1970-talet har det vore ein sterk tendens til ”avnormalisering” av talemålet (jf. Akselberg 2001: 207), og det er i dag truleg større spelerom for bruk av dialektar i Noreg enn nokon gong tidlegare. I dette delkapitlet vil eg kort skildra dagens talemålssituasjon (punkt 2.5.1), før eg avslutningsvis drøftar kva rolle fenomenet knot kan spela i det norske språksamfunnet i dag (punkt 2.5.2).

### 2.5.1 Dagens talemålssituasjon

Talemålssituasjonen i Noreg kan kort oppsummerast med at her er stor fridom til bruk av dialektar, og at her som nemnt ikkje finst nokon offisiell talemålsnormering. Nordmenn er i dag jamt over er positive til dialektbruk, og vert difor rekna for å vera språkleg tolerante (jf. punkt

<sup>18</sup> Det var likevel nokre som gjekk ut og forsvarte knotet på denne tida, jf. punkt 3.6.

1.2). Sjølvet språket er alltid i endring, og dialektane har utvikla seg mykje dei siste femti åra. I løpet av denne tida har det skjedd større endringar i busetjingsmønsteret, ved at folk no flyttar meir enn dei gjorde tidlegare. Martin Skjekkeland (2005: 23) viser til at denne overgangen frå eit bufast til eit mobilt samfunn, har ført til at folk med ulike talemål blir buande i same området og påverkar kvarandre både sosialt og språkleg. I tillegg til geografisk mobilitet, har det også vore ein tendens til sosial utjamning, og i den grad ein kan snakka om sosiale skilnader blant folket i dag, er dei mykje mindre enn tidlegare.

Dei fleste språkforskarane er samde i at det er ein tendens til språkleg *regionalisering* i Noreg. Sandøy (2002: 11) forklarer dette som ”ei dialektutjamning mellom lokalsamfunna innanfor ein større region”. Dialektskilnader som før var knytte til ei bestemt bygd eller ein by, forsvinn til fordel for felles trekk. Akselberg (2005: 119) meiner at regionaliseringa går føre seg på ulikt vis i dei ulike delane av landet, og han skil mellom *urban* og *rural* regionalisering. Den urbane regionaliseringa, som vil seia at talemålet i ein by dominerer utviklinga, er kome lengst på Austlandet og i Trøndelag, medan ein ser ein tendens til ein rural regionalisering på Vestlandet. Det siste vil seia at det er talemåla utanfor byar og større sentrum som er dominerande for utviklinga av regionaltalemålet. Sjølv om dialektane i Noreg har endra seg mykje, og stadig er i endring, er nordmenn generelt opptekne av dialektbruk, og truleg vil ingen stilla spørsmål ved om me har dialektar i Noreg (jf. Gjerdevik 2005).<sup>19</sup>


### 2.5.2 Knot – kva rolle spelar fenomenet i Noreg i dag?

Det har skjedd store endringar i den norske språksituasjonen sidan omgrepene å *knota* kom i bruk. Bakgrunnen for omgrepene var dei sosiale talemållskilnadene som oppstod i språket mot slutten av unionstida, og omgrepene vart truleg nytta i negativ tyding mellom folk frå bonestanden når nokon av dei prøvde å gjera seg finare gjennom talemålet. Førestellingane om fenomenet knot kan ha vorte forsterka av unionsoppløysinga og nasjonalromantikken, både ved at det då kom ein nasjonal dimensjon til det å knot, og også på grunn av at dialektane på sikt fekk høgare prestisje. Normalisering av talemålet var likevel vanleg framover på 1900-talet, i hovudsak mot eit bokmålbasert normaltalemål, men også mot eit nynorskbasert. Det er grunn til å tru at knot har vore rekna for ei, kan hende mislukka, form for talemålsnormalisering, og gjerne framleis knytt til ein sosial dimensjon ved at det vart oppfatta som å gjera seg finare enn ein var. Som fylge av dialektreisinga på 1970-talet vart dialektbruk meir vanleg i dei aller fleste samanhengar, og normalisering av talemålet dermed

<sup>19</sup> Slik sett er stoda ei anna i det gamle ’moderlandet’ Danmark. Her har regionaliseringa kome mykje lenger enn i Norge, og dialektane, som nokre hevdar ikkje finst, har låg status, medan standardtalemålet har høg status.

mindre vanleg. Dialektreisinga kan ha medverka til å halda til å halda oppe førestellingane om knot fram til i dag, særleg på grunn av motstanden mot talemålsnormering.

Kva rolle speler så fenomenet knot i det norske språksamfunnet i dag? På den eine sida kan ein tenkja seg at ettersom dialektbruk er vanleg og utbreidd, og dialektane slik sett har fått mykje høgare prestisje, vil nedvurderinga av knot i dag vera sterkare enn før. På den andre sida er det likevel ikkje lenger noko krav til normalisering av talemålet, og det er difor heller ikkje nokon grunn til å kjempa mot det sosiale presset som førte til at mange prøvde å leggja om talemålet. Auka mobilitet, språkleg regionalisering og sosial utjamning har ført til at skiljet mellom dialektar og eit finare eller normalisert talemål ikkje lenger er like klart. Slik eg ser det, er det såleis ikkje eintydig kva rolle knot har i Noreg i dag, og eg har difor valt å setja eit spørjeteikn i figuren under for å visa dette:



Figur 5: Knot - kva form for språkleg tilpassing er det i dag?

Eg meiner det kan vera særleg interessant å undersøkja knot i dag, nettopp fordi det ikkje er heilt klart kva rolle fenomenet kan ha. Finst det framleis ein nasjonal dimensjon ved det å knota? Det har gått snart to hundre år sidan unionsoppløysinga, og eg meiner det difor er grunn til å tru at det ikkje er særleg mange som tenkjer på knot som eit forsøk på å snakka dansk. Men kva med den sosiale dimensjonen? Er framleis slik at knot vert sett på som eit forsøk på å gjera seg finare enn ein eigentleg er? Dei sosiale skilnadene i folket i dag er mykje mindre enn tidlegare, og det er difor ikkje sjølvsagt at alle nordmenn tenkjer at det framleis finst sosiale talemållskilnader i Noreg. Og viss det ikkje er ein sosial dimensjon knytt til knot, kva er det då? Lojalitetsbrot mot lokalsamfunnet, eller berre ei form for dialektblanding?

Gjennom spørjeundersøkinga ynskjer eg å finna ut av kva som ligg i omgrepet *å knota* i dag, mellom anna ved å undersøkja kva form for språkleg tilpassing informantane meiner at knot er. Resultata frå spørjeundersøkinga vil eg gjera greie for i kapittel seks. I neste kapittel vil eg presentera resultata frå granskninga av skriftlege kjelder (jf. punkt 1.3).

## 3 OMGREPET Å KNOTA

### 3.1 Innleiing

I dette kapitlet vil eg sjå på korleis omgrepet *å knot* har vorte definert og forklart i Noreg, frå det oppstod og fram til i dag. Eg har studert ei rekke skriftlege kjelder for å finna ut kva som tidlegare er skrive om det språklege fenomenet knot.<sup>20</sup> Det meste av det eg har funne gjennom dette arbeidet, er kortare avsnitt i bøker, artiklar og aviser, og eg kjenner ikkje til at det er skrive lengre utgreiingar om emnet (jf. punkt 1.2). Eg meiner difor det kan vera interessant å gje ei systematisk framstilling av kva syn på knot som kjem fram i dei ulike kjeldene, for å visa korleis fenomenet knot har vorte, og vert, oppfatta her i landet.

Eg vil starta kapitlet med å presentera dei eldste definisjonane eg har funne av omgrepet *å knot*. Desse vil eg setja inn i den språkhistoriske ramma frå kapittel to, for å vurdera når omgrepet oppstod (punkt 3.2). Deretter vil eg gjera greie for korleis omgrepet *å knot* har vorte definert i eit utval norske oppslagsverk frå byrjinga av 1800-talet og fram til i dag (punkt 3.3), før eg ser på kva som er skrive om knot i den norske faglitteraturen (punkt 3.4). Eg har vidare valt å ha med eit eige delkapittel med populærvitskaplege forklaringar av knot (punkt 3.5), og eit med språkpolitisk prega syn på knot (punkt 3.6). Til sist i kapitlet vil eg sjå på nokre folkelege oppfatningar av knot som er henta frå aviser og internett (punkt 3.7).

### 3.2 Når oppstod omgrepet *å knot*?

Dei eldste definisjonane eg har funne der omgrepet *å knot* vert nytta om munnleg språkbruk, finst i to ordsamlingar frå 1698. Den fyrste av desse er *Norsk Ordsamling* av Jacob Rasch, som er ei samling ord frå Stavanger. Her kan ein lesa: ”*Knode* ‘skruvemeer maale’ naar en norsch taler dansk” (Rasch 1957: 15). Den andre ordsamlinga er frå Norderhov på Ringerike, og er skrite av Jonas Ramus. Her vert omgrepet *å knot* definert slik: ”*Knote* tale dansk, Danicè loqli. *Hand har lært at knot*” (Ramus 1956: 14). Dei to ordsamlingane kjem frå ulike kantar av landet, men tydinga av omgrepet *å knot* er svært lik. Medan Rasch presiserer at det gjeld nordmenn som snakkar dansk, definerer Ramus berre omgrepet som å ”tale dansk”. Likevel ser me ut frå det dømet Ramus gjev, ”hand har lært at knot”, at det truleg må vera eit omgrep for talemålet til nordmenn som prøvde å leggja om til ein dansk uttale.<sup>21</sup>

Kan ein ut frå desse to ordsamlingane gjera seg opp ei meining om når omgrepet *å knot* kom i bruk om språkføring i Noreg? Årsaka til at begge ordsamlingane er frå akkurat

<sup>20</sup> I punkt 3.5 presenterer eg også eit utdrag frå eit radioprogram, så det finst såleis eitt unntak frå at det berre er skriftlege kjelder eg har nytta.

<sup>21</sup> Det verkar lite sannsynleg at folk sa om ein danske at han hadde *lært* å snakka dansk.

1698, er at oversekretæren i det danske kanselliet, Matthiass Moth, året før sende ut ei oppmoding til alle prestane i Danmark og Noreg om å samla inn ord til ei større ordbok over talemåla i heile det danske riket. Rasch og Ramus tok oppmodinga på alvor, og laga difor ordsamlingane sine. Det som me kan vita sikkert ut frå å lesa desse, er at omgrepene *å knota* heilt på slutten av 1600-talet vart nytta om språkbruk. Det verkar også sannsynleg at omgrepene må ha vore i bruk ei stund, ettersom det kom med i begge desse ordsamlingane frå to ulike stader i landet. Vidare meiner eg at det er ein klar samanheng mellom den språklege utviklinga som skjedde i Noreg løpet av unionstida (jf. punkt 2.2), og den tydinga omgrepene *å knota* har hos Rasch og Ramus. Når Rasch definerer omgrepene *å knota* som ”naar en norschtaler dansk”, må det vera den norske uttalen av det danske skriftspråket han siktar til. Og dette danskprega talemålet oppstod i Noreg i løpet av 1600-talet. Indrebø (1951: 319) fortel at:

[...] den nasjonale motsetnaden dansk-norsk i talemål hadde ikkje upphavleg endefram vore sosialt skiljemerke, men han vart det. Me hev vitnemål attende til 1600-talet um at kjensla av det sosiale talemålsskiljet var livande.

Eg meiner denne sosiale talemålsskilnaden må vera bakgrunnen for at omgrepene *å knota* oppstod (jf. punkt 2.2.3), og at omgrepene difor må ha kome i bruk i Noreg ein gong på 1600-talet. Dette er då med tanke på *å knota* språkleg. Sjølve verbet *å knota* fanst alt i det norske språket, men i ei anna tyding. Det kan me sjå ut frå Alf Torp sin definisjon i *Nynorsk Etymologisk Ordbok* (1963: 300):

**Knota 1.** (pynte, især med utskaarne figurer, Shl Har Ha, pynte sitt språk, tale sirlig ( i Sol *knauta*)). Den første betydningen er den oprindelige. Til germ. \**knat* kradse (gi kradsende lyd osv.) Se knatra. Dertil knöt n (utpynting) og knöt (træstykke med figurer som trykkes paa kaker. **Knota 2.** (klage knurre ytre misnøie (Ork *knautra*) NBh Tr. Sv knota ytre misnøie Opr = knota 1. (egtl ”gi kradsende lyd”).

Me ser at den opphavlege tydinga av *å knota* var å ”pynte, især med utskårne figurer”. Det *å knota* språkleg, å ”pynte sitt språk”, kan sjå ut til å vera ei særtyping av denne opphavlege tydinga. Blant bøndene vart det å leggja talemålet sitt etter det danske skriftspråket oppfatta som eit forsøk på å gjera seg *finare* enn ein var (jf. punkt 2.2.3), og det er difor ikkje så underleg at eit uttrykk for å ”pynte”, også kom i bruk for å skildra ei språkleg tilpassing til ein danskprega finare uttale.

### **3.3 Definisjonar av omgrepet å knota i norske oppslagsverk**

I kapittel to gjorde eg greie for korleis ulike språkhistoriske tilhøve ved kan ha vore med på å halda oppe førestellingane om fenomenet knot. Eg viste at det har skjedd store endringar i den norske språksituasjonen frå unionstida og fram til i dag, noko som er relevant for forståinga av omgrepet *å knota*. Det er difor grunn til at tru at også *tydinga* av omgrepet har endra seg i løpet av denne tida. I delkapitlet vil eg sjå nærare på dette, ved å ta føre meg korleis omgrepet *å knota* har vorte definert i eit utval norske oppslagsverk frå 1800-talet og fram til i dag.

I 1802 gav Laurens Hallager ut *Norsk Ordsamling*, som er den største norske ordboka før Aasen. Her vert omgrepet *å knota* definert på fylgjande måte: ”**Knote**, tale peent; it. tale fremmede Sprog; it. gjøre seg til deraf. (Særdeles om Fruentimre)” (Hallager 1802: 62). I motsetnad til Rasch og Ramus hundre år tidlegare kjem det ikkje fram av denne definisjonen at knot er ei språkleg tilpassing til det danske språket, og me ser at tydinga av omgrepet har endra seg frå det å ”tale dansk” til det å ”tale pent”. Dette er nok likevel to sider av same sak. Medan det å leggja seg etter den danske skriftnormalen i tale var noko nytt på slutten av 1600-talet, var den ’dannede dagligtale’, basert på det danske skriftspråket, identisk med det ’pene’ språket på byrjinga av 1800-talet (jf. punkt 2.2.2).

Går me eit stykke vidare fram i tid, finn me denne definisjonen av omgrepet *å knota* hos Aasen i *Norsk Ordbog* (1873: 373):

**Knota**, v.a. og n. (*ar*), 1) pynte, smykke, pryd. Hard Hall. Især om at smykke med Figurer, gjøre Udkjæringer i Træ og deslige. Hall. (Andre St. *krota*, *kreta*). 2) pynte sitt språk, tale ziirligt, bruke fremmede Ord eller Former. Mere alm. I de sydlige Egne. 3) klage, knurre, ytre Misfornøielse. Nordre Berg. Trondh. (Sv. *Knota*). Afvig.

Me ser her at Aasen har teke med tre definisjonar av *å knota*, dei same som me såg at Torp seinare nyttja (jf. punkt 3.2). Den definisjonen til Aasen som gjeld munnleg språkbruk, seier at det *å knota* er å ”pynte sitt språk, tale ziirligt, bruke fremmede Ord eller Former”.

I Christian Vidsteen si ordliste frå 1900, *Ordbog over Bygdemaalene i Søndhordland*, vert omgrepet *å knota* definert som enten å ”pynte” eller å ”tale fornemt” (Vidsteen 1900: 94). Medan det å ”tale pent” (Hallager) og ”tale fornemt” (Vidsteen) er identiske forklaringar, er det verdt å merka seg at Aasen også tek med i ordboka si at det *å knota* er å ”bruke fremmede Ord eller Former”. I *Norsk Ordbok* av Steinar Schjøtt frå 1914 er dette framande i talemålet teke med i definisjonane avorda *knot* og *knota*, i det han kallar dette ”affektert” tale.

**Knot** n utpynting, prydelse; knot, affektert penhet i tale, især etterligning av skriftspråket. **-a (ar)** vt & i 1. pynte, smykke; knote, tale sirlig og affektert; 2. (nogen st.) klage, knurre **-ord** n fremmed uttrykk, floksel (Schjøtt 1914: 234).

I *Stavanger bymål* frå 1925 finn me om lag same definisjonen av omgrepene: ”Knoda, tale affektert, legge an på sirlig sprog, især etterligne skriftspråket; knod, *n*, utpyntet tale” (Berntsén & Larsen 1978: 371). Ifylgje desse definisjonane inneber den språkbruken som vert kalla knot, at ein prøver å etterlikna skriftspråket, akkurat slik det var då omgrepene kom i bruk på 1600-talet. Men her vert det likevel skrive at det ”især” er å etterlikna skriftspråket, noko som vil seia at det også kan liggja andre kriterium til grunn for å kalla noko for *knot*. Elles er det særleg definisjonane ”affektert penhet i tale” og ”tale affektert” som det er verdt å merka seg her. Det at noko er *affektert*, tyder at det er tilgjort og unaturleg (*Nynorskordboka* 2001: 3). Ut frå Schjøtt sin definisjon ”affektert penhet i tale”, kan me dermed forstå at ein person som knotar, snakkar pent på ein tilgjort måte, på ein måte som ikkje fell seg naturleg.

I *Nynorsk Ordbok* av Matias Skard frå 1912 vert omgrepene *å knota* definert som å ”pynte; tale sirlig” (Skard 1912: 85). I den fjerde utgåva av denne ordboka, frå 1945, vert omgrepene no definert som å ”snakke ”fint”, ape etter” (Skard 1945: 72). Den opphavlege tydinga av ”pynte” er dermed teke vekk, og i staden for å ”tale sirlig”, vil det å knota i den nye definisjonen seia å ”snakke ”fint”, ape etter”. Ordet ’fint’ er sett i hermeteikn, og det høyrest ikkje så fint ut å ”ape etter” nokon. I ei noko seinare ordliste, henta frå ei bok om målføre på Ringerike, vert omgrepene *å knota* definert som å ”tala eit språk eller mål som ein ikkje kan” (Lyse 1976: 185). Denne definisjonen kan sjåast i samanheng med å ”ape etter”. Felles for desse definisjonane av *å knota*, er at dei ikkje fortel kva språk det er som vert herma etter, i motsetnad til tidlegare definisjonar der det kjem fram at det er dansk eller ”især skriftspråket”.

Det kan tenkjast at det å snakka ’fint’ eller ’affektert’ ikkje lenger vert forklart fordi det vert rekna som fullt forståeleg for nordmenn. I *Norsk-engelsk ordbok* frå 1965, ei bok som er retta mot engelsktalande, definerer Einar Haugen omgrepene *å knota* slik: ”use affected language, unnatural language (esp bookish or urban forms instead of native rural forms)” (Haugen 1965: 220). Det å knota vil ifylgje Haugen seia at ein nyttar færre tradisjonelle dialekttrekk og legg seg meir etter uttalen i byane, og at ein har eit skriftnært talemål.

I *Nynorskordboka* (2001: 351) står *knota* oppført med to tydingar. Den fyrste er å ”pynte, pryde”, ei tyding me kjenner frå Aasen og Torp, og den andre er å ”tale oppstylda, unaturleg, danske”. *Bokmålsordboka* (1993: 265) definerer omgrepene slik: ”knote v1 (eg ’pynte med utskårne figurer’) tale eller skrive oppstyldet og unaturlig *k-bymål*”. Ut frå denne definisjonen kan ein knota både munnleg og skriftleg, og slik er det også ifylgje definisjonane av *knot* og *knote* i Aschehougs og Gyldendals *Store Norske Ordbok* (1991: 316):

**Knot** –et tilgjort, unaturlig språk i skrift eller tale [til knot] **knote** –et; -ing tale eller skrive knot: *nordmenn som k-r svensk* [egtl. ’pynte (med utskårne figurer’] **knotet(e)** –ete adj. et k språk, uttrykke seg k. [avl. av *knot(e)*].

Dei eldre oppslagsverka eg har gjennomgått over, har ikkje teke med at ein kan ”skrive knot”, slik me ser i dei to sistnemnde døma. Definisjonen av knot som eit ”tilgjort, unaturleg språk” er derimot i tråd med dei tidlegare definisjonane. Og det er denne definisjonen som vert nytta i dei fleste oppslagsverk i dag, mellom anna i *Escolas Ordbok* (1994: 107), *Nynorsk Ordliste* (2000: 176) og *Tanums store rettskrivingsordbok* (1996: 262). I kva grad omgrepet å *knota* også vert nytta om skriftspråket, vil eg ikkje gå inn på. Det som er interessant for prosjektet mitt er korleis omgrepet å *knota* knytt til talemålet har vorte, og vert, definert (jf. punkt 1.4).

Ut frå dei definisjonane me har sett her og i punkt 3.2, ser det ut til at omgrepet å *knota* i løpet av dei siste tre hundre åra har endra tyding frå å vera eit omgrep om språket til nordmenn som prøvde å snakka skriftnært dansk, til at det i dag vert definert som eit unaturleg talemål. Eit utval definisjonar kan vera med på å synleggjera denne utviklinga:

|                                     |  |   |  |   |   |
|-------------------------------------|--|---|--|---|---|
| ”At tale dansk”<br><br>(Ramus 1698) | ”Tale peent/fremmede Sprog”<br><br>(Hallager 1802) | ”Pynte sitt språk/ bruke fremmede Ord eller Former”<br><br>(Aasen 1873) | ”Tale sirlig og affektert”<br><br>(Schjøtt 1914) | ”Tale ”fint”/ape etter”<br><br>(Skard 1945) | ”Tale oppstylda/unaturleg”<br><br>(Nynorskordboka 2001) |
|-------------------------------------|--|---|--|---|---|



Figur 6: Eit utval definisjonar av omgrepet å *knota*.

I dei tidlege definisjonane av omgrepet (jf. Ramus 1698) kjem det klart fram at dansk er det språket folk prøver å tilpassa seg når dei knotar. Seinare vert dette språket forklart som fornemt eller pent (jf. Hallager 1802), men utover på 1900-talet vert omgrepet å *knota* i større grad definert utan at det kjem klart fram kva språk eller varietet folk ”knotar mot”. Fokuset er heller retta mot sjølve språkbruken, som vert forklart som til dømes oppstylda og unaturleg (jf. *Nynorskordboka* 2001). Dette er ei interessant utvikling, med tanke på at det kan sjå ut til at definisjonane av omgrepet har gått frå å fokusera på kva retning den språklege tilpassinga går i (dansk, pent, fornemt), til å verta eit skildring av sjølve språkbruken (affektert, unaturleg).

### 3.4 Forklaringar av fenomenet knot i faglitteraturen

Det var først med sosiolingvistikken på 1960- og 70-talet at språkforskarane i Noreg i større grad byrja å interessera seg for språkleg variasjon. Sjølv om det no er skrive mykje om språkleg endring og variasjon, er det så vidt eg veit ikkje skrive lengre drøftingar eller

vitskaplege utgreiingar om omgrepene *å knot* (jf. punkt 1.2). Det meste eg finn om omgrepene, er kortare avsnitt i artiklar og bøker der norske dialektar og den norske språksituasjonen er hovudtema. Her vil eg sjå på noko av det som er skrive om fenomenet knot innanfor faglitteraturen. Dette er ikkje ein oversikt over alle språkforskarar som har kome inn på emnet, men eit utval av det eg funne særleg interessant og relevant for granskninga mi.

Amund B. Larsen, ein mann som har vorte kalla ein pioner innanfor språkforskinga, var tidleg ute med å skriva om det språklege fenomenet knot. I artikkelen ”Naboopposition – knot” frå 1917 drøftar Larsen ulike former for talespråkleg tilnærming, og han kjem inn på det han kallar ”det nedsættende ord *knot*”. Knot og danning, eller det å ikkje vera danna nok, heng ifylgje Larsen nært saman:

[..] man betegner dannelsen til den som knoter som falsk, så at han ikkje er tilstrækkelig gjennom dannet til at kunne bruke den riktige sprogform riktig lett, naturlig og nøiaktig. Men ordet brukes også omvendt, om den som forsøker at anvende en mere udannet eller mere utvungen sprogform end han etter sin oppdragelse og utvikling kan gjøre på en riktig naturlig måte (Larsen 1993: 99).

Me ser her at Larsen meiner at språket til den som knotar ikkje vert opplevd som naturleg av dei som hører det. Det er interessant at han også viser til at omgrepene kan nyttast om språket til ein person som prøver å snakka ”mere udannet” enn det han gjer til vanleg. Som døme på denne andre typen knot fortel Larsen (loc.cit.) ei historie om ein sokneprest frå Vestlandet som etter å ha flytta austover prøvde å snakka ”udannet” ved å bruka *tjukk l* i alle ord med *l*, også i dei orda som ikkje skulle ha *tjukk l*. Dette språket vart ifylgje Larsen unaturleg, på same måte som språket til dei som prøvde å snakka ”dannet”. Det er likevel det siste, å prøva å snakka meir danna, han reknar som mest vanleg frå gammalt av:

Det er kanskje ældre i landet, er i alle fall mere almindelig bekjendt, at man driver den naboopposition som av somme blir kalt ”at knote dansk”; av andre – dem som selv har mere demokratiske end nasjonale tendenser – kaldes det bare ”at knote” eller ”at knote fint” (loc.cit.).

Det er nok det å ”knote fint”, som Larsen her kallar det, som har vorte mest lagt merke til i dei norske dialektsamfunna. Det heng saman med at denne forma for språkleg tilpassing har vorte sett på som eit brot på bygdesolidariteten, og at det difor har kunna vekkja sterke reaksjonar.

Vikør (1974: 8) meiner at nedvurderinga av knot i dei norske bygdene har vore eit ”ledd i ein forsvarsstrategi for dei undertrykte bygdemåla under danskeveldet og det seinare danske språklege embetsmannsveldet” og også ”eit middel til å halde oppe den språklege sjølvverdnen hos vanlege folk” (jf. punkt 2.2.3). Folk i lokalsamfunna kunne difor oppleva sterke fordømmingar ved å *knota*. Vikør (1999: 44) forklarer bakgrunnen for dette slik:

[...] ”knotet” var rett og slett eit signal om kor ein ønskte seg hen, og reaksjonar mot ”knotet” i det miljøet ein kom frå, var særleg ein reaksjon på nettopp dette frå folk som meinte at desse framtidsmåla var forkastelege eller ikkje passande; at dei var brot på bygdesolidariteten og ein dom over dei personen opphavleg hadde hørt saman med.

Dersom nokon knota, vart det oppfatta som eit signal på at denne personen tok avstand frå det miljøet ein kom frå, og dette var ikkje populært i lokalsamfunnet. Det fanst altså ei grense for kor stor språkleg variasjon folk kunne ha før dei braut med normene i språksamfunnet, og normbrot kunne føra til negative reaksjonar. Ifylgje Jahr (1997: 366) er lojaliteten til lokalsamfunnet framleis svært viktig i Noreg, slik me kan sjå i utdraget under:

In Norway, the linguistic pressure is in many cases to hold on to your original local dialect, the one you have grown up with, for as long as you live and wherever you move and settle in the kingdom, and also whoever you talk to. Not to retain this kind of loyalty to your local community, that is, to change your speech towards other, different local dialects, or, worst, to normalize your speech in the direction of one of the written standards (usually written Bokmål is the target for such normalizations), is characterized by the noun *knot* and the verb *knote*.

Me ser at Jahr her definerer omgrepene å *knota* som det å endra talemålet sitt i retning av andre dialektar eller i retning skriftnormalane. Han forklarer vidare i artikkelen at det som i Noreg vert rekna som den verste forma for knot, er å prøva å snakka ”the way they do in Oslo and/or to speak like a book, to speak bookish” (loc.cit.). Jahr meiner det vil vera vanskeleg for ein som ikkje kjem frå Noreg å forstå kva som ligg i omgrepene, og presiserer:

The word *knot* is a highly negative word, and in many smaller rural communities people could be stigmatized when found guilty of committing knot. It is probably the most serious linguistic sin that can be committed in Norway, with little hope of forgiveness (loc.cit.).

Dei negative reaksjonane på knot i lokalsamfunna er ifylgje Jahr både eit språkleg og eit kulturelt forsvar mot påverknad frå Oslo.

Ein annan grunn til at folk reagerer negativt på knot, kan ha samanheng med ideen om ”hjartespråket” (jf. Mørk 1980: 44). Det har vore ein tradisjonell tanke at det fyrste språket ein lærer seg, er den eigentlege beraren av identitet. Ut frå denne tankegangen vil ei bestemt språkform verta oppfatta som den autentiske, medan alt anna vil vera avvik. Vikør meiner at språklege endringar etter meir prestisjefylte mønster vert sett på som noko avvikande og uvedkommande i Noreg, og forklarer at ”på norsk har vi termen ”knot” for slikt, og knot er nettopp motsetninga til autentisk språk” (Vikør 1999: 20).

Det at eit talemål er autentisk, vil seia at det er dette språket ein er oppvaksen med. Når ein knotar, går ein såleis bort frå si ’oppavlege’ dialekt frå barndomen. Dette er også vesentleg i Akselberg sin definisjon av kva det vil seia å knota.

Knot er nemninga på ein talemålsvarietet der to eller fleire av sektorane i det språklege systemet er i utakt, og difor merkar ein at det er noko som skurrar. Knot oppstår når vaksne prøver å tileigna seg delar av eit talemål som dei ikkje har internalisert i tenåra (Akselberg 2001: 197).

Akselberg meiner det er eit typisk trekk ved knot at språkbrukaren tek opp *saliente* trekk frå ein annan varietet, altså språklege trekk som det er lett å leggja merke til. Dei språklege trekka som vert opplevd som stigmatiserande i eige talemål, vert bytta ut med synlege trekk frå ein annan varietet som språkbrukaren meiner har større sosial status (op.cit.: 198). Og visse delar av språket vert lettare rekna som knot enn andre. Sandøy (1996: 103) meiner det personlege pronomenet i fyrste person eintal og nektingsadverbet *ikkje*, vert oppfatta som særleg sosialt vare variablar, og at det difor vert ”oppfatta som sterk knoting dersom ein person går over frå *eg* og *ikkje* til *jæi* og *ikke*, mye meir enn om endringa skjer i andre variablar” (loc.cit.).

Åge Steinset har vore oppteken av forholdet mellom språk og identitet, og kva konsekvensar det kan få å ha press på seg til å endra talemålet sitt. Han meiner at ein person som knotar vil hamna ”under krysspress; han vil bli latterleggjord både i det nye språkmiljøet og i heimemiljøet” (Steinset 1975: 22). Endringar i talemålet vil føra til ein endra identitet, og i kva grad den nye identiteten er meir positiv vil vera avhengig av kva reaksjonar ein blir møtt med frå andre. Steinset meiner difor at det å prøva å endra talemålet kan kosta mykje:

[...] her er det nok diverse mange som forreknar seg. Det er for det første ikkje lett å tileigne seg fullt ut eit nytt talemål, mange vil påstå at det er bortimot umogleg. I alle høve må samlege språkendrarar gjennom ”knotarstadiet”. Og det er ingen som likar knotaren. Han blir nådaust latterleggjord på alle hald, og då kan det røyne hardt om ein på førehand stilte opp med ei vaklande identitetkjensle (loc.cit.).

Det å skulle endra talemål i vaksen alder er som me ser her inga enkel sak. Ein som knotar kan verta sett ned på frå mange hald, og det er ifylgje Steinset dei färraste, om nokon, som kjem gjennom det han kallar ”knotarstadiet”.

I boka *Norske dialektar* (1995) kjem Bjørn Vigeland også inn på dette krysspresset dialektbrukarar kan oppleva i møte med andre talemål. Han meiner at folk på den eine sida kan kjenna at dei vil få problem med å verta aksepterte om dei ikkje legg om, samstundes som dei på den andre sida kan oppleva det som om dei svik seg sjølve og heimemiljøet om dei gjer det. Vigeland meiner at det også vil variera i kor stor grad ein kan kalla språkshiftet for vellukka, ettersom alle ikkje har like lett for å normalisera språket sitt (jf. punkt 2.4.3). Desse personane knotar og ”risikerer å bli latterliggjort både heime og ute” (Vigeland 1995: 14).

I artikkelen ”Makta i talemålet” (2004) peiker Reidunn Hernes på at talemålsnormene i Noreg ikkje er eintydige. Ho skriv: ”På same tid som tilpassingspresset på innflyttarane til

byane er stort, er kravet frå heimplassen om å *halda på målet* også sterkt. Det å bli skulda for å *knota* er ingen spøk, og kan føra til lange forsvarstalar frå den mistenkte” (Hernes 2004: 24). Ifylgje Tove Bull (1996: 19) finst det i Noreg ”eit implisitt ideal mellom folk flest om at det beste er å halde på dialekten”, og at ”omvendt er *knot* eit negativt ladd ord, nærmast eit skjellsord”. Bull meiner at det bak slike haldningane må liggja førestellingar om identitet som ein statisk storleik, og dersom ein skal ta på alvor at identiteten ikkje er statisk, må alt som ”blir kalla *knot*, bli stuereint”. Ho konkluderer: ”Den språklige toleransen som langt på veg omsluttar dei tradisjonelle dialektane her til lands, må utvidas til å gjelde alle slags idiolektar, alle slags språklige blandingsformer og alle typar språkkontaktfenomen” (op.cit.: 20).

### **3.5 Populærvitskaplege forklaringar av *knot***

Når spørsmål om språkbruk kjem opp i media, er det ikkje uvanleg at språkforskarar kjem på banen med vitskaplege forklaringar knytte til emnet. I slike situasjonar ordlegg dei seg gjerne på ein annan måte enn når dei rettar seg til fagfolk, og i så fall kan ein seia at dei *populariserer* stoffet. Som ein del av arbeidet mitt med å få eit større innsyn i korleis omgrepene å *knota* har vorte definert og forklart, har eg også studert slike populærvitskaplege forklaringar av *knot*. Eg vil her presentera eit utval, ikkje ein oversikt, over noko av det språkforskarar har sagt om *knot* i norsk media.

I radioprogrammet *Språkteigen* (NRK P2) vart *knot* teke opp som eit hovudtema 29. august 2004. Her diskuterer programleiaren Ingrid Garberg og språkforskar Ruth Vatvedt Fjeld kva det vil seia å *knota* og kvifor folk *knotar*. Vatvedt Fjeld fortel at omgrepene å *knota* tyder ”å pynte på språket fordi man ikke føler seg akseptert med det språket man har”. Ho forklarer at omgrepene har vore i bruk i lang tid, og at mange har ”litt sterke fordommer mot folk som knoter, fordi de skal gjøre seg finere enn de egentlig er”. Ifylgje Vatvedt Fjeld er årsaka til at folk knotar, det at dei ynskjer å verta aksepterte, eller at dei vil ”innsmigre seg” hos folk som har eit anna talemål. Typisk for dei som knotar er difor at dei legg språket sitt ”mer eller mindre nært opp mot det som betraktes som et høystatusspråk”, og det er som regel det språket som vert snakka i hovudstaden og i urbane strøk. I Noreg vil dette då, ifylgje Vatvedt Fjeld, seia standardisert austnorsk eller danna daglegtale. Det kjem også fram i programmet at ettersom dialektbruk er meir akseptert i dag enn tidlegare, er det færre som knotar. Og kven er det som knotar minst? Det er ”mennesker som er stolte av sitt eget opphav og kultur”.

I artikkelen ”Kva skjer med dialektane våre?” (*Fædrelandsvennen* 31.05.2006) skriv Skjekkeland om det at dialektar i Noreg er aksepterte og har høg prestisje, og han stiller spørsmålet om kvifor ”me nordmenn er så tolerante for språkleg variasjon?”. Svara meiner

han ligg i nasjonsbygginga på 1800-talet, i den manglande opplæringa i eit standardtalemål i skulevesenet og i den norske bygdesolidariteten. Kvifor nettopp bygdesolidariteten har spelt ei viktig rolle for at nordmenn har vorte språkleg tolerante, forklarer han på denne måten:

Ein tredje grunn til at dialektbruk har blitt ein del av kvardagen vår, ligg i den språklege solidariteten mange har kjent med språket i sitt lokalsamfunn. Å knota (legga om på språket) har vore lite akseptert i småbyen eller bygda der ein har hatt sin oppvekst.

Omgrepet *å knota* definerer Skjekkeland her som ”å legga om på språket”, og den manglande aksepten frå lokalsamfunn for å gjera dette har ifylgje han ført til at dialektar har ”blitt ein del av kvardagen vår”. Interessant nok svarer Skjekkeland på spørsmålet om kvifor me i Noreg er så språkleg tolerante med å visa til ein språkleg variasjon som mange ikkje tolererer. Det han her meiner med ”toleranse for språkleg variasjon”, må då heilt klart vera toleranse for bruk av dialektar, og ikkje toleranse for individuell språklig variasjon som knot.

Men kvifor er det slik det i Noreg at det vert rekna som bra å halda på dialekten og därleg å knota? Dette spørsmålet stiller Agnetha Nesse i ein kronikk i *Bergens Tidende* (23.11.2003), og ho svarer slik:

Det har nok mye med respekt for røttene å gjøre. Ved å holde på den opprinnelige dialekten vår viser vi respekt og omtanke for stedet der vi ble født, og for generasjonene før oss. Hva som er ekte dialekt, det diskuteres ikke bare i forhold til knot, det diskuteres hele tiden over hele landet. Det er alltid ord og uttrykk som får sinnene i kok, fordi noen mener det er ”dialekt” mens andre mener det er ”ødelegging av språket”.

Å halda på språket sitt er altså ifylgje Nesse eit spørsmål om respekt for staden ein kjem frå og tidlegare generasjoner. Det å leggja om språket er dermed eit svik, skal me tru det journalist Terje Valestrand skriv i artikkelen ”De verste språksvikerne” i *Bergens Tidende* (04.01.2003). I denne artikkelen tek han føre seg kjende personar som har lagt om på språket sitt, og han kallar dei for svikarar.

I debattinnlegget ”Knot?” (*Bergens Tidende* 07.01.2003) går Helge Dyvik til åtak på Valestrand sin ”moralistiske og innsiktsløse mobbing” av kjendisar. Dyvik peiker på at det no er vanlegare enn før at menneske hører til ulike fellesskapar gjennom livet, og at det difor heller ikkje bør vekkja oppsikt at dei skiftar språk. Om situasjonen i Noreg seier Dyvik dette:

Men Norge er et spesielt land, på godt, og på mindre godt. Det er en god egenskap ved vårt samfunn at bruk av lokale dialektar i det offentlige rom gjennomgående er uproblematisk. Vi avviser et samfunn der personer blir mobbet for dialekten sin. Vi avviser språklig undertrykking. Men det er sørgerlig hvor lett kamp mot undertrykking blir til nettopp det den skulle bekjempe. En mindre god egenskap ved vårt samfunn er en nesten reflekslignende moralisering rundt språkskifte. I denne moraliseringen ligger et slags kollektivt mindreverdighetskompleks: Viss du skifter språk, må det være fordi du mener at vi ikke er gode nok for deg.

Roger Lockertsen svarer Dyvik med innlegget "Føremålet med knot" (*Bergens Tidende* 12.01.2003), og tek Valestrand i forsvar. Lockertsen peiker på at Valestrand "set lyset på eit svært interessant tema, nemleg dei mange språkskifta som ikkje skjer på grunn av manglande forståing, men av andre grunnar". Årsakene bak desse språkskifta kan ifylgje Lockertsen vera samansette, men han meiner personar som prøver å skifta språk sender ut eit klart signal:

Når ein bergensar går over frå å seie eg til å seie jeg, er det ikkje på grunn av at andre ikkje forstår. Han sender derimot ut eit signal som kan oppfattast, og bør oppfattast, som at vanleg bergensk ikkje er godt nok. Dette veit både den som skiftar og dei som reagerer negativt på skiftet hans.

I artikkelen "Råneren snakker dialekt og sossen knoter" i *Dagbladet* (31.05.2005) kan ein lesa eit intervju med Røyneland der ho fortel om språkstudia sine på Røros og Tynset. Ho forklarer at ho har kome fram til at ungdom bruker ulike dialektformer for å vise kor dei høyrer heime sosialt, og at dei har "friske syn på det å legge om". Sjølv meiner Røyneland, ifylgje artikkelen, at det ikkje er noko gale i å knota, og ho er sitert slik: "Var vi virkelig liberale ville vi godta alle former for blanding." Dette er i tråd med synet til Dyvik.

Til sist i dette delkapitlet skal *Aftenposten* sin språkekspert, journalist Per Egil Hegge, få sleppa til med utdrag frå språkspalta si "Språket vårt". I *Aftenposten* 25.08.2006 svarer han på spørsmål frå ein leser om det går an å skriva "En elev knoter med nyinnkjøpte klosser", ei setning lesaren har funne i same avis. Hegge svarer slik:

Skribenten mener åpenbart at det betyr å tukle, rote, streve på en litt klønnete måte. Men når vi snakker om knot og knoting, mener vi ubehjelplig eller påfallende fremmedartet språkføring. Eksempel: "Han forsøkte å snakke trønderialekt, men det ble bare noe hjelpesløst knot". Ordet har en litt overraskende opprinnelse. Å knot betyr i utgangspunktet "å pynte med figurer, gjerne utskårne". Derfra er det kanskje ikke så langt til den nåværende betydningen, å gi en original versjon eller form enkelte tilvekster som ikke passer helt.

Me ser at Hegge forklarer knot som "ubehjelplig eller påfallende fremmedartet språkføring". Han fortel vidare i spalta at han ikkje ser vekk frå at knot etter kvart kan koma til å tyda "rote, tukle med", og i så fall vil begge tydingane "formidle noe som har med ufullkommenhet å gjøre". Ut frå dette kan me forstå at Hegge reknar *knot* for å vera eit ufullkome språk, utan at han nemner den sosiale dimensjonen som opphavleg låg bak denne språkføringa.

### **3.6 Nokre språkpolitisk prega syn på knot**

I dette delkapitlet vil eg presentera eit utval språkpolitisk prega syn på knot. Her vil eg sjå på både kva språkforskarar og andre folk har sagt om fenomenet knot, men felles for dei personane som er siterte her, er at dei representerer ulike språkpolitiske retningar. Det er

særleg i samband med spørsmål om talemålsnormering (jf. punkt 2.4.3) at fenomenet knot kjem opp til diskusjon, og som me skal sjå, finst det delte meininger om det å knota.

I ei pressemelding frå Norsk Målungdom 26.10.2005 kunne ein lesa at programleiarane Are og Odin frå NRK P3 hadde fått dialektpisen. Grunngjevinga var slik: ”Ved å vera kompromisslause i språkbruken, og dermed *signalisera at knotting er ut*, er dei gode føredøme for ungdom som vil halda på dialekten sin. Difor får dei Dialektpisen i år (mi utheving).” På heimesidene til Norsk Målungdom<sup>22</sup> står det forklart at omgrepet *å knota* i språksamanheng tyder ”at ein freistar å gjera seg fin gjennom å snakka meir likt bokmål”. Det å halda på dialekten vil vera det motsette av å knota, og ved nettopp å ikkje knota, har desse programleiarane vunne ein pris. Denne prisen vert delt ut ein gong i året, og går til offentlege personar som har utmerka seg positivt med bruk av dialekt.

Det er ikkje berre Norsk Målungdom som legg merke til språket til offentlege personar. Særleg språkbruk i media har vore, og er framleis, eit heitt emne i Noreg. Alt i 1956 gav Kringkastingsringen ut eit medlemsblad med tittelen ”Meir norsk – mindre knot”. I dette bladet tek dei opp radiointervjuet som programform, og fokuserer på mangelen på naturleg talemål her. Her kan ein lesa at bygdefolk ikkje er ”målmedvetne nok, men språkleg usikre” og at dei difor gjerne trur at ”målføret deira ikkje strekk til når dei møter folk frå eit framand miljø.” Dette fører til at mange knotar når dei vert intervjuet. Ifylgje Kringkastingsringen kan dette problemet løysast ved at intervjuaren snakkar nynorsk i staden for bokmål:

For dei største delar av landet gjeld det utan tvil at dei nynorske reporterane har større sjanse til å få intervjuobjekta til å tala sitt eige mål enn om dei tala eit ufolkeleg bokmål. Gong etter gong opplever vi bygdereportasjar som nærmar seg parodien når det gjeld målføring. Vi kan dei snart, desse intervjuet med bygdefolk som står og knotar eit sorgjeleg miskmask av bygdemål og bokmål, som ropar høgt om medkjensle – eller kallar på låtten. Det slår så å seie aldri feil at det i slike høve er bokmålsfolk som intervjuar (Kringkastingsringen 1956: 11).

Ut frå dette utdraget kan me forstå *knot* som ”eit sorgjeleg miskmask av bygdemål og bokmål”, og dette er då ifylgje Kringkastingsringen ein språkbruk som enten vekkjer medkjensle eller som får ein til å le.

Nærare femti år seinare er det framleis frustrasjon rundt språkbruken i media. I artikkelen ”Mye knotting i TV og radio” i avisa *Nordlys* (24.10.2000) kan ein lesa om at Tromsø Mållag ergrar seg over knotting i lokal-tv og radio. Leiaren for Tromsø Mållag, Bjørnar Østgård, er lei av at journalistar ”forsøker å ”forfine” dialekten sin ved å snakke bokmål når de er på lufta”, og meiner at denne knottinga er med på å bryta ned respekten for

---

<sup>22</sup> <http://www.nynorsk.no/nmu/>

dialektane og at det kan gje talemålet eit mindreverdsstempel. Østgård uttaler seg slik: "Når vi endelig får lov til å snakke dialekt så ødelegges den av bokmåls-knoting, et forsøk på å snakke forfinet og normalisert. Det er et misbruk av muligheten til å snakke dialekt." Østgård gjev døme på journalistane sitt språk, og meiner det er knot når dei seier "kan ikke" i staden for "kainn ikkje" og "sakene" i staden for "sakan" eller "saken". Østgård meiner vidare at språkbruken til journalistane påverkar språket til dei som vert intervjuat, eit syn som også var sterkt framme i det nemnde bladet frå Kringkastingsringen.

Medan desse døma viser eit klart negativt syn på *knot*, har det også kome fram forsvar for denne språklege variasjonen. I bladet *Språkleg samling*, som vart gjeve ut av Landslaget for språkleg samling, publiserte Einar Økland i 1974 ein artikkel med tittelen "Forsvar for "knotet"" (Økland 1974). I denne artikkelen argumenterer Økland mot talemålsnormalisering, og forsvarer folk sin rett til å snakka slik dei vil. Han forklarer talemålssituasjonen i Noreg slik:

I dag er Norge ein stor stasjonsby der målblingning er regelen. Med dei store flokkane av folk som sentralisering av arbeidsliv og utdanning flyttar over norgeskartet, og med den lunka spray av oslnorsk språkstoff som NRK, riksavisene og vekeblada (og lokalpressa med) sender ut over landet, kan ein ikkje vente stort anna. Det oppstår ei ny dialekt i vår tid. Det er for langt kome til at vi kan hindre det. Dialekten heiter blandingsmål eller knot. Krev vi normalisert mål i skrift eller tale av desse som knotar, då gjer vi det verre for dei, då bit vi tunga av dei, då forlangar vi ein ny akademisme av dei. La folk få skrive og snakke slik som dei vil! La dei knote! (Økland 1974: 1)

Økland meiner at den aukande mobiliteten i samfunnet har ført til at det har oppstått ein ny dialekt, nemleg blandingsmål eller knot.

Magne Aksnes skriv i artikkelen "Talemål, skriftnormal og NRK" (Aksnes 1974) at fleirtalet av det norske folket talar eit blandingsmål, og at det viktigaste for folk flest er å gjera seg forstått. Han meiner at spørsmålet om språk må bli eit praktisk spørsmål, og stiller seg difor positiv til normalisering av talemålet. Men det er ikkje det konservative bokmålet som skal vera grunnlaget for denne normaliseringa, snarare ein romsleg radikal normal, ei samansmelting av radikalt bokmål og radikalt nynorsk. Om talemålet seier Aksnes (1974: 2) dette: "Allslags blandingsmål må vi lære oss å tolke. Nemninga knot bør vi ikkje lenger akseptere."

I artikkelen "Knot – ein del kritiske merknader" kjem Vikør (1974) med ein del kommentarar til Aksnes og Økland. Han meiner at dei har vridd definisjonen av knot, slik at det for dei berre tyder blandingsmål. Han forklarer:

Det sosialkulturelle elementet som opphavleg hørte med i "knot"-omgrepet (at ein bevisst prøvde å heve seg over og sjå ned på sin eigen sosiale og kulturelle bakgrunn) er blitt borte for dei. Sjølv sagt var det dette elementet som låg til grunn for den sterke fordømmingen av "knot" (Vikør 1974: 8).

Vikør meiner at mykje av den språkblandinga ein høyrer er eit utslag av folk er språkleg utrygge og hjelpelause, og dersom ein skal godta denne språkblandinga, tyder det at ein også godtek den undertrykkinga som ligg bak. Han meiner difor at ein bør driva ein språkpolitikk der ein forsvarar alt talemål, både ”reine” og ”oppblanda” dialektar, men han poengterer at

[...] dei sosiale mekanismane som tvingar folk til å ”knote” og gjer dei heimlause i sitt eige målføre, bør motarbeidast. Derfor kan vi ikkje akseptere ”knot” og blandingsmål som noko uproblematisk og prisverdig (op.cit.: 9).

Forfattar og riksmålsmann Arnulf Øverland viser i boka *Bokmålet - et avstumpet landsmål* (1949) at han er svært kritisk til tanken om samnorsk, og meiner at folk kan føla seg pressa til å snakka meir folkeleg. Han fortel om ei dame han høyrde på radioen, som snakka riksmål heilt til ho kom på at ho måtte ”kringkaste litt, og da kom hun på et samnorsk ord som hun kunde. ”Til dømes”, sa hun. Og da det gikk bra, gjentok hun det fire ganger” (Øverland 1949: 25). Øverland reagerer på at dette vart unaturleg for ei som elles snakka riksmål, og reknar dette for å vera knot. Han uttrykker seg slik:

Enten folk begriper det eller ikke, så er der noget som heter stil. Og der er en stilistisk hovudregel, som det straffer seg å bryte: affektasjon og knot. Knot er det adekvate uttrykk for intellektuell og følelsesmessig svindel og uredelighet. Det at folk ikke lenger tør bruke de ord, som faller dem naturlig, men gir seg til å lete etter samnorske gloser, det er en skapaktighet som er til å bli tusset av (Øverland 1949: 26–27).

Ifylgje Øverland er knot altså ”det adekvate uttrykk for intellektuell og følelsesmessig svindel og uredelighet”. Som mange andre reknar han det som knot å ikkje nytta dei orda som fell seg naturleg, men i dette høvet er det snakk om å fjerna seg språkleg frå riksmål i staden for å nærma seg det. Slik sett har han ein definisjon av knot som likevel skil seg frå den meir vanlege, nemleg at det å knota er å snakka ’finare’.

### **3.7 Folkelege oppfatningar av knot**

Eg har no vore innom mange, både like og ulike, syn på omgrepene fenomenet knot. Så langt har eg berre sett på forklaringar av knot frå personar som på mange måtar er forventa å meina noko om språkbruk. I dette delkapitlet vil eg sjå på kva vanlege folk (jf. punkt 4.2) seier om fenomenet knot i lesarbrev, nettmøter, bloggar<sup>23</sup> og intervju. Eg har brukt nettsøkjaren

---

<sup>23</sup> Ordet *blogg* er ei forkorting av *web-logg*, og bloggar kan vera alt frå personlege dagbøker til temabaserte fagsider som vert lagde ut på internett.

*Google*<sup>24</sup> og databasen *atekst*<sup>25</sup> for å sjå kva treff eg kunne få på orda *knot* og *knota*. Her vil eg visa eit lite utval av det eg har funne av folkelege oppfatningar av knot.

I avis *Dag og Tid* kunne ein i 1976 (27.08) lesa ein klage på språket i radioen: "Seinast i går morgen i landbruksoversynet i 7-tida høyarde vi ein vestlending som knota bokmål til dei grader at det var vondt å høyre på". Nærare tjue år seinare, i spalta "Kort sagt" i *Aftenposten* (17.12.1992) er det ein annan innsendar som også får *vondt* av språket i TV og radio. Her kan ein lesa fylgjande:

Norge har en rik variasjon av dialekter, og det ville være en håpløs oppgåve for dem som er vokst opp med en dialekt, å normalisere til en annen fellesnorm. Frå gammelt var det skam å "knote", da vanærer du målet ditt, og vi har frå tid til annen hørt personer opptre i NRK som er kommet så langt frå heimemålet sitt at det er vondt når du hører hvor unaturlig det blir for dem.

Avisa *Nordlys* forklarer lesarane i ein artikkel (27.10.2002) kva knot er, med å visa til nettopp språkbruken i TV og radio: "For de uinnvidde er knoting det samme som å tilnærme dialekten sin "normaltalemål", det vil si bokmål eller nynorsk. For de som hører eller ser lokalsendingene i TV eller radio er dette et kjent fenomen." I eit innlegg i *Adresseavisen* (18.05.2001) skriv ein innsendar at knot, som han definerer som "å blande dialekttrekk inn i standardspråket", spreier seg med den aukande dialektbruken i radio og TV. Dette meiner han skjer på grunn journalistane sitt språk. Han skriv at "flere og flere medarbeidere i massemedia benytter, ikke dialekt eller standardspråk, men idiolekt, en individuell taleform som verken er fugl eller fisk."

Det er ikkje berre journalistar, men kjende personar generelt, som kan få gjennomgå om dei legg om språket. Fleire av dei store norske avisene arrangerer såkalla nettmøte, der vanlege folk kan senda inn spørsmål til ulike kjende gjester. På eit slikt nettmøte på *VG Nett* (23.04.2001) vert fotballspelaren Frode Grodås stilt fleire spørsmål om språkbruken sin. Ein innsendar spør korleis det kjennest å "være selve personifiseringen av forferdelige dialektblandingar?", og ein annan skriv eit spørsmål med tittelen "knotekeeper":

- I NM i knoting hadde du og Jan Åge ein knallhard dyst i fjor, men du gjekk heldigvis sigrande ut! Korleis kjennest det å være kåra til Noreg sin beste knotar?? Er Jostein svartsjuk?

- Eg tek i mot alle prisar eg kan få tak i. Knoteprisen heng svært høgt og Jan Åge og Flo vart faktisk svært svartsjuke.

Grodås er langt frå den einaste kjende nordmannen som vert skulda for å knota. Skodespelaren Lars Arentz-Hansen får eit tilsvarande spørsmål i eit anna nettmøte i *VG*

<sup>24</sup> <http://www.google.no>.

<sup>25</sup> <http://www.retriever-info.com/services/archive.html>

(03.03.1999). Innsendaren spør: "Hvorfor har du lagt vekk dialekten din og gått over til å knote på bokmål? Er du ikke enig i at en dialekt er en viktig del av den du er, og er bevis på en persons tilhørighet og bakgrunn?" Til dette svarar Arentz-Hansen at han meiner det er viktigare kva ein seier enn korleis ein seier det, og at han snakkar som han gjer fordi han har foreldre frå ulike stader i landet. Popartisten Simone frå gruppa D'Sound får også spørsmål om dialektbruk i same forum (03.06.2000). Ein innsendar spør: "Er det ikkje vanleg å halda på dialekten der du kjem frå?" Til dette svarer Simone at ho eigentleg har tysk som morsmål, og at ho berre driv litt reklame for Volda-dialekten innimellom.

Fotballspelaren Jan Åge Fjørtoft får også kommentarar på språkbruken sin i eit nettmøte i VG. Ein innsendar spør han om kvifor han har så vanskeleg for å halda på dialekten, og til dette svarer han: "Jeg bør sikkert skjerpe meg, men har bodd halve livet mitt utenfor Sunnmøre". I artikkelen "Knoting frå Gursken" (*Dagbladet* 22.07.2000) kan ein lesa om at Fjørtoft har fått reaksjonar frå sambygdingane sine på måten han snakkar på. Journalisten siterer Fjørtoft frå eit intervju med avisa *Sunnmørsposten*, han meiner at Fjørtoft gjev eit oppsiktsvekkjande ærleg svar på kvifor han knotar bokmål: "Når eg av og til høyrer meg sjølv i opptak, skjønar eg ikkje kvifor eg har brukta enkelte ord. Eg trur at ein del av grunnen er manglande sjølvtillit, på den måten at ein trur at dette blir forventa av ein".

I eit intervju i VG (10.11.1998) uttaler fotballkommentator og bergensar Davy Watne seg om språket til ein annan kjend bergensar, Sissel Kyrkjebø. Han har forståing for at ein kan endra noko på språket sitt, men meiner at det ikkje må gå over ei viss grense. Han forklarer dette på fylgjande måte:

Sissel bor i Danmark og viss hun har tillempet språket sitt for å gjøre seg forstått, er det ikke mer enn ethvert intelligent menneske ville ha gjort. Men viss hun har begynt å knote og jukse med dialekten er det ikke bra. Arne Bendiksen og Vibeke Løkkeberg gjør det, og de er eksempler på dialektiske katastrofer.

Ut frå dette sitatet kan det sjå ut til at Watne meiner det er ein skilnad på å tillempa språket sitt og å knota, og at folk har lov å endra språket for å verta forstått, men altså ikkje for mykje.

I eit intervju med Venstre-leiar Lars Sponheim i VG (06.08.1996) vert språkbruken hans teke opp som tema. Journalist Erling Bø Hansen skriv dette om Sponheim:

Venstre-lederen Lars Sponheim er en av målfolkets desiderte favoritter. Det skyldes ikkje bare partiet han leder, men også det at han er den eneste i allfall på Stortinget som "knoter" rett vei. Sponheim kommer nemlig frå Halden, men kakler i vei på nynorsk så godt han kan. [...] Mens Lillestrøm-keeper Frode Grodås er blitt beryktet for å knote frå sogning til østlandsk, er altså Sponheim gått motsatt vei. Lytt og le neste gang du hører han tale!

Ifylgje journalisten her går det altså an å knota 'rett' veg, og han meiner Sponheim er eit døme på dette. Det beste er nok likevel å ikkje knota i det heile, og mange kjende personar som held på dialekten får skryt for dette, og stundom også språkprisar. Det at så mange kjendisar vert skulda for å knota, har nok fyrst og fremst med å gjera at dei er så synlege i det offentlege. Ettersom dei har gjort karriere på ulike område, er folk kanskje ekstra påpasselege med å kommentera det om dei knotar, fordi dette av mange vert rekna som snobberi.

Dialektar og dialektbruk er også eit emne som kjem opp på heimesider og i bloggar. Her vil eg visa eit døme frå ein diskusjon om dialektbruk som eg har henta frå internett. Ei jente klagar på heimesida si over at folk i Oslo er lite tolerante overfor andre dialektar, under innlegget "Om å snakke norsk eller ikke" (publisert 23.07.2005). I kommentarane som vert gjevne til dette innlegget, kjem fleire av deltakarane inn på knoting. Under har eg teke med eit lite utdrag frå denne diskusjonen:

- Heia dialektene!

For en dialekttaler finnes det ikke noe så kunstig som å knote (snakke "fint"). Sjøl folk som (f.eks. meg) som behersker bokmål på et relativt høyt nivå, kjenner en noe panisk og kvalm følelse komme som en bråtsjø når det blir nødvendig å lirke fram noen bokmålglosser. Personlig vil jeg heller snakke engelsk enn å knote (jeg er antakelig flinkere til det også).

- Enig! Det er kjempevansklig å knote. Mye mer behagelig å prate engelsk.

- Men hvorfor synes vi det er så vanskelig å knote??? Jeg greier ikke helt å komme til bunns i følelsen. Bokmålsordene renner jo av meg som perler på en snor når det er fingrene som "snakker", men prøver jeg å få munnen og tunga til å formidle bokmålsord blir det bare tullball. Kan man kanskje kalle det en kulturkollisjon? Og hvorfor kan jeg prate engelsk uten de samme kvalene?

I denne diskusjonen kjem det fram at deltakarane synest det er vanskeleg og ubehageleg å knota, og dei nemner også at dei heller vil prata engelsk enn å leggja om til bokmål. Det som er interessant med desse kommentarane, er at i staden for å kritisera folk som knotar, diskuterer deltakarane her kvifor dei synest det er vanskeleg og ubehageleg å knota.

Korleis vanlege folk definerer omgrepet *å knota*, og kva dei synest om at folk knotar, kjem eg tilbake til i presentasjonen av resultata frå spørjeundersøkinga i kapittel seks. Dei døma eg har teke med her, viser at knot vert lagt merke til, og at det også vert kommentert. Inntrykket ein får, er at folk ikkje er særleg positive til knoting. Dette er i så fall eit syn dei deler med kong Harald, i alle fall om me skal tru VG. I artikkelen "Vil ikke være knote-konge" (04.02.2006) vert kongen spurt om han vil halda nyttårstalen på nynorsk i staden for bokmål, og til dette svarer han: "Nei, det tror jeg ikke kommer til å skje. Det blir bare å knote." Og ut frå dei folkelege oppfatningane av knot som har kome fram i dette delkapitlet, gjer kongen truleg rett i å unngå dette.

## 4 TEORETISKE TILNÆRMINGAR

### 4.1 Innleiing

Me har sett korleis omgrepet *å knot* oppstod ein gong på 1600-talet som ein reaksjon på nordmenn som la seg etter ein finare danskprega uttale, og vidare korleis definisjonane av omgrepet har endra seg gjennom dei siste tre hundre åra. Definisjonane og forklaringane på *knot* har så langt i hovudsak vore henta frå ulike oppslagsverk og litteratur skrive av språkforskarar, i tillegg til eit utval folkelege meiningsytringar som har kome til syne i media og på ulike internetsider. For å få ei større forståing av kva som ligg i omgrepet *å knot*, har eg gjennomført ei spørjeundersøking som tek føre seg *vanlege folk*<sup>26</sup> sitt syn på ulike sider av fenomenet *knot* (jf. punkt 1.3). I dette kapitlet vil eg gje eit oversyn over relevante teoretiske rammer for undersøkinga, medan eg diskuterer dei metodiske vala i kapittel fem.

Det er innleiingsvis viktig å presisera at studieobjektet for undersøkinga ikkje er den faktiske språkbruken til dei eg undersøker, men dei *førestellingane* informantane har om det språklege fenomenet *knot* (jf. punkt 1.3). Det er difor ikkje eit mål å gjera opptak av *knot*, og heller ikkje å drøfta kva grunnar som ligg bak ulike individuelle språklege val, men snarare å sjå på korleis informantane definerer omgrepet, korleis dei oppfattar *knot*, og kva grunnar dei meiner ligg bak når andre, og eventuelt dei sjølv, knotar. Bakgrunnen for å velja denne tilnærminga er at eg meiner at *knot* ikkje eksisterer i seg sjølv som ein objektiv storleik ein kan måla, men i staden må forklarast ut frå dei *førestellingane* folk har om fenomenet. Med andre ord finst ikkje *knot* med mindre nokon definerer noko som *knot*, og kva språk bruk som faktisk vert rekna som *knoting*, vil difor variera. Dette er ikkje det same som at den konkrete språkbruken ikkje er relevant for forståinga av omgrepet, for det er trass alt denne som ligg til grunn for at omgrepet i si tid oppstod, og for at det stadig vert nytta. Når folk definerer noko som *knot*, er det språkbruken dei siktar til, men kriteria for kva som kjenneteiknar denne må alltid knytast opp mot ei norm. I staden for å gjera undersøkingar av faktisk språk bruk med utgangspunkt i mine eigne normoppfatningar (jf. punkt 5.2.2), har eg difor valt å studera det språklege fenomenet *knot* ut frå informantane sine *førestellingar*.

For å kunna drøfta dei resultata som kjem fram i undersøkinga, meiner eg det er særleg relevant å sjå på teoriar om haldningar og normer. I dette kapitlet vil eg sjå på desse omgropa kvar for seg, sjølv om dei heng nært saman, og ikkje alle vel å skilja klart mellom dei. Når eg likevel gjer det, er det fordi eg særleg ser på normer knytt opp mot oppfatningar av vossamål

<sup>26</sup> Med *vanlege folk* meiner eg alle som ikkje er språkvitarar. Dette er eit omgrep eg har henta frå folkelingvistikken (jf. punkt 4.2), der ein skil mellom ikkje-lingvistar, altså vanlege folk, og lingvistar.

og knot, medan eg meiner haldningane i større grad kan sjåast i samanheng med vurderingar av knot og folk som knotar. Medan normene både kan konstituera og regulera språkbruk (jf. punkt 4.4.2), er haldningane meir å forstå som kombinasjonar av meininger, kjensler og åtferd folk har til denne språkbruken (jf. Brunstad 2000: 125).

I undersøkinga har eg valt å spørja informantane direkte om førestellingane deira om fenomenet knot, og denne tilnærminga kan plasserast innanfor folkelingvistikken. I dette kapitlet vil eg difor først gje greie for viktige sider ved denne retninga (punkt 4.2), før eg ser nærmare på språkhaldningar (punkt 4.3) og språknormer (punkt 4.4). Avslutningsvis tek eg føre meg språkleg tilpassing og spørsmålet om tilhøvet mellom språk og identitet (punkt 4.5).

## 4.2 Folkelingvistikk

Studiet av vanlege folk sine oppfatningar av språk og dialektale tilhøve,<sup>27</sup> slik dei kjem til syne gjennom *medvitne kommentarar*<sup>28</sup> om språkbruk, vert kalla *folkelingvistikk*. Dette er ei retning som har fått stadig meir å sei innanfor språkstudiet dei siste åra, og det er særleg arbeida til Dennis R. Preston og forskingsmiljøet rundt han som har medverka til den etter kvart aukande interessa for folkelege oppfatningar av språk. Innanfor folkelingvistikken meiner ein at det vanlege folk seier, meiner og trur om språkbruk, bør vera ein viktig del av språkstudiet. Preston forklarer sjølv denne retninga slik:

In the world outside of linguistics, people who are not professional students of language nevertheless talk about it. Such overt knowledge of and comments about language by nonlinguists is the subject matter of folk linguistics (Preston 2004: 75).

Omgrepet *å knota* er i utgangspunktet eit folkeleg omgrep (jf. punkt 1.3), og eg har valt ei folkelingvistisk tilnærming for undersøkinga mi, ved å spørje folk direkte om definisjonar av omgrep, og førestellingar om det språklege fenomenet. Eit viktig spørsmål er om vanlege folk har godt nok omgripsapparat og språkleg medvit til å kunne kommentera ulike sider ved språket. Dette vil eg difor ta føre meg meir inngåande nedanfor (punkt 4.2.2). Før eg kjem så langt, skal eg i punkt 4.2.1 sjå nærmare på studieobjektet innanfor folkelingvistikken.

### 4.2.1 Studiet av ikkje-lingvistar sine oppfatningar av språk


Sjølv om den folkelingvistiske tradisjonen går tilbake til midten av det førre århundret,<sup>29</sup> er det som nemnt særleg forskinga til miljøet rundt Preston som har hatt mykje å seia for

<sup>27</sup> Med dialektale tilhøve meiner eg både geolektar, sosiolektar og idiolektar.

<sup>28</sup> Med *medvitne kommentarar* viser eg her til det Preston (2002: 18) kallar "conscious, deliberate statements about language". Innanfor folkelingvistikken spør ein informantane direkte om deira oppfatningar av språk, og informantane er såleis medvitne om at det er språkoppfatningar som er studieobjektet.

<sup>29</sup> Sjå m.a. Preston 1999 for eit oversyn over tidlege folkelingvistiske studiar.

utviklinga av fagdisiplinen. I 2000 gav Preston og Nancy A. Niedzielski ut boka *Folk Linguistics*, og her set dei opp ein trekantmodell som viser korleis dei plasserer folkelingvistikken innanfor det generelle språkstudiet:



Figur 7: Plassering av folkelingvistikken i det generelle språkstudiet (Niedzielski & Preston 2000: 26).

Det venstre hjørnet (c) representerer dei medvitne reaksjonane og kommentarane folk har til språk, og det er dette som er kjernen i folkelingvistikken. I det høgre hjørnet (b) finn me dei umedvitne reaksjonane til språk, som gjerne har vorte studerte i haldningsgranskingar ved hjelp av indirekte metodar som til dømes *matched-guise teknikken* (jf. punkt 5.2.2). På same måte som talemålsforskarar som studerer faktisk språkbruk (a) ynskjer å undersøkja kva som styrer folk sine språklege val (a'), vil forskarane innanfor både folkelingvistikken (c) og dei retningane som studerer språkhaldningar gjennom indirekte målingar (b),<sup>30</sup> vera opptekne av kva som ligg bak svara og reaksjonane til informantane (b' og c').

I ettertid har Preston peikt på at denne modellen kan vera litt misvisande når det gjeld forholdet mellom hjørna b og c. Han skriv:

It seems clearer to me now that our two corners (c and b) are actually extremes of a continuum, one which reaches from the most conscious deliberate statements about language all the way to the most automatic, least-controlled reactions to it (Preston 2002: 18).

<sup>30</sup> Dette gjeld m.a. sosialpsykologien (jf. punkt 4.3.1) og ein stor del av sosiolinguistikken (jf. punkt 5.2.2).

Preston vel difor å kalla det venstre hjørnet b1, og det høgre hjørnet bn, og ser på desse som eit kontinuum, der det er vanskeleg å definera presist når reaksjonane går over frå å vera medvitne til å bli umedvitne. Studieobjektet i folkelinguistikken er framleis å finna i det venstre hjørnet av trekanten, men Preston presiserer at det gjev lita mening å seia at fagdisiplinen sluttar på eitt bestemt punkt på skalaen.

#### **4.2.2 Det språklege medvitsnivået til ikkje-lingvistar**

”If the folk talk about language, they must, of course, know (or at least think they know) about it”, skriv Niedzielski og Preston i introduksjonskapitlet i *Folk Linguistics* (2000: 10). Både lingvistar og ikkje-lingvistar nyttar språk for å skildra språk, og på same måte som lingvistane sitt metaspråk er medvite, presiserer Preston at vanlege folk sitt metaspråk også må vera medvite med tanke på at ”it is not directed to a phenomena which a speaker is unaware of, but to one which he or she has focused on in some way” (Preston 2004: 75). Vanlege folk sitt utgangspunkt for å skildra og forklara språkbruk er likevel annleis enn for språkforskarane. Det er sider ved språket som ikkje er tilgjengelege for vanlege folk, og dei har heller ikkje omgrevsapparatet til lingvistane. Difor er det gjerne store skilnader mellom korleis vanlege folk og lingvistar oppfattar språkbruk, og korleis dei skildrar språket.

På spørsmålet om kva ein kan forventa av folk når det gjeld oppfatningar og meningar om språk, meiner Preston ein må sjå på ulike gradar og typar av *språkleg medvit* (language awareness). I artikkelen ”Whaddayaknow?: The Modes of Folk Linguistic Awareness” (1996) set han opp ein oversikt over fire *medvitstypar* (modes), og innanfor kvar av desse reknar han med at folk vil ha ulike gradar av medvit. Dei fire medvitstypane kallar han *tilgjengelegheit* (availability), *nøyaktigkeit* (accuracy), *detalj* (detail) og *meistring* (control). Ettersom eg har gjennomført ei folkelinguistisk undersøking, er spørsmålet om det språklege medvitsnivået til ikkje-lingvistar noko eg må ta stilling til. Eg vil difor sjå nærare på desse fire medvitstypane.

Den fyrste medvitstypen Preston drøftar er *tilgjengelegheit*. Vanlege folk vil ikkje vera medvitne om, og dermed heller ikkje vera i stand til å kommentera, alle sider av språket. Preston tenkjer her at denne medvitstypen kan forklarast som ein skala mellom ytterpunktene *utilgjengeleg* og *vanleg*, der dei fire punkta kan plasserast ulike stader på denne skalaen:

- a) *Unavailable*: non-linguistics not only do not but will not comment on some topics (e.g. specific phonological features of some so-called accents; some matters of ‘pure’ syntax)
- b) *Available*: non-linguistics will discuss some matters carefully described by a fieldworker (e.g. some ‘deviant sentence’ of syntactic research), but they do not normally do so.
- c) *Suggestible*: Although seldom initiated in ordinary conversation, non-linguistics will comment on topics if they arise, and they do not require elaborate description from a fieldworker.
- d) *Common*: Topics of usual folk linguistic discussion (Preston 1996: 41).

Me ser altså at Preston deler inn språklege emne etter kor tilgjengelege dei er for folk. Visse emne vil ikkje vera tilgjengelege for vanlege folk i det heile teke, medan ein på den andre sida av skalaen finn emne som folk har eit medvite forhold til, og som gjerne vert diskuterte. Ser ein dette i høve til det språklege fenomenet knot, er det grunn til å tru at dette er eit emne folk snakkar om og diskuterer (*common*), men truleg ikkje på ein slik måte som eg ber dei om i nokre av spørsmåla (jf. punkt 5.4.2), som til dømes å definera omgrepene og forklara språklege trekk som dei reknar som knot. Difor vert det interessant å sjå om dette er spørsmål som informantane kan svara på, og korleis dei i så fall svarer.

Den andre medvitstypen er *nøyaktigkeit*. Her viser Preston til at folkelege skildringar av språkbruk i større eller mindre grad kan stemma overeins med vitskaplege forklaringar. Dette har ikkje noko å seia for verdien av dei folkelege kommentarane, for innanfor folkelingvistikken er ein oppteken av nettopp å undersøkja kva folk trur og meiner om språk, og det er difor interessant for forskinga både om språkskildringane er nøyaktige eller ikkje.

Ei folkeleg skildring av språket kan ifylgje Preston vidare vera meir eller mindre *detaljert*, og dette er den tredje medvitstypen. I dette ligg det at visse språklege emne vil verta kommenterte utan nokon form for spesifikasjon, medan andre emne kan verta detaljert karakteriserte. Sjølv om eit språkleg emne er tilgjengleg for ein informant, kan det vera vanskeleg for han å kunna gje detaljerte døme. Dette fører oss vidare til den siste medvitstypen, nemleg *meistring*. Preston meiner at ikkje-lingvistar i større eller mindre grad vil meistra ulike språklege varietetar, noko dei kan visa mellom anna ved å imitera språkbruk.

Det er eit viktig poeng hos Preston at dei ulike medvitstypane er relativt uavhengige av kvarandre på den måten at folk til dømes kan ha klare oppfatningar av ein språkleg varietet, og vera i stand til å etterlikna denne (meistring), utan av den grunn å kunna gjera greie for språklege trekk i denne varieteten (detalj). Overført til mitt prosjekt, kan det tenkjast at folk til dømes i stor grad er medvitne om det språklege fenomenet knot (tilgjengelegheit), men at dei i liten grad kan koma med detaljerte skildringar av dette språket (detalj). Ettersom eg har gjennomført ei skriftleg spørjeundersøking (jf. punkt 1.3), har eg ikkje moglegheit til å studera om folk kan imitera knotting. Som me skal sjå, forsøkjer likevel fleire av informantane å forklara kva knot er ved å skriva heile setningar som døme på kva ein som knotar kunne ha sagt (punkt 6.3.3). Dette kan vera ei form for meistring av denne språkbruken, på den måten at informantane skriftleg 'imiterer' språket til den som knotar, sjølv om dei ikkje kan gjera greie for faktiske språklege trekk dei reknar for å vera typiske i språket til ein som knotar.

Kva språklege fenomen vanlege folk er medvitne om, vil naturlegvis variera, og Preston meiner det særleg er ikkje-språklege faktorar som vil vera avgjerande for det

folkelege språklege medvitet: "What details of language non-linguistics are aware appears to depend more on a considerable variety of sociocultural rather than strictly linguistic facts" (op.cit.: 72). Kva delar av språket som folk legg merke til, eller er opptekne av, vil difor variera mellom ulike land og kulturar. Den språkhistoriske bakgrunnen eg skisserte i kapittel to, kan såleis vera viktig for å forstå ikkje berre sjølve fenomenet knot, men også kva delar av språket folk i Noreg er opptekne av, og medvitne om. Det er mellom anna grunn til å tru at dialektbruk er eit vanleg samtaleemne blant folk her i landet, medan folk i andre land kan vera opptekne av heilt andre språklege emne. Det språklege medvitsnivået til ikkje-lingvistar er slik sett ikkje tilfeldig, men må forklarast ut frå den kulturelle konteksten.

### **4.3 Språkhaldningar**

Omgrepet *haldning* vert nytta både i daglegtalen og innanfor ei rekkje vitskaplege retningar.<sup>31</sup> Sjølv om bruken av omgrepet er mykje utbreidd, finst det ikkje ein definisjon som alle vil vera samde om. Eit utgangspunkt for å nærma seg haldningsomgrepet kan vera å seia at det dreier seg om *innstillingar* til noko, slik me ser i Ajzen (1988: 4) sin definisjon av haldningar som "a disposition to respond favourably or unfavourably to an object, person, institution or event". Innanfor språkhaldningsstudiar er det vanleg å oppfatta studieobjektet slik at det inkluderer både haldningar folk har til språk og språkvarietetar, og haldningar folk har til brukarane av språket. Dette har samanheng med at det har vist seg å vera vanskeleg å skilja mellom språkbruk og dei personane eller gruppene som bruker språket (jf. Omdal 1994: 51).

I dette delkapitlet vil eg fyrst gje ei kort oversikt over ulike tilnærmingar til haldningsomgrepet (punkt 4.3.1), før eg går nærmare inn på spørsmålet om nokre haldningar er meir eigentlege enn andre (punkt 4.3.2). Vidare vil eg sjå på stereotype førestellingar (punkt 4.3.3), med tanke på om folk som knotar kan verta kategoriserte på grunn av språkbruk og difor verta tillagte spesielle eigenskapar.

#### **4.3.1 Ulike tilnærmingar til haldningsomgrepet**

Spørsmålet om kva haldningar eigentleg er, og korleis ein kan gå fram for å måla desse, vert ofte stilte av forskrarar, og faglitteraturen knytt til haldningsgranskinger ber tydeleg preg av at det er ulike meininger om kva som er svara på dette. Dei fleste haldningsforskrarar vil nok i dag vera samde i at haldningar ikkje kan observerast direkte, og at ein for å forstå haldningar må ta omsyn ikkje berre til åtferd, men også mentale eigenskapar i menneska. Derimot er det delte syn på *korleis* haldningane er strukturerte i menneska: om dei er essensielt integrerte i

---

<sup>31</sup> M.a. psykologi, sosiologi, sosialantropologi, historie og lingvistikk.

individua eller om dei er sosialt konstruerte, om dei er samansette av fleire komponentar eller ikkje, og om ein kan rekna nokre haldningars som meir eigentlege enn andre.

Haldningsomgrepet kom fyrst i bruk i sosialpsykologien, og svært mykje av forskinga på haldningars har gått føre seg innanfor nettopp denne retninga.<sup>32</sup> Her fylgjer ein eit *essensialistisk* syn på haldningars, der ein tenkjer seg at haldningars er noko som finst i individua, og at ein kan skilja mellom haldningars som ligg djupt i personlegdomen og meir overflatiske haldningars. Sosialpsykologar har definert omgrepet haldning både som eit fenomen med berre éin komponent og som eit fenomen med tre komponentar. Forskarar med det første synet ser på haldningars som eit fenomen som helst vert uttrykt gjennom kjensler, og intensiteten av haldningane kan målast på ein skala av meir eller mindre positive og negative vurderingar av sosiale objekt. Andre forskarar meiner at denne tilnærminga ikkje tek omsyn til det komplekse fenomenet haldningars er, og ser på haldningars som samansette av tre komponentar, ein *affektiv* (emosjonell), ein *kognitiv* (kunnskapsmessig) og ein *konativ* (åferdsretta) komponent. Denne inndelinga av haldningars ut frå kjensler, kunnskap og åferd går lang tilbake i tid,<sup>33</sup> men det var fyrst frå 1960-talet at *trekomponentmodellen* fekk ei sentral rolle innanfor haldningsgranskingsar, og sidan då har den vorte svært mykje nytta.

Modellen vert forklart med at konsekvensane av haldningars kjem til syne på ulike måtar, og at haldningane difor må vera samansette. Den kognitive komponenten ”vedrører røynsler med, kunnskap om og tankar rundt haldningsobjektet”, den affektive har å gjera med ”kjensler andsynes objektet”, og den konative er knytt til ”handling og åferd (eller intensjonen om eller anlegget for det)” (Lunde 2005: 11). Komponentane kan målast på ulike måtar, både verbalt og ikkje-verbalt, men haldningane i seg sjølv er ikkje direkte målbare. Ei kritisk innvending mot denne modellen har vore at det i praksis er glidande overgangar mellom desse tre komponentane, og at det reint empirisk kan vera vanskeleg å halda dei fra kvarandre (jf. Haugen 2002: 45). Likevel meiner mange forskarar at det er større grunnar for enn mot bruk av denne modellen, og at modellen gjev eit oversiktleg bilet av kva haldningars er. Modellen har vorte overført til studiet av språkhaldningars, og innanfor sosiolingvistikken finn ein mange døme på undersøkingar der ein tek utgangspunkt i trekomponentmodellen.

Den sosialpsykologiske tilnærminga til haldningsomgrepet er helst individorientert, og haldningane vert sett på som ein integrert del av personlegdomen (jf. Lunde 2005: 14). Ein motpol til dette synet på haldningars finn ein innanfor *sosialkonstruktivismen*. Denne retninga

<sup>32</sup> Avsnittet er basert på Lunde (2005).

<sup>33</sup> Baker (1995: 12) skriv: ”A classical explication is to follow Plato and distinguish between the cognitive, affective and readiness for action parts of attitudes.”

er sosialt orientert, og legg vekt på at haldningar oppstår i samspelet mellom personar. Handlingar er ut frå dette synet kulturskapte og situasjonsavhengige fenomen, og forskarar innanfor denne retninga leitar ikkje etter forklaring på folk sine haldningar i individua sjølve, men heller i dei *interaksjonelle prosessane* som finn stad mellom menneska (Burr 2003: 8).

Dei to retningane sosialpsykologi og sosialkonstruktivisme har til dels motstridande syn på haldningar, og spørsmålet vert i hovudsak om haldningane er essensielle eller sosialt konstruerte. Det treng likevel ikkje vera absolutte skiljelinjer mellom desse tilnærmingane, og mellom anna har sosialpsykologane Alice H. Eagly og Shelly Chaiken eit meir sosialt orientert syn på haldningar:

That attitudes formation and change involve social processes is an obvious point – after all, the stimulus input that shapes attitudes often consists of actions and statements of other people (Eagly & Chaiken 1993: 627).

Marit Merete Lunde (2005: 42) argumenterer for at ein kan sjå på dei to tilnærmingane slik at dei utfyller kvarandre, og ho meiner at haldningar kan forklaraast som ”djupare og/eller grunnare, individuelle og til dels mellomindividuelle fenomen”. Lunde hevdar at ein difor bør sjå på både det psykologiske ved haldningar, men også på sosiale mekanismar og prosessar i samband med dei. I mi eiga haldningsgransking, meiner eg dette ”midt-i-mellom”-synet på haldningar kan vera ei god tilnærming. Eg reknar i hovudsak språkhaldningar for å vera sosialt konstruerte, og eg trur at haldningane folk har til knot er danna gjennom menneskeleg samhandling. På den andre sida kan haldningane tidleg verta internaliserte gjennom sosialiseringssprosessane, og for individua vert haldningane difor gjerne opplevde som essensielle. Slik sett ser eg på haldningar som noko som eksisterer både i individet og mellom individua; det er både eit individuelt fenomen og eit resultat av sosial interaksjon. Derimot er eg meir skeptisk til om det er grunn til å skilja mellom djupe og overflatiske haldningar, og om ein kan seia at medvitne språkhaldningar er mindre ekte enn dei umedvitne. Dette vil eg difor ta føre meg som eit eige punkt.

#### **4.3.2 Er visse haldningar meir eigentlege enn andre?**

Innanfor folkelingvistikken er studieobjektet, som me har sett, dei oppfatningane vanlege folk har av språkbruk, slik dei kjem til syne gjennom medvitne kommentarar. Eg har gått fram på denne direkte måten i undersøkinga mi, og det er truleg heile tida klart for informantane at det er haldningar til språk eg er interessert i. Men kan ein måla haldningar på denne direkte måten? Og i så fall, kva slags haldningar er det ein måler?

Det at eg stiller dette spørsmålet, har samanheng med det sosialpsykologiske synet på at nokre haldningar er djupare enn andre, og at mange forskarar har gått ut ifrå at desse haldningane er dei mest ekte. Overført til språkhaldningsgranskingsar har fleire difor argumentert for at ein får best tilgang til dei eigentlege haldningane ved indirekte måling, det vil seia når informantane ikkje sjølve er klar over at det er haldningane deira til språk som er studieobjektet. Ein forskar som representerer dette synet, er Tore Kristiansen. I artikkelen "Language Attitudes in a Danish Cinema" (1997: 291) stiller han spørsmål ved i kva grad haldningsgranskalar får fram dei eigentlege haldningane:

Can we be sure that what we are measuring are really people's attitudes? One might suspect, for instance, that a standard procedure in which a researcher asks for some kind of evaluative reaction (in an interview, in a questionnaire, or in a matched-guise experiment) will prompt subjects to reproduce generally-held opinions rather than display their particular 'real' attitudes.

Den mest nytta teknikken for indirekte måling av haldningar har vore *matched guise*-teknikken (dialektmasketesten), som vart utvikla av William Lambert på 1960-talet.<sup>34</sup> Kristiansen går her eit steg vidare, og argumenterer for at den beste måten å få fram dei eigentlege haldningane er "to register behavioral reactions to language in real-life situations – in situations in which 'subjects' are unaware that they are taking part in an experience" (op.cit.: 292). Dette har han gjort ved å gjennomføra ei gransking på ein kino. Kinopublikumet vart oppfordra til å svara på ei undersøking, og oppfordringane var lese inn på ulike språklege varietatar. Haldningane til varietetane vart så målte på grunnlag av kor mange skjema som vart leverte inn, i forhold til talet på billettar som var selt. Samanlikna med sjølvrapporterte haldningar frå folk i same byen, meiner Kristiansen å kunna visa at resultata frå den haldningsmålinga som informantane var umedvitne om, stemmer best med den reelle språksituasjonen. Han konkluderer difor med at "we can be fairly certain that the language attitudes which were displayed in the cinema are 'real' attitudes [...]" (op.cit.: 304).

I Noreg har Ragnhild Haugen brukt både direkte og indirekte metodar for å måla språkhaldningar, og ho skriv dette om sjølvrapportering av haldningar:

Det er mykje som tyder på at ein ved direkte spørsmål til språkbrukaren om korleis han likar bestemte språk eller språkdrag, lett kan framelska det allment godkjende, dvs. det stereotype. Når ein spør informantane direkte, får ein lettast tak i deira *medvitne, men gjerne overflatiske vurderingar* [mi uthaving] (Haugen 2002: 146–147).

<sup>34</sup> Matched guise- teknikken går ut på at informantane vert bedne om å vurdera personar ut frå opptak av ulike språklege varietatar, utan å vita at det er same personen som har lese inn opptaka (jf. Akselberg 2004:141).

Ut frå desse synspunkta vil studieobjektet innanfor folkelingvistikken vera ”ikkje-eigentlege” haldningar, medan haldningane vert stadig meir ekte dess mindre medvitne folk er til at dei er med i ei haldningsgransking. Det er klart at ein ved direkte målingar får medvitne svar frå informantane, men er det verkeleg slik at desse haldningane er overflatiske?

Eg har tidlegare vist korleis Preston (2000) tenkjer seg ein skala frå dei mest medvitne kommentarane om språk til dei minst medvitne reaksjonane (punkt 4.2.1), og eg meiner undersøkingane til Preston og Kristiansen kan plasserast på kvar sin ende av denne. Slik eg ser det, representerer alle punkta på skalaen måling av språkhaldningar, men dei står for ulike tilnærmingar. Eg ser ikkje vekk frå at det kan finnast ulike haldningsnivå, og at ein kan koma fram til ulike resultat ved indirekte og direkte målingar av haldningar.<sup>35</sup> Spørsmålet er heller om det er riktig å rekna nokre haldningar for meir eigentlege eller ekte enn andre.<sup>36</sup> Vert haldningane meir ekte av at informantane ikkje har eit medvite forhold til dei? Det er i så fall språkforskaren som opplever desse haldningane som dei eigentlege, ikkje informantane sjølve. Eg meiner skiljet mellom eigentlege og ikkje-eigentlege haldningar er problematisk, og på mange måtar ei undervurdering av informantane.

Det at haldningane kan koma til syne på ulike måtar gjennom ulike metodiske tilnærmingar, treng ikkje vera det same som at folk ikkje kan ha eit medvite forhold til, og kunne gjera greie for, sine eigentlege haldningar. I staden for å bruka omgrepene eigentleg og ikkje-eigentleg haldning, meiner eg det høver betre å sjå på det som haldningar på ulike medvitsnivå. Gjennom direkte eller indirekte målingar kan ein få tilgang til ulike sider av folk sine haldningar, men dei er alle like eigentlege eller ikkje-eigentlege. Korleis ein går fram for å måla haldningar, må difor tilpassast føremålet med undersøkinga. Den eine tilnærminga er, slik eg ser det, i seg sjølv ikkje betre enn den andre.

#### 4.3.3 Stereotype førestellingar

Omgrepet *stereotypi* har opphav i boktrykkjarfaget, og skildrar ein framgangsmåte der ein kan bruka same avstøypte plate til å produsera mange avtrykk. I daglegtalen har dette vorte overført til å vera eit omgrep for stivna og einsformige oppfatningar eller forventningar knytt til mellom anna åtferd og personlegdom hos ei bestemt gruppe menneske (jf. Mæhlum 2004a: 94). Dei stereotype førestellingane fungerer som ei kategorisering og forenkling av den sosiale verda, der enkeltindivid kan verta tillagte spesielle eigenskapar fordi dei høyrer til ein bestemt kategori. Kategoriseringa kan vera basert på mellom anna kjønn, yrke, nasjonalitet,

<sup>35</sup> I punkt 5.2.2 ser eg nærmere på direkte og indirekte metodar i haldningsgranskingar.

<sup>36</sup> Sjå m.a. Akselberg (2002) og Seim (2005) for drøftingar av sjølvrapportring i haldningsgranskingar.

religion og språk, og inneber felles oppfatningar av alle individ som høyrer til desse kategoriane. Michael A. Hogg og Dominic Abrams (1995: 66) definerer stereotypiar slik:

Stereotypes are generalizations about people based on category membership. They are beliefs that all members of a particular group have the same qualities, which circumscribe the group and differentiate it from other groups. A specific group member is assumed to be, or is treated as, essentially identical to other members of the same group, and the group as whole is thus perceived and treated as being homogenous. [...] An important feature of stereotypes is that they are shared; that is, large sections of society will agree on what the stereotypes of particular groups are.

Dei stereotype førestellingane er ifylgje Hogg og Abrams felles for ein stor del av medlemmene i eit samfunn, og dei vert gjerne innlærde gjennom sosialiseringsprosessen i barndommen (op.cit.: 67). Desse førestellingane er vanlegvis svært forenkla og stiliserte, og ettersom dei ofte vert internaliserte tidleg, kan dei vera vanskelege å endra. Ein viktig funksjon for dei stereotype førestellingane er at dei markerer *gruppeidentitet*, det vil seia at det er ein måte for individua å klassifisera *inngrupper* og *utgrupper* på. Den grappa folk sjølve føler dei tilhøyrer, inngruppa, vert ofte favorisert framfor utgrupper, sosiale grupper ein ikkje sjølv er medlem av. Det å vera del av ei gruppe er eit sterkt behov hos menneska, og gruppeidentifiseringa skjer i stor grad gjennom kategorisering av likskapar og skilnader.

Innanfor språkstudiet har ei rekke undersøkingar vist at språkbrukarar kan verta tillagte enten positive eller negative eigenskapar på bakgrunn av talemålet sitt, og språket er såleis eit objekt for sosial kategorisering. Haldningsgranskinger har mellom anna vist at folk etter berre ein kort talemålsprøve i stor grad vil gjera seg opp ei mening av personen som snakkar, og i Noreg har fleire språkforskarar studert stereotype førestellingar knytt til ulike dialektbrukarar (m.a. Strømsodd 1979, Husby 1985, Farstad 1996). Overført til undersøkinga mi, vert spørsmålet om det finst stereotype førestellingar om folk som knotar.

Dei fleste undersøkingane som har teke føre seg stereotypiar, har hatt fokus på å sjå på inngruppa si kategorisering av utgrupper (Hewstone & Giles 1997: 272). Eg meiner det er tydeleg at folk som knotar ikkje er ei utgruppe på same måte som til dømes bergensarar kan vera ei utgruppe for vossingar. I eigentleg forstand eksisterer ikkje grappa *knotarar*, men det kan likevel henda at folk har *førestellingar* om kategorien 'folk som knotar', og på bakgrunn av dette vil tilleggja enkeltindivid bestemte eigenskapar på bakgrunn av at dei vert plasserte i denne kategorien.<sup>37</sup> Eg meiner difor det er interessant å sjå om det blant informantane finst

---

<sup>37</sup> Det er nettopp slike felles førestellingar om grappa 'knotarar' forfattaren Ragnar Hovland ironiserer over i kåseriet "Guds straff og dens konsekvensar" (2000). Her vert dagleglivet til "den jamne knotar" skildra, desse som har "komiske, umoderne bukser på seg, latterlege, rutete skjorter og strikkejakker" og som lever i "grå, vasne og humørlause ekteskap".

felles oppfatningar av folk som knotar, og om dette i så fall er førestellingar som går på spesielle eigenskapar ved knotarane, og dermed kan reknast for å vera stereotypiar.

#### **4.4 Språknormer**

Ordet *norm* kjem frå det latinske ordet *norma*, som tyder ”vinkelmål, rettesnor” (Nynorskordboka 1994: 424). Det finst ulike definisjonar av kva normer er, men ei nyttig tilnærming til omgrepet kan vera Endre Brunstad (2000: 48) sin definisjon av ei norm som ”ei sammenneming for ulike typar av vurderingsgrunnlag og retningslinjer som er med på å rettleie og styre sosial handling, som t.d. språk”. Normene er abstrakte fenomen som eksisterer som førestillingar i hovuda på folk. Dei finst ikkje i seg sjølve, men som normer *for nokon* (op.cit.: 49). Språknormene er med på å styra språkbruken, men folk kan velja å ikkje fylgja normene, og det er difor viktig å skilja mellom dei to nivåa språk bruk og språknorm.

Innanfor talemålsstudiar kan ein såleis forska på språket på enten *språkbruksnivå* eller på *normidealnivå* (Kristiansen 2003: 115). På språkbruksnivået studerer ein ”det der kommer ud af munden på folk når de taler”, medan ein på normidealnivået ser på ”det der foregår i hovedet til folk i form af forestillinger og vurderinger” (loc.cit.). Mi undersøking av fenomenet knot er ein studie på normidealnivået. Det er difor viktig å ha kjennskap til korleis språknormene fungerer i samfunnet, og korleis ein gjennom å fylgja eller bryta desse normene kan plassera seg sjølv i eller utanfor ei gruppe. Normene kan også styra vurderingar av språk bruk, mellom anna ved at bestemte måtar å snakka på vert rekna som dei mest korrekte.

Som bakgrunn for å drøfta svara i spørjeundersøkinga mi, vil eg her trekka fram nokre relevante sider ved språknormer. Eg vil først kort sjå på skiljet mellom fastsette og internaliserte normer (punkt 4.4.1), og vidare på inndelinga i konstitutive og regulative normer (punkt 4.4.2). Deretter vil eg ta føre meg førestellinga om korrekt og reint språk (punkt 4.4.3), før eg til sist kjem inn på korleis det fylgja språknormer kan vera å ein måte å visa språklege solidaritet og gruppertilhørsle på (punkt 4.4.4).

##### **4.4.1 Fastsette og internaliserte normer**

Alt språk, både skrift og tale, er styrt av normer. Dette kan vera normer knytt til rettskriving, språk bruk i formelle og uformelle situasjonar, uttaleregular, eller berre kva ord ein brukar når ein helsar på andre. Vidare kan ein seia at språk i seg sjølv berre eksisterer gjennom felles normer, ettersom all språk bruk er ein form for regelstyrt åtferd.

Språknormene kan vera eksplisitt formulerte, munnleg og skriftleg, eller dei kan vera ”tause” og referera til haldningar og forventningar til kva som er korrekt og mogleg språk bruk (Brunstad 2000: 48). I drøftingar av normomgrepet er det vanleg å dela inn i *fastsette normer*,

som er formelt fastlagte av eit organ eller ein person med autoritet på området, og *internaliserte normer*, som gjerne er tileigna på ein umedviten måte, og er normer som individet kjenner seg indre bunde av (op.cit.: 50). Dei fastsette normene kan vera uttrykte skriftleg i grammatikkar, ordbøker og vedtekter frå til dømes Norsk Språkråd, eller dei kan vera utsegner frå personar med stor autoritet. I Noreg er desse normene primært knytte til skriftspråket, noko som har samanheng med at me ikkje har offisielle talemålsnormer (jf. punkt 2.4). Talemålet vert i staden først og fremst regulert og styrt av dei internaliserte normene (jf. Mæhlum 2004a: 88). Dette er uskrivne normer som individua tileignar seg gjennom sosialiseringssprosesser, og det er ikkje normer ein treng å ha eit medvite forhold til. Dei internaliserte normene vert oppfatta som våre eigne, og sjølve internaliseringa kan forklarast som ein prosess der einskildindividet får ei nær tilknyting til normene (Brunstad 2000: 50). Folk kan difor ha ei indre kjensle av kva som er riktig åferd, i dette tilfelle riktig språkbruk, i det samfunnet, eller den sosiale gruppa, dei tilhører (jf. punkt 4.4.4).

Det er vanleg at det finst mange alternative normer i samfunnet, og folk på same staden kan difor ha internalisert ulike språknormer. Sjølve grunnlaget for dei internaliserte normene vert lagt i barndomen og ungdommen, men dei er ikkje ferdig utvikla og stabiliserte ved ein viss alder, og normene vil kunna endra seg gjennom ulike miljøpåverknader livet ut (Vikør 1994: 67). I undersøkinga mi er det difor interessant å sjå om dei unge og dei eldre informantane har felles normoppfatningar av kva som er dialekt og kva som er knot, eller om dei ser ut til å ha internalisert ulike språknormer.

#### 4.4.2 Konstitutive og regulative normer

Ei anna inndeling som ofte vert gjort av normer, er skiljet mellom *konstitutive* og *regulative* normer. John R. Searle (1969: 34) forklarer denne inndelinga slik:

Regulative rules regulate a pre-existing activity, an activity whose existence is logically independent of the rules. Constitutive rules constitute (and also regulate) an activity the existence of which is logically dependent on the rules.

Dei konstitutive normene definerer eit bestemt fenomen på ein slik måte at dersom reglane ikkje vert fulgt, ligg heller ikkje dette fenomenet føre (jf. Gullevåg 1991: 22). Eit mykje nytta døme på dette er spelet sjakk (sjå m.a. Searle 1969: 34). Her finst det bestemte speleregler ein må fylgja, til dømes for korleis dei ulike brikkene kan flyttast. Ein kan sjølvsagt velja å flytta vilkårleg på brikkene, men bryt ein reglane, kan ein ikkje lenger påstå at ein speler sjakk. Dei konstitutive normene definerer slik sett sjølve aktiviteten.

Dei regulative normene seier noko om kva ein *bør* gjera, men fenomenet i seg sjølv eksisterer uavhengig av desse reglane. Desse normene er i og for seg ikkje naudsynte, og dei fungerer meir som hjelpemiddlar (Brunstad 2000: 52). Innanfor dei konstitutive normene i sjakk, vil det til dømes også finnast regulative normer for gode strategiar i spelet.

Skiljet mellom konstitutive og regulative normer er relevant også for ulike typar språkbruk. Ingemund Gullevåg (1991: 23) forklarer dette slik:

Konstitutive språkreglar måtte vera reglar som er konstituerande for ulike måtar å bruka språket på, ulike slag språkhandlingar t.d., eller for det å tala eit visst språk, t.d. norsk, eller for språkbruk heilt generelt. Det kunne vera reglar for *forståelege* talehandlingar, forståeleg språkbruk, i motsetnad til absurditet og språklapskaus. Regulative språkreglar ville vera tilrådingar eller normer som kan brytast utan å ”øydeleggja” eller ”oppløysa” den språkbruksmåten dei regulerer. Det kunne t.d. vera uttaleregular eller rettskrivingsreglar.

Ifylgje Brunstad (2000: 52–53) seier skiljet mellom dei konstitutive og dei regulative språknormene noko om kva normer som er primære og sekundære for språk og språkbruk. Dette er relevant ikkje berre for normene som realitetar, men også med tanke på *førestellingane* om normene. Brunstad meiner at det eksisterer førestellingar om at visse språknormer er meir konstitutive enn andre, og nemner som døme at Vestmannalaget har sett på visse språktrekk, som til dømes ’i-målet’, som konstituerande for nynorsken, og vidare at Riksmåls forbundet lenge hadde same forhold til former som *nu*, *etter*, *frem* og *sne* (op.cit.: 53). Desse døma gjeld skriftspråket, men eg meiner det er grunn til å tru at slike førestellingar om at visse språknormer er meir konstitutive enn andre, også kan knytast opp mot talemålet.

I eit forsøk på å overføra denne inndelinga av normer til drøftinga av fenomenet knot, kan eg starta med å slå fast at det i norsk språk finst konstitutive normer som definerer språket, ei internalisert semje om kva som er meiningsfull og mogleg språkbruk, og vidare finst det regulative normer innanfor grensene av det me kallar norsk språk. Desse normene er rettleiande for språkbruken, men sjølv om dei vert brotne, vil språket framleis vera norsk. Her kan det vera interessant å gå vidare med å overføra tanken om dei konstitutive og regulative normene til å gjelda *dialektane*. Me kan då tenkja oss at det til dømes blant vossingar finst førestellingar om at visse språktrekk er konstituerande for vossamålet, medan andre språktrekk er regulative. Ut frå dette perspektivet vil det kunna vera rom for variasjon innanfor normoppfatningane folk har til ein dialekt, men visse språktrekk vil verta rekna som avgjerande for dialekten, og brot på desse vil kunne føra til at folk ikkje lenger oppfattar språkbruken som tilhøyrande den bestemte dialekten. Dette kan igjen ha å gjera med tanken om korrekt og reint språk, ei tilnærming eg ta litt nærare for meg.

#### 4.4.3 Korrekt og reint språk


Med utgangspunkt i at språk er eit normbasert fenomen, er det tydeleg at det vil vera ein nær samanheng mellom omgrepa *språknorm* og *korrekt språk*. Dette gjeld fleire sider av språket. For det fyrste har me forventningar til at språkbruk skal vera korrekt i den forstand at han er mogleg på norsk. Desse normene vert sjeldan brotne av folk med norsk som morsmål, og er ein del av dei internaliserte språknormene me umedvite lærer i tidleg alder. Meir interessant er det at det både innanfor skriftspråket og talemålet finst førestellingar om at visse variantar er meir korrekte eller betre enn andre.

I boka *Språkplanlegging* (1994) tek Vikør opp korleis me vurderer språk etter ulike skalaer eller dimensjonar. Han meiner at visse språkvariantar ofte vert rekna som betre enn andre, og han set opp tre dimensjonar språket vert vurdert etter: *godt – därleg, fint – vulgært/stygt* og *rett – gale* (Vikør 1994: 65). Avvik frå dei fastsette normene vert stort sett vurderte etter dimensjonen *rett – gale*, og her er det normalt ingen glideskala mellom desse to punkta. Med avvik frå dei internaliserte normene vert vurderinga annleis:

Her kjem alle vurderingsdimensjonane inn, og sidan denne typen i siste instans er individuell og flytande, blir vurderinga også ofte flytande: Det finst meir eller mindre godt eller därleg språk, meir eller mindre fint og stygt språk, til og med meir eller mindre rett og gale språk. Bruker ein t.d. former frå éin språkvarietet i ein annan, som ”sjå” i Oslo-mål, så kan ein argumentere både for at det er feil og at det ikkje er feil, alt etter kor romsleg ein ser på ”innlån” av former frå andre dialektar og språkblanding i det heile. (op.cit.: 68)

Språkbruk kan altså verta sett på som meir eller mindre rett eller fin, og vurderingane kan vera flytande. Dimensjonen *rett – gale* er særleg interessant i min samanheng. Vikør (op.cit: 65–66) forklarer at denne vurderingsdimensjonen i ulike språksamfunn i snever forstand kan referera til ei spesiell *norm* innanfor dette språksystemet, slik at avvik frå denne norma blir rekna for ”feil”, sjølv om det er former som er mykje nytta innanfor det aktuelle språksamfunnet.

Innanfor normoppfatninga knytt til dialektbruk, kan me tenkja oss at dimensjonen *rett – gale* er ein skala mellom ytterpunktene *ekte dialekt* og *knot*. Språkbruk kan verta oppfatta som meir eller mindre *ekte dialekt*, meir eller mindre *utvatna dialekt*, og lengst ute på skalaen kjem det som vert rekna som *knot*. Figuren under viser korleis eg tenkjer meg dette:



Figur 8: Vurderingar av korrekt dialektbruk.

Dersom folk har strenge normkrav til *korrekt* dialektbruk, kan språklege trekk som dei meiner ikkje passar inn i dialekten, verta plasserte på den høgre sida av skalaen. Den same språkbruken kan verta vurdert annleis av folk med ei meir romsleg normoppfatning, og dermed ikkje verta sett på som noko gale. Likevel er det grunn til å tru at det i Noreg eksisterer førestellingar om at tradisjonelle språklege trekk i dialekten er dei mest ekte, og at det dermed kan vera desse folk også ser på som mest korrekte.

Det at visse språktrekk vert sett på som meir korrekte eller betre enn andre, kan ha samanheng med den språkpuristiske førestellinga om *det reine* språket. *Språkpurisme* går ut på å halda språket så reint som mogleg frå framande og ureine språkelement, og er ein ideologi som i særleg grad er knytt til skriftspråket. Eg meiner det kan vera interessant å overføra tanken om det reine språket også til talemålet, der ein kan tenkja seg at det finst førestillingar om at ein også vil halda ein *dialekt* fri frå framande dialektelement. Dersom nokre dialekttrekk vert sett på som meir reine enn andre, kan desse språknormene få status i dialektsamfunnet, og dei verta sett på som meir *ekte* i dialekten.

I artikkelen ”*Det reine språket*” (2003: 14) forklarer Brunstad at skiljet mellom reine og ureine språktrekk har bakgrunn i sosiale val, og at det ”er språkbrukaren, ikkje språket i seg sjølv, som avgjer kva som skal karakteriserast som ’reint’ og ’ureint’ ”. Brunstad (op.cit.: 15) viser til sosialantropologen Mary Douglas, som i boka *Purity and Danger* (1966) ser på skilnaden mellom det reine og det ureine som avgjerande for å forstå korleis kulturelle og sosiale system vert etablerte og haldne ved like. Ifylgje Douglas kjenneteiknar det reine noko som held seg på plassen det høyrer til, medan det ureine flyt over grensene. Noko vert dermed ureint ved å vera på feil plass, det er i utgangspunktet ikkje ureint i seg sjølv.

Dette er ei forklaring som kan vera interessant om me ser på språkbruk. Eit språkleg trekk er i seg sjølv ikkje ureint, men i feil dialekt kan det verka påfallande og difor verta rekna som knot. Eit døme på dette kan vera at fleire av informantane i undersøkinga mi nemner pronomenet *vi* på spørsmålet om korleis ein vossing som knotar snakkar (jf. punkt 6.3.3). Ordet er i bruk i mange norske dialektar, men det vanlege på Voss er å bruka *me*. I vossadialekten vil *vi* difor vera på feil plass, og det kan vera grunnen til at dette enkeltordet kjem fram som svar på spørsmålet. Det same gjeld mange andre sider av språket. Ein person som knotar bryt med språknormene på staden, og me kan seia at språkbruken hans går utanfor grensene for det som vert rekna som dialekt.

#### 4.4.4 Språkleg solidaritet og gruppetilhørsle

Språknormer er med på å styra både måten folk sjølve snakkar på, og måten dei evaluerer andre sin språkbruk. Skal me forstå korleis normene vert skapte og fungerer, må me sjå på dei i høve til relasjonar mellom menneska (jf. Brunstad 2000: 49). Sjølv om individua kan oppleva språknormene subjektivt, må sjølve normene forklarast som noko meir enn den enkelte sine normoppfatninga. Folk kan velja mellom fleire normer, men vala vert gjort i høve til ein kontekst som er sosialt konstruert (op.cit.: 57). Og skal normene fungera rettleiande, må dei vera felles for ei gruppe individ, det må vera *intersubjektive* (jf. Dyvik 1998: 23).

Omgrepet intersubjektivitet kan, ifylge Brunstad (2000: 58), vurderast på ulike nivå og frå ulike faglege synsvinklar, men heilt enkelt kan omgrepet brukast for å ”karakterisere eit mentalt fellesskap som fyller sosiale funksjonar”. Dette forklarer Brunstad (loc.cit) slik:

Tanken er at det ved intersubjektivitet veks fram ei form for semje og tilpassing: Fleire menneske tek til å handle regelmessig i høve til visse forventningar, og handlingar som står i strid med forventningane vert kritiserte. Dei kollektive førestellingane av kva som er korrekt og kva som er feil, vert etter kvart gjorde til erfaringar og referanseramme for ei større gruppe einskildindivid.

Det at språknormene er intersubjektive, vil såleis seia at det innanfor ein sosial fellesskap finst ei semje om kva som er korrekt og kva som er feil språkbruk. Innanfor sosiolingvistikken vert desse sosiale fellesskapene gjerne kalla *språksamfunn*<sup>38</sup>. Ved å fylgja normene innanfor eit språksamfunn, kan individua visa at dei står for dei same verdiane og er ein del av fellesskapen. Med andre ord kan språkbruken signalisera *gruppetilhørsle*, og det å fylgja normene er ein måte å visa *språkleg solidaritet* på. Motsett kan det å bryta språknormene verta oppfatta som at ein tek avstand frå fellesskapet, slik Sandøy forklarer her:

Mens vi på den eine sida *ønskjer* å vise solidaritet med gruppa vår, blir det også på hi sida *venta av oss* at vi gjør det. Bryt vi normene som gjeld innanfor gruppa, blir vi møtt av *sanksjonar*. Rett nok er ikkje sanksjonane opne og direkte, men gjennom kjennskapen vår til miljøet veit vi at det blir negativt oppfatta og kommentert om noen ”bryt ut” eller markerer at dei ikkje tilhører gruppa lenger (Sandøy 1996: 103).

Det er i dag vanlegare enn før at folk er del av ulike sosiale fellesskapar gjennom livet, og at dei difor stadig møter konkurrerande språknormer. På same tid har det dei siste tiåra skjedd ei haldningsendring i høve til dialektbruk, og det å halda på dialekten sin vert no i stor grad sett på som naturleg og riktig (jf. punkt 2.5.1). Faktisk kan det å halda på dialekten på i mange miljø kan vera ei norm i seg sjølv (jf. Vikør 1994: 67), på den måten at det vert forventa at folk i stor grad skal bruka den dialekten dei lærte som barn og vaks opp med (jf. punkt 4.5.2).

<sup>38</sup> Det finst ulike syn blant språkforskarane på kva eit *språksamfunn* er. Sjå m.a. Hernes 2005 og Milroy 1980.

Fenomenet knot må, slik eg ser det, forklarast med utgangspunkt i tanken om at ein gjennom språket kan visa lojalitet til staden ein kjem frå (jf. Jahr 1997: 399). Det å halda på dialekten kan slik sett vera ei solidaritetshandling med lokalsamfunnet, medan brot på språknormene kan verta oppfatta som at språkbrukaren ikkje meiner det lokale talemålet er godt nok. Ifylgje Sandøy gjeld dette særleg dersom folk legg seg etter ein dialekt med større prestisje: ”Det blir rekna som *knot*. Knotar ein, har ein gått utover dei *toleransegrensene* for språklig variasjon som gjeld innafor det språksamfunnet ein hører til” (Sandøy 1996: 103).

Dersom folk bryt språknormene, bryt dei med dei forventningane andre har til språkbruken deira, og dei kan verta møtte med sanksjonar. Det at brot på språknormer kan føra til folk vert negativt oppfatta og kommenterte, har også ein nær samanheng med den vanlege førestellinga om at språket er ein viktig del av folk sin identitet. Til sist i dette kapitlet vil eg kort sjå nærmere på talespråkleg tilpassing og forholdet mellom språk og identitet.

#### **4.4 Språklege val**

Språknormene fungerer rettleiande for språkbruken, men som nemnt kan individua velja mellom ulike normer, og dei kan ha sine individuelle språklege strategiar. Dei språklege vala kan vera både medvitne og umedvitne, og dei kan forklarast ut frå ynske om gruppetilhørsle eller meir som tilpassing til ulike sosiale situasjonar. I dette delkapitlet vil eg sjå nærmere på språkleg tilpassing (punkt 4.5.1) og forholdet mellom språkbruk og identitet (punkt 4.5.2).

##### **4.5.1 Talespråkleg tilpassing**

Dei aller fleste menneske endrar noko på språket sitt etter situasjonen og kven dei snakkar med. Til dømes vil mange forenkla grammatikken i språket sitt når dei snakkar med barn, eller snakka seinare når dei møter folk som ikkje har norsk som morsmål. Vidare vil folk gjerne endra språkbruk i ulike sosiale samanhengar, mellom anna som fylge av graden av formalitet i situasjonen (jf. Akselberg 2004a: 132). Slik situasjonsavhengig variasjon i språkbruk vert kalla *registervariasjon*. Nokre menneske har mange språklege register til disposisjon, medan andre i mindre grad endrar språkbruk i ulike sosiale situasjonar. Dette er stort sett variasjon i språkleg stil, og dermed ikkje det same som *kodeveksling*, som er veksling mellom ulike språklege varietetar. Omgrepet kodeveksling vert fyrst og fremst nyttta for å skildra veksling mellom klart åtskilde varietetar, som regel mellom ulike språk (jf. Røyneland 2004). For å kunna kalla ein språkbruk kodeveksling, må ein difor leggja til grunn at språkbrukaren i stor grad beherskar dei varietetane han vekslar mellom. Registrervasjjon treng derimot ikkje innebera veksling mellom ulike varietetar, men kan vera ulike stilnivå innanfor same språklege varietet.

Overført til det språklege fenomenet knot, ser me at ut frå dei definisjonane som vart viste i kapittel tre, kan ein vanskeleg kalla knot for kodeveksling. Lyse (1976: 185) sin definisjon av omgrepene *å knota* som ”å tala eit språk eller mål som ein ikkje kan”, kan vera eit tydeleg døme på det. Mange av dei nyare definisjonane eg viste, forklarte knot som ein unaturleg og affektert språkbruk. Dette forstår eg slik at knoting ut frå desse definisjonane ikkje er veksling mellom ulike varietatar, men snarare ein språkbruk der ein prøver leggja til seg trekk frå ein språkleg varietet ein ikkje kan. Slik sett kan det også vera litt problematisk å kalla knot for registervariasjon, for språkbruken er i så fall kanskje meir å forstå som eit forsøk på få eit nytt språkleg register, enn faktisk å ha ein språkleg register ”til disposisjon”. Det er derimot klart at folk som knotar, på eit eller anna vis tilpassar språket sitt til ein annan talespråkleg varietet, og me kan seia at dei *akkommoderer* (jf. Akselberg 2004b: 160).

Sosialpsykologen Howard Giles har utvikla ein teori om språkleg akkommadasjon, som handlar om at menneska medvite eller umedvite endrar språket sitt etter kven dei snakkar med (sjå m.a. Giles & Smith 1979). Utgangspunktet for utviklinga av teorien var eit ynske om å kunne forstå og forklara kva som ligg bak dei språklege vala individua tek (jf. Mæhlum 2004b: 112), og teorien byggjer på at menneska har behov for å verta likte og aksepterte av andre. Individua si språklege åtferd kan vera basert på språkbrukaren sitt ynske om *sosial identifikasjon* med, eller *distanse* til, andre menneske eller grupper (op.cit.: 113), og den språklege tilpassinga kan såleis skje enten ved at ein nærmar seg språket til samtalepartnaren (*konvergens*), eller ved at ein forsterkar dei talespråklege skilnadene ved å bli meir ulik samtalepartnaren (*divergens*). Desse strategiane, som kan vera meir eller mindre medvitne, har nær samanheng med individua sine ynske om gruppetilhørsle. Konvergerande språkbruk kan vera eit ynske om å verta akseptert i den sosiale gruppa til samtalepartnaren, medan divergerande språkbruk kan vera ein måte å forsterka sin eigen sosiale identitet (loc.cit.).

Målet med undersøkinga mi er ikkje sjølv å forklara dei individuelle språklege vala folk tek, men altså å sjå korleis informantane oppfattar den talespråklege tilpassinga dei reknar for å vera knot. Med utgangspunkt i dei forklaringane av fenomenet knot som kom fram i kapittel tre, er det nærliggjande å tru at også mange av informantane vil rekna knot for å vera eit forsøk på tilpassing til ein annan språkleg varietet. Eit interessant spørsmål er difor kva dei meiner ligg bak denne språklege tilpassinga. Kvifor trur dei at andre knotar, og kva grunnar meiner dei at dei eventuelt sjølve har for å knota? Dersom me tenkjer oss knot som ein konvergerande språkbruk, kan dette som nemnt oppfattast som ynske om å verta akseptert i ei anna sosial gruppe, men det kan også vera eit utrykk for å distansera seg frå si eiga sosiale

gruppe. Det siste er kanskje særleg viktig for å forstå kvifor knot tradisjonelt sett har vorte oppfatta negativt (jf. Vikør 1999: 44).

#### 4.5.2 Er språket ein viktig del av identiteten?

Det er vanleg blant språkforskjarar å rekna at det er ein nær samanheng mellom språkbruk og identitet,<sup>39</sup> og at språkbrukarane gjennom språket sitt fortel noko om kven dei er, eller kven dei ynskjer å vera. Overført til mitt prosjekt, vert spørsmålet om også informantane meiner språket er ein viktig del av identiteten, og om dei forklarer dei språklege fenomenet knot som ei *identitetshandling*. Eg meiner det er grunn til å tenkja seg at folk som ser på dialektbruk som svært nært knytt til identiteten, vil vera meir negativt innstilte til endring av talemål enn dei som i mindre grad tenkjer seg språkbruk som identitetshandlingar.

Kva innstillingar informantane har til språk, kan vera bestemmande for korleis dei oppfattar ulik språkbruk. Her kan det difor vera interessant å visa til motsetnaden mellom ei *integrativ* og ei *instrumentell* språkinnstilling. Dette er eit skilje som i hovudsak har vorte nytta av sosialpsykologar, og det har i særleg grad har vore knytt opp til å forstå motivasjonen folk har til andrespråklæring (jf. Baker 1995: 33). Mæhlum (2004: 122) forklarer skiljet mellom eit integrativt og eit instrumentelt språksyn slik:

Med en dominerende instrumentell innstilling legges vekten på den meir umiddelbare *nytteverdien* språket har som kommunikasjonsmiddel, som et middel til å forstå å bli forstått. En integrativ innstilling innebærer på sin side at språkbrukeren gjennom å ta i bruk en språklig kode ønsker å signalisere medlemskap til og *integrasjon* i den aktuelle gruppen som bruker dette språket.

Eg meiner motsetnaden mellom ei instrumentell og ei integrativ språkinnstilling i mitt tilfelle kan vera relevant for å drøfta korleis informantane oppfattar det språklege fenomenet knot. Dersom informantane i stor grad har ei instrumentell innstilling til språk, kan dette koma til syne ved at dei forklarer knot ut frå *kommunikasjonsfunksjonen* til språket. Har dei derimot eit meir integrativt språksyn, kan *identitetsfunksjonen* til språket vera viktig for førestellingane deira av kva knot er og kvifor folk knotar (jf. punkt 6.5).

Det er ikkje eit mål i undersøkinga mi å studera faktisk språkbruk, og dermed heller ikkje så sjå på korleis identitet påverkar individuelle språklege val. Spørsmålet om i kva grad språket er ein viktig del av identiteten, vil eg vurdera opp mot informantane sine svar på kvifor folk knotar, og kvifor dei sjølve eventuelt gjer det. Det er slik sett informantane sine *førestellingar* om forholdet mellom identitet og språkbruk som er viktig i undersøkinga mi.

<sup>39</sup> Sjølve identitetsemgrepene er svært kompleks. På same måte som ved spørsmålet om kva haldningar er (punkt 4.3.1), kan ein også her skilje mellom ei essensalistisk og ei konstruktivistisk tilnærming. Eit tredje alternativ er eit kompromiss mellom desse to syna (Mæhlum 2004b: 109).

## 5 METODE

### 5.1 Innleiing

Ordet *metode* kjem frå gresk og tyder eigentleg ”å fylgje ein viss veg mot eit mål” (*Nynorskordboka* 2001: 441). I dag vert metode nytta som omgrep for ein systematisk framgangsmåte, og metodelæra innanfor ulike fag gjev råd om korleis ein kan samla inn, handsama og analysera data (Hellevik 1991: 14). Val av metode vil ha mykje å seia for det resultatet ein kan få, og det er difor viktig å ha klart for seg kva det er ein ynskjer å finna ut.

Målet med undersøkinga mi er å få innsyn i det språklege fenomenet knot, både med tanke på kva folk legg i sjølve omgrepet, og kva førestellingar dei har om dette fenomenet (jf. punkt 1.3). Eg har valt å henta inn data gjennom ei skriftleg spørjeundersøking med ei gruppe unge<sup>40</sup> og ei gruppe eldre informantar. I dette kapitlet vil eg gjera greie for bakgrunnen for dette valet av metode (punkt 5.2) og informantar (punkt 5.3), før eg går nærmare inn på utforminga av sjølve spørjeskjemaet (punkt 5.3) og den praktiske gjennomføringa av undersøkinga (punkt 5.4). Til sist i kapitlet presenterer eg det samla datamaterialet (punkt 5.6) og gjer greie for framgangsmåten i analysen av resultata (punkt 5.7).

### 5.2 Val av metode

Innanfor metodelæra er det vanleg å skilja mellom ei *kvantitativ* og ei *kvalitativ* retning. I dette delkapitlet vil eg starta med å presentera desse metodiske retningane, og gjera greie for kor undersøkinga mi kan plasserast i høve til dei (punkt 5.2.1). Deretter vil eg ta føre meg direkte og indirekte metodar i språkhaldningsgranskinger, med fokus på å vurdera desse metodane opp mot studieobjektet knot (punkt 5.2.2), før eg til sist ser nærmare på bruk av spørjeskjema for innsamling av data (punkt 5.2.3).

#### 5.2.1 Kvalitative og kvantitative metodar

Motsetnadene mellom kvantitative og kvalitative metodiske retningar er mykje omtalte og diskuterte. Den kvantitative retninga har vore knytt til naturvitenskapane og positivismen, medan den kvalitative retninga har hatt sterke band til teologi, rettsvitenskap og den klassiske filologien, og seinare også til psykologi, samfunnsvitenskap og humanistiske fag (Akselberg 1997: 24). Innanfor sosiolingvistikken har den kvantitative retninga vore dominante, men dei siste åra har også kvalitative undersøkingar vorte meir vanlege (op.cit.: 26).

Det er vanskeleg, og problematisk, å setja opp klare skilje mellom dei to metodiske tilnærmingane. Enkelt kan ein likevel seia at kvantitative studium er gruppebaserte og har

<sup>40</sup> Dei unge informantane kan eg vidare dela inn i to grupper etter kva skule dei kjem frå, jf. punkt 5.3.3.

mange informantar, medan kvalitative studium er individbaserte og har færre informantar (Akselberg & Mæhlum 2004: 74–75). I kvantitative undersøkingar er ofte fokuset retta mot objektive storleikar, og forskaren tel og måler desse. I kvalitative undersøkingar er studieobjektet derimot subjektive storleikar, som til dømes korleis enkeltindivid opplever og tolkar verda (loc.cit.). Her vil forskaren ha nærleik til det han studerer, medan ein i kvantitativ forsking i større grad ser på verda frå avstand. Vidare er den kvalitative forskinga i utgangspunktet eksplorerande, medan den kvantitative testar forklaringar og hypotesar.

Dei kvantitative og dei kvalitative metodane vert gjerne forklarte som motsetnader, der den eine tilnærminga *utelukkar* den andre. Kristen Ringdal peiker i innføringsboka si i samfunnvitskapleg forsking, *Enhet og mangfold*, på at skilnadene som vanlegvis vert sett opp mellom dei to metodiske retningane i praksis er for enkle. Ringdal (2001: 108) skriv her at:

Selvsagt finnes det kvalitative undersøkelser som er teoristyrte og søker å teste hypoteser, og like selvsagt er det at kvantitative forskere kan oppdage nye sammenhenger eller fruktbare begrep

Sigmund Grønmo (1996) meiner at motsetnadene mellom kvalitative og kvantitative metodar ikkje må verta sett på som ein *dikotomi*, men snarare som ytterpunkt på ein skala. I praksis vil mange kvalitative forskingsopplegg ha innslag av kvantitative element, og motsett vil kvantitative analyser koma inn på kvalitative forhold. Også Erik Fossåskaret (1997) er oppteken av at kvantitative og kvalitative metodar ikkje utelukkar kvarandre:

Vi har en tendens til å bruke betegnelsene kvalitativ kontra kvantitativ forskning som om det skulle være to helt atskilte veier til kunnskap og innsikt. Men i praktisk arbeid er ikke forskeren henvist til å gjøre et valg mellom to gjensidig utelukkende metodeposisjoner. Han velger framgangsmåter som vi kan plassere et eller annet sted på en tenkt skala fra kvantitativ til kvalitativ tilnærming. Med de metodeposisjonene forskeren gjør, orienterer han seg i kvantitativ eller kvalitativ retning (Fossåskaret 1997: 12).

I mitt tilfelle er det synet Grønmo og Fossåskaret har på kvantitative og kvalitative metodar som ein skala mellom to ytterpunkt, til hjelp for å gjera greie for mi metodiske tilnærming. Eg har valt å gjennomføra ei gruppebasert<sup>41</sup> undersøking med nærlare nitti informantar. For å samla inn data frå informantane har eg nyttet eit spørjeskjema (jf. punkt 5.2.3), og svara frå undersøkinga har eg i stor grad talt opp og kategorisert. Slik sett vil eg plassera framgangsmåten min på den kvantitative sida av skalaen, men eit godt stykke frå ytterpunktet.

Det er likevel mykje som skil undersøkinga mi frå meir typiske kvantitative undersøkingar. Eg nyttar i hovudsak *opne* spørsmål i spørjeskjemaet (jf. punkt 5.4.1), og

<sup>41</sup> Med *gruppebasert undersøking* viser eg her både til at eg har mange informantar, og at fokuset mitt i drøftinga av resultata frå spørjeundersøkinga er retta mot skilnader og likskapar på *gruppenivå*, ikkje på *individnivå*.

desse er det eg sjølv som må tolka og kategorisera i ettertid. Ettersom eg ynskjer å undersøkja informantane sine definisjonar og førestellingar om knot, er det også i høgste grad subjektive storleikar eg prøver å måla. Knot er ikkje eit fenomen som objektivt sett finst ute i verda, og det same gjeld førestellingane informantane har om fenomenet (jf. punkt 4.1). Det er difor viktig å presisera at det ikkje er haldningane og normene eg kan måla og kategorisera, men altså dei faktiske svara informantane gjev på spørsmåla. På bakgrunn av desse svara vil eg likevel sjå om eg kan seia noko om informantane sine haldningar og normoppfatninga. I nokre høve vil det også vera nyttig og relevant å trekkja fram enkeltindividene sine svar på spørsmåla, og ved å gjera dette går eg eit steg i kvalitativ retning.

Eg meiner den kvantitative tilnærminga er ein føremålstenleg framgangsmåte for målet med undersøkinga mi, nemleg å få innsyn i kva førestellingar folk har om det språklege fenomenet knot. Ettersom omgrepene *å knota*, så vidt eg veit, ikkje tidlegare er systematisk undersøkt av språkforskarar (jf. punkt 1.2), synest eg det høver best å gjennomføra eit gruppebasert studium med mange informantar. På denne måten får eg sett om ei større gruppe personar har like eller ulike oppfatningar av kva knot er. I vidare arbeid med omgrepene *å knota* vil ei meir kvalitativ tilnærming også kunne vera interessant, og dette kan vera ein framgangsmåte i eventuelle seinare undersøkingar.

### 5.2.2 Direkte og indirekte måling av språkhaldningar

Me såg i punkt 4.3.1 at det blant haldningsforskaran finst ulike syn på kva haldningar er, og dette er noko som påverkar val av metodisk tilnærming. Innanfor sosiolingvistikken har det danna seg to tradisjonar, der den eine retninga meiner at den beste måten å måla haldningar på er ved *indirekte metodar*, medan den andre legg vekt på at haldningar også kan målast ved hjelp av *direkte metodar* (Akselberg 2002: 116). Eg har tidlegare argumentert for at ein ikkje bør skilja mellom eigentlege og ikkje-eigentlege haldningar, men snarare sjå på det som haldningar på ulike medvitsnivå, som ein får fram gjennom ulike metodar (jf. punkt 4.3.2). Her vil eg kort gjera greie for korleis ein går fram i direkte og indirekte målingar, og forklara kvifor det er problematisk å nytta ein indirekte metode for å undersøkja haldningar til knot.

I direkte målingar vert informantane spurde direkte om kva haldningar dei har til språk, dialektar eller varietatar. Dette kan gjerast gjennom intervju eller ved bruk av spørjeskjema, og forskaren er open i høve til informantane om kvifor han gjennomfører undersøkinga. Ved bruk av indirekte metodar prøver forskaren å måla språkhaldningar utan at informantane veit at det er det han er ute etter å undersøkja. Informantane kan til dømes verta bedne om å høyra på opptak av ulike personar, og så vurdera desse personane med tanke på

mellan anna status og solidaritet. På denne måten kan forskaren indirekte undersøkja korleis informantane evaluerer språkbruken til opptakspersonane.

Eg har valt å gjera ei folkelingvistisk undersøking (jf. punkt 1.3, punkt 4.2), og metoden eg har nytta er difor direkte. Svært mange av dei studiane som har vorte gjort innanfor denne retninga, har nytta kvalitative intervju som metode, medan eg har valt å nytta eit spørjeskjema. Bakgrunnen for dette valet, er at eg ynskjer å ha ei større gruppe informantar i undersøkinga (jf. punkt 5.2.1). No kunne eg likevel også ha gjort ei indirekte måling med mange informantar, og såleis plassert undersøkinga mi på den andre sida av medvitsskalaen (jf. punkt 4.2.1). Dette var noko eg vurderte i startfasen av prosjektet, men eg slo det snart frå meg som svært problematisk å gjennomføra. Eg meiner haldninga til knot vanskeleg kan målast indirekte, og dette har samanheng med at knot, etter mitt syn, berre kan definerast ut frå folk sine normoppfatningar (jf. punkt 4.1). Dette vil eg forklara litt nærare.

I indirekte målingar av språkhaldninga vert opptak av ulike språkvarietetar spelte for informantane, utan at dei har fått beskjed om at dei er med i ei haldningsgransking. Forskaren er sjølv klar over at det er ulike varietetar informantane høyrer, men informantane er ikkje medvitne om at det er ulik språkbruk dei eigentleg evaluerer. Det er viktig for undersøkinga at dette vert halde skjult for informantane, men det er sjølvsagt også viktig at forskaren veit kva språkvarietetar informantane indirekte vurderer. Skulle eg ha gjennomført ei indirekte måling av haldninga til knot, måtte eg ha spelt opptak av folk som knota for informantane, for så å sjå korleis dei vurderte personane som snakka. Men korleis skulle eg gått fram for å finna opptak av knot? Det kunne praktisk la seg gjera anten gjennom skjulte opptak av naturleg tale, eller ved å konstruera eit språk som høyrest ut som knot, men det ville uunngåeleg vera mine eigne definisjonar av knot som ville liggja til grunn for å velja ut desse opptaka. Og det er her det metodiske problemet oppstår. Eg kunne la informantane høyra på desse opptaka, og sjå på evalueringane av opptakspersonane, men eg ville ikkje dermed vita at det indirekte var knot dei vurderte. Det ville ikkje vera mogleg å vita om dei, slik som eg, oppfatta språkbruken som knot, eller om dei hadde andre normoppfatningar.

Med bakgrunn i desse metodiske vurderingane meiner eg at direkte måling av haldninga til knot i mitt tilfelle var det einaste reelle alternativet. Eg valde å bruka eit spørjeskjema, og i punkt 5.2.3 vil eg sjå litt nærare på denne innsamlingsmetoden.

### **5.2.3 Bruk av spørjeskjema for innsamling av data**

Det å nytta eit spørjeskjema for innsamling av data til ei undersøking, er ein metode som er godt kjend og mykje nytta. Eit viktig argument for bruk av spørjeskjema er at ein kan nå ut til

ei større gruppe informantar på kort tid, og det er slik sett ein mindre ressurskrevjande metode enn intervju. I undersøkinga mi, der eg ynskjer å ha mange informantar, er bruk av spørjeskjema ein framgangsmåte som er eit godt alternativ både praktisk og økonomisk, og eg meiner denne metoden høver til problemstillingane og måla for undersøkinga mi.

Alle innsamlingsmetodar har sine fordeler og ulemper, og slik er det også med bruk av spørjeskjema. Spørjeskjemaet gjev lite rom for utfyllande forklaringar, og forskaren har ikkje kontroll over korleis spørsmåla vert oppfatta av informantane (Ringdal 2001: 262). Det er såleis ikkje mogleg å utdjupa spørsmåla til den enkelte informant. Fråveret av ein intervjuar kan på den andre sida få informantane til å føla seg friare. Dei kan dermed vera meir villige til å gje svar som er sosialt uakseptable og private, i tillegg til at eigenskapar ved intervjuaren ikkje vil påverka svara deira (Hellevik 1991: 111). I ein intervjuasjon vil den nære kontakten mellom intervjuar og informant likevel kunne gjera det enklare å få fullstendige svar, medan det ofte er slik at spørjeskjema vert leverte inn med fleire spørsmål utan svar.

Det er ulike måtar å gå fram for å gjennomføra ei spørjeundersøking. Ringdal (2001: 260) nemner fem variantar som er vanlege å nytta i dag. Det er *postale undersøkingar*, *e-postundersøkingar*, *spørjeskjema som vert delte ut og henta inn*, *gruppeutfylling* og *spørjeskjema i kombinasjon med intervju*. Bruk av postale undersøkingar er ifylgje Ringdal den vanlegaste metoden, men svarprosenten her er ofte låg. For å auka svarprosenten kan det vera til hjelp at informantane møter forskaren. Ringdal (2001: 262) meiner at målgrupper ein kan koma i kontakt med gjennom organiserte aktivitetar, slik som til dømes skuleklassar, vil vera dei beste for å gjennomføra ei spørjeundersøking. I slike *gruppeutfyllingar* kan forskaren vera til stades medan informantane svarar på spørsmåla i spørjeskjemaet. Dette opplegget kan kombinera nokre av fordelane til både intervju og spørjeskjema (Hellevik 1991: 112).

Eg har nytta *gruppeutfyllingar* til å samla inn data frå dei unge informantane, og ein kombinasjon av det Ringdal kallar *postale undersøkingar* og *spørjeskjema som vert delte ut og henta inn* for å gjennomføra undersøkinga blant dei eldre informantane. Det siste vil seia at eg leverte ut spørjeskjema til dei eldre sjølv, men desse vart så sende tilbake til meg i posten. Bakrunnen for dette valet vil eg koma tilbake til i punkt 5.5.

### **5.3 Val av informantar**

Målet for spørjeundersøkinga er å studera korleis folk definerer omgrepene *å knota*, og kva førestellingar dei har om fenomenet knot (jf. punkt 1.3, punkt 5.1). Dette utgangspunktet gjev svært mange moglegeheit for kven som kan vera informantar i undersøkinga, og eg måtte difor tidleg i prosessen avgjera kva informantutval eg skulle ha. Valet fall på å gjennomføra

undersøkinga i bygda Voss med ei gruppe unge og ei gruppe eldre informantar (jf. punkt 1.3). I dette delkapitlet vil eg gjera greie for kvifor eg har gått fram på denne måten, og kven eg nyttar som informantar i undersøkinga. Eg vil først ta føre meg kvifor eg har valt å gjennomføra undersøkinga på éin geografisk stad (punkt 5.3.1), og vidare kort presentera bygda Voss (punkt 5.3.2). Deretter vil eg gjera greie for bakgrunnen for valet av unge og eldre informantar (punkt 5.3.3), og valet av unge informantar frå to skular (punkt 5.3.4).

### **5.3.1 Kvifor gjennomføra spørjeundersøkinga på éin geografisk stad?**

Definisjonar av omgrepet *å knota*, og kva språklege trekk som vert rekna som knot, vil vera nært knytt opp til normideal (jf. punkt 4.1). Eit interessant spørsmål er kor grensa går mellom kva som fell innanfor grensene for ein dialekt, og kva som fell utanfor og vert rekna som knot. Ved å ta utgangspunkt i éin geografisk stad, eitt dialektsamfunn, kan eg la informantane svara på spørsmål om kva som er typiske trekk ved dialekten på staden, og kva dei reknar for å vera knot. Eg kan også sjå om folk på same staden har like eller ulike definisjonar av kva det vil seia å knota, og i kva grad førestellingane deira om knot er samsvarande.

I undersøkinga mi ynskjer eg også å *samanlikna* svara til unge og eldre informantar (jf. punkt 5.3.3), og svara til unge informantar frå allmennfagleg og yrkesfagleg vidaregåande skule (jf. punkt 5.3.4). For å kunne gjera dette på ein best mogleg måte, meiner eg det er ein fordel at undersøkinga vert gjennomført på éin stad. Valet fall på bygda Voss. Dette har ikkje samanheng med at folk frå Voss er meir eigna som informantar i ei undersøking av fenomenet knot enn folk frå andre stader i landet. Eg valde Voss som utgangspunkt for undersøkinga fordi eg sjølv er oppvaksen her, og difor kjenner tilhøva godt. Dette ser eg på som ein fordel både i den praktiske gjennomføringa av undersøkinga og i arbeidet med resultata.

### **5.3.2 Ein kort presentasjon av bygda Voss**

Voss er ei innlandsbygd på Vestlandet med nærare 14 000 innbyggjarar.<sup>42</sup> I areal er Voss den største kommunen i Hordaland fylke, og bygda ligg som eit knutepunkt mellom Sogn og Hardanger, og mellom aust og vest. Jernbanen mellom Voss og Bergen vart opna i 1883, og i 1909 var Bergensbanen, som går mellom Oslo og Bergen klar for drift. Også stamvegen, E16, går gjennom Voss, og i avstand ligg bygda om lag 10 mil frå Bergen og 40 mil frå Oslo.

Tradisjonelt sett var jorda og skogen dei viktigaste næringsvegane på Voss. I dag er det handel, turisme og ulik tenesteyting som gjev arbeid til flest i bygda, men jordbrukskuluren står framleis sterkt (jf. Akselberg 1995: 169). Voss har mange kulturtilbod, både innanfor tradisjonelle og moderne område, og bygda er kjent for m.a. folkemusikk,

<sup>42</sup> Informasjonen om Voss er henta frå Voss kommune si heimeside, [www.voss.kommune.no](http://www.voss.kommune.no).

smalahovetreff, Vossa Jazz og ekstremsport. Voss er også å rekna som ein skulestad, og mange ungdomar frå områda omkring kjem hit for å gå på vidaregåande skular.

### **5.3.3 Unge og eldre informantar**

I Noreg har haldningane til dialektbruk har endra seg mykje sidan 1970-talet, og det er i dag mykje større aksept for å bruka dialekt i alle situasjonar enn tidlegare (jf. punkt 2.5.1). Denne generelle haldningsendringa i høve til dialektar er bakgrunnen for at eg har valt å ha unge og eldre informantar i undersøkinga mi. Dei eldre informantane er mellom sytti og åtti år, og vaks opp på ei tid då det var vanlegare å normalisera språket enn det er i dag (jf. punkt 2.4.1). Dei unge informantane er mellom sytten og tjue år, og har vaks opp ei god stund etter dialektbølgja (jf. punkt 2.4.2). I undersøkinga mi ynskjer eg å sjå om desse endringane i den norske språksituasjonen ser ut til å ha påverknad på korleis dei unge og dei eldre informantane definerer omgrepene *å knota*, og kva førestellingar dei har om fenomenet knot. Det er også vesentleg for undersøkinga mi å sjå på i kva grad den store aldersskilnaden mellom dei unge og eldre informantane har noko å seia for kva normoppfatningar dei har av vossadialekten, og for korleis dei avgrensar knot ut frå desse dialektnormene.

Kravet eg stiller til informantane er berre at dei er busette på Voss. Både 'ekte' vossingar og innflyttarar får delta i undersøkinga, så lenge dei er i riktig aldersgruppe. Ettersom undersøkinga mi er ein studie av fenomenet knot, ikkje av vossadialekten, meiner eg det er liten grunn til å stilla strenge krav til at informantane må ha foreldre frå Voss eller at dei må ha vore busette på Voss ei bestemt tid. Den funksjonen vossadialekten har i undersøkinga mi, er altså at det er normene til denne dialekten informantane skal avgrensa knot ut frå, på den måten at eg ber dei skildra språket til ein vossing som knotar (jf. punkt 5.4.2). I spørjeskjemaet er det likevel sett av plass til at informantane kan svara på kor lenge dei har budd på Voss, og eg kan difor sjølv skilja dei innfødde frå innflyttarane når det er høveleg.

### **5.3.4 Unge informantar frå gymnas og jordbrukskule**

Dei unge informantane i undersøkinga kjem frå to vidaregåande skular på Voss, og dei kan difor delast inn i to *grupper* ut frå kva skule dei går på. Desse skulane er Voss gymnas og Voss jordbrukskule, og informantane er såleis elevar frå både allmennfagleg og yrkesfagleg studieretning. Bakgrunnen for å ha informantar frå to vidaregåande skular, er at eg meiner eg på denne måten kan få kan få fleire perspektiv og syn på knot enn om eg berre hadde nytta unge informantar den same studieretninga. Skulevalet viser at elevane har ulike interesser, og eg det vil difor vera interessant å sjå om elevane frå dei to skulane definerer omgrepene *å knota* på same måte, og dei har dei same førestellingane om fenomenet.

## **5.4 Utforming av spørjeskjemaet**

Ved å nytta eit spørjeskjema som innsamlingsmetode i undersøkinga mi, har eg ikkje høve til å omformulera spørsmåla underveis, eller å gje informantane utdstrupande forklaringar av kva eg meiner, noko ein kan gjera i ein intervju-situasjon (jf. punkt 5.2.3). Det er difor viktig å ta omsyn til dette i utforminga av spørjeskjemaet, både ved at spørsmåla skal vera så klare som mogleg, og også ved at eg spør om det eg faktisk ynskjer å finna ut. I dette delkapitlet vil eg gjera greie for dei vurderingane eg har teke i samband med utforminga av spørjeskjemaet. Eg vil fyrst sjå på fordeler og ulemper ved bruk av opne og lukka spørsmål, og forklara kvifor eg i hovudsak har nytta opne spørsmål i undersøkinga (punkt 5.4.1). Deretter presenterer eg sjølve spørsmålsformuleringane i spørjeskjemaet (punkt 5.4.2).

### **5.4.1 Bruk av opne og lukka spørsmål**

Inndelinga i *opne* og *lukka* spørsmålsformer viser til om informantane kan velja mellom svaralternativ eller ikkje når dei svarer på ei spørjeundersøking. Bruk av lukka spørsmål er den vanlegaste metoden (Ringdal 2001: 264), og her skal informantane normalt velja eitt av fleire svaralternativ. Ein fordel med å nytta lukka spørsmål er mellom anna at utfyllinga av spørjeskjemaet tek kortare tid, noko som kan føra til at færre spørsmål vert ståande utan svar. I tillegg vil registreringa og handsaminga av datamaterialet verta enklare, ettersom svarkategoriane alt er på plass. Bruk av lukka spørsmål stiller likevel svært store krav til at svarkategoriane dekkjer dei moglege alternativa. I opne spørsmål står informantane fritt til å formulera seg slik dei vil. Dei vil difor ikkje verta påverka av dei svaralternativa forskaren har gjeve dei, og dette kan gje meir nyanserte svar på spørsmåla. Handsaminga av datamaterialet vil ta likevel lengre tid, og det er forskaren sjølv som i ettertid må tolka og kategorisera svara.

I *haldningsgranskinger* kan bruk av opne spørsmål ha viktige fordeler, noko Howard Shuman og Stanley Presser argumenterer for i boka *Questions & Answers in Attitude Surveys*:

First, closed questions constructed in an a priori way may fail to provide an appropriate set of alternatives meaningful in substance or wording to respondents. [...] The second argument is that respondents are apt to be influenced by the specific closed alternatives, and that therefore a more valid picture of respondent choice is obtained if they must produce an answer themselves (Shumann & Presser 1996: 80–81).

For at eg skal få svar på problemstillingane for undersøkinga mi (jf. punkt 1.3), meiner eg at opne spørsmål i hovudsak er den beste måten å gå fram på. For det fyrste er det informantane sine eigne definisjonar av omgrepene *å knota*, og *deira* førestellingar om knot eg ynskjer å få innsikt i. Dersom eg skulle gje informantane alternative svarmogleheter til kva dei legg i omgrepene *å knota*, eller lista opp moglege reaksjonar på denne typen språkleg variasjon, ville

desse alternativa uunngåeleg vera prega av mine eigne oppfatningar. Ettersom eg ser på det som særleg interessant å finna ut i kva grad informantane har dei same førestellingane om knot, og om ein kan sjå skilje mellom dei ulike informantgruppene på dei svara som kjem fram i undersøkinga, er det viktig at mine eigne tankar ikkje er for synlege i spørjeskjemaet. I tillegg meiner eg det ville vera både vanskeleg og problematisk finna dekkjande svaralternativ i ei undersøking som tek føre seg eit språkleg fenomen som ikkje tidlegare er systematisk undersøkt. I så fall måtte eg fyrst ha gjennomført ei større pilotundersøking med opne spørsmål, og så nyttja svara eg fekk her til å finna passande svarkategoriar. Dette ville i mitt tilfelle vorte for omfattande, og er nok også meir relevant i verkeleg store haldningsundersøkingar. Dei resultata eg har fått inn i denne undersøkinga kan derimot danna grunnlag for å laga svarkategoriar i eventuelle seinare kvantitative undersøkingar av knot.

I spørjeskjemaet er dei spørsmåla som omhandlar definisjonar og førestellingar om knot opne, i tillegg til spørsmåla om vossadialekten. Eg har likevel også nokre lukka spørsmål i spørjeskjemaet, og det er spørsmål som går på kor ofte informantane snakkar om språk, og i kva grad dei gjev og får kommentarar på språkbruk. Desse spørsmåla har svaralternativa *svært ofte*, *ofte*, *sjeldan* og *aldri*, og det same gjeld det siste spørsmålet i skjemaet, der eg ber informantane svara på om dei knotar sjølve (jf. punkt 5.4.2). På spørsmåla med svaralternativ har eg likevel også bede informantane om skriva utfyllande kommentarar.

Sjølv om informantane i mesteparten av spørsmåla står fritt til å formulera svara sjølve, er det viktig å vera klar over at opne spørsmål ikkje alltid er så opne som ein ynskjer. Ein vil også ved bruk av opne spørsmål kunne leggja føringar på svara til informantane, både gjennom sjølve spørsmålsformuleringane og ved at informantane kan koma til å svara slik dei trur det er forventa av dei. Alle spørsmåla er direkte, og det er heile vegen klart for informantane at det er meiningsane deira om ein knot eg ynskjer svar på. I fleire av spørsmåla spør eg kva informantane *trur* eller *meiner* om ulike sider av det språket dei kallar knot. Her kan ein hevda at eg her legg opp til at dei *skal* meina noko om det eg spør om, og at eg slik sett kan tvinga fram meininger dei ikkje har. I praksis ser dette ikkje ut til å vera eit stort problem, ettersom mange av informantane har unngått å svara på ein del spørsmål, eller har skrive at dei ikkje bryr seg eller meiner noko om det eg spør om. Det er likevel viktig å ta med i vurderinga at spørsmålsformuleringane kan vera med på å påverka svara frå informantane.

#### **5.4.2 Spørsmålsformuleringane**

Spørjeskjemaet er på fire sider og består av til saman 14 spørsmål (sjå vedlegg 2). Dei to første spørsmåla i skjemaet er sett av til bakgrunnsinformasjon om informantane. I spørsmål 1

spør eg etter alder, kjønn og bustadområde på Voss, og i spørsmål 2 ber eg informantane fortelja om dei har budd andre stader enn Voss (jf. punkt 5.3.3). Informantane i undersøkinga er anonyme, og eg veit ikkje meir om dei enn den informasjonen dei sjølve gjev her.

I dei to neste spørsmåla i skjemaet ber eg informantane gjeie for typiske trekk i vossamålet (spørsmål 3), og svara på om dei meiner det finst ulike variantar av vossamål (spørsmål 4). Svara som kjem fram her vil eg sjå i samanheng med kva informantane legg i omgrepet *å knot* (spørsmål 5) og korleis dei meiner ein vossing som knotar snakkar (spørsmål 6). Spørsmål 5 er viktig for definisjonsdelen av undersøkinga, og det er også avgjerande at informantane legg noko i omgrepet *å knot* for at dei skal kunna svara på spørsmål 7–10, som gjeld førestillingar om knot. I spørsmål 7 spør eg informantane om kvifor dei trur folk knotar, og i spørsmål 8 om dei meiner det er visse typar menneske som knotar meir enn andre. Vidare spør eg om dei trur folk knotar meir i nokre samanhengar enn i andre (spørsmål 9), og korleis dei reagerer når dei høyrer folk som knotar (spørsmål 10).

Dei fire siste spørsmåla i spørjeskjemaet har svaralternativa *svært ofte*, *ganske ofte*, *sjeldan* og *aldri* (jf. punkt 5.4.1). I spørsmål 11 ber eg informantane svara på kor ofte dei snakkar om språklege spørsmål og dialektbruk, og i spørsmål 12 spør eg vidare om dei kommenterer andre sin dialektbruk når folk snakkar *finare* og breiare enn *vanleg*. Deretter spør eg om informantane sjølve har fått kommentarar frå andre på måten dei snakkar på, og i så fall frå kven, og kva slags kommentarar (spørsmål 13).

Det siste spørsmålet i spørjeskjemaet er om informantane sjølve knotar (spørsmål 14). Her kan dei altså velja mellom dei fire svaralternativa, og eg ber dei vidare svara på kvifor eller kvifor ikkje dei knotar. Bakgrunnen for å stilla dette spørsmålet er å sjå på korleis informantane vurderer sin eigen språkbruk, og om synet deira på om dei knotar sjølve har noko å seia for korleis dei svarer på spørsmåla som gjeld førestillingar om knot. Det er normene til informantane som er i fokus her, og det er difor ikkje relevant å skilja mellom rapportert og faktisk språkbruk. Det som er interessant er om dei *sjølve* meiner at dei knotar, ikkje om andre eventuelt skulle vurdera språkbruken deira som knot.

## **5.5 Praktisk gjennomføring av undersøkinga**

Spørjeundersøkinga gjennomførde eg i fire skuleklassar og på eitt eldretreff. Både i klassane og på eldretreffet møtte eg opp personleg for å presentera meg og gjeie greie for undersøkinga. Dei unge informantane svarte på spørjeskjemaet i skuletimen, medan dei eldre fekk ta med seg spørjeskjemaet heim, og så sende dette tilbake til meg i posten (jf. punkt 5.2.3). I dette delkapitlet vil gjeie greie for gjennomføringa av undersøkinga blant dei unge

informantane (punkt 5.5.1) og dei eldre informantane (punkt 5.5.2), før eg vurderer innsamlingsmetoden og forklarer kvifor eg gjekk fram på to ulike måtar (punkt 5.5.3).

### **5.5.1 Dei unge informantane**

Gjennomføringa av spørjeundersøkinga var lik i dei fire skuleklassane. Læraren presenterte meg, og eg fortalte kort om prosjektet mitt. Eg informerte då om at det var viktig for undersøkinga at eg fekk opplysningar om kva dei sjølve meinte, og at det difor ikkje fanst rette og urette svar. Eg prøvde også å understreka at dette ikkje var ein norskprøve, men at det ville vera til stor hjelp for meg om dei tok seg tid til å svara på alle spørsmåla. Elevane fekk utdelt kvart sitt spørjeskjema, og dei fleste brukte mellom 20 og 30 minuttar på å svara. Nokre elevar nytta tida til å sova eller smuglesa i blad, men det store fleirtalet svarte grundig.

Den fyrste delen av spørjeundersøkinga gjorde eg på Voss gymnas. Eg hadde på førehand avtalt å koma i éin klasse, men det viste seg at berre 15 elevar hadde møtt opp til fyrste time, og av desse var det berre tre gutar. Ettersom ingen av desse tre gutane svarte at dei kjende til omgrepene *å knota*, valde eg å gjennomføra undersøkinga i ein klasse til. I denne klassen var fordelinga mellom kjønna jamnare. Eg var innom gymnaset to gonger med vel ei vekes mellomrom. På Voss jordbrukskule hadde eg avtalt å koma innom i to klassar, og dette gjorde eg i løpet av ein dag. Den eine klassen var ein stor klasse der fleirtalet var jenter, medan den andre klassen var ein liten klasse der fleirtalet var gutter.

I alle fire klassane var det elevar som rekte opp handa og sa at dei ikkje visste kva det ville seia å knota. Av di det er viktig for undersøkinga at informantane sjølve forklarer kva dei legg i omgrepet (jf. punkt 5.4.1), ville eg ikkje gje dei døme på kva knot kunne vera. Slik eg ser det, ville mine døme kunne leggja føringar på svara deira, og mykje av grunnlaget for undersøkinga ville då vore øydelagt (jf. punkt 6.6.1). Eg svarte difor at dei som ikkje visste kva det var, skulle hoppa over spørsmåla som direkte galdt knot (spørsmål 5–10 og 14). Dette kan ha ført til at nokre elevar har svart at dei ikkje kjenner til omgrepet *å knota*, berre for å sleppa å svara på spørsmåla. Mange av informantane som svarer at dei ikkje veit kva det vil seia å knota, har likevel svart grundig på dei andre spørsmåla. Eg reknar difor med at det i så fall berre er eit fåtal av elevane som kan ha svart på denne måten for å sleppa unna.

### **5.5.2 Dei eldre informantane**

Det å bruka skuleelevar som informantar i språkundersøkingar er vanleg, og stort sett greitt å gjennomføra. Eg var meir usikker på korleis eg skulle gå fram for å finna eldre informantar til undersøkinga. Av praktiske grunnar var det viktig for meg å kunne møta dei samla, og eg byrja difor å sjå etter ulike arrangement og klubbar for pensjonistar. I lokalavisa *Hordaland*

kom eg over ei annonse om eit eldretreff som skulle haldast i sentrum på Voss. Eg kontakta leiaren for treffet, og me avtalte at eg kunne koma innom.

På eldretreffet vart eg ein eigen post på programmet, og eg fekk koma opp på talarstolen og presentera meg etter pausen. Eg fortalte om prosjektet mitt, og forklarte at det var viktig at eg hadde både unge og eldre informantar. På same måte som i skuleklassane, understreka eg at eg var ute etter meiningsane deira, og at ingen svar var rette eller urette. På slutten av eldretreffet oppfordra møteleiaren alle til å delta i undersøkinga, noko som truleg var til stor hjelp for meg. Etter møtet stod eg ved utgangen og delte ut spørjeskjema til dei som ville ha. Eg hadde på førehand laga klar konvoluttar som inneholdt spørjeskjema, informasjonsskriv (sjå vedlegg 3) og frimerke. På framsida av konvolutten hadde eg skrive adressa mi, slik at det skulle vera enkelt å få sendt svaret tilbake til meg. Det var mange av deltakarane på eldretreffet som viste interesse for prosjektet, og eg delte ut 41 konvoluttar.

I informasjonsskrivet skreiv eg kort kven eg var, kva prosjektet mitt gjekk ut på og korleis dei kunne kontakta meg. Svarfristen var ei veke. Eg skreiv også at eg rekna med at skjemaet ville ta om lag ein halv time å fylla ut, slik at informantane hadde ein idé om kor grundige dei skulle vera. Etter nokre dagar kom dei fyrste svara, og til slutt hadde eg fått 25 svar av 41 utdelte konvoluttar. I ein av konvoluttane låg eit blankt spørjeskjema og eit orsakande brev, og dette la eg til side. Til saman fekk eg då inn 24 svar frå eldre informantar.

### **5.5.3 Vurdering av innsamlingsarbeidet**

I utgangspunktet hadde eg planlagt å samla inn alle spørjeskjema ved hjelp av gruppeutfyllingar, slik at eg sjølv kunne vera til stades medan informantane svarte på spørsmåla. Etter å ha vurdert denne framgangsmåten, skjønte eg at dette var ein metode som passa godt for skulelevane, men ikkje like godt for dei eldre. Skulelevane er vane med å ha prøver i dei fleste faga, og situasjonen er difor kjend for dei. Eg trur at dersom dei eldre skulle gjennomført spørjeundersøkinga samla i eit lokale, ville testsituasjonen for dei unge og dei eldre likevel ikkje vera direkte samanliknbar. For mange eldre vil ein slik situasjon truleg vera framand og stressande, medan eg reknar med at denne situasjonen er meir naturleg for skulelevane. I tillegg trur eg det ville blitt vanskeleg å finna eldre informantar om dei måtte ta undersøkinga på avgrensa tid. På grunnlag av desse vurderingane valde eg å gå fram på ulike måtar for å få gjennomført undersøkinga blant unge og eldre informantar.

Dei unge informantane svarte altså på spørjeskjemaet i deler av ein skuletime, og eg fekk sjølv fylgja med på korleis dei oppførte seg medan dei svarte. Dei eldre informantane fekk derimot ta meg seg spørjeskjemaet heim, noko som gjorde at dei fekk betre tid til å

tenkja seg om. Eg meiner det er grunn til å tru at eg fekk fleire svar frå dei eldre på denne måten, enn om eg hadde forsøkt å halda dei igjen etter eit langt møte. Ulempa med denne metoden er mellom anna at eg ikkje veit i kva grad dei eldre informantane har samarbeidd med andre når dei har svart, og om dei eventuelt har brukta oppslagsverk. Eg tenkjer likevel at dersom dei har diskutert spørsmåla med andre, er det meir truleg at det er med ein ektefelle eller vene, enn at det er med barnebarna. Dette vil i så fall vera representantar frå same aldersgruppe.

Slik eg ser det, fungerte begge innsamlingsmetodane til sitt føremål. Det er lite truleg at eg ville fått tilbake like mange svar om dei unge hadde fått ta med seg spørjeskjemaet heim. Motsett tenkjer eg at eg kunne fått vanskar med å finna eldre informantar dersom eg skulle plassert dei i til dømes eit klasserom. For at undersøkinga praktisk skulle kunna gjennomførast, såg eg difor at det var naudsynt å gå fram på to ulike måtar. Det at datainnsamlinga ikkje har gått føre seg på same måte for dei unge og dei eldre informantane, er likevel noko eg må vera merksam på i drøftinga av resultata.

## **5.6 Beskriving av det samla materialet**

Etter at eg hadde vore på gymnaset, jordbrukskulen og eldretreffet, sat eg igjen med til saman 89 utfylte spørjeskjema. I tabellen under viser eg fordelinga av informantar frå gymnaset, jordbrukskulen og eldretreffet. Eg har her også teke med variabelen kjønn.

| <b>Oversikt over samla datamateriale</b> |             |                    |              |           |
|--|-------------|--------------------|--------------|-----------|
|  | Voss gymnas | Voss jordbrukskule | Eldretreffet | Til saman |
| Kvinner                                  | 22          | 22                 | 16           | 60        |
| Menn                                     | 11          | 10                 | 8            | 29        |
| Til saman                                | 33          | 32                 | 24           | 89        |

Tabell 1: Oversikt over innsamla spørjeskjema.

Me ser at det er ein overvekt av kvinnelege informantar i dette materialet. Eg hadde håpa på å få ei jamnare fordeling mellom kjønna, men det var flest jenter i klassane eg besøkte, og vidare var det var flest kvinnelege deltakarar på eldretreffet som sende inn svar på undersøkinga. Difor er det dobbelt så mange kvinner som menn blant informantane mine.

Eg sette ikkje noko krav til informantane om at dei måtte ha budd på Voss ei bestemt tid, og let alle som var til stades i klassane og på eldretreffet få delta i undersøkinga (jf. punkt 5.3.3). På denne måten har eg fått inn svar både frå vossingar og folk som ikkje kjem frå Voss. Eg kan skilja desse gruppene informantar frå kvarandre, ved å sjå på kva dei svarte på spørsmålet om dei hadde budd andre stader enn Voss (spørsmål 2).

Av dei eldre informantane hadde alle budd på Voss sidan seinast 1972. Berre seks av dei eldre svarte at dei hadde budd på Voss heile livet, men dei fleste andre hadde vore vekke frå bygda i kortare periodar. På grunn av dette har eg ikkje delt dei eldre inn i kategoriane *vossing* og *ikkje-vossing*, ettersom eg finn det vanskeleg å setja eit tal for kor mange år ein må bu på Voss for å rekna seg sjølv som vossing. Slik eg ser det har alle dei eldre informantane budd på Voss lenge nok til at dei kjenner dei språklege normoppfatningane i bygda.

Blant dei unge kan det vera større grunnar til å dela informantane inn etter om dei er frå Voss eller ikkje. Dette er fordi mange av dei har flytta til Voss dei siste åra for å gå på skule. Eg har sett ei grense der dei unge informantane vert rekna som vossingar dersom dei har budd på Voss sidan dei var sju år. Fordelinga mellom dei unge informantane vart då slik:

| <b><i>Oversikt over dei unge informantane i undersøkinga</i></b> |             |      |                    |      |           |      |
|--|-------------|------|--------------------|------|-----------|------|
|  | Voss gymnas |      | Voss jordbrukskule |      | Til saman |      |
|  | Kvinner     | Menn | Kvinner            | Menn | Kvinner   | Menn |
| Frå Voss   | 16          | 6    | 4                  | 4    | 20        | 10   |
| Ikkje frå Voss   | 6           | 5    | 18                 | 6    | 24        | 11   |

Tabell 2: Fordeling mellom kategoriane 'frå Voss' og 'ikkje frå Voss' blant dei unge informantane.

Til saman er 30 av dei unge informantane frå Voss og 35 er ikkje frå Voss. Sjølv om denne samla fordelinga er ganske lik, er det verdt å merka seg at fleirtalet av elevane på gymnaset er frå Voss, medan vossaelevar utgjer eit mindretal på jordbrukskulen.<sup>43</sup>

### **5.7 Framgangsmåte i analysen av resultata**

Etter å ha gjennomført undersøkinga på skulane og eldretreffet sat eg igjen med 89 meir eller mindre utfylte spørjeskjema. Det innsamla datamaterialet låg føre meg i form av tekst, både i heile setningar og i stikkordsform, tillegg til at informantane hadde kryssa av på svaralternativ på spørsmål 11–14 (jf. punkt 5.4.2). Som i andre kvantitative undersøkingar byrja eg arbeidet med analysen og tolkinga etter at innsamlinga var ferdig.

I arbeidet med analysen av resultata har eg gått gjennom eitt og eitt spørsmål, og skrive inn svara til informantane samla for kvart av dei 14 spørsmåla. Eg har gjeve kvar informant ein kode, slik at eg skal kunna samanlikna svara til den enkelte informant, og dermed også kunna samanlikna svara til informantgruppene, på dei ulike spørsmåla. Dei to gymnasklassane kallar eg G1 og G2, og dei to klassane frå jordbrukskulen kallar eg J1 og J2,

<sup>43</sup> I drøftinga av resultata skil eg mellom vossingar og tilflyttarar blant dei unge informantane på spørsmålet om typiske trekk i vossadialekten (punkt 6.3.1). Eg kjem også inn på dette skiljet på spørsmålet om variasjon innanfor vossadialekten (punkt 6.3.2) og på spørsmålet om kjennskap til omgrepene *å knota* (punkt 6.1.1). I resten av drøftinga deler eg ikkje dei unge inn etter om dei kjem frå Voss eller ikkje. Det har samanheng med at det de fenomenet knot som er studieobjektet mitt, ikkje vossadialekten (jf. punkt 5.3.4).

og eldretreffet har fått koden E.<sup>44</sup> Vidare deler eg informantane inn etter kjønn, slik at dei kvinnelege informantane har koden K, og dei mannlege informantane har koden M. Til sist har informantane i kvar gruppe fått eit nummer frå éin og oppover. Som døme på desse kodane tyder G1K4 at det er ei jente frå den eine gymnasklassen, og EM3 at det er ein mann frå eldretreffet. Desse informantkodane har eg i hovudsak nytta under sjølve arbeidet med analysen, men dei er også synlege i drøftinga av resultata i kapittel seks, på den måten at eg viser til desse kodane i dei høva der eg trekkjer fram kva dei enkelte informantane har svart.

Resultata frå undersøkinga presenterer eg i hovudsak ved hjelp av tabellar. Ettersom dei fleste spørsmåla i spørjeskjemaet er opne, og svarkategoriane dermed ikkje er klare på førehand, er det eg sjølv som har tolka og kategorisert svara til informantane. Dette har eg gjort ved først å samla dei svara som eg meiner er like, og deretter telja opp kor mange informantar som har svart det same. Desse svara har eg så skrive inn i tabellar, der eg viser kor mange av informantane som har gjeve kvart svar. I tabellane skriv eg såleis ikkje *ordrett* det same som informantane har svart på spørsmåla, men eg har likevel berre samla dei svara der eg meiner det er heilt tydeleg at informantane svarer det same, sjølv om dei kanskje ordlegg seg på noko ulikt vis. På grunn av dette, er det fleire svarkategoriar i tabellane der eg berre har plassert svaret til éin informant. For at eg skal kunna analysera og drøfta resultata frå spørjeundersøkinga, er det naudsynt å gjera denne kategorisera av svara til informantane.<sup>45</sup> Det er likevel viktig å presisera at det er eg som står for tolkinga, og det eg er som har forstått svara slik at eit visst tal av informantane meiner det same (jf. punkt 7.3).

I drøftinga av resultata i kapittel seks set eg opp tabellar for svara til dei tre informantgruppene kvar for seg (jf. punkt 6.1.2). Undervegs i drøftinga viser eg ofte kva dei enkelte informantane har skrive som svar på spørsmåla, og i dei tilfella set eg svara deira i hermeteikn. Dette viser at eg refererer ordrett kva informantane har skrive i spørjeskjemaet. Motsett vil eg difor ikkje nytta hermeteikn når eg viser til svara i tabellane, ettersom dette trass alt er mine tolkingar av svara deira. På nokre av spørsmåla har eg også valt å dela svara inn i grovare kategoriar (jf. punkt 6.4.2, punkt 6.5.2 og punkt 6.7). I dei høva vil eg gjera greie for svarkategoriane i sjølve drøftinga.

---

<sup>44</sup> I den tidlegare fasen av analysearbeidet syntest eg det var greitt å skilja mellom informantane i dei fire klassane, og det er grunnen til at eg delte dei inn i G1 og G2, og J1 og J2. I drøftinga av resultata ser eg på gymnaselevane under eitt, og det same gjeld jordbrukskuleeleverne. Eg valde likevel av praktiske grunnar å halda på dei kodane eg starta med i byrjinga av analysearbeidet.

<sup>45</sup> På dei spørsmåla med svaralternativ, spørsmål 11–14, er kategoriane derimot klare på førehand.

# 6 PRESENTASJON OG DRØFTING AV RESULTATA

## 6.1 Innleiing

I dette kapitlet vil eg presentera resultata frå spørjeundersøkinga. Eg har vore nøydd til å gjera eit utval av kva deler av resultata som skal koma med i denne presentasjonen, og eg har valt å konsentrera meg om spørsmål 5–10 og spørsmål 14 i spørjeskjemaet, som er direkte spørsmål om knot (jf. punkt 5.4.2), i tillegg til dei to spørsmåla om vossamålet (spørsmål 3–4). Dette vil seia at eg ikkje kjem til å koma inn på kva informantane har svart på spørsmål 11–13 i spørjeskjemaet.<sup>46</sup> Bakgrunnen for å velja vekk desse tre spørsmåla er at dei ikkje direkte omhandlar det språklege fenomenet knot, og i etterkant av undersøkinga har eg kome fram til at dei difor ikkje er like relevante for problemstillingane mine som resten av spørsmåla.<sup>47</sup>

Eg kjem ikkje å gå gjennom spørsmåla i same rekjkjefylge som informantane fekk dei, men har valt den rekjkjefylgia som eg meiner høver best for å få ei systematisk framstilling av resultata. Sjølve presentasjonen deler eg inn i seks hovuddelar. Eg startar med å gå gjennom korleis informantane definerer omgrepet *å knota* (punkt 6.2), før eg ser på normoppfatningane deira av kva som er vossadialekt og kva som er knot (punkt 6.3). Deretter tek eg føre meg korleis informantane svarer at dei reagerer på knot (punkt 6.4), kva dei trur er årsakene til at folk knotar (punkt 6.5), og kva førestillingar dei har av språkbrukaren (*knotaren*) og språkbruksituasjonen (punkt 6.6). Til sist i kapitlet vil eg sjå på korleis informantane evaluerer sitt eige talemål i forhold til om dei sjølve knotar eller ikkje, og vurdera om det kan vera ein samanheng mellom informantane si eigenevaluering og dei svara dei har gjeve på korleis dei reagerer på knot og kva dei trur er årsakene til knot (punkt 6.7).

Innleiingsvis i dette kapitlet vil eg ta føre meg informantane sin kjennskap til omgrepet *å knota* (punkt 6.1.1), før eg gjer greie for kvifor eg har eit tredelt oppsett i presentasjonen av resultata (punkt 6.1.2). Deretter går eg punktvis gjennom resultata med oppsummering og drøfting undervegs. I kapittel sju ser eg meir inngåande på hovudresultata, evaluerer metoden og dei teoretiske tilnærmingane, og drøftar overføringsverdien av resultata.

---

<sup>46</sup> I Spørsmål 11 spør eg kor ofte informantane snakkar om språklege spørsmål og dialektbruk. I spørsmål 12 spør eg om dei kommenterer andre sin dialektbruk når dei snakkar *finare* og *breiare* enn vanleg, og i spørsmål 13 ber eg dei svara på om dei får kommentarar frå andre på måten dei sjølve snakkar på (jf. punkt 5.4.2).

<sup>47</sup> Utgangspunktet for at eg stilte spørsmål om informantane gjev og får kommentarar på språkbruk, var eit ynske om å undersøkja sanksjonar knytt til dialektbruk (jf. punkt 4.4.4). Eg ville også sjå på om dei reagerte både når folk som la om til eit *finare* og til eit *breiare* talemål. I etterkant av undersøkinga har eg kome fram til at sjølv om svara på desse spørsmåla er interessante, er dei ikkje direkte knytt til det språklege fenomenet knot, og dermed ikkje like relevante for undersøkinga. Både det å snakka finare og breiare enn vanleg kan verta rekna for knot, men det er ikkje sikkert at informantane har tenkt på det då dei svarte på spørsmåla. Eg har difor valt å ikkje presentera resultata frå spørsmål 11 – 13 i denne avhandlinga.

### **6.1.1 Kjennskap til omgrepene *å knota***

Då eg gjekk i gang med spørjeundersøkinga, trudde eg at omgrepene *å knota* ville vera kjent for dei fleste informantane. Det viste seg likevel at det var elevar i alle dei fire klassane som rekte opp handa og sa at dei ikkje visste kva det ville seia å knota. Eg har tidlegare forklart (punkt 5.5.1) at eg ikkje ville gje informantane døme på kva knot kunne vera, og at eg bad desse informantane om å hoppa over dei spørsmåla som direkte galdt knot. På grunn av dette fekk eg inn fleire spørjeskjema frå dei unge informantane med mange spørsmål som stod utan svar.

Det er til saman 22 av dei unge informantane (33,8 %) som har forklart av dei ikkje kjenner til omgrepene *å knota* og to (3,1 %) har ikkje svart på spørsmålet. Motsett er det 41 av dei unge informantane (63,1 %) som har skrive ei forklaring på kva dei legg i omgrepet.<sup>48</sup> Dersom me samanliknar informantane frå dei to skulane, er det litt fleire av jordbrukskuleelevarne (71,9 %) enn av gymnaselevane (54,5 %) som svarer at dei kjenner til omgrepene *å knota* (jf. tabell 25, vedlegg 1). I punkt 5.6 viste eg at det var fleire av informantane frå jordbrukskulen enn frå gymnasets som ikkje kjem Voss, men det viser seg å vera små skilnader mellom svara til informantane frå Voss og dei som ikkje kjem frå Voss når det gjeld kjennskap til omgrepene *å knota*.<sup>49</sup> Derimot er det ein større skilnad mellom kjønna, for medan 72,7 % av jentene viser at dei kjenner til omgrepene, er det berre 42,9 % av gutane som gjer det same (jf. tabell 26, vedlegg 1). Og det er særleg gutane frå gymnasets som peiker seg ut ved at berre 3 av 11 informantar (27,3 %) svarer at dei kjenner til omgrepene *å knota*. Den låge prosenten her er i hovudsak grunnen til både skilnadene mellom skulane og mellom kjønna når det gjeld kjennskap til omgrepene *å knota*.

Av dei eldre informantane har alle svart på kva dei legg i omgrepene *å knota*. Ettersom dei eldre fekk ta med seg spørjeskjemaet heim, kan eg ikkje vita om dei har spurde andre eller brukte oppslagsverk for å få hjelp til å svara på spørsmåla (jf. punkt 5.5.2). Eg kan ut frå denne undersøkinga difor ikkje seia heilt sikkert om dei kjende til omgrepene på førehand eller ikkje. Svara deira ber likevel preg av at dei har personlege meininger om fenomenet knot, og som me skal sjå (punkt 6.2.1.3), så er det i det minste få av dei eldre informantane som definerer omgrepene *å knota* på ein slik måte at det er grunn til å tru at dei har slått det opp i ei ordbok.

Av til saman 89 informantar er det 24 som svarer at dei ikkje kjenner til omgrepene *å knota*, og desse informantane har difor ikkje kunna svara på mesteparten av spørsmåla i

<sup>48</sup> Seks av desse informantane kjem med ein type svar som eg meiner må vera noko dei har gjettat seg fram til (jf. punkt 6.2.1). Dersom eg reknar med desse informantane til den gruppa som ikkje kjenner til omgrepene *å knota*, vert prosenten på dei som kjenner til omgrepene redusert til 53,8.

<sup>49</sup> Det er 60 % av informantane frå Voss som svarer at dei kjenner til omgrepene *å knota*, mot 65,7 % av informantane som ikkje kjem frå Voss (jf tabell 27, vedlegg 1).

undersøkinga. Eg sit såleis igjen med 65 informantar. Fordelinga mellom desse er vist i tabellen under. Tala i parentes er det samla talet på informantar (jf. punkt 5.6).

| <b>Fordelinga av informantane som kjenner til omgrepene å knota.</b> |             |                    |              |           |
|--|-------------|--------------------|--------------|-----------|
|  | Voss gymnas | Voss jordbrukskule | Eldretreffet | Til saman |
| Kvinner  | 15 (22)     | 17 (22)            | 16           | 48 (60)   |
| Menn   | 3 (11)      | 6 (10)             | 8            | 17 (29)   |
| Til saman  | 18 (33)     | 23 (32)            | 24           | 65 (89)   |

Tabell 3: Fordelinga av informantar som svarer at dei kjenner til omgrepene å knota.

Eg meiner det er svært interessant å sjå at berre to tredelar av dei unge informantane svarer at dei kjenner til omgrepene å *knota*, for det viser at omgrepet truleg ikkje vert så mykje nytta i daglegtalen til dei unge.<sup>50</sup> Likevel er det viktig å presisera at sjølv om mange av dei unge informantane ikkje kjenner til omgrepene å *knota*, ser eg ikkje vekk frå at dei kan kjenna til den forma for språkleg variasjon som har vorte kalla knot, utan å nytta akkurat dette omgrepet.

I ei undersøking av ungdom på Stord si innsikt i sitt eige og haugesundarar sitt talemål, spurde Randi Høyland (2005) informantane om deira syn på knoting. I ei fotnote skriv ho noko som er interessant i forhold til spørsmålet om kjennskap til omgrepene å *knota*.

Innhaldet i termen [knot] er noko vag og udefinert, men i samtalesituasjonen meiner eg at me var samde om det handlar om ei dialektblanding, og spesielt ei medviten konvergering mot noko som 'liknar bokmål', 'pent mål', bymål eller ei form for austlandske, på fleire lingvistiske nivå. *Det viste seg at nokre informantar var usikre på kva knoting er for noko, men då eg gav eksempel, viste det seg at alle hadde sterke meininger om emnet [mi utheting]* (Høyland 2005: 88).

Me ser at Høyland opplevde at nokre av informantane hennar var usikre på kva som låg i omgrepene å *knota*, men at dei likevel hadde sterke meininger om emnet etter at dei hadde fått det forklart. Eg meiner det er grunn til å tro at det same kunne ha vore tilfelle i undersøkinga mi, og eg ville truleg fått fleire svar frå dei unge informantane om eg hadde gjeve dei døme på kva knot kunne vera. Det er difor viktig å skilja mellom det å ha kjennskap til eit språkleg omgrep og det å ha kjennskap til eit språkleg fenomen (jf. punkt 1.4). Ut frå undersøkinga mi kan eg seia sikkert at vel ein tredel av dei unge informantane svarer at dei ikkje kjenner til omgrepene å *knota*, men eg veit ikkje om desse informantane hadde hatt meininger om fenomenet knot dersom dei hadde fått det forklart. For meg var likevel omsynet til å ikkje skulle påverka informantane mykje større enn ynsket om å få inn svar frå alle. Dersom eg

<sup>50</sup> Her kan eg ikkje sjå vekk frå at nokre av informantane har svart at dei ikkje veit kjenner til omgrepene å *knota*, for å sleppa å fylla ut spørjeskjemaet (jf. punkt 5.5.1). Denne mistanken vert til dels forsterka av at det særleg er gutane som svarer at dei ikkje kjenner til omgrepene. I det innsamla materialet er det er klar tendens til at jentene svarer meir utfyllande enn gutane, og det kan difor tenkjast at jentene har teke undersøkinga meir seriøst.

hadde forklart i klassane kva eg meinte knot var, kunne eg lagt sterke føringar på svara til informantane, og dette meiner eg ville øydelagt mykje av grunnlaget for undersøkinga (jf. punkt 5.5.2). Det er difor berre meiningsane til dei informantane som faktisk kjenner til omgrepene *å knota*, eg har fått tilgang til i undersøkinga mi.

### **6.1.2 Oppsettet i presentasjonen av resultata**

I gjennomgangen av resultata frå spørjeundersøkinga er eg interessert i å sjå på likskapar og skilnader mellom svara til både dei unge og dei eldre informantane (jf. punkt 5.3.2), og mellom svara til dei unge informantane frå dei to skulane (jf. punkt 5.3.3). Som me skal sjå, er skilnadene mellom svara til dei to gruppene unge informantar ofte like så stor som mellom dei unge og dei eldre informantane.<sup>51</sup> Eg har difor valt å ha eit tredelt oppsett gjennom heile presentasjonen,<sup>52</sup> der eg går inn på svara til informantgruppene kvar for seg, før eg ser på dei samla resultata og drøftar svara til dei tre gruppene. I staden for å fyrst samanlikna dei to gruppene av unge informantar og deretter vurdera dei samla svara frå dei unge opp mot svara til dei eldre, meiner eg at resultata frå denne undersøkinga kjem klarare fram om eg held dei tre gruppene frå kvarandre undervegs i presentasjonen. Under kvar hovuddel startar eg difor med å gå gjennom svara til informantane frå gymnaset, deretter ser eg på svara til informantane frå jordbrukskulen, før eg til sist tek føre meg svara til informantane frå eldretreffet. Undervegs i den tredelte gjennomgangen av resultata vil eg likevel gjera nokre samanlikningar mellom svara til dei tre gruppene dersom det høver slik, og eg vil også stundom visa tilbake til dei resultata som har kome fram tidlegare. Det er litt varierande kor mange informantar som har svart på dei ulike spørsmåla, og eg vil difor under kvart punkt gjera greie for talet på informantar som har skrive eit svar.

## **6.2 Definisjonar av omgrepet *å knota***

I kapittel tre såg me korleis omgrepet *å knota* har vorte definert i norske oppslagsverk (punkt 3.2 og punkt 3.3). Ut frå desse definisjonane kunne me sjå at omgrepet i løpet av dei siste tre hundre åra har endra tyding frå å skildra språket til nordmenn som prøvde å snakka dansk, til at omgrepet *å knota* i mange ordbøker i dag vert definert som eit unaturleg og tilgjort talemål. Dette er etter mitt syn ein svært vag definisjon, og den seier ikkje noko om kva som gjer at talemålet vert tilgjort eller unaturleg. Eit av måla med undersøkinga mi er å sjå korleis vanlege folk definerer omgrepet *å knota*, og eg håpar at dei folkelege definisjonane vil kunne gje ei større forståing av kva som ligg i omgrepet *å knota* i dag. Har folk felles oppfatningar

<sup>51</sup> Det er særleg svara til informantane frå jordbrukskulen som skil seg ut frå dei to andre gruppene.

<sup>52</sup> Det er nokre unntak frå dette tredelte oppsettet i deler av gjennomgangen av resultata i punkt 6.3 og punkt 6.7.

av kva det vil seia å knota? Og kan me ut frå definisjonane deira få innsyn i kva form for talespråkleg tilpassing knot er? I dette delkapitlet vil eg gå nærare inn på desse spørsmåla, ved å sjå på korleis informantane frå dei tre gruppene definerer omgrepet *å knota* (punkt 6.2.1), og deretter drøfta dei samla resultata (punkt 6.2.2).

### **6.2.1 Kva legg informantane i omgrepet *å knota*?**

I spørsmål fem i spørjeskjemaet ber eg informantane svara på kva dei legg i omgrepet *å knota*. Bak dette spørsmålet står det ”(språkleg)”, for at det skal vera tydeleg for informantane at undersøkinga dreier seg om språkbruk, ikkje andre former for knot (jf. punkt 1.4). Kvar informant har skrive eitt svar på dette spørsmålet, og talet på svar er dermed det same som talet på informantar.

#### **6.2.1.1 Informantane frå gymnaset**

Det er 18 av 33 informantar frå gymnaset som svarer at dei kjenner til omgrepet *å knota* (jf. punkt 6.1.1). I tabellen under ser me korleis dei definerer omgrepet:

| Kva legg du i omgrepet <i>å knota</i> ?         | Tal på svar |
|---|-------------|
| Blanda dialektar                                | 6           |
| Snakka finare/normalisert/bokmål/bymål          | 6           |
| Snakka grautamål/bruka særtrekk ved ein dialekt | 3           |
| Leggja om dialekten                             | 2           |
| Bruka andre ord enn ein er van med i dialekten  | 1           |

Tabell 4: Definisjonar av omgrepet *å knota*. Informantane frå gymnaset.

Dei fleste av informantane frå gymnaset definerer omgrepet *å knota* enten som å blanda dialektar eller som å snakka finare. I den fyrste av desse definisjonane er det ikkje tydeleg kva dialektar folk blandar, medan den andre definisjonen får fram at den språklege tilpassinga går i retning av eit finare talemål, gjerne bymål eller bokmål. Ein av gutane (G2M7) definerer omgrepet *å knota* som ”å endra dialekten mot eit ’by-orientert’ språk”, medan ei jente (G2K10) skriv at det er å ”bytta ut breie dialektord i språket med ’finare’ ord frå bokmål”. Av dei informantane som reknar knot for å vera ei blanding av dialektar, er fleire inne på at folk som knotar, endrar på si opphavlege dialekt. Dette kjem til dømes fram i svaret frå ei jente (G1K1) som meiner at å knota er ”å blanda trekk frå ulike dialektar, prøva å leggja om til eit talemål ein ikkje er oppvaksen med”, og i denne guten (G2M1) sin definisjon: ”I omgrepet *å knota* legg eg å blanda inn andre dialektar i den dialekten du eigentleg snakkar.”

Det er éin definisjon av omgrepet *å knota* som skil seg klart frå dei andre, og det er svara til dei tre informantane som meiner at å knota er å snakka ’grautamål’ eller å bruka

særtrekk ved ein dialekt. Som me skal sjå, er det også tre informantar frå jordbrukskulen som har liknande svar på kva dei legg i omgrepene *å knota*. Eg vil difor gå gjennom svara frå jordbrukskuleeleverne før eg kjem tilbake til denne siste definisjonen.

### **6.2.1.2 Informantane frå jordbrukskulen**

På jordbrukskulen er det 23 av 32 informantar som har skrive at dei kjenner til omgrepene *å knota* (jf. punkt 6.1.1). Svara deira fordeler seg slik:

| Kva legg du i omgrepet <i>å knota</i> ? | Tal på svar |
|---|-------------|
| Ikkje snakka rein dialekt               | 6           |
| Blanda dialektar                        | 4           |
| Rota det til                            | 3           |
| Snakka breitt/bruka dialektord          | 3           |
| Snakka finare                           | 2           |
| Bruka ord frå andre dialektar           | 2           |
| Uvanleg og vanskeleg å forstå           | 1           |
| Snakka slik som dei andre               | 1           |
| Leggja om til ein annan dialekt         | 1           |

Tabell 5: Definisjonar av omgrepene *å knota*. Informantane frå jordbrukskulen.

Me ser at også mange av jordbrukskuleeleverne definerer omgrepene *å knota* som ei form for dialektblanding. Svara 'blanda dialektar', 'bruka ord frå andre dialektar' eller 'leggja om til ein annan dialekt' er tydelege døme på det. Vidare er det interessant at heile seks informantar her definerer omgrepene som å ikkje snakka rein dialekt. Ei jente (J2K9) forklarer at ”å knota er å ikkje snakka rein dialekt. Viss du snakkar vossamaol, og så dreg inn ord som *ikke* og *noe*, då knotar du”. Det var, som me såg, ingen av gymnaselevene som nytta sjølve omgrepene *rein dialekt* i svara sine. Motsett er det berre to av jordbrukskuleeleverne som meiner at det å knota er å snakka finare, ein definisjon som i større grad var nytta av gymnaselevene.

Tre av informantane svarer at å knota er å snakka breitt eller brukte dialektord. Me såg at det også var tre informantar frå gymnasnet som hadde liknande svar på kva dei la i omgrepene. Dersom me ser på dei definisjonane av omgrepene *å knota* som kom fram i kapittel tre, og på svara til dei andre informantane i undersøkinga, har eg vanskeleg for å tru at desse seks informantane har ei oppfatning av omgrepene som er heilt motsett frå alle andre. Eg meiner det er større grunn til å tru at dei har gjettet på svaret, noko som kan ha samanheng med at undersøkinga vart gjennomført i ein norsktime, og at ho kanskje difor fekk preg av å vera ein norskprøve. I den vidare gjennomgangen av resultata har eg difor valt å ta vekk svara til desse informantane på dei spørsmåla som tek føre seg førestillingar av det språklege fenomenet knot.

### 6.2.1.3 Informantane frå eldretreffet

Alle dei 24 eldre informantane har svart på spørsmålet om kva dei legg i omgrepene å *knota* (jf. punkt 6.1.1). Tabellen under viser definisjonane deira:

| Kva legg du i omgrepene å <i>knota</i> ?                          | Tal på svar |
|---|-------------|
| Snakka finare/bokmål/ bymål                                       | 13          |
| Gjera seg forstått  | 2           |
| Snakka unaturleg/tilgjort   | 2           |
| Endra dialekt/seiemåte  | 2           |
| Forsøk på å etterlikna/ta etter andre sin dialekt                 | 2           |
| Snakka blandingsspråk   | 1           |
| Dumma seg ut  | 1           |
| Snakka for at mottakaren skal forstå eller for å pynta på språket | 1           |

Tabell 6: Definisjonar av omgrepene å *knota*. Informantane frå eldretreffet.

Det er heile 13 av dei eldre informantane meiner at å *knota* er å snakka finare, og fleire nemner bokmål og bymål som døme på kva dei meiner med å snakka fint. Ein eldre mann (EM3) skriv at ”å *knota* er å ta med bokmålsord og –uttrykk i talen”, og ei kvinne (EK7) meiner det er å ”bryta på dialekten sin – å leggja over til bymålet”. Nokre av dei eldre informantane kjem også inn på at folk knotar etter at dei har vore ei stund borte frå bygda, slik som denne kvinnen (EK3): ”Å *knota* er å prøva å forfina språket. Det ligg helst til dei som har vore ute, og kjem heim att til bygda”. Felles for svara til desse 13 informantane, er at det kjem fram kva språkbruk dei meiner folk som knotar prøver å tilpassa seg, nemleg eit *finare* språk.

Svara til resten av dei eldre informantane er ikkje like tydelege på i kva retning den språklege tilpassinga går, men liknar meir på dei definisjonane me har sett blant dei unge om at knot er ei form for dialektblanding. Det er likevel nokre svar som skil seg litt ut, mellom anna dei to informantane som meiner at å *knota* er å gjera seg forstått, og den eine informanten (EK1) som skriv at det er å ”dumma seg ut”. Det første av desse svara kan knytast opp mot kommunikasjonsfunksjonen til språket (jf. punkt 4.5.2), og viser at desse to informantane har eit praktisk syn på det å tilpassa seg språkleg. Det andre svaret går direkte på førestellingar av folk som knotar. Dette er ikkje ein definisjon av omgrepene å *knota*, men snarare ein kritikk av *språkbrukaren*, som informanten her meiner dummar seg ut ved å knot.


Dei eldre informantane fekk alle ta med seg spørjeskjemaet heim, og det er difor naudsynt å ta med i vurderinga at dei har høve til å slå opp i ordbøker om dei ville det. Samanlikna med dei definisjonane me såg i punkt 3.3, er det eigentleg berre to svar eg synest høver med ordboksdefinisjonane, og det er dei to informantane som forklarer omgrepene som å snakka unaturleg eller tilgjort. Dette er den same definisjonen som me finn i mange ordbøker i

dag, og eg kan difor ikkje sjå vekk frå at informantane har slått den opp. Likevel har desse to informantane svart grundig på dei andre spørsmåla om knot, og eg meiner difor det er grunn til å tru at dei kjende til omgrepet frå før.

### 6.2.2 Oppsummering og drøfting

Alle informantane som kjende til omgrepet *å knota*, har skrive korte og enkle svar for å forklara kva dei legg i omgrepet. Det mest påfallande med desse svara, er eigentleg kor likt mange har formulert seg.<sup>53</sup> Det ser ut til at det til ein stor grad finst felles førestillingar av kva det vil seia å knota, og så godt som alle informantane har definert omgrepet med berre ein setning. Med eitt unntak,<sup>54</sup> har informantane forklart omgrepet ut frå språkbruken, ikkje språkbrukaren. Kva dei meiner om knot, kjem ikkje så tydeleg fram i desse definisjonane, og det ser ut til at mange av informantane har forsøkt å skriva objektive definisjonar av omgrepet, utan å visa sine eigne haldningar til folk som knotar.

Dersom me ser alle informantane under eitt, ser det ut til at dei er samde om at knot er ei form for språkbruk der språkbrukaren endrar på *dialekten* sin. Me kan likevel sjå nokre skilnader i svara på kva dei meiner desse endringane er. Det er særleg to definisjonar av omgrepet *å knota* som er mykje nytta av informantane. Den fyrste av desse er at å knota er å blanda dialektar, medan den andre er at er å snakka finare, i retning bokmål eller bymål.



Figur 9: Kva form for talespråkleg tilpassing er knot? To definisjonar av omgrepet.

Skilnaden mellom desse to definisjonane av omgrepet *å knota*, er at den fyrste ikkje seier noko om kva dialektar som vert blanda, medan den andre viser til at den språklege tilpassinga går i retning av eit finare språk. Det er særleg dei eldre informantane som definerer knot som ei talespråkleg tilnærming til eit finare språk, medan dei unge informantane i større grad ser på knot som ei blanding av dialektar. Dette er eit interessant skilje mellom dei unge og dei eldre, for det ser ut til at det *sosiale dimensjonen* som opphavleg høyrd med i omgrepet (jf.

<sup>53</sup> Dette vert særleg synleg om me ser vekk frå dei seks som meinte at å knota var ”å snakka breitt”.

<sup>54</sup> Det er informanten (EK4) som forklarer omgrepet *å knota* som ”å dumma seg ut”.

punkt 2.2.3), ikkje kjem til syne i forklaringa av knot som ei form for dialektblanding. Det er berre to informantar frå jordbrukskulen og seks frå gymnaset som definerer omgrepet *å knota* som å snakka finare, medan 13 av dei eldre informantane nyttar denne definisjonen.

Ein annan definisjon av omgrepet som det er verdt å sjå litt nærare på, er den som kom høgst på lista over svara til elevane frå jordbrukskulen. Seks av informantane her definerte omgrepet *å knota* som å ikkje snakka rein dialekt, ein definisjon som verken gymnaselevane eller dei eldre nyttar. Sjølv omgrepet *rein dialekt* må sjåast i samanheng med den språkpuristiske tanken om å gjera eit språk så reint som mogleg frå framande språkelement (jf. punkt 4.4.3), og eg forstår svara til desse informantane slik at dei reknar knot for å vera ein språkbruk der språkbrukaren tek opp framande dialekttrekk i si eiga dialekt. Dette er i praksis det same som å blanda dialektar, men eg meiner at definisjonen av knot som å ikkje snakka rein dialekt, er meir farga av eit språksyn der ein skil mellom rett og feil språkbruk, eller ekte og utvatna dialekt. Denne definisjonen seier likevel ikkje noko om kva dialekttrekk som i så fall er *ureine*, og det kjem ikkje fram i kva retning den talespråklege tilpassinga går.

Omgrepet *å knota* er i utgangspunktet eit folkeleg omgrep (jf. punkt 1.4), noko som i større grad skulle gjera det tilgjengeleg for vanlege folk enn vitskaplege språkomgrep. Men sjølv om det er grunn til å tru at knot er eit språkleg emne som folk snakkar om og diskuterer,<sup>55</sup> er det lite truleg at informantane går rundt og definerer omgrepet til vanleg (jf. punkt 4.2.2). Kan hende er denne undersøkinga fyrste gong dei har tenkt over kva dei legg i sjølv omgrepet. Likevel viser svara til informantane at dei ikkje har problem med å koma ein enkel definisjon av omgrepet, og det kan tyda på at dei er medvitne om fenomenet knot.<sup>56</sup>

### **6.3 Normoppfatningar – kva er vossamål og kva er knot?**

Eg har tidlegare forklart at eg meiner fenomenet knot alltid må knytast opp mot ei språkleg norm (jf. punkt 4.1 og punkt 5.3.1), og at det difor truleg vil variera kva språklege trekk folk reknar for å vera knot. Me har no sett korleis informantane definerer omgrepet *å knota*, men desse definisjonane var ikkje tydelege på kva som konkret kjenneteiknar knot, anna enn at det er ei form for dialektblanding eller ei språkleg tilpassing i retning av eit finare talemål. Det er difor interessant å gå vidare med å sjå på korleis informantane skildrar den språkbruken dei reknar for å vera knot. Eg valde å gjennomføra undersøkinga mi på Voss, og bakgrunnen for å samla inn data på éin geografisk stad, var ynsket om å undersøkja kva som fell innanfor

---

<sup>55</sup> Med dette meiner eg at knot er eit *vanleg* språkleg emne ut frå det Preston (1996:41) kallar ”*common: topic of usual folk linguistic discussion.*”

<sup>56</sup> Her må me sjå vekk frå dei informantane som ikkje kjende til omgrepet, jf. punkt 6.1.1.

grensene til ein dialekt, og kva som fell utanfor og vert rekna som knot (jf. punkt 5.3.1). Den språklege norma som fenomenet knot skal knytast opp mot her, er difor vossadialekten.

I dette delkapitlet vil eg starta med å sjå på kva informantane reknar som typiske språklege trekk i vossamålet (punkt 6.3.1), og vidare koma inn på i kva grad dei er opne for variasjon innanfor vossadialekten (punkt 6.3.2). I desse to delane vil me få svar på kva informantane meiner fell innanfor grensene til vossadialekten, og med den bakgrunnen vil eg gå vidare med å sjå på korleis dei skildrar språkbruken til ein vossing som knotar (punkt 6.3.3). Til sist vil eg gje eit samandrag og drøfta dei samla resultata (punkt 6.3.4).

### **6.3.1 Kva er typisk for vossamålet?**

I spørsmål tre i spørjeskjemaet ber eg informantane forklara kva språklege trekk dei reknar som *typiske* for vossadialekten. Dette er eit spørsmål der eg meiner det er særleg interessant å sjå på i kva grad informantane har same normoppfatningar, og om det er tradisjonelle eller moderne språklege trekk i dialekten dei vel å trekkja fram. I denne samanhengen er det ikkje noko mål å undersøkja korleis informantane snakkar, eller kva språklege trekk dei *sjølve* meiner at dei bruker. Informantane si vurdering av eige talemål vil eg fyrst koma inn på i samband med om dei meiner at dei sjølve knotar eller ikkje (punkt 6.7).

I presentasjonen av informantane sine oppfatningar av vossamålet har eg valt å ta med svara til alle informantane, også dei som ikkje kjenner til omgrepene *å knot*. Det har samanheng med at eg ser på svara på gruppenivå. Alle informantane i undersøkinga mi bur på Voss, men som me har sett (punkt 5.6), kjem ikkje alle frå Voss. I gjennomgangen av kva informantane reknar som typiske trekk i vossadialekten, meiner eg det kan vera interessant å dela svara til dei unge informantane inn etter om dei kjem frå Voss eller ikkje. På denne måten kan eg sjå om det er samsvar mellom vossingane og tilflyttarane sine oppfatningar av vossamålet. Svara til dei eldre informantane vil eg derimot presentera samla, på grunn av at eg meiner det er problematisk å setja eit tal på kor mange år ein må bu på Voss før ein reknar seg som vossing (jf. punkt 5.6). Det er til saman 80 av 89 informantar som har svart på spørsmålet, og nokre av dei har skrive fleire svar. Talet på svar vil difor vera noko høgare enn talet på informantar. Ettersom dette er ei folkelingvistisk undersøking, presenterer eg svara til informantane med deira eigne ord, ikkje med språkvitskaplege omgrep.

#### **6.3.1.1 *Informantane frå gymnaset***

29 av informantane frå Voss gymnas har skrive eit svar på spørsmål tre. Av desse kjem 20 frå Voss, og ni er frå bygdene rundt. I tabellen under viser eg kva dei assosierer med vossamålet.

### Kva er typisk for vossamålet?

| Informantar frå Voss (20) | Tal på svar | Informantar som ikkje er frå Voss (9) | Tal på svar |
|---------------------------|-------------|---------------------------------------|-------------|
| Ao-lyden                  | 13          | Ao-lyden                              | 5           |
| Skarre-r                  | 9           | Vossa-u                               | 3           |
| A-infinitiv               | 8           | Seier noe i staden for noko           | 2           |
| Seier eg og ikkje         | 4           | A-endingar                            | 1           |
| Rulle-r                   | 3           | Skarre-r                              | 1           |
| ll-lyden                  | 3           | ll – dl                               | 1           |
| Vossa-u                   | 3           | Snakkar breitt                        | 1           |
| Forenkling av ord         | 2           | -                                     | -           |

Tabell 7: Kva er typisk for vossamålet? Informantane frå gymnaset.

Av informantane frå Voss er det heile 13 av 20 som trekkjer fram *ao*-lyden<sup>57</sup> som typisk for vossamålet, og det er også 5 av 9 informantar som ikkje er frå Voss som nemner dette språklege trekket. Vidare meiner ni av informantane frå Voss at skarre-r er eit typisk trekk ved vossamålet, medan tre av informantane reknar rulle-r for å vera eit typisk dialekttrekk. Det er også éin informant som ikkje er frå Voss som trekkjer fram skarre-r, og tre informantar frå begge grupper som assosierer vossamålet med det dei kallar ”vossa-u”, noko eg forstår som svarabhaktivokalen ù.<sup>58</sup> Elles ser me at åtte av vossingane nemner *a*-infinitiv, fire trekkjer fram at orda *eg* og *ikkje*, og tre reknar segmentering av *ll* (som i *fjedl*)<sup>59</sup> som for typisk for vossamålet. Dette svaret kjem også fram frå ein av informantane som ikkje er frå Voss, medan to trekkjer fram at vossingar seier *noe i staden for noko*.

#### 6.3.1.2 Informantane frå jordbrukskulen

På jordbrukskulen er det 27 informantar som har svart på spørsmålet om typiske trekk i vossadialekten, og av desse er sju frå Voss og 20 er tilflyttarar. Svara deira fordeler seg slik:

### Kva er typisk for vossamålet?

| Informantar frå Voss (7)              | Tal på svar | Informantar som ikkje er frå Voss (20) | Tal på svar |
|---------------------------------------|-------------|--|-------------|
| Ao-lyden                              | 7           | Ao-lyden                               | 13          |
| A-endingar                            | 2           | Uttalen av tala 17, 18, 19             | 9           |
| Ordet <i>gamlare</i> for <i>eldre</i> | 1           | Breitt/grautete                        | 4           |
| <i>Kj</i> -lyden er mjuk              | 1           | A-endingar                             | 1           |
| -                                     | -           | <i>Da i staden for det</i>             | 1           |

Tabell 8: Kva er typisk for vossamålet? Informantane frå jordbrukskulen.

<sup>57</sup> Ao-lyden viser til diftongeringa av norrøn lang *a*, *á*, noko som er eit tradisjonelt språkleg trekk i vossadialekten (jf. Akselberg 2002: 95).

<sup>58</sup> Svarabhaktivokalen er ein innskotsvokal som har vorte sett inn mellom to konsonantar for å gjera uttalen lettare. På Voss har svarabhaktivokalen forma ù, og dette språklege trekket har gjerne vorte kalla *vossa* ù.

<sup>59</sup> Segmentering tyder at ein lang konsonant blir til ei konsonantgruppe (jf. Torp & Vikør 1993: 75), og informantane viser her til eit tradisjonelt trekk i vossadialekten, der den gamle lange *l*-en (*ll*) blir til *-dl*.

Alle informantane frå Voss, og 13 av 20 som ikkje kjem frå Voss, trekkjer fram *ao*-lyden som eit typisk språkleg trekk ved vossamålet. Her er dei heilt samde med gymnaselevane. Vidare er det ni av utanbygdingane som skriv at vossingar har ein spesiell uttale av talorda 17, 18 og 19, og fire meiner vossamålet er *breitt* eller *grautete*.

Dersom me ser på svara til dei unge informantane under eitt, er det særleg påfallande at heile 38 av 56 informantar (67,9 %) trekkjer fram *ao*-lyden som typisk for vossamålet. Dette var også det språklege trekket som flest ungdomar frå Voss assosierer med vossamålet i ei undersøking Akselberg gjennomførte i 2001. Han skriv dette om resultatet:

Det tyder på at ungdomen på Voss i dag har den same oppfatninga av vossamålet som dei fleste middelaldrande og eldre vossingane har, og som elles er ei vanleg oppfatning av vossamålet hjå personar som er fødde, oppvaksne og busette utanfor Vossabygdi. Det er ikkje uvanleg at eldre vossingar og folk utanfor bygda trekkjer fram diftongeringa av norrøn *á* som eit av dei mest karakteristiske språklege trekka ved vossamålet (Akselberg 2002: 95–96).

Me ser at resultata frå undersøkinga mi stemmer godt med dette, for *ao*-lyden er det språktrekket flest unge informantar nemner, både vossingane og dei som ikkje er frå bygda. Mange av dei andre språklege trekka som vert nemnde i svara, er også tradisjonelle trekk, som rulle *r*-en, svarabhaktivokalen og segmentering. Det er truleg også den tradisjonelle uttalen av talorda 17, 18 og 19, som *saukjan*, *akjan* og *nikjan*, dei ni informantane frå jordbrukskulen viser til. Det er klart færre informantar som trekkjer fram moderne språklege trekk, med unntak av skarre *r*-en. Ni av informantane frå gymnaset nemner denne som eit typisk trekk ved dialekten, og det er faktisk mange av dei same som også trekkjer fram *ao*-lyden. I hovudsak er det likevel dei tradisjonelle språklege trekka ved vossadialekten som dei unge informantane nemner i svara, noko som også var synleg i undersøkinga til Akselberg.

### **6.3.1.3 Informantane frå eldretreffet**

Alle dei 24 eldre informantane har svart på kva dei ser på som typisk for vossamålet, men dei aller fleste har berre skrive eitt svar. I tabellen ser me kva dei assosierer med vossamålet:

| Kva er typisk for vossamålet?  | Tal på svar |
|--------------------------------|-------------|
| <i>Ao</i> -lyden               | 15          |
| Er nært i slekt med sognemålet | 3           |
| Uttalen av tala 17, 18, 19     | 3           |
| Rulle- <i>r</i>                | 2           |
| Frå gammalt bruk av dativ      | 2           |
| <i>A</i> -infinitiv            | 2           |
| Snakkar veldig breitt          | 1           |
| Nynorsk                        | 1           |

Tabell 9: Kva er typisk for vossamålet? Informantane frå eldretreffet.

Dei språklege trekka me ser i tabellen, er alle tradisjonelle trekk i vossadialekten. Dette er ikkje ei stor overrasking, særleg ikkje etter at me har sett at det i hovudsak er tradisjonelle språktrekk også dei unge informantane nemner. *Ao*-lyden kjem klart øvst på lista over svara, og svært mange har berre skrive dette. Det er berre to svar som skil seg frå dei unge sine svar, og det er dei tre informantane som viser til slektskapen til sognemålet, og dei to som nemner bruk av dativ. Det siste er eit språkleg trekk som dei unge kanskje ikkje lenger kjenner til.

Dei eldre og dei unge informantane har i stor grad eit likt syn på kva som er typisk for vossadialekten, og det er, med nokre få unntak, tradisjonelle språkleg trekk dei nemner. For å oppsummera resultata som har kome fram her, kan eg trekkja fram svaret til ei av dei eldre informantane. Ho (EK5) skriv heilt enkelt: "Det er i alle fall *ao*-lyden." Dette ser det ut til å vera stor semje om blant både unge og eldre informantar.

### 6.3.2 Finst det ulike variantar av vossamål?

Me har sett at både dei unge og dei eldre informantane har eit svært tradisjonelt syn på kva som er typisk for vossadialekten. No skal eg gå vidare me å sjå på om informantane meiner det finst ulike variantar av vossamål (spørsmål 4), og om dei dermed er opne for at folk kan snakka ulikt innanfor grensene av det dei reknar som vossadialekt.

Det er til saman 76 av informantane som har svart på dette spørsmål fire,<sup>60</sup> og av desse er det faktisk berre éin informant som svarar nei til at det finst ulike variantar. Det er ei eldre kvinne (EK12), og ho skriv: "Nei! Snakkar du ekte vossamål så er det berre eitt vossamål. Men ungdommane i dag kuttar dei ekte vossaorda." Dei andre 75 informantane gjev mange døme på dei ulike variantane av vossamål. Svara som går igjen, er at det er skilnad mellom språket til dei unge og dei eldre, og at det er skilnad mellom dei som bur i sentrum og dei som bur på bygdene. Mange gjev konkrete døme, som at det er skilnad mellom "bulkja-snakk, skjerpe-mål og strondemål"<sup>61</sup> (G1M1) og at "dei som er fødde før 1970-talet snakkar mykje breiare enn dei som er fødde etter 1970–80" (G1K12).

Dette er eit av dei spørsmåla i spørjeskjemaet som informantane har skrive mest på, og svara viser at dei i stor grad er opptekne av, og medvitne om, variasjonar innanfor vossadialekten. Det gjeld alle informantane, både dei unge og dei eldre, og dei som er frå Voss og dei som kjem utanbygds frå. Ettersom mange av svara er lange og detaljerte, har eg valt å ikkje setja dei opp i tabellar. Det er som viktig i denne samanhengen, er ikkje akkurat kor mange som nemner språklege skilnader mellom sentrum og periferi i forhold til kor

<sup>60</sup> I gjennomgangen av dette spørsmålet har eg også valt å ta med svara til alle informantane, slik som i 6.3.1.

<sup>61</sup> Bulken ligg ei mil vest for Voss sentrum, Skjerpe er eit byggjefelt like utanfor sentrum, medan Vossestrand ligg om lag to mil aust for sentrumsområdet.

mange som nemner aldersskilnader, men det at alle informantane, med eitt unntak, meiner det finst ulike variantar av vossamål. Svaret til ei jente frå gymnaset (G1K1) kan nyttast som døme for visa kva former for språkleg variasjon informantane trekkjer fram:

Folk snakkar jo litt ulikt i dei ulike områda. Trur folk frå Vangen og Skulestadmoen har større tendens til å bruka normaliserte bokmålsformer enn dei som bur lengre vekke frå sentrum. Både bordølingar og tjukkebygdingar held meir på tradisjonelle former. Dei snakkar breiare enn folk frå Vangen. Eldre snakkar også breiare enn ungdommar. Dei bruker meir former som *ao*, *pao*, *adle* og andre tradisjonelle former. Ungdom som er interessert i gardsbruk eller andre lokale tradisjonar tek meir etter dei tradisjonelle formene i vossamålet enn dei som er interesserte i bykultur.<sup>62</sup>

Me ser ar denne jenta skil mellom språket til unge og eldre, mellom dei som bur i sentrum og i periferien, og mellom språket til dei med tradisjonelle og meir moderne interesser. Det er også interessant å merka seg at ho meiner folk frå sentrum har ein ”større tendens til å bruka normaliserte bokmålsformer” enn dei som kjem frå bygdene. Det er ingen av dei eldre informantane som viser i svara sine at dei har dette synet, men fleire av dei unge informantane skriv at språkbruken til folk som bur i sentrum er noko påverka av bergensk eller bokmål. Det er særleg dei tre orda *noe*, *mye* og *se* som vert trekt fram som døme, og fleire av informantane gjev uttrykk for desse orda ikkje er like rette som dei tilsvarande *noko*, *mykje* og *sjå* (jf. punkt 6.3.3). Dette kjem til uttrykk mellom anna i svaret til ei jente frå jordbrukskulen (J2K14):

Vangen-mål (noe, mye) – bruker lite vossa-uttrykk. Vossa-mål (noko, mykje) – bruker mykje uttrykk. Det vert mindre skikkeleg vossamål når ein nærmar seg Vangen.

Dette synet på at dei tradisjonelle trekka i dialekten er meir skikkelege eller ekte, er tydeleg i svara til mange av både dei unge og dei eldre informantane. Ei jente frå jordbrukskulen (J2K7) skriv at ”dei eldre snakkar breiare enn andre, og meir vossadialekt, medan dei unge snakkar meir bokmål (noe, mye, se)”, og ei eldre kvinne (EK13) meiner at ”dei gamle snakkar meir ekte dialekt”. Mange av gymnaselevane deler også dette synet, og ein informant her (G1K8) skriv mellom anna at ”dei eldre snakkar mykje meir skikkeleg ’vossamaol’ enn dei yngre som har eit meir utvatna språk”. Det ser difor ut til at informantane er opne for at det finst ulike variantar innanfor vossamålet, men at dei reknar dei tradisjonelle språklege trekka for å vera mest ekte eller skikkelege i vossamålet.

### **6.3.3 Korleis snakkar ein vossing som knotar?**

Informantane i undersøkinga har felles oppfatninga av både kva som er typisk for vossadialekten, og kva slags variantar dei meiner finst innanfor vossamålet. Men korleis

---

<sup>62</sup> Vangen og Skulestadmoen ligg i sentrumsområdet, medan Bordalen og Tjukkebygda ligg utanfor sentrum.

forklarer dei den språkbruken dei meiner bryt grensene for det som kan reknast for vossamål? I spørsmål seks i spørjeskjemaet ber eg informantane skildra korleis ein vossing som knotar snakkar, og no vil eg sjå nærmere på kva dei svarer på dette spørsmålet.

Det er 50 informantar som har skrive eit svar på spørsmål seks. Samanlikna med dei lange og detaljerte svara mange skreiv på spørsmålet om variasjon innanfor vossadialekten, er det tydeleg at informantane ikkje har så lett for å koma med døme på språkbruken til ein vossing som knotar. Dei fleste svara er svært korte, mange har berre skrive nokre få ord, og fleire av informantane nemner at det er vanskeleg å svara på. Eg får likevel inntrykk av at informantane stort sett prøver å svara etter beste evne, og dei har valt ulike strategiar for gjera dette. Ser me på alle svara samla, går informantane i hovudsak fram på fire ulike måtar:

- Gjentaking av definisjonen av omgrepene *å knota*.
- Bruk av fonologiske og morfologiske språktrekk som døme på knot.
- Bruk av enkeltord som døme på knot.
- Bruk av heile setningar som døme på knot.

Det er mange av både dei unge og dei eldre informantane som forklarer språkbruken til ein vossing som knotar ved å berre *gjenta definisjonen av omgrepene å knota*. Dette er den typen svar som er minst *detaljert* (jf. Preston 1996, punkt 4.4.2) av dei fire måtane informantane svarer på spørsmålet. Døme på slike gjentakingar finn me mellom anna hos ei jente frå jordbrukskulen (J2K8) som skriv at ”ein vossing som knotar blandar dialektar”, og ein eldre mann (EM6) som meiner at ”vossingen endrar sin naturlege måte å snakka på”. Slik eg ser det, ber desse svara preg av at informantane ikkje klarer å koma på språklege trekk som døme på knot, og dei løyser dette problemet ved å skriva eit svar som liknar på det dei gav i spørsmål fem (jf. punkt 6.2). Informantane får på denne måten vist at omgrepene *å knota* er tilgjengeleg for dei, men dei unngår å skildra sjølve språkbruken dei ser på som knot.

Den andre typen svar, som er *bruk av fonologiske og morfologiske språktrekk som døme på knot*, finn med berre hos nokre få informantar. Det fonologiske språktrekket som vert nemnt, er samanblandinga av *kj*- og *sj*-lyden, og det er tre informantar frå gymnaset og fire frå jordbrukskulen som trekkjer fram dette. Ei jente frå gymnaset (G1K9) skriv at ein vossing som knotar ”seier sj i staden for kj”, og ei jente frå jordbrukskulen (J2K9) skriv at ”han gjer om lyden i kino til sjino (er ikkje sikker på korleis eg skal skriva den lyden)”. Også to av dei andre informantane har problem med å forklara sjølve lyden, men løyser dette ved å kalla han ”bergenslyden i kino”. Realiseringa av *kj* som *sj* er noko som har fått stor merksemd i Noreg,

mellan anna gjennom media, og det kan vera noko av grunnen til at dette er det einaste fonologiske språktrekket som kjem fram som svar på spørsmålet om språkbruken til ein vossing som knotar. Det at informantane oppfattar dette som ein ”bergenslyd”, speler nok også ei viktig rolle for at akkurat dette språktrekket vert nytta som døme på knot.

Det morfologiske språktrekket som vert trekt fram som døme på knot, er bruk av *e*-infinitiv i staden for *a*-infinitiv. Det er berre to informantar som nemner dette, begge frå gymnaset, men som me skal sjå kjem dette språktrekket fram også i dei enkeltorda og setningane informantane bruker for å forklara språkbruken til ein vossing som knotar.

Den neste typen svar er knytt til ordtilfanget i språket til ein vossing som knotar. Dette er den forklaringstypen som er mest nytta av informantane, og mange kjem med døme på eitt eller to *enkeltord som dei oppfattar som knot*. I tabellen under viser eg kva ord som vert trekte fram av informantane i dei tre gruppene. Tala i parentes er talet på svar.

| <b>Korleis snakkar ein vossing som knotar?</b> |           |                           |           |                  |           |
|--|-----------|---------------------------|-----------|------------------|-----------|
| <i>Voss gymnas</i>                             |           | <i>Voss jordbrukskule</i> |           | <i>Eldre</i>     |           |
| noe (5)  | gikk (1)  | noe (5)                   | hun (1)   | noe (5)          | melk (1)  |
| ikke (3)                                       | høra (1)  | vi (5)                    | gjøra (1) | jeg (2)          | hjem (1)  |
| kommer (3)                                     | si (1)    | se (4)                    | jeg (1)   | ikke (2)         | vi (1)    |
| gjøra (2)                                      | spisa (1) | mye (3)                   | -         | gjøre (2)        | de (1)    |
| mye (2)  | kjøre (1) | ikke (2)                  | -         | sitte (1)        | bli (1)   |
| se (2)   | dere (1)  | høra (1)                  | -         | mye (1)          | vært (1)  |
| jeg (2)  | vann (1)  | kjøra (1)                 | -         | selvfølgelig (1) | bilde (1) |

Tabell 10: Enkeltord som informantane trekkjer fram som døme på knot.

Me ser at fleire av dei same orda kjem fram i svara til dei tre gruppene. Ei felles nemning for desse orda kan vera å kalla dei *bokmålsord*. Alle orda ser ut til å vera ord som finst i skriftspråket bokmål,<sup>63</sup> men det er ikkje dermed sikkert at informantane har tenkt på sjølve skriftspråket i svara sine. Slik eg ser det, er det like truleg er det at desse døma viser til ikkje-lingvistar sitt syn på at ein kan ’snakka bokmål’, og at informantane gjerne kan ha hatt eit bokmålsbasert normaltalemål i tankane (jf. punkt 2.4.1). Nokre av informantane nemner også spesifikt bokmål i svara sine. Dei fleste orda er berre nemnt av éin eller to informantar, og ut frå det kan eg vanskeleg vurdera dei tre gruppene opp mot kvarandre. Trass i dette, meiner eg det er interessant å sjå på kva *type* ord som kjem fram i desse svara.

I punkt 3.4 tre refererte eg til Sandøy (1996: 103), som meiner folk oppfattar det som særleg sterkt knoting dersom nokon endrar på personlege pronomen eller nektingsadverbet *ikkje* i talemålet sitt. Dette kan sjå ut til å stemma med det fleire av informantane meiner, for i

<sup>63</sup> Nokre av verba har *a*-infinitiv, slik som *spisa* og *høra*, men stammen av verba kjem frå skriftspråket bokmål.

tabellen over ser me både mange personlege pronomen – *jeg, vi, de, dere* og *hun* – og nektingsadverbet *ikke*. Vidare er det fleire av informantane som trekkjer fram orda *noe, mye* og *se* som døme på enkeltord i språket til ein vossing som knotar. Desse orda kom også fram i svara på *spørsmål 4* (punkt 6.3.2), men då som døme på eit meir *utvatna* vossamål. Orda *noe, mye* og *se* vert på Voss ofte rekna som *bergensord*, og mange vossingar oppfattar bruken av dei som eit sterkt brot på normidealet om rett vossamål (jf. Akselberg 2002: 98). Det er truleg grunnen til så mange av informantane nemner desse orda som døme på knot, til trass for at dei har vore nytta av folk i sentrumsområdet i nær hundre år (loc.cit.). Ein av gymnaselevane (G2K2) peiker likevel på at ”*noe* er så vanleg på Voss at det ikkje kan kallast knotting”.

Av dei andre enkeltorda informantane trekkjer fram som døme på knot, ser me at det er mange verb. Nokre av dei har *a*-infinitiv, som *spisa, gjøra, høra* og *kjøra*, og andre er verb med *e*-infinitiv, mellom anna *gjøre, kjøre* og *sitte*. Fleire av informantane opplyser om kva som er *korrekt*. Ei jente (G2K2) skriv at vossingar som knotar ”seier *spisa* i staden for *eta*, og *gjøra* i staden for *gjera*”, og ein eldre mann (EM8) meiner at dei ”seier *sitte* i staden for *sitja*”.

Den siste måten informantane har svart på, er å skriva *heile setningar som døme på knot*, og såleis ’imitera’ språkbruken skriftleg (jf. punkt 4.4.2). Dette viser eg i svara under:

EM3: Ei vossejente som hadde vore i Bergen ei tid sa eingong: Somme steder var der mye sne, men enkelte steder var det berre taokka.

J2K5: Vil du sitta her ved siden av meg? Nei, eg skal ikkje ha so mye. Se dan bilen der.

EK8: Hvor har du lagt jakka mi? Jo da, eg tror jeg har vore her før. Skal eg hjelpa dig med det arbeidet? I morgen mao eg til byen for å handle.

EK4: Hvor kjem du frå? Bergen? Gida mei så festlig. Hils din frue!

Det som er særleg interessant med desse svara, er at informantane trekkjer fram at dei meiner folk som knotar ikkje er konsekvente i språkbruken sin. Dersom me er på svaret til EM3, er det tydeleg at han vil visa at jenta nytta orda *sne* og *taokka* (tåke) i same setning, og at ho dermed blanda mellom eit finare bymål og breiare dialekt. Svaret til EK4 er også verdt å kommentera, for ho har ikkje berre fått med at språkbruken er lite konsekvent, men også at ho meiner folk som knotar tilpassar seg samtalepartnaren, i dette tilfellet ein bergensar.

Sjølv om informantane i hovudsak har skrive korte og lite detaljerte svar på spørsmålet om korleis ein vossing som knotar snakkar, ser det ut til at den språklege tilpassinga dei reknar for å vera knot, går i retning av eit bokmåls- eller byprega talemål. I nokre av svara kjem det også fram at bymål er bergensk, slik me såg i svara til dei som nemnde samanfallet av *kj-* og *sj*-lyden, og i to av dei svara som var skrive i heile setningar. Dette er også synleg i

nokre av svara til dei som gjentek definisjonen av omgrepene. Ei jente (G2K1) skriv at ”dei snakkar litt finare enn vossamål, enten bokmål eller bergensk”, og ein gut (G2M1) svarer: ”Dei blandar dialektar, snakkar litt meir som bergensarar eller andre byfolk”.


### 6.3.4 Oppsummering og drøfting

I dette delkapitlet har me sett at informantane i undersøkinga har svært like oppfatningar av kva som er typisk for vossadialekten, og dei fleste trekker fram tradisjonelle språklege trekk som døme, i hovudsak fonologiske språktrekk. Diftongeringa av lang norrøn *á*, *ao*-lyden, er heilt klart det språklege trekket flest av informantane assosierer med vossamålet. Vidare er informantane medvitne om, og aksepterer, ulike variantar innanfor rammene av kva som er vossamål, men det ser ut til å vera ei semje om at tradisjonelle trekk i vossadialekten er meir ekte, og dermed betre, enn moderne språklege trekk. Dette viser seg i svara frå både dei unge og dei eldre informantane, og i dei to gruppene av unge informantar. Og det er denne ekte dialekten informantane ser ut til å ha i tankane når dei skildrar typiske trekk ved vossamålet.

Slik eg ser det, opplever ikkje informantane dei tradisjonelle språklege trekka som konstituerande for sjølve vossamålet, for så godt som alle meiner at det finst variasjon innanfor grensene til dialekten. Men viss me derimot snakkar om *ekte vossamål*, meiner eg at det her er grunn til å tru at dei tradisjonelle trekka vert rekna som konstitutive, og brot på desse fører til at dialekten ikkje lenger er ekte (jf. punkt 4.4.2). Mange av informantane deler vossadialekten inn i ekte og utvatna, og svara tyder på at dei unge og dei eldre informantane i stor grad har internalisert dei same normideala om kva som er korrekt språkbruk på Voss.

Skiljet mellom kva som er utvatna dialekt og kva som er knot, ser ut til å vera litt meir glidande i svara til informantane, særleg blant dei unge. Nokre av dei enkeltorda som kjem fram i svara på kva som var knot, vert også nemnt som døme på utvatna vossadialekt. Jamt over ser det ut til at informantane har vanskar med å skildra språkbruken til ein vossing som knotar, men svara viser at det dreier seg om ei form for tilpassing til bokmål eller bergensk.

I punkt 4.4.3 sette eg opp ein figur som viste korleis førestellingar om korrekt språk kan overførast til å gjelda korrekt dialektbruk, med ytterpunktene *ekte dialekt* og *knot*. Svara til informantane kan plasserast inn i denne figuren slik me ser under:



Figur 10: Korrektheitsideal i vossadialekten. Ein skala mellom ytterpunktene *ekte dialekt* og *knot*.

I denne figuren har eg sett ei pil mellom *utvatna dialekt* og *knot* for å visa at dette skiljet ikkje er heilt tydeleg i svara til informantane. Det gjeld særleg dei tre orda *noe*, *mye* og *se*, som fleire informantar bruker som døme på både utvatna dialekt og knot. Fleire av dei andre enkeltorda informantane bruker som å skildra knot, mellom anna dei personlege pronomena, *jeg*, *vi*, *de*, *dere* og *hun*, og nektingsadverbet *ikke*, vert derimot ikkje trekt fram som utvatna dialekt. Dette er ord eg trur bryt sterkare med normene for vossadialekten enn bruken av *noe*, *mye* og *se*, og eg meiner dei difor kan plasserast heilt på den høgre ytterkanten av skalaen. Det at såpass mange informantar som nemner orda *noe*, *mye* og *se* som døme på knot, har truleg samanheng med at det blant vossingar generelt finst førestellingar om at akkurat desse tre orda ikkje høyrer heime i vossadialekten (jf. Akselberg 2002: 98).

I punkt 4.4.2 presenterte eg Preston (1996) sitt syn på at folkelege skildringar av språkbruk kan delast inn i ulike gradar og typar av språkleg medvit. Overført til resultata frå denne delen av undersøkinga, meiner eg at spørsmåla om vossadialekten og knot er språklege emne som er *tilgjengelege* for informantane. Skildringane av typiske trekk i vossadialekten og variasjon innanfor vossamålet er også til ein viss grad *nøyaktige*, på den måten at det er samsvar mellom undersøkingar av språkleg variasjon på Voss (sjå Akselberg 1995), og dei skilnadene informantane trekkjer fram mellom aldersgruppene og mellom sentrum og periferi. På spørsmålet om vossamålet har mange av informantane trekt fram fonologiske språktrekk som døme, medan dei færraste nemner språktrekk i det heile på spørsmålet om variasjon innanfor vossadialekten. I staden viser informantane her i hovudsak til kven som brukar dei ulike språklege variantane. Nokre få nemner likevel enkeltord som døme på kva som skil variantane frå kvarandre (*noe*, *mye*, *se*), eller at er varierande bruk av *ao*-lyden mellom til dømes sentrum og områda rundt.

Det ser ut til at informantane har vanskar med å gje konkrete døme på språkbruken til ein vossing som knotar, og mange har difor berre gjenteke definisjonen av omgrepene *å knota*. Andre har brukt enkeltord eller heile setningar som døme på kva dei reknar for knot. Det siste er særleg interessant om me ser dette svaret i forhold til dei medvitstypane Preston (1996) nemner, for eg meiner det er eit døme på medvitstypen *meistring*. Dei informantane som har svart på denne måten, viser kva dei reknar for å vera knot ved å herma etter kva ein som knotar kunne sagt (jf. punkt 4.4.2). Sjølv om dei ikkje nemner spesifikke språklege trekk, får dei fram at dei er medvitne om korleis ein vossing som knotar snakkar.

Alle døma informantane gjev på knot, er bokmålsord (jf. punkt 6.3.4). Dette gjeld både dei unge og dei eldre informantane. I kap 6.2 såg me at fleirtalet av dei unge informantane definerte omgrepene *å knota* som det å blanda dialektar eller ikkje snakka rein dialekt, medan

fleirtalet av dei eldre informantane definerte omgrepene som å snakka finare, i retning bokmål eller bymål. Det er difor interessant å sjå at dei unge informantane, på spørsmålet om kva dei reknar for å vera knot, likevel svarer likt med dei eldre, og trekkjer fram at den språklege tilpassinga går i retning bokmål eller bymål. Dette kan tyda på at dei unge og dei eldre er endå meir samde i kva som ligg i omgrepene *å knota* enn det som kom fram i punkt 6.2. Likevel er det ikkje sikkert at dei unge informantane tenkjer på bokmål eller bymål som eit *finare* språk, og kanskje skiljet mellom definisjonane til dei unge og dei eldre ligg nettopp her. Sjølv om både unge og eldre informantar trekkjer fram bokmålsord for å skildra språkbruken til ein vossing som knotar, kan det tenkjast at dei opplever den språklege tilpassinga på ulikt vis, og at det som for nokon er tilpassing til eit finare talemål, er for andre berre ei dialektblanding.

## **6.4 Reaksjonar på knot**

Me har sett korleis informantane definerer omgrepene *å knota*, og kva dei meiner kjenneteiknar språkbruken til ein vossing som knotar. No vil eg gå vidare med å sjå på korleis informantane oppfattar den språkbruken dei reknar for å vera knot. Eg har tidlegare gjort greie for at fleire språkforskarar meiner ein gjennom direkte spørsmål om reaksjonar på språkbruk gjerne kan få allment godkjende eller stereotype svar (jf. punkt 4.3.2). Sjølv meiner eg ar informantane sine sjølvrapporterte reaksjonar kan fortelja mykje om kva haldningar dei har til knot, og til folk som knotar. I dette delkapitlet vil eg ta difor føre meg korleis informantane svarer at dei reagerer på knot (punkt 6.4.1), og deretter samanlikna og drøfta dei samla svara (punkt 6.4.2).

### **6.4.1 Korleis reagerer informantane når dei høyrer folk som knotar?**

I spørsmål ti i spørjeskjemaet ber eg informantane svara på korleis dei reagerer når dei høyrer folk som knotar. Sjølve spørsmålsformuleringa legg på eit vis opp til at informantane faktisk skal reagera når folk knotar, ettersom eg spør *korleis* og ikkje *om* dei reagerer. Spørsmålet er formulert på slik for å unngå *ja/nei*-svar, og for å vera eit direkte spørsmål om reaksjonar på knot. Som me skal sjå, svarer likevel fleire av informantane at dei ikkje bryr seg når folk knotar, og eg meiner det viser at spørsmålet kan tolkast slik at ingen reaksjon også er ein reaksjon. Det er ikkje alle som har svart på spørsmålet, og nokre av gymnaselevane har gjeve fleire svar. Talet på svar er difor noko høgare enn talet på informantar.

#### **6.4.1.1 Informantane frå gymnaset**

Det er 13 av informantane frå Voss gymnas som har svart på spørsmålet om korleis dei reagerer når dei høyrer folk som knotar. Svara deira fordeler seg slik:

| <i>Korleis reagerer du når du høyrer folk som knotar?</i> | Tal på svar |
|---|-------------|
| Bryr meg ikkje/tenkjer ikkje over det                     | 5           |
| Det er irriterande  | 3           |
| Det er stygt/forferdeleg                                  | 3           |
| Tenkjer at dei ikkje er stolte av heimstaden sin          | 3           |
| Det høyrest heilt feil ut                                 | 2           |
| Tenkjer at dei er usikre på seg sjølv                     | 1           |
| Tenkjer at dei ikkje vil visa kven dei er                 | 1           |

Tabell 11: Reaksjonar på knot. Informantane frå gymnaset.

Fem av informantane svarer at dei ikkje bryr seg når dei høyrer folk som knotar, medan dei åtte andre svarer at dei reagerer når folk som knotar, enten ved å skriva at dei synest språkbruken er stygg, feil eller irriterande, eller ved å visa til negative eigenskapar hos språkbrukaren. Av dei informantane som ikkje bryr seg, svarer ei jente (G2K10) berre at ho ”synest det er heilt greitt, eg bryr meg ikkje”, og ein gut (G2M7) skriv at ”det har vorte så vanleg at eg ikkje tenkjer over det”. Av dei åtte informantane som svarer at dei reagerer på knot, er derimot fleire svært negative til folk som knotar, slik som denne jenta (G1K12):

Eg synest det er heilt forferdeleg å høyra på folk som knotar. Det synest eg er eit teikn på at du ikkje vil visa kven du er, og at du ikkje er stolt over dialekten din og plassen du kjem frå.

Samanhengen mellom knot og manglande solidaritet med plassen ein kjem frå, vert også trekt fram av to andre informantar. Ei jente (G1K2) skriv at ho reagerer når folk knotar fordi ”dei er lite stolte av heimstaden sin”, og ei anna jente (G2K2) skriv at ho ”tenkjer at dei ser negativt på Voss, og ikkje er stolte over å vera vossingar”. Desse informantane opplever truleg knot som eit brot på lojaliteten til lokalsamfunnet (jf. punkt 4.4.4), ettersom dei meiner folk som knotar viser at dei ikkje er stolte over plassen dei kjem frå.

#### **6.4.1.2 Informantane frå jordbrukskulen**

På jordbrukskulen er det 18 av informantane som har svart på spørsmålet om korleis dei reagerer når folk knotar, og i tabellen under ser me korleis dei svarer.

| <i>Korleis reagerer du når du høyrer folk som knotar?</i> | Tal på svar |
|---|-------------|
| Tenkjer ikkje så mykje over det/reagerer ikkje på det     | 8           |
| Eg synest det er dumt/teit                                | 4           |
| Det høyrest unormalt/falskt ut                            | 2           |
| Det er stygt  | 1           |
| Det er rart   | 1           |
| Det er irriterande  | 1           |
| Det er vanskeleg å forstå                                 | 1           |

Tabell 12: Reaksjonar på knot. Informantane frå jordbrukskulen.

Me ser at heile åtte av informantane frå jordbrukskulen svare at dei ikkje tenkjer over det når dei høyrer folk som knotar, medan dei ti andre er negative til den språkbruken dei reknar for å vera knot. Til motsetnad frå gymnaselevane er det ingen av svara frå dei som reagerer på knot, som går direkte på eigenskapar hos språkbrukaren. Informantane forklarer i staden reaksjonane sine ved å skriva korleis dei synest språkbruken til dei som knotar er, mellom anna at det er stygt eller unormalt, eller ved å visa til at dei opplever knot som dumt eller irriterande. Nokre av svara er svært korte, slik som ”Eg like ikkje da! Da e stygt!” (J1M5) og ”Det er dumt!” (J2K14). Andre får fram at reaksjonane deira kan variera ut frå kven det er som snakkar. Ei jente (J2K9) skriv: ”Det spørst kor gale det er. Viss det er mykje knoting, synest eg det høyrest heilt falskt ut, for du høyrer at det ikkje skal vera sånn!”

Mange av informantane frå jordbrukskulen svarer at dei ikkje reagerer når dei høyrer folk som knotar. Ei jente (J2K6) skriv: ”Eg reagerer ikkje noko på det. Blandar så mykje sjølv”, og ei anna jente (J2K16) svarer: ”Eg tenkjer ikkje på det. Gjer det nok av og til sjølv”. Det er til saman fire av informantane som trekkjer fram sin eigen språk bruk i svara, medan dei andre berre skriv at dei ikkje tenkjer over det eller ikkje reagerer på det.

#### **6.4.1.3 Informantane frå eldretreffet**

22 av dei eldre informantane har svart på spørsmålet om korleis dei reagerer på knoting. Tabellen under viser korleis svara deira fordeler seg.

| <b>Korleis reagerer du når du høyrer folk som knotar?</b> | Tal på svar |
|---|-------------|
| Eg har forståing for det                                  | 5           |
| Eg vert flau/skjemmest                                    | 4           |
| Det er følt å høyra på                                    | 2           |
| Synest dei snakkar stygt                                  | 1           |
| Det er dumt   | 1           |
| Reagerer negativt   | 1           |
| Har lyst å retta på dei                                   | 1           |
| Eg vert irritert  | 1           |
| Vyrdnaden for slike folk minkar                           | 1           |
| Kan verta lei meg, av og til kvalm                        | 1           |
| Tenkjer at dei er snobbete                                | 1           |
| Tenkjer at dei er usjølvstendige                          | 1           |
| Tenkjer at dei skjemmest over heimstaden sin              | 1           |
| Det vert unaturleg å snakka med vedkommande               | 1           |

Tabell 13: Reaksjonar på knot. Informantane frå eldretreffet.

Fleirtalet av dei eldre informantane svarer at dei reagerer negativt når folk knotar, men me ser også at fem informantar har forståing for det. Dette er eit svar som ingen av gymnas- eller jordbrukskululevane gav. Ei eldre kvinne (EK7) skriv: ”Eg forstår dei. Nokre er lettare

påverkelege enn andre, og veit mest ikkje om det". Ei anna kvinne (EK10) svarer at ho "synest ikkje det er noko å seia til det, eg har forståing for at det skjer". Vidare er det verdt å merka seg at ingen av dei eldre svarer at dei ikkje tenkjer over det, eller ikkje bryr seg, når dei hører folk som knotar, eit svar som kom høgt opp på lista hos dei unge informantane.

Av dei 17 eldre informantane som reagerer på knot, er det fire som svarer at dei vert flauge, ein informant skriv at han vert irritert, og ein annan (EM6) skriv at han reagerer både psykisk og fysisk ved at han "kan stundom verta lei meg, av og til kvalm". Elles ser me at fleire viser til kva dei synest om sjølve språkbruken og andre trekkjer fram negative eigenskapar hos språkbrukaren. Ein del svar kjenner me igjen frå dei unge informantane, til dømes at knot er stygt, eller at det verkar som språkbrukaren skjemmest over heimstaden sin.

#### 6.4.2 Oppsummering og drøfting

Medan informantane i stor grad var samde om kva som kjenneteikna språkbruken til ein vossing som knotar (jf. punkt 6.3.3), ser me at det har kome fram meir ulike svar på korleis dei reagerer når dei hører folk som knotar. Dersom me ser på alle svara samla, meiner eg at dei kan plasserast i tre kategoriar. Desse kategoriane kallar eg *negativ reaksjon*, *ingen reaksjon* og *tolerant reaksjon*, og dei er å forstå som ei hovudinndeling av informantane sine rapporterte reaksjonar på knot. Kategoriseringa fører til ei forenkling av svara, og nokre svar er meir typiske for sin kategori enn andre. Likevel kan denne inndelinga i kategoriar vera på med på å synleggjera nokre tendensar i svara til informantane. Eg vil fyrst gå gjennom kategoriane, før eg viser korleis dei tre gruppene sine svar kan plasserast innanfor desse.

Mesteparten av svara til informantane hører til den fyrste kategorien, *negativ reaksjon*. Dette er ein kategori som famnar om mange ulike svar, men svara har til felles at dei får fram at informantane reagerer når dei hører folk som knotar. Det er i hovudsak tre måtar informantane sine negative reaksjonar kjem til syne i svara i denne kategorien:

- Informantane forklarer kva kjensler dei får når dei hører folk som knotar.
- Informantane forklarer korleis dei evaluerer språkbruken.
- Informantane forklarer kva eigenskapar dei tenkjer at språkbrukaren har.

I den fyrste av desse svartypane, forklarer informantane kva kjensler dei får, som til dømes at dei vert flauge eller irriterte, når dei hører folk som knotar. I utgangspunktet var det denne typen svar eg venta på få flest av, ettersom spørsmålsformuleringa var "korleis reagerer *du*". Dei fleste av informantane innanfor kategorien *negativ reaksjon* svarer likevel heller på spørsmålet ved enten å evaluera språkbruken, til dømes som stygg eller unaturleg, eller ved å

visa til eigenskapar ved språkbrukaren. Det siste er særleg interessant, for det viser at folk som knotar kan verta tillagte spesielle eigenskapar på bakgrunn av språkbruken sin (jf. punkt 4.3.3), og fleire av informantane forklarer sine eigne reaksjonar ved nettopp å visa til korleis dei kategoriserer språkbrukaren. Dette viser kor nært språkbruken og språkbrukaren er knytte saman i vanlege folk si evaluering (jf. punkt 4.3). Døme på dette er svara der informantane skriv at språkbrukaren verkar usikker, usjølvstendig eller lite stolt over heimstaden sin.

Den andre kategorien svar, *ingen reaksjon*, omfattar svara til informantane som seier at dei ikkje tenkjer over det, eller ikkje bryr seg, når dei hører folk som knotar. Desse svara er det ikkje grunn til å dela inn i ulike typar, men det kan vera verdt å merka seg at fire av informantane som svarer at dei ikkje reagerer på folk som knotar, presiserer at dei gjer det sjølve. Det er ingen av informantane i dei to andre kategoriene som trekkjer fram sin eigen språkbruk i svara på spørsmålet om reaksjonar på knot, og eg synest det er interessant at det akkurat er dei som svarer at dei ikkje bryr seg, som også nemner at dei knotar sjølve.

I den siste kategorien, *tolerant reaksjon*, kjem svara til dei som skriv at dei at har forståing for at folk knotar. Dette treng naturlegvis ikkje tyda på at informantane er positive til knot, men det er eit svar som skil seg frå dei andre ved at informantane forsvarer dei som knotar. Eg oppfattar svara i denne kategorien slik at desse informantane meiner ein skal visa toleranse for knot, i staden for å fordømma dei som knotar, og det er difor eg altså kallar kategorien *tolerant reaksjon*. Slik eg ser det, er det eit klart skilje mellom å svara at ein ikkje bryr seg, som i kategorien *ingen reaksjon*, og å svara at ein har forståing for at andre knotar.

For å visa nokre tendensar i svara til dei tre informantgruppene, har eg plassert svara deira innanfor dei tre svarkategoriene. Nokre av informantane frå gymnaset gav meir enn eitt svar på korleis dei reagerte på knot (jf. punkt 6.4.1.1), men det var berre blant dei som hadde negative reaksjonar. Eg har difor rekna ut prosentvis fordeling mellom informantane i kvar gruppe, og ikkje mellom svar, ettersom kvar informant såleis berre kan plasserast innanfor éin kategori. Dei samla reaksjonane til informantane kan eg visa ved hjelp av eit diagram:




Diagram 1: Reaksjonar på knot. (Jf. tabell 28, vedlegg 1)

Fleirtalet av informantane viser at dei har negative haldningar til den språklege tilpassinga som dei reknar for å vera knot. Dersom me går tilbake til spørsmålet eg stilte i innleiinga (punkt 1.2) om den språklege toleransen i Noreg omfattar alle former for individuell variasjon, ser me at dette ut frå undersøkinga mi ikkje ser ut til å vera tilfelle. Mange av informantane svarer at dei ser på knot som unaturleg og irriterande, og fleire viser til at denne forma for språkleg variasjon fører til at dei tileignar språkbrukaren negative eigenskapar. Desse svara høver godt saman med dei folkelege oppfatningane av knot eg presenterte i punkt 3.7, og også med dei forklaringane me såg i faglitteraturen om at knot ofte vekkjer sterke reaksjonar i lokalsamfunna (punkt 3.4).

Dersom me tenkjer på den rolla nedvurderinga av knot tidlegare har spelt i dei norske bygdesamfunna, og at omgrepet *å knota* i hovudsak har vore nytta i ei negativt ladd tyding (jf. kapittel 2), er det kanskje ikkje oppsiktsvekkjande at fleirtalet av informantane svarer at dei reagerer negativt på knot. Eg meiner det er nesten meir interessant å sjå at såpass mange av dei unge informantane svarer at dei *ikkje* reagerer når dei hører folk som knotar. Det er i denne svarkategorien me finn den mest synlege skilnaden mellom dei unge og dei eldre informantane. Om lag 40 prosent av informantane frå både gymnasiet og jordbrukskulen svarer at dei *ikkje* reagerer på knot, medan ingen av dei eldre informantane svarer dette. Dersom me ser tilbake på korleis informantane definerte omgrepet *å knota* (punkt 6.2), meinte fleirtalet av dei unge informantane at det var ei form for dialektblanding. Dette er ein definisjon som ikkje seier noko om at folk som knotar prøver å gjera seg finare enn dei er, og den sosiale dimensjonen som opphavleg høyrd med i omgrepet kjem ikkje til syne her (jf. punkt 2.2.3). Kanskje det er noko av årsaka til at mange av dei unge informantane svarer at dei *ikkje* reagerer på knot? Det kan også henda at dei unge informantane sjølv har vorte skulda for å knota, og difor ikkje vil svara at dei reagerer negativt på andre som knotar. Dette vil eg koma tilbake til i punkt 6.7.2, der eg ser på om det finst ein samanheng mellom evaluering av eige talemål og rapporterte reaksjonar på knot.

## 6.5 Årsaker til knot

Då omgrepet *å knota* i si tid oppstod, var det like mykje ein reaksjon mot kva folk meinte var årsakene bak den språklege tilpassinga som mot sjølvé språkbruken. Det *å knota* vart sett på som eit forsøk på å gjera seg finare enn ein var, og folk meinte årsakene som låg bak var at personen som knota ville ta avstand frå miljøet han kom frå (jf. Vikør 1999, punkt 3.4). Det at folk reagerte negativt på knot hadde nær samanheng med at dei reagerte på *kvifor* folk knota. I dette delkapitlet vil eg gå nærmare inn på kva informantane meiner ligg bak når folk knotar. Eg

meiner det på dette punktet er interessant å sjå i kva grad dei unge og dei eldre har same oppfatningar av kvifor folk knotar, særleg sett i samanheng med at dei til dels hadde ulike definisjonar og reaksjonar. Eg vil igjen ta sjå på svara til dei tre informantane gruppene kvar for seg (punkt 6.5.1), før eg kategoriserer svara og drøftar dei samla resultata (punkt 6.5.2).

### **6.5.1 Kva trur informantane er årsakene til at folk knotar?**

I spørsmål sju på spørjeskjemaet spør eg informantane om kvifor dei trur folk knotar. Dei aller fleste informantane som kjenner til omgrepene *å knota*, har svart på dette spørsmålet. Nokre har gjeve fleire svar, og talet på svar og talet på informantar er difor ikkje det same.

#### **6.5.1.1 *Informantane frå gymnaset***

Det er 14 av gymnaselevane som har skrive eit svar på spørsmålet om kvifor dei trur folk knotar. I tabellen under viser eg korleis svara deira fordeler seg.

| <b>Kvifor trur du folk knotar?</b>                 | Tal på svar |
|--|-------------|
| Fordi dei trur det må til for å gjera seg forstått | 4           |
| Har flytta mykje/kjem frå andre stadar             | 3           |
| Fordi dei trur det er tøft/fint                    | 3           |
| For ikkje å skilja seg ut                          | 2           |
| For å bli aksepterte                               | 2           |
| Påverknad frå byar og massemedia                   | 1           |
| Uvane  | 1           |
| Fordi dialektar vert sett på som noko negativt     | 1           |

Tabell 14: Årsaker til knot. Informantane frå gymnaset.

Me ser at svara til informantane frå gymnaset varierer ein del. Nokre trur folk knotar på grunn av at dei har flytta mykje rundt, medan andre trur folk knotar er fordi dei trur det er tøft eller fordi dei vil ikkje vil skilja seg ut og verta aksepterte. Det svaret som flest har gjeve, er at folk knotar fordi dei *trur det må til* for å gjera seg forstått. Denne formuleringa kan tyda på at informantane sjølve ikkje meiner det er naudsynt å knota for å gjera seg forstått, men at dei trur dei som knotar meiner det må til. Nokre informantar kjem med fleire forklaringar til kvifor dei trur knotar. Ei jente (G1K12) svarer på denne måten:

- Fordi dei trur at andre ikkje forstår den dialekten dei snakkar.
- Dei vil snakka andre dialektar for då trur dei at dei blir kulare, viss dei snakkar ein fin dialekt (t.d. frå Oslo)
- Dei flyttar til ein annan plass og blandar då dialekten sin med ein annan.

Svaret til denne jenta viser dei tre typane hovuforklarings me ser i svara til gymnaselevane. Folk knotar fordi dei vil gjera seg forstått, av ulike grunnar knytt til identiteten deira, eller som eit resultat av påverknad, til dømes ved at dei har flytta mykje.

### **6.5.1.2 Informantane frå jordbrukskulen**

På jordbrukskulen er det 18 av informantane som har svart på spørsmål sju. Som me ser i tabellen under, er informantane her i stor grad samde om kva som er årsakene til knot:

| Kvifor trur du folk knotar?                         | Tal på svar |
|---|-------------|
| Vert påverka av andre                               | 12          |
| Har flytta/kjem frå andre stadar                    | 5           |
| Påverknad frå media                                 | 4           |
| For å verta forstått                                | 2           |
| Fordi dei vil verta ein del av ei større folkemengd | 1           |
| Fordi dei blir usikre                               | 1           |

Tabell 15: Årsaker til knot. Informantane frå jordbrukskulen.

Det er heile 12 informantar som meiner folk knotar fordi dei vert påverka av andre. I tillegg ser me at det også er fem informantar som svarer at folk knotar på grunn av at dei har flytta, og fire som trekker fram at dei trur folk knotar på grunn av påverknad frå media. Nokre av informantane har skrive fleire svar på spørsmålet, slik om denne jenta (J2K9), som nemner alle dei tre formene for påverknad i svaret sitt:

Det er så mykje språkleg påverknad frå alle plassar. Media, og så er det til- og fråflytting. Og på ein plass som Voss, som har så mange vidaregåande skular, kjem det folk frå alle plassar. Og vossingane vert påverka av folk (vener og sånn) og omvendt.

Det at folk knotar som eit resultat av påverknad, er mykje meir synleg i svara til informantane frå jordbrukskulen enn til dei frå gymnaset. Det er berre to informantar frå jordbrukskulen som svarer at dei trur folk knotar for å verta forstått, og to som forklarer knot ut frå personen som knotar sin identitet.

### **6.5.1.3 Informantane frå eldretreffet**

22 av dei eldre informantane har skrive eit svar på kvifor dei trur folk knotar. Svara deira varierer ein god del, slik me ser i tabellen under.

| Kvifor trur du folk knotar?                              | Tal på svar |
|--|-------------|
| For å gjera seg forstått                                 | 6           |
| Synest ikkje eigen dialekt er fin nok/skjemmemst         | 4           |
| Dei er usikre  | 4           |
| Fordi dei trur at andre ikkje forstår dei                | 4           |
| Har lett for å ta etter/påverknad frå andre              | 3           |
| Det skjer ubevisst                                       | 2           |
| For å imponera   | 2           |
| Dei vil at folk skal tru at dei kjem frå ein annan plass | 1           |
| Dei trur dei vert meir populære i byen                   | 1           |

Tabell 16: Årsaker til knot. Informantane frå eldretreffet.

Det er tydeleg fleire av dei eldre informantane enn av dei unge som trur at folk knotar for å gjera seg forstått (seks svar) eller fordi dei trur at andre ikkje forstår dei (fire svar). Det er berre tre informantar her som svarer at folk knotar på grunn av påverknad frå andre, medan to meiner det er noko folk gjer umedvite. Ein god del av dei eldre informantane knyter knot til språkbrukaren sin identitet. Ein eldre mann (EM5) skriv: ”Dei kjenner seg usikre, kanskje underlegne, og meiner å hevda seg på denne måten” og ei eldre kvinne (EK10) trur folk knotar fordi ”dei vil at folk skal tru at dei kjem frå ein annan plass enn Voss, kanskje ein by”.

### **6.5.2 Oppsummering og drøfting**

Samla sett varierer svara til informantane ein del på spørsmålet om kvifor folk knotar. Eg meiner likevel svara kan delast inn tre hovudkategoriar, og desse vil eg kalla *identitet*, *kommunikasjon* og *påverknad*. Nokre av svara er passar godt inn i desse kategoriane, medan andre svar er noko vanskelegare å plassera.

Det er kanskje særleg den fyrste kategorien, *identitet*, som famnar om mange ulike svar på kvifor folk knotar. Nokre informantar trur folk knotar er fordi at personen er usikker og ikkje vil skilja seg ut, medan andre meiner det er fordi folk vil å prøva å vera tøffe eller imponera. Eg meiner desse svara har til felles at dei forklarer knot som ei *identitetshandling*, slik at forholdet mellom språkbruk og identitet kjem tydeleg fram. Det ser slik sett ut til at informantane som har skrive desse svara har ei *integrativ* språkinnstilling (jf. punkt 4.5.2).

I kategorien *kommunikasjon* plasserer eg svara til dei informantane som forklarer årsakene til knot som eit språkleg val folk gjer for å betra kommunikasjonssituasjonen. Dette gjeld då dei svara der informantane skriv at folk knotar som å gjera seg forstått, og også dei svara der informantane forklarer knot med at folk *trur det må til* for å gjera seg forstått. Eg meiner desse svara viser til ei meir *instrumentell* språkinnstilling, og at årsakene til knot vert forklart med eit meir funksjonelt syn (jf. punkt 4.5.2).

Under svarkategorien *påverknad* tek eg med dei svara til informantane som skriv at folk knotar fordi dei vert påverka av andre eller av media, og svara til dei som meiner det er noko som skjer fordi folk har flytta mykje rundt. Eg har også valt å plassera svara ”uvane” og ”det skjer ubevisst” i denne kategorien, fordi eg meiner dei har det til felles med dei andre svara her at språkbrukaren vert forklart som *passiv* i språkbrukssituasjonen. Slik eg forstår desse svara, knotar folk fordi det i hovudsak berre er noko som skjer som ein fylge av påverknad. Motsett forstår eg svara i kategoriane *identitet* og *kommunikasjon* slik at språkbrukaren i større grad er *aktiv sjølv*, og at knot er meir ein medviten språkleg strategi.

Nokre av informantane har skrive fleire svar på spørsmålet, og eg kan ikkje plassera kvar informant innanfor berre éin kategori. Eg har difor her rekna ut prosentvis fordeling av *svar* innanfor dei tre gruppene. Ein del nyansar i svara forsvinn ved at eg deler dei inn i såpass grove kategoriar, men eg meiner denne kategoriseringa av svara likevel kan synleggjera visse tendensar i korleis dei tre gruppene svarer (jf. punkt 6.4.2).




Diagram 2: Årsaker til knot. (jf. tabell 29, vedlegg 1).

Her ser me at svara til informantane frå jordbrukskulen skil seg tydeleg ut frå svara til dei to andre gruppene, og heile 84 prosent av svara deira kan plasserast i kategorien *påverknad*. Gymnaselevane og dei eldre har i større grad same svarfordeling innanfor dei tre kategoriene. Om lag 40 prosent av svara til begge desse to gruppene finn me under kategorien *identitet*, medan det berre er åtte prosent av svara til informantane frå jordbrukskulen som kan plasserast her. Innanfor kategorien *kommunikasjon* er det prosentvis flest svar frå dei eldre informantane og færrest frå informantane frå jordbrukskulen.

Dersom me ser tilbake på korleis informantane svarte at dei reagerer på knot (punkt 6.4), meiner eg at dette til ein viss grad kan setjast i samanheng med kva dei trur er årsakene til at folk knotar. Det er truleg større grunn til å reagera negativt på knot dersom ein reknar det for å vera ei identitetshandling, enn om ein ser på det som ei fylgje av rein påverknad. Informantane frå jordbrukskulen skil seg i så måte ut, og det er kanskje ikkje så rart at mange av dei ikkje reagerer på knot, sidan dei i hovudsak trur folk knotar på grunn av påverknad. Svara til gymnaselevane er ikkje like eintydige, for det er i denne gruppa me finn flest svar i kategorien *identitet* (47,1 %), sjølv om det er om lag like stor prosent av informantane her, i forhold til jordbrukskulen, som svarte at dei ikkje reagerer på knot. Av dei eldre er det ikkje så mange som svarer at folk knotar på grunn av påverknad, men ein god del (37,1 %) trur der det er noko folk gjer for å betra kommunikasjonen. Dette kan me sjå i samanheng med at det også berre var i denne gruppa det var informantar som svarte at dei har forståing for at folk knotar. Nær halvparten av dei eldre informantane vurderer likevel årsakene til knot ut frå

språkbrukaren sin identitet, og det kan truleg vera med på å forklara kvifor så mange av dei eldre svarer at dei reagerer negativt når folk knotar. Det at informantane har ulike oppfatningar av *kvifor* folk knotar, påverkar truleg også synet dei har på *kven* som knotar, og når det skjer. Dette vil eg sjå nærare på i neste delkapittel.

## **6.6 Førestellingar om språkbrukaren og språkbruksituasjonen**

Fram til 1970-talet var det til ein viss grad forventa at folk skulle leggja om dialekten sin i ein del formelle samanhengar, men sidan har me i Noreg opplevd ei haldningsendring i forhold dialektbruk, og det er i dag i stor grad akseptert i bruk dialekt i alle samanhengar (jf. punkt 2. 4.3 og punkt 2.5.1). Dei unge informantane er alle fødde etter dialektreisninga, og har truleg ikkje i stor grad vorte forventa å leggja om dialekten sin. Dei eldre informantane har derimot levd på ei tid då det var meir vanleg at folk la om dialekten, og mange opplevde også eit press til å gjera det (jf. punkt 2.4.1). Det er difor interessant å sjå på om det blant informantane finst felles førestellingar om kven som er den *typiske* knotaren, og vidare i kva grad dei unge og dei eldre informantane har same oppfatningar av i kva situasjoner folk knotar.

I dette delkapitlet vil eg ta føre meg kva informantane svarer på spørsmåla om det er visse typar menneske som knotar meir enn andre (punkt 6.6.1), og om dei trur folk knotar meir i nokre samanhengar enn andre (punkt 6.6.2). Desse to spørsmåla presenterer eg i same delkapittel fordi informantane har til dels like svar på desse to spørsmåla, noko som viser at det er ein nær samanheng mellom dei. Eg vil fyrst gå gjennom dei to spørsmåla kvar for seg, før eg ser på dei samla resultata og drøftar desse (punkt 6.6.3).

### **6.6.1 Er det visse typar menneske som knotar meir enn andre?**

Spørsmål 8 er eit spørsmål om kva førestellingar informantane har av språkbrukaren, og ikkje av sjølve språkbruken. Me har tidlegare sett at fleire av informantane nemnde eigenskapar ved språkbrukaren også då dei svarte på spørsmålet om reaksjonar på knot (punkt 6.4). Der kom det mellom anna fram at nokre informantar meinte språkbrukaren verka usikker og usjølvstendig, og andre oppfatta det slik at folk som knota verka dei ikkje var stolte over heimstaden sin. Her skal me sjå på kva informantane svarer når dei vert spurde direkte om visse *typar* menneske knotar meir enn andre. Nokre av informantane har skrive fleire svar på spørsmålet, og talet på svar er difor noko høgare enn talet på informantar.

#### **6.6.1.1 Informantane frå gymnaset**

14 av informantane frå gymnaset har svart på spørsmålet om dei trur det er visse typar menneske som knotar meir enn andre. I tabellen under ser me dei svarer:

| <i>Er det visse typar menneske du meiner knotar meir enn andre?</i> | Tal på svar |
|---|-------------|
| Ungdom  | 5           |
| Folk som er flaue over dialekten sin                                | 4           |
| Usikre personar   | 3           |
| Samfunnstoppars/forretningsfolk                                     | 3           |
| Folk som er mykje i media   | 2           |
| Folk som har flytta   | 2           |
| Folk som har lett for å ta etter andre                              | 1           |

Tabell 17: Førestellingar om språkbrukaren. Informantane frå gymnaset.

Fem av gymnaselevane peiker indirekte ut seg sjølve som den typen menneske som knotar mest, ved at dei svarer at ungdom knotar meir enn andre. Ein av desse informantane (G2M1) forklarer dette slik:

Unge knotar meir enn gamle. Grunnen kan vera at dei unge er lettare å påverka og at dei lettare tek til seg ting enn dei eldre, som ofte vil halda på det gamle og meiner det er best.

Denne guten meiner at ungdom knotar meir enn eldre, fordi dei har lettare for å verta påverka. Dette synet kjem også fram i svaret til ei jente (G2K10) som skriv: ”Dei gamle held meir fast på den gamle og breie dialekten. Dei unge knotar fordi dei vert påverka og fordi dei har meir behov for forandring.” Det er ut til at desse informantane ikkje skil så klart mellom utvatna dialekt og knot, og det et truleg difor dei meiner at ungdom er dei som knotar mest.

Andre informantar meiner det er folk som er usikre eller flaue over dialekten sin oftast knotar, slik me kan sjå døme på i svaret til ei av jentene (G1K1). Ho skriv:

Usikre folk. Dersom ein er stolt av heimstaden sin og dialekten sin, prøver ein å halda på denne. Dersom ein ikkje er det, prøver ein kanskje å leggja om til eit meir utbreidd talemål.

Vidare er det tre informantar som meiner at det er samfunnstoppars og forretningsfolk som knotar mest, og to trekker fram at det er folk som er mykje i media. Ein del av informantane namngjev også kjende personar for å koma med døme på kven som knotar. Dette er fleire av dei same personane som me såg vart skulda for å knota i punkt 3.6.

#### ***6.6.1.2 Informantane frå jordbrukskulen***

På jordbrukskulen er det 17 av informantane som skrive eit svar på spørsmål 8, og i tabellen under ser me kva førestellingar dei har av kva typar menneske som knotar meir enn andre:

| <b>Er det visse typar menneske som knotar meir enn andre?</b> | Tal på svar |
|---|-------------|
| Ungdom  | 9           |
| Folk frå sentrum  | 5           |
| Folk som ikkje veit betre                                     | 1           |
| Folk som vil vera litt betre enn andre                        | 1           |
| Folk som er usikre  | 1           |
| Folk som er på TV   | 1           |
| Folk som er lett påverkelege                                  | 1           |

Tabell 18: Førestellingar om språkbrukaren. Informantane frå jordbrukskulen.

Det er heile ni av jordbrukskuleelevene som svarer at ungdom er den typen menneske som knotar mest, og fem svarer at det er folk som bur i sentrum. Dette ser ut til å vera den same inndelinga informantane hadde som svar på spørsmålet om variasjon innanfor vossamålet (punkt 6.3.2), der dei skilde mellom aldersgrupper og kvar i bygda folk var busette. Skiljet mellom kva som er utvatna dialekt og kva som er knot ser difor også her ut til å vera glidande. Elles er det nokre få av informantane som trekkjer fram eigenskapar ved språkbrukaren, som at dei som knotar mest er folk som er usikre eller folk som vil vera litt betre enn andre.

#### **6.6.1.3 Informantane frå eldretreffet**

Det er 18 av dei eldre informantane som har skrive eit svar på spørsmålet om det er visse typar menneske som knotar meir enn andre. Svara deira fordeler seg slik:

| <b>Er det visse typar menneske som knotar meir enn andre?</b> | Tal på svar |
|---|-------------|
| Folk som er usikre  | 5           |
| Folk som har lett for å ta etter andre                        | 4           |
| Ungdom  | 2           |
| Folk i offentlege stillingar og i media                       | 1           |
| Folk som er litt dumme i hovudet                              | 1           |
| Folk som ikkje vil vera ved at dei er bondske                 | 1           |
| Folk som vil gjera seg betre enn dei er                       | 1           |
| Folk som ikkje set pris på målet sitt                         | 1           |
| Lærarar   | 1           |
| Hotell- og butikkfolk   | 1           |

Tabell 19: Førestellingar om språkbrukaren. Informantane frå eldretreffet.

Det er fem informantar som svarer at usikre folk knotar meir enn andre, og fire skriv at det er folk som har lett for å ta etter andre. Seks av dei eldre informantane har ikkje har svart på dette spørsmålet, og fleire gjev uttrykk for at det er vanskeleg å svara på. Dei fleste av dei eldre svarer også litt forsiktig, men nokre er likevel krassare, slik som denne kvinnen (EK12):

Eg kjenner folk som har budd på Voss i all si tid, men knotar så ein skulle tru dei kom frå Bergen. Dette er folk som er litt dumme i hovudet. Ikkje berre litt, men mykje.

Det som kanskje er mest interessant med svara til dei eldre, er at det berre er to av informantane som svarer at ungdom knotar meir enn andre. Altså er det mange fleire av dei unge informantane sjølve enn av dei eldre som svarer dette.

### **6.6.2 I kva samanhengar knotar folk mest?**

I spørsmål ni spør eg informantane om dei trur folk knotar meir i nokre samanhengar enn i andre, og i så fall i kva samanhengar dette er. Ein del av svara her liknar det informantane har svart på spørsmålet om *kvifor* dei trur folk knotar. Der svarer informantane med *fordi*, medan mange av svara her startar med *når*. Eg vil difor berre kort kommentera dei svara som kjem fram på dette spørsmålet, før eg ser på dei samla svara på begge spørsmåla i punkt 6.6.3.

#### **6.6.2.1 Informantane frå gymnaset**

Det er dei same 14 informantane frå gymnaset som svarte på spørsmål åtte, som også svarer på spørsmål ni. I tabellen under ser me kva samanhengar dei meinat folk knotar mest i.

| <b>Meiner du at folk knotar meir i nokre samanhengar enn i andre?</b> | Tal på svar |
|---|-------------|
| Når dei snakkar med folk med ein annan dialekt                        | 4           |
| Når dei snakkar med folk som snakkar finare/meir normalisert          | 4           |
| I formelle samanhengar  | 3           |
| Ungdom knotar meir i lag med vener                                    | 3           |
| På tv og i radio  | 2           |
| Når dei snakkar med folk dei ser opp til/folk med høgare status       | 2           |

Tabell 20: Førestellingar om språkbruksituasjonen. Informantane frå gymnaset.

Det er fire informantar som meiner at folk knotar når dei snakkar med folk med ein annan dialekt, og fire andre som svarer at det er når dei snakkar med folk som snakkar finare eller meir normalisert. Desse svara er også forklaringar på *kvifor* folk knotar. Det er berre fem informantar som nemner meir konkrete samanhengar. Tre av desse svarar at folk knotar meir i formelle samanhengar, og to skriv at det er når folk er på tv og i radio.

#### **6.6.2.2 Informantane frå jordbrukskulen**

15 av informantane frå jordbrukskulen har svart spørsmål ni, og svara deira fordeler seg slik:

| <b>Meiner du folk knotar meir i nokre samanhengar enn i andre?</b> | Tal på svar |
|--|-------------|
| Når dei snakkar med folk med ein annan dialekt                     | 6           |
| Når dei er usikre  | 4           |
| Når dei snakkar med folk som ikkje forstår dei                     | 3           |
| Ungdom knotar meir i lag med vener                                 | 2           |
| Når dei snakkar med folk med høg status                            | 1           |
| I butikken   | 1           |

Tabell 21: Førestellingar om språkbruksituasjonen. Informantane frå jordbrukskulen.

Me ser at svara til jordbrukskuleeleverne varierer ein del på dette spørsmålet. Nokon trur folk knotar meir når dei er i lag med vener, medan andre motsett trur det skjer når dei snakkar med folk med høg status. Seks av informantane meiner folk knotar når dei snakkar med folk med ein annan dialekt, og fire svarer at det skjer når folk er usikre. Dette er mykje det same som informantane frå gymnaset også svarte. Ei jente (J2K5) skriv:

Eg trur folk knotar meir når dei er i lag med vener, og særleg om desse kjem frå andre stader. Når dei kjem heim, eller snakkar med eldre folk, kan det hende dei ”skjerpar seg”.

Denne typen svar har truleg samanheng med at mange av informantane frå jordbrukskulen meiner ungdom er dei som knotar mest (jf. punkt 6.6.1.1).

#### **6.6.2.3 Informantane frå eldretreffet**

Dei eldre informantane hadde eit nokså annleis syn enn dei unge på kva typar menneske som knotar mest. Korleis er det då med kva samanhengar dei trur folk knotar meir i? I tabellen under ser eg på svara til dei 21 eldre informantane som har svart på spørsmålet.

| <b>Meiner du folk knotar meir i nokre samanhengar enn i andre?</b> | Tal på svar |
|--|-------------|
| Når dei skal halda tale/delta i debatt                             | 5           |
| Når dei vil vera sikre på å verta forstått                         | 5           |
| Når du snakkar med folk som snakkar finare/byfolk                  | 2           |
| I telefonen  | 2           |
| I jobbsamanheng  | 2           |
| Når dei føler seg utrygge  | 1           |
| Når dei er utanfor sitt eige heimemiljø                            | 1           |
| Når dei vil vera ”høgtidelege”                                     | 1           |
| I butikken   | 1           |
| Når dei snakkar med folk med andre dialektar                       | 1           |

Tabell 22: Førestellingar om språkbrukssituasjonen. Informantane frå eldretreffet.

Fem av informantane svarer at folk knotar meir når dei skal halda tale eller delta i debatt. Det er også fem som meiner at folk knotar i samanhengar der dei vil vera sikre på å verta forstått. Desse svara viser at mange av dei eldre informantane knyter knot opp mot kommunikasjonsfunksjonen til språket. Også svara til dei som meiner folk knotar i telefonen, i jobbsamanheng og i butikken, kan tolkast slik at dei viser til situasjonar der det er viktig å gjera seg forstått. Elles er det også nokre som trekkjer fram at folk knotar meir når dei er utrygge, når dei snakkar dei folk som snakkar finare, eller folk med ein annan dialekt. Desse siste svara liknar meir på dei forklaringane me har sett hos dei unge informantane. Det er likevel ingen av dei eldre informantane som meiner at folk knotar meir når dei er i lag med vener, eit svar me såg hos nokre av dei unge.

### 6.6.3 Oppsummering og drøfting

Informantane i undersøkinga har til dels ulike syn på kven det er som knotar, og i kva samanhengar det skjer. Eg meiner det er vanskeleg å dela svara deira inn i klare kategoriar, og i denne delen kjem eg difor ikkje til å setja opp diagram som viser svarfordeling mellom gruppene. Det er likevel fleire interessante *tendensar* som kjem til syne i svara til informantane, og desse vil eg ta føre meg her.

Samanliknar ein svara til dei unge og dei eldre informantane på spørsmål 8, meiner eg det er mest synlege skilnaden er at til saman 14 av dei unge svarer at ungdom er den typen menneske som knotar mest, medan det berre er to av dei eldre informantane som svarer dette. Det ser altså ut til at dei unge informantane har førestellingar om det er folk på deira eigen alder som er dei 'verste' til å knotar. Det er særleg jordbrukskuleelevarne som ser ut til å assosiera knot med ungdom, medan svara til informantane frå gymnaset ikkje er like eintydige. Rett nok er 'ungdom' det svaret som kjem høgst på lista også her, men gymnaselevane nemner elles samfunntoppar og folk som er i mykje i media, i tillegg til at dei i større grad enn jordbrukskuleelevarne trekkjer fram eigenskapar ved språkbrukaren i svara sine. Slik sett liknar svara til gymnaselevane meir på svara til dei eldre informantane, noko som var tilfellet på spørsmålet om årsaker til knot (punkt 6.5.2).

I punkt 4.4.3 gjorde eg greie for korleis folk kan verta kategoriserte og tillagte spesielle eigenskapar på bakgrunn av mellom anna språkbruk, og at det difor ville vera interessant å undersøkja om det finst stereotype førestellingar om kategorien 'folk som knotar'. På spørsmålet om visse typar menneske knotar meir enn andre, ser me har den eigenskapen som flest trekkjer fram ved språkbrukaren, er at folk som knotar er *usikre*. Til saman ni av informantane svarer dette. Andre eigenskapar som kjem fram i svara til informantane, er at folk som knotar er lett påverkelege, dei er flaue over dialekten og dei vil vera litt betre enn dei er. Dette viser igjen at folk som knotar kan verta tileigna spesielle eigenskapar (jf. punkt 6.4.2), og som me ser, er det *negative* eigenskapar informantane skildrar. Ut frå denne undersøkinga er det vanskeleg å seia at dette er klare stereotype førestellingar, ettersom det trass alt ikkje er så mange informantane som gjev dei same svara. Det ser likevel ut til å vera tydeleg at dersom folk vert kategoriserte på grunn av at dei knotar, er det ved at dei vert tileigna negative, og ikkje positive, eigenskapar (jf. punkt 7.2.3).

Det at informantane har til dels ulike syn på *kven* som knotar, ser ut til å påverka svara deira på *når* folk knotar. Det er store skilnader mellom svara til informantane på spørsmålet om folk knotar meir i nokre samanhengar enn i andre, også innanfor informantgruppene. Om me tek svara til gymnaselevane som døme, er det her tre informantar som meiner at folk

knotar meir i formelle samanhengar, og tre andre som meiner at folk knotar meir når dei er saman med vener. Dette er heilt motsette situasjonar. Den same tendensen finn me hos jordbrukskuleelevarane, der nokre meiner at folk knotar når dei er usikre, medan andre meiner folk knotar saman med vener. Svara til dei eldre informantane passar samla sett betre saman, for dei fleste her viser til meir formelle samanhengar, og til situasjonar der det er viktig å gjera seg forstått. Dette kan tyda dei eldre i stor grad har felles førestellingar om knot, medan svara til dei unge informantane ser ut til å vera til dels motstridande.

Det svaret me finn flest av hos dei unge informantane er at folk knotar i samanhengar der dei snakkar med folk med ein annan dialekt, altså som ei fylgje av påverknad (jf. punkt 6.5.2). Dette kan me truleg sjå i samanheng med at mange at dei unge informantane definerer knot som ei form for dialektblanding (jf. punkt 6.2.2), og at dei altså meiner at ungdom knotar meir enn andre. På dei spørsmåla som gjeld førestillingar om knot, ser det ut til å vera ein tendens til at dei unge, særleg informantane frå jordbrukskulen, ikkje skil klart mellom knot og utvatna dialekt (jf. punkt 6.6.1.2), og at det påverkar synet deira på kven som knotar og i kva samanhengar det skjer. Det er grunn til å tru at dette også kan ha noko å seia for korleis dei unge informantane vurderer sin eigen språkbruk, med tanke på om dei sjølve knotar eller ikkje. Avslutningsvis i dette kapitlet vil eg sjå nærare på informantane si eigenevaluering.

## ***6.7 Evaluering av eige talemål***

Eg har tidlegare presisert at det ikkje er språkbruken til informantane som er studieobjektet i undersøkinga mi, men derimot dei førestellingane dei har om det språklege fenomenet knot (jf. punkt 4.1). Når eg i spørjeskjemaet likevel ber informantane vurdera om dei sjølve knotar eller ikkje, er det fordi eg ynskjer å sjå om det kan vera ein samanheng mellom informantane si eigenevaluering og førestellingane deira om knot (jf. punkt 1.3). I dette delkapitlet vil eg difor starta med å sjå på om informantane meiner at dei knotar sjølve, og kva dei eventuelt meiner er årsakene til at dei knotar (punkt 6.7.1). Deretter vil eg samanlikna svara her med kva informantane trur er årsakene til at andre folk knotar (punkt 6.7.2), og vidare med informantane sine rapporterte reaksjonar på knot (punkt 6.7.3).

### ***6.7.1 Informantane si vurdering av eigen språkbruk***

I det siste spørsmålet i spørjeskjemaet (spørsmål 14) spør eg informantane om dei knotar sjølve. Dette er det einaste spørsmålet som tek føre seg informantane sin eigen språkbruk, og her kan dei velja mellom svaralternativa *svært ofte*, *ganske ofte*, *sjeldan* og *aldri*, og vidare utdjupa kva grunnar dei har for å knota eller ikkje. Det er mange av informantane som har kryssa av på eit svar på dette spørsmålet, også fleire av dei har svarte at dei ikkje kjenner til

omgrepet *å knot*. Svara til dei siste vil eg ikkje ta omsyn til her, fordi eg meiner desse informantane må ha kryssa av tilfeldig. Det kan også tenkjast at dei likevel kjenner til omgrepet *å knot*, sjølv om dei svarte at dei ikkje gjer det, men det kan eg ikkje vita ut frå at dei har sett eit kryss på eit spørsmål med svaralternativ.

Det er til saman 54 av dei informantane som kjenner til omgrepet *å knot*, som har svart på spørsmål 14. Av desse er det 14 informantar frå gymnaset, 18 informantar frå jordbrukskulen og 22 informantar frå eldretreffet. I diagrammet under viser eg svara deira:




Diagram 3: Knotar informantane sjølve? (Jf. tabell 30, vedlegg 1).

Me ser her at svært mange av informantane meiner dei knotar sjølve. Den samla prosenten for dei som svarer *aldri* er faktisk berre 29,6 (jf. tabell 30, vedlegg 1), noko eg meiner er overraskande lågt med tanke på at fleirtalet av informantane svarte at dei reagerer negativt når folk knotar (jf. punkt 6.4.2). Eg meiner det skulle vera naturleg å tenkja seg at dette fleirtalet helst ikkje ville karakterisera språkbruken sin på same måte som fleire av dei tidlegare har forklart som til dømes stygg og irriterande. I den grad informantane skulle gje eit 'urett' svar på spørsmålet om dei knotar sjølve, skulle ein tru at det ville vera til deira fordel, altså at dei aldri knotar.<sup>64</sup> Det er difor overraskande at sjå at nærare 70 prosent av informantane svarer at dei knotar sjølve, og dette kan tyda på at dei har strenge normkrav til eigen dialektbruk. Det er likevel berre éin informant som svarer at han knotar svært ofte, og dei fleste av dei informantane som meiner at dei knotar sjølve, svarer at dei gjer det sjeldan.

Den mest synlege skilnaden mellom dei tre gruppene er den låge prosenten på informantar frå jordbrukskulen som seier at dei aldri knotar. Der er det berre éin elev som gjev dette svaret. Både på gymnaset og blant dei eldre informantane ligg denne prosenten på om lag 40. Svara her kan likevel truleg til ein viss grad forklara ut frå den tendensen me har

<sup>64</sup> Skiljet mellom rapportert og faktisk språkbruk er ikkje eigentleg relevant for undersøkinga mi, ettersom eg er oppteken av kva informantane sjølve meiner om språkbruken sin, ikkje kva folk rundt dei eventuelt skulle meina. Når eg likevel nemner dette, er det fordi fleire språkforskarar meiner at rapportert språkbruk er eit uttrykk for ønskt identitet, medan faktisk språkbruk viser den eigentlege identiteten. Ettersom fleirtalet av informantane reagerer negativt når folk knotar, er det vanskeleg å tenkja seg at det å knota kan vera ein ønskt identitet.

sett til mange av informantane ikkje skil klart mellom utvatna dialekt og knot, og at dei kanskje meiner dei sjølve difor knotar dersom dei ikkje nyttar tradisjonelle dialekttrekk. Denne tendensen var tydelegast i svara til elevane frå jordbrukskulen då dei forklarte kva typar menneske som knotar mest (jf. punkt 6.6.1.2), og det er også jordbrukskuleelevane som skil seg mest ut her ved at 17 av 18 informantar meiner at dei knotar sjølve.

Mange av informantane har skrive eit utdjupande svar på kvifor dei knotar. Det er ikkje fullt så overraskande å sjå at ingen av desse svara kan plasserast i kategorien *identitet*.<sup>65</sup> Alle svara til dei unge informantane som meiner dei knotar sjølve, både dei frå gymnaset (jf. tabell 31, vedlegg 1) og dei frå jordbrukskulen (jf. tabell 32, vedlegg 1), høyrer til i kategorien *påverknad*. Fleire unnskyldar seg med at det berre er noko som skjer av seg sjølv, slik som denne jenta frå gymnaset (G2K2) som meiner ho knotar ganske ofte: ”Eg gjer det ikkje med vilje, men når eg er saman med nokon som snakkar ein annan dialekt blir måten eg snakkar på gradvis påverka.” Ei anna jente (J2K3) forklarer at ho knotar ”fordi mor mi ikkje er vossing, og fordi eg er ganske mykje med folk som kjem frå hennar heimstad”.

Av dei eldre informantane som har skrive eit utdjupande svar på kvifor dei knotar sjølve (jf. tabell 33, vedlegg 1), svarer seks informantar at knotar for å gjera seg forstått, og tre fortel at det er noko som skjer umedvite. I tillegg svarer ein informant (EM3) at han ikkje har noka ”rasjonell grunngjeving” for kvifor han knotar, medan ei kvinne skriv at ho knotar fordi ho ”har lett for å ta etter andre”. Svara deira kan såleis plasserast innanfor kategoriene *kommunikasjon* og *påverknad*.

Det er også fleire av dei informantane som svarer at dei *aldri* knotar som har skrive utdjupande svar. Dei unge informantane grunngjev i hovudsak dette med at dei er stolte av dialekten sin og vil halda på den (jf. tabell 34, vedlegg 1). Av dei eldre informantane som meiner dei aldri knotar, er det mellom anna tre som også er stolte av dialekten sin, to meiner det er unaturleg, og to andre meiner det ikkje trengst fordi dei vert forstått (jf. tabell 35, vedlegg 1). Dei fleste av desse svara meiner eg kan plasserast i kategorien *identitet*. Det ser såleis ut til at fleirtalet av dei som svarer at dei aldri knotar, forklarer dette som eit *medvite* val. Fleirtalet dei som meiner dei knotar sjølve, svarer at det først og fremst er noko som berre skjer, og at det ser ut til at dei fleste av dei endrar språkbruken sin *umedvite*. I tillegg forklarer altså nokre av dei eldre informantane at dei knotar for å betra kommunikasjonssituasjonen.

---

<sup>65</sup> I dette delkapitlet viser eg tilbake til inndelinga av årsaker til knot frå punkt 6.5.2, der eg på bakgrunn av svara til informantane skilde mellom kategoriene *identitet*, *kommunikasjon* og *påverknad*.

### 6.7.2 Eigenevaluering og årsaker til knot

Me har sett at det er eit stort skilje mellom dei årsakene som ligg bak når informantane sjølve knotar, og dei årsakene informantane har for ikkje å knota. Dette skiljet viser seg ved at svara til dei som meiner at knotar, kan plasserast i kategoriane *påverknad* og *kommunikasjon*, medan svara dei om aldri knotar i hovudsak kan plasserast i kategorien *identitet*. Sjølv om eg meiner det er noko uventa at om lag 70 prosent av informantane meiner at dei knotar sjølve (*svært ofte, ganske ofte eller sjeldan*), er det ikkje direkte overraskande at desse informantane ikkje forklarar dette som ei *identitetshandling* (jf. punkt 4.5.2). Det kan difor vera interessant å sjå om det synet informantane har på sin eigen språkbruk, har noko å seia for kva dei trur er årsakene til at *andre* knotar.

I punkt 6.5.2 viste eg korleis svara til dei tre informantgruppene fordelte seg på dei tre kategoriane *identitet*, *kommunikasjon* og *påverknad* på spørsmålet om årsaker til knot. I tabellen under viser eg kva informantane som knotar sjølve meiner er årsakene til at andre knotar.<sup>66</sup> Ettersom det var nokre av informantane som gav fleire svar på spørsmålet om årsaker til knot (jf. punkt 6.5.2), viser eg i tabellen til talet på svar, ikkje talet på informantar.

| <b>Kvifor du folk knotar? Svara til informantane som meiner dei sjølve knotar.</b> |           |         |               |         |           |         |
|--|-----------|---------|---------------|---------|-----------|---------|
|  | Identitet |         | Kommunikasjon |         | Påverknad |         |
|  | Svar      | Prosent | Svar          | Prosent | Svar      | Prosent |
| Voss gymnas (9)  | 2         | 22,2%   | 2             | 22,2%   | 5         | 55,6%   |
| Voss jordbr.sk. (24)   | 2         | 8,3%    | 2             | 8,3%    | 20        | 83,3%   |
| Eldre (18)   | 7         | 38,9%   | 7             | 38,9%   | 4         | 22,2%   |
| Samla (51)   | 11        | 21,6%   | 11            | 21,6%   | 29        | 56,8%   |

Tabell 23: Årsaker til knot. Informantane som knotar sjeldan, ganske ofte eller svært ofte.

Me ser at samla sett kan heile 56,8 prosent av desse svara plasserast i kategorien *påverknad*. Den høge prosenten av svara til jordbrukskuleelevarne innanfor denne kategorien er med på å auka denne prosenten, men me ser at også svara frå gymnaset kjem på 55,6%. Av svara til dei eldre informantane er det berre 22,2% som høyrer til i kategorien *påverknad*, medan prosenten ligg på 38,9 både i kategorien *identitet* og *kommunikasjon*. Det er også to av svara til informantane frå gymnaset og jordbrukskulen som kan plasserast i kategorien *identitet*.

<sup>66</sup> I etterkant av undersøkinga har eg kome fram til at spørsmål 14, om informantane knotar sjølve, heller burde hatt svaralternativa *ja* og *nei*, der informantane under svaret *ja* kunne presisert kor ofte dei meinte at dei sjølve knota. Slik eg ser det, kan det tenkjast at nokon av dei som svarer *sjeldan*, kanskje heller ville svart *nei*, dersom skiljet mellom *å knota eller ikkje* var tydelegare i spørsmålet. I den delen der informantane skulle skriva eit utdjupande svar, skilde eg i spørsmålsformuleringa berre mellom dei som knota og dei som ikkje gjorde det (sjå vedlegg 2), og slik sett er det likevel grunn til å tru at informantane til ein viss grad kan ha oppfatta spørsmålet meir som *enten – eller*. Dersom eg skulle laga spørjeskjemaet på nytt, ville eg ha gjort dette skiljet klarare.

Dei informantane som meiner at dei aldri knotar sjølve, ser ut til å ha eit litt anna syn på kvifor andre folk knotar. Dette viser eg i tabellen under:

| <b>Kvifor trur du folk knotar? Svara til informantane som meiner dei aldri knotar.</b> |           |         |               |         |           |         |
|--|-----------|---------|---------------|---------|-----------|---------|
|  | Identitet |         | Kommunikasjon |         | Påverknad |         |
|  | Svar      | Prosent | Svar          | Prosent | Svar      | Prosent |
| Voss gymnas (8)  | 6         | 75%     | 2             | 25%     | 0         | 0%      |
| Voss jordbr.sk. (1)  | 0         | 0%      | 0             | 0%      | 1         | 100%    |
| Eldre (9)  | 5         | 55,6%   | 3             | 33,3%   | 1         | 11,1%   |
| Samla (18)   | 11        | 61,1%   | 5             | 27,8%   | 2         | 11,1%   |

Tabell 24: Årsaker til knot. Informantane som *aldri* knotar.

Samla sett er det berre 11,1% av svara til desse informantane som kan plasserast under *påverknad*. Det er som me har sett (punkt 6.7.1), berre éin informant frå jordbrukskulen som meiner han aldri knotar, og det er difor ikkje nok til å trekkja slutningar om denne informantgruppa. Derimot ser me at hovuddelen av svara til informantane frå gymnaset og eldretreffet kan plasserast i kategorien *identitet*. Det ser såleis ut til at det er ein klar samanheng mellom informantane si eigenevaluering og kva dei trur er årsakene til at andre knotar. For å synleggjera dette, set eg opp dei samla svara i diagrammet under.




Diagram 4: Årsaker til at andre knotar. Jf. tabell 23 og tabell 24.

Fleirtalet at dei informantane som meiner dei aldri knotar, trur altså at andre folk knotar av ulike grunnar knytt til identiteten deira. Fleirtalet av dei som meiner dei knotar sjølve (*svært ofte, ganske ofte eller sjeldan*), trur derimot at andre knotar på grunn av påverknad.

### 6.7.3 Eigenevaluering og rapporterte reaksjonar på knot

Me har sett at det ser ut til å vera ein samanheng mellom korleis informantane vurderer si eiga språkbruk, og kva dei trur er årsakene til at folk knotar. Det kan difor også tenkjast at det vil vera ein tilsvarende kopling mellom informantane si eigenevaluering, og dei reaksjonane dei har når dei høyrer folk som knotar. Er det slik at dei som meiner dei knotar sjølve, også

reagerer mindre når andre knotar? Og motsett at dei som meiner dei aldri knotar, er meir kritiske til knot? Desse spørsmåla vil eg sjå nærare på i dette delkapitlet.

I punkt 6.4.2 sette eg opp ein oversikt over korleis informantane svarer at dei reagerer på knot, der eg delte svara inn i kategoriane *negativ reaksjon*, *ingen reaksjon* og *tolerant reaksjon*. Desse svara vil eg her samanlikna med svara informantane gjev på om dei knotar sjølv. I fyrste omgang har eg valt å berre dela inn informantane etter om dei sjølv knotar eller ikkje, slik som i punkt 6.7.2. I diagrammet viser eg dei samla svara til informantane.




Diagram 5: Reaksjonar på knot. Svara til informantane som knotar, og informantane som aldri knotar. (Jf. tabell 36 og tabell 37, vedlegg 1.)

Me ser at det fleirtalet at dei informantane som meiner dei aldri knotar, reagerer negativt på knot. Det er berre to av desse informantane som svarer at dei ikkje bryr seg når folk knotar (jf. tabell 37, vedlegg 1). Dette meiner eg stemmer godt me det ein skulle tru, nemleg at dei informantane som meiner dei sjølv ikke knotar, også reagerer negativt når andre knotar. Det er noko meir overraskande at heile 57, 7 prosent av informantane som meiner dei knotar sjølv, uttrykkjer at dei har negative haldningar til knot (jf. tabell 36, vedlegg 1). Det gjev meir mening at 11 av dei 13 informantane i kategorien *ingen reaksjon*, svarer at dei knotar sjølv. Dei tre informantane i kategorien *tolerant reaksjon*, svarer også at dei knotar sjølv.

Slik eg ser det, er det særleg dei informantane som meiner dei knotar sjølv, men samstundes svarer at dei reagerer negativt på knot, som bryt med kva ein kunna venta seg at informantane skulle svara. Samanhengen mellom eigenevaluering og rapporterte reaksjonar på knot er difor ikkje heilt klar. Dei fleste av informantane som knotar sjølv, men også reagerer negativt på knot, svarer at dei knotar *sjeldan* (jf. tabell 38, vedlegg 1). Motsett svarer fleirtalet av informantane som ikkje bryr seg om knot, at dei knotar *ganske ofte*. Slik sett kan det likevel sjå ut til å vera ein tendens til at dei informantane som meiner dei sjølv knotar *ganske ofte*, i mindre grad reagerer på knot enn dei som meiner dei knotar *sjeldan* eller *aldri*.

# 7 DRØFTING AV HOVUDRESULTAT, METODE OG TEORI

## 7.1 Innleiing

Utgangspunktet for spørjeundersøkinga var å finna ut korleis folk definerer omgrepene *å knota*, og kva førestellingar dei har om den språkbruken dei reknar for å vera knot (jf. punkt 1.3). Eg nytta ei folkelingvistisk tilnærming for å få svar på denne hovudproblemstillinga, ved å spørja informantane direkte om deira syn på ulike sider av det språklege fenomenet knot. I dette kapitlet vil eg gjera greie for hovudtendensane i resultata frå spørjeundersøkinga (punkt 7.2). Vidare vil eg evaluera metoden og dei teoretiske tilnærmingane (punkt 7.3), før eg til sist vurderer overføringsverdien av resultata (punkt 7.5). I dette kapitlet tek eg berre føre meg resultata frå spørjeundersøkinga. I kapittel åtte avrundar eg avhandlinga med å sjå på korleis spørjeundersøkinga, saman med granskinga av skriftlege kjelder og presentasjonen av den språkhistoriske ramma, har vore med på å gje innsikt i fenomenet knot.

## 7.2 Hovudtendensar i resultata frå spørjeundersøkinga

Ut frå hovudproblemstillinga for prosjektet formulerte eg fire underproblemstillingar som eg ynskte å få svar på i spørjeunderundersøkinga (jf. punkt 1.3). I dette delkapitlet vil eg ta opp igjen desse problemstillingane frå innleiingskapitlet, og drøfta hovudtendensar i resultata knytt til kvar underproblemstilling. Eg vil starta med å sjå på informantane si avgrensing av knot (punkt 7.2.1), og deretter ta føre meg haldningar til knot (punkt 7.2.2) og førestellingar om språkbrukaren (punkt 7.2.3). Til sist vil eg koma inn på forholdet mellom informantane si eigenevaluering og førestellingane deira om knot (punkt 7.2.4).

### 7.2.1 Avgrensing av knot

Den fyrste underproblemstillinga for spørjeundersøkinga var denne: *Korleis definerer informantane omgrepene å knota, og kvar meiner dei grensa går mellom dialekt og knot?* Bakgrunnen for å stilla desse spørsmåla var eit ynske om å både undersøkja generelle definisjonar av omgrepene *å knota*, og også å få nærmare innsikt i informantane sine meir spesifikke avgrensingar av knot ut frå normene for vossadialekten.

Informantane i undersøkinga definerer i hovudsak omgrepene *å knota* på to måtar (jf. punkt 6.2.2).<sup>67</sup> Den fyrste definisjonen er at knot er ei form for *dialektblanding*, og denne er mest nytta av dei unge informantane. Den andre definisjonen er at å knota er å *snakka finare*, i retning bymål eller bokmål, og denne er klart mest synleg i svara til dei eldre informantane. Det ser såleis ut til å vera ein tendens til at dei eldre informantane i større grad enn dei unge

<sup>67</sup> I dette delkapitlet vil eg berre drøfta svara til dei informantane som kjende til omgrepene *å knota*. I punkt 8.2 vil eg koma inn på dei som ikkje kjende til omgrepet, i samband med at eg drøftar framtida til omgrepene *å knota*.

tenkjer på den *sosiale dimensjonen* ved knot i definisjonane sine, og det er grunn til å tru at det kan setjast i samanheng med den tida informantane har vakse opp i. I punkt 2.4 gjorde eg greie for at kravet til å normalisera talemålet i til dømes formelle situasjoner, var mykje større før dialektreisinga på 1970-talet enn det er i dag. Auka mobilitet, språkleg regionalisering og det at dei sosiale skilja i folket har vorte mindre, har ført til at motsetnaden mellom dialektar og eit *finare talemål* ikkje lenger er like klar. Eg meiner desse endringane i den norske språksituasjonen kjem til syne i svara til informantane, ved at dei fleste unge ser på knot som blanding av dialektar. Dei unge informantane har truleg i mykje mindre grad enn dei eldre sjølve opplevd å måtte leggja om til normalisert talemål i bestemte situasjoner, og dei har kan hende heller ikkje klare førestellingar om kva eit finare talemål er. Det kan vera årsaka til at fleirtalet av dei unge informantane ikkje trekkjer fram den sosiale dimensjonen ved knot.

Dei unge og dei eldre informantane har same syn på kva som kjenneteiknar den *typiske* vossadialekten, og dei trekkjer i hovudsak fram tradisjonelle språklege trekk (jf. punkt 6.3.1). Vidare meiner alle informantane, med eitt unntak, at det finst variasjon innanfor grensene til vossadialekten, og dei utfyllande svara deira viser at dette er noko dei er medvitne om, og opptekne av (jf. punkt 6.3.2). Det ser også ut til at informantane har felles oppfatningar av at dei tradisjonelle trekka i vossadialekten er meir *ekte* enn dei moderne språktrekka, og at ungdom og folk frå sentrum såleis snakkar eit meir *utvatna* vossamål. Medan dei tradisjonelle dialekttrekka ut frå undersøkinga slik sett ser ut til å vera konstituerande for kva som er *ekte* vossamål (jf. punkt 6.3.4), er skiljet mellom knot og *utvatna* dialekt meir glidande. Når informantane skal prøva å skildra språkbruken til ein vossing som knotar, nemner fleire dei same språklege trekka som kom fram som *utvatna* dialekt (jf. punkt 6.3.3). Resultata frå undersøkinga viser likevel ein tendens til at dei døma informantane gjev på knot ut frå normene til vossadialekten, er språklege trekk som vert oppfatta som enten bergensk eller meir generelt som *bokmål* (jf. punkt 6.3.3). Det gjeld både dei enkeltorda informantane nemner, og dei setningane dei skriv for å 'imitera' knot.

Undersøkinga har vist at informantane er medvitne om skilnader i dialektbruk på Voss, men at dei har vanskar med å gje *konkrete* døme på språkbruken til vossingar som bryt dialektnormene og knotar (jf. punkt 6.3.3). På den eine sida kan me tenkja oss at det har å gjera med at informantane manglar eit omgrepssapparat, og dermed ikkje har tilstrekkeleg språkleg medvit til å skildra den språkbruken dei reknar for å vera knot. På den andre sida kan dette vera eit resultat som viser at informantane ikkje har førestellingar om at det finst ei klar grense mellom dialekt og knot. Det kan i så fall forklara kvifor skiljet mellom *utvatna* dialekt og knot er glidande i svara til informantane. Fleire av informantane skriv at dei reagerer på

knot fordi dei høyrer at det er noko som er feil eller unaturleg (jf. punkt 6.4). Slik eg ser det, vil det som gjer at språkbruken vert oppfatta som rar eller unaturleg, truleg variera mellom ulike personar og situasjonar, på den måten at dei språklege trekka som i nokon sitt talemål vert knot, for andre ikkje vil vera det. Informantane i undersøkinga gjev uttrykk for at dei veit kva knot er når dei høyrer det, men den språkbruken dei reknar for å vera knot, høyrest kanskje ikkje lik ut kvar gong. Det kan vera årsaka til at det er lettare for informantane å gjera greie for variasjon innanfor vossadialekten enn å skildra språket til ein vossing som knotar.

### 7.2.2 Haldningar til knot

Den andre underproblemstillinga for spørjeundersøkinga var: *Korleis reagerer informantane når folk knotar?* Tilnærminga mi her var å undersøkja informantane sine sjølvrapporterte reaksjonar, og gjennom desse få innsikt i *haldningane* deira til knot.

Resultata frå undersøkinga viser at fleirtalet av informantane reagerer negativt når dei høyrer folk som knotar (jf. punkt 6.4.2). Nokre uttrykkjer dette med å visa kva kjensler dei får når dei høyrer knot, medan andre forklarer korleis dei evaluerer sjølve språkbruken. Vidare er det fleire av informantane som skildrar reaksjonane sine med å visa til kva eigenskapar dei trur språkbrukaren har. Her kjem det fram at knot kan verta oppfatta som eit uttrykk for at folk er usikre, usjølvstendige eller at dei ikkje er stolte over heimstaden sin. Dette viser at folk som knotar, kan verta tillagte spesielle eigenskapar, og at det å knota framleis kan oppfattast som eit brot på bygdesolidariteten. Eigenskapar ved språkbrukaren kjem berre til syne i svara til dei informantane som reagerer negativt på knot. I den grad knot fører til ei kategorisering av språkbrukaren, er det altså ved at språkbrukaren vert tileigna *negative eigenskapar*. Med tanke på den rolla nedvurderinga av knot tidlegare har spelt i det norske språksamfunnet (jf. kapittel 2), er dette ikkje eit direkte overraskande resultat.

Eit kanskje meir uventa resultat frå undersøkinga er at om lag 40 prosent av dei unge informantane svarer at dei ikkje bryr seg når folk knotar (jf. punkt 6.4.2). Det er, som eg har vist, ingen av dei eldre informantane som svarer dette. Eg meiner ikkje desse svara kan tolkast som uttrykk for *positive* haldningar til knot, men dei viser at nedvurderinga av knot er mindre tydeleg hos dei unge enn hos dei eldre informantane. Dette kan truleg forklarast ut frå at dei unge informantane i hovudsak ser på knot som ei dialektblanding, utan å trekkja fram den sosiale dimensjonen ved å leggja om til eit *finare* talemål. Motsett er det vel 20 prosent av dei eldre informantane som svarer at dei har forståing for at folk knotar (jf. punkt 6.4.2). Ingen av dei unge informantane kjem inn på dette i svara sine. Skiljet mellom dei unge og dei eldre sine haldningar til knot er såleis mest synleg blant dei informantane som *ikkje* svarer at dei

reagerer negativt når folk knotar. Det er berre blant dei eldre informantane me finn svar som kan plasserast i kategorien *tolerant reaksjon*, og det er altså berre svar frå dei unge informantane som kan verta kategoriserte som *ingen reaksjon* (jf. punkt 6.4.2).

### 7.2.3 Førestellingar om språkbrukaren

Den tredje underproblemstillinga formulerte eg slik: *Kva trur informantane er årsakene til at folk knotar? Kva oppfatningar har dei av kven som knotar, og i kva samanhengar det skjer?* Bakgrunnen for å stilla desse spørsmåla var at eg ynskte å gå nærmare inn på kva førestellingar folk har om sjølve språkbrukaren.

Det er i hovudsak tre årsaker informantane trur ligg bak når folk knotar. Desse har eg valt å kalla *identitet*, *kommunikasjon* og *påverknad* (jf. punkt 6.5.2). Nokre av informantane trekkjer fram alle tre årsakene, men dei fleste nemner berre éin. Svara til dei eldre informantane og gymnasieleverne fordeler seg relativt likt på desse tre svarkategoriene, medan informantane frå jordbrukskulen skil seg klart ut ved at over 80 prosent trur folk knotar som ei fylgje av påverknad. Dette resultatet kan me sjå i samanheng med at jordbrukskuleeleverne er dei som også i størst grad meiner at ungdom og folk i sentrum knotar mest, og det verkar såleis som om dei ikkje skil mellom utvatna dialekt og knot (jf. punkt 6.6.3, punkt 7.2.1). Dette er ein tendens også i svara til gymnasieleverne, men her er det ikkje like tydeleg. Av dei eldre informantane er det berre to som trekkjer fram at ungdom knotar meir enn andre, og dei fleste nemner i staden eigenskapar ved *knotaren* på spørsmålet om *kven* som knotar. Det ser dermed ut til at dei unge informantane har ei førestelling om at ungdom knotar mykje, utan at dei eldre deler dette synet. Ei forklaring på kvifor det er slik, kan vera nettopp det at dei unge i hovudsak ser på knot som ei dialektblanding, og også at fleire av dei ikkje ser ut til å skilja mellom utvatna dialekt og knot (jf. punkt 7.2.1). Fleire av dei eldre informantane har eit anna syn på kva knot er, og det er truleg ikkje like relevant å vurdera språkbruken til ungdommen som knot, dersom ein reknar knot for å vera forsøk på å snakka *finare*. Dei trekkjer heller fram at folk som knotar, til dømes er usikre eller lett påverkelege. Dette er svar me også finn hos dei unge informantane, men det kan vera grunn til å tru at dei særleg tenkjer på *ungdom* som er usikre eller lett påverkelege i svara sine.

Ut frå svara på underproblemstillinga over er det vanskeleg å slå fast at det finst klare stereotype førestellingar om folk som knotar. Det har samanheng med at det blant informantane altså er ulike oppfatningar av *kven* som knotar, og *når* det skjer (jf. punkt 6.6.2). Fleire av informantane kjem med døme på eigenskapar ved språkbrukaren på spørsmålet om visse *typar* menneske knotar meir enn andre. Ut frå denne undersøkinga meiner eg det er noko

problematisk å konkludera med at dette er tydelege stereotypiar, ettersom det ikkje er så mange av informantane som gjev dei same svara. Likevel er det, slik det også var på spørsmålet om reaksjonar på knot (jf. punkt 7.2.2), berre negative eigenskapar som vert trekte fram. Dette tyder på at dei som ikkje bryr seg noko særleg om knot, heller ikkje bryr seg om eigenskapane til *knotaren*. Difor er det berre negative eigenskapar som kjem til syne i svara, sjølv om ikkje alle informantane viser til denne kategoriseringa av folk som knotar.

#### 7.2.4 Eigenevaluering

Den siste underproblemstillinga for spørjeundersøkinga var denne: *Meiner informantane sjølve at dei knotar? Er det ein samanheng mellom eigenevaluering og førestellingar om knot?* Her ynskte eg å undersøkja om det synet folk har på om dei knotar sjølve, kan ha noko å seia for korleis dei vurderer andre sin språkbruk.

Av informantane i undersøkinga er det noko overraskande berre 30 prosent som meiner at dei aldri knotar sjølve, medan dei andre informantane svarer at dei knotar *sjeldan* eller *ganske ofte* (jf. punkt 6.7.1). Informantane frå jordbrukskulen skil seg ut ved at berre éin informant her svarer at han aldri knotar. Prosentvis svar blant gymnaselevane og dei eldre informantane i svarkategorien *aldri* ligg på om lag 40 prosent i begge gruppene (jf. punkt 6.7.1). Dei utdjupande svara til dei informantane som meiner at dei aldri knotar, kan i hovudsak plasserast i kategorien *identitet*, ved at dei til dømes svarer at dei aldri knotar fordi dei er stolte av dialekten og av heimstaden sin (jf. punkt 6.7.1). Årsakene informantane svarer dei har for å knota sjølve, kan derimot berre plasserast innanfor svarkategoriane *påverknad* og *kommunikasjon*. For dei unge informantane er det at dei knotar noko som berre skjer som ei fylgle av at dei vert påverka av andre, medan ein del av dei eldre også trekkjer fram at dei knotar for å gjera seg forstått (jf. punkt 6.7.1).

Når det gjeld samanhengen mellom eigenevaluering og førestellingar om knot, er det ein klar tendens til at fleirtalet av svara til dei informantane som meiner det dei knotar sjølve kan plasserast i kategorien *påverknad*. Fleirtalet av svara til dei som meiner dei aldri knotar, kan derimot plasserast i svarkategorien *identitet* (jf. punkt 6.7.3). Dette kan tyda på at informantane har vurdert sin eigen språkbruk i svara på kva dei trur er årsakene til at folk knotar. Eg meiner dette er særleg synleg i svara til jordbrukskuleelevane. Heile 17 av 18 informantar her meiner at dei knotar sjølve, og fleirtalet trur at også andre, særleg ungdom, knotar på grunn av påverknad (jf. punkt 6.5.2 og punkt 6.6.3).

Samanhengen mellom rapporterte reaksjonar og eigenevaluering er ikkje like eintydig, for det er mange av informantane som meiner at dei sjølve knotar, men som samstundes

svarer at dei reagerer negativt på knot (jf. punkt 7.2.4). Fleirtalet av desse svarer likevel at dei knotar *sjeldan*. Eit meir tydeleg resultat er at nærare 90 prosent av dei som meiner dei aldri knotar sjølve, svarer at dei reagerer negativt på knot. Vidare meiner så godt som alle informantane som gjennom svara sine kan plasserast i kategoriane *ingen reaksjon* og *tolerant reaksjon*, at dei knotar sjølve.

### **7.3 Evaluering av metode og teoretiske tilnærmingar**

I undersøkinga nytta eg eit spørjeskjema for å samla inn data. Utgangspunktet for å gjera det var eit ynske om å ha mange informantar, slik at eg kunne undersøkja i kva grad det finst felles førestellingar om fenomenet knot (jf. punkt 5.2.1). Med tanke på at det ikkje tidlegare har vore gjennomført systematiske undersøkingar av knot, og eg dermed ikkje hadde andre resultat å støtta meg til, meiner eg dette var ein føremålstenleg metode for prosjektet mitt.

Resultata frå undersøkinga har vist at dei unge og dei eldre informantane har til dels *ulike* definisjonar av omgrepet *å knota*, og at dei dermed også har ulike førestellingar om språkbrukaren. Motsett ser det ut til at dei har svært *like* normoppfatningar av vossadialekten, og dei døma dei gjev på knot ser også ut til å vera samsvarande. Dette er tendensar som ikkje ville ha kome til syne ved å ha få informantar i undersøkinga. Gjennom å nytta eit spørjeskjema har eg ikkje hatt høve til å få utdypande svar frå informantane, men som eit fyrste steg i retning av å få innsikt i det språklege fenomenet knot, meiner eg at ei gruppebasert undersøking som dette har vore ei fruktbar tilnærming. Resultata frå undersøkinga kan seinare leggjast til grunn for å gjennomføra meir kvalitative granskinger med færre informantar, der ein på kan gå nærmare inn på den enkelte informant sitt syn på knot.

I definisjonsdelen av spørjeundersøkinga meiner eg at bruk av eit spørjeskjema var ein klar fordel. På denne måten fekk eg korte definisjonar frå informantane, og mine eigne oppfatningar av knot kan ikkje ha påverka svara deira. I ein intervjustituasjon ville det truleg vore ein sjanse for at me *saman* hadde kome fram til ein definisjon (jf. punkt 6.1.1), særleg dersom informantane var i tvil om tydinga av omgrepet. Når det gjeld informantane sine *førestellingar* om knot, meiner eg det er større grunn til å diskutera både fordeler og ulemper ved innsamlingsmetoden. Mange av informantane skreiv korte svar på spørsmåla, og det har vore opp til meg å tolka og kategorisera desse. Dette kan ha ført til at eg i nokre tilfelle kan ha misforstått svara deira. I ein intervjustituasjon ville det ha vore større rom for at informantane kunne forklart meir inngående kva dei meiner om ulike sider av fenomenet knot. Det kunne vore særleg interessant å få meir utfyllande svar på kva språkbruk som faktisk vert rekna som knot. Dette er eit spørsmål som eg trur det ville vore lettare for informantane å svara på

munnleg. Likevel har undersøkinga vist at vanlege folk er i stand til å skildra språkbruk skriftleg, sjølv om dei nyttar eit anna, og mindre detaljert, omgrevsapparat enn lingvistane.

Det teoretiske rammeverket for undersøkinga mi har vore å nytta ei folketingvistisk tilnærming for å få innsikt i det språklege fenomenet knot. Omgrepene *å knota* er i utgangspunktet eit folkeleg omgrep (jf. punkt 1.4), og eg har undersøkt fenomenet ved å spørja vanlege folk direkte om deira definisjonar og førestellingar. Undersøkinga har vist at knot er eit språkleg emne mange er opptekne av, og folketingvistiske teoriar knytt til *medvitsnivået* til ikkje-lingvistar har vore nyttige i drøftinga av korleis informantane skildrar vossadialekten og knot (jf. punkt 6.3.4, Preston 1996). I eit folketingvistisk perspektiv meiner eg at informantane sine forsøk på å skildra knot, er særleg interessante. Som me har sett (punkt 6.3.3), nyttar informantane ulike strategiar for å gjera greie for kva dei reknar som knot, mellom anna ved å trekkja fram enkeltord og skrive heile setningar for å 'imitera' knotting skriftleg. Sjølv om informantane ser ut til å ha problem med å svara på spørsmålet om korleis ein vossing som knotar snakkar (jf. punkt 7.2.1), og også manglar eit detaljert omgrevsapparat, kan ein difor vanskeleg seia at dei ikkje er *medvitne* om dialektbruk og knot.

Arbeidsdefinisjonen for undersøkinga mi var at knot er eit brot på *dialektnormene* (jf. punkt 1.4), og eg viste i kapittel to at dette er eit språklege fenomen som det i Noreg har vore knytt negative *haldningar* til. I denne avhandlinga har eg på grunn av dette lagt vekt på å gjera greie for teoriar om språkhaldningar (jf. punkt 4.3) og språknormer (jf. punkt 4.4). Desse teoretiske tilnærmingane har fyrst og fremst vore rammer for å få innsikt i fenomenet knot, meir enn dei har vore praktiske reiskapar i analysen av resultata. Eg har difor ikkje drøfta sjølve norm- eller haldningsomgrepet inngåande i samband med resultata. Verdien av å studera knot i høve til haldningar og normer har likevel vore ei viktig, og naudsynt, tilnærming for undersøkinga, ettersom eg meiner fenomenet knot må forklarast ut frå kva haldningar folk har, og har hatt, til det å bryta dialektnormene.

## 7.4 Overføringsverdien av resultata

Målet for spørjeundersøkinga var å studera vanlege folk sitt syn på ulike sider av fenomenet knot. For å kunne gjera dette på ein best mogleg måte, valde eg å gjennomføra undersøkinga på éin geografisk stad. Eg har tidlegare gjort greie for at dette valet hadde samanheng med at eg meiner knot må forklarast ut frå brot på bestemte dialektnormer (jf. punkt 1.4), og at dei språklege kriteria for kva kjenneteiknar knot, truleg vil variera mellom ulike stader, situasjonar og personar (jf. punkt 5.3.2, punkt 4.1). Eg meiner difor det var føremålstenleg å ha informantar som var busette på same staden, for å ha eit grunnlag for å kunna samanlikna

og drøfta dei svara som kom fram. Eit viktig spørsmål i etterkant av undersøkinga er såleis om resultata er gyldige for andre enn sjølve informantane. Har denne undersøkinga ført til ei ny innsikt i fenomenet knot, og kan dei spesifikke svara seiast å ha generell overføringsverdi?

Det er vanskeleg å påstå at dei meiningsane informantane har om fenomenet knot, er representative for *alle* nordmenn. Det finst ikkje tidlegare undersøkingar som kan støtta eller avkrefta om resultata frå undersøkinga er generelle, og det trengst meir forsking på emnet før ein kan trekka konklusjonar om allmenngyldige førestellingar om knot. Likevel meiner eg undersøkinga har ein klar verdi innanfor språkstudiet. Den folkelingvistiske tilnærminga har vist at informantane er medvitne om, og opptekne av, dialektbruk og knot, og dei nyttar ulike strategiar for å gjera greie for språklege trekk. Det er grunn til å tru at tendensen til at informantane har vanskelegare for å gjera greie for knot enn dialektbruk, er ein noko som vil koma til syne også i eventuelle framtidige undersøkingar av knot. Vidare meiner eg at syna informantane har på kvifor folk knotar, som eg har kategorisert som *identitet*, *kommunikasjon* og *påverknad*, truleg representerer allmenne oppfatningar av knot, sjølv om prosentvis fordeling mellom desse svara kan visa seg å verta annleis i andre undersøkingar. Det same gjeld informantane sine reaksjonar på knot, der me har sett eit skilje mellom *negativ reaksjon*, *ingen reaksjon* og *tolerant reaksjon*. Med tanke på at omgrepene *å knota* tidlegare i hovudsak har vore nytta i negativt ladd tyding, er det grunn til å tru at det kan vera ein generell tendens når ingen av informantane skildrar *positive* reaksjonar på knot.

Eit interessant resultat frå undersøkinga er skiljet mellom dei unge og eldre når det gjeld definisjonar av knot og oppfatningar av kven som knotar. Hos dei eldre informantane er den sosiale dimensjonen ved knot synleg i svara, medan dei unge i større grad ser på knot som ei dialektblanding, og dei meiner ungdommen sjølv er det verste til å knota. Ut frå dei språklege endringane som har kome i Noreg etter dialektreisinga på 1970-talet, meiner eg dette er eit resultat som ein kan venta å finna mellom unge og eldre også andre stader i landet. Det same gjeld såleis truleg tendensen til at dei unge er mindre negative til knot enn dei eldre.

Undersøkinga vart gjennomført på Voss, som er ein gjennomsnittleg tettstad på Vestlandet. Informantane knytte i hovudsak knot opp mot påverknad frå Bergen, som er den nærmeste storbyen. Eg meiner det er grunn til å tru at synet på knot som ei språkleg tilnærming til *bymål* eller *bokmål*, er eit resultat som kan representera allmenne førestellingar om knot. Det har samanheng med den språkhistoriske konteksten for knot eg presenterte i kapittel to, der eg gjorde greie for at det å knota har vore rekna som språkleg tilpassing til eit finare eller normalisert talemål. I den grad folk i Noreg i dag assosierer noko med eit normalisert talemål i dag, er det truleg i hovudsak nettopp ein bokmålsbasert uttale.

## 8 AVSLUTNING

### 8.1 Større innsikt i det språklege fenomenet knot?

Målet med dette prosjektet har vore å få innsikt i det språklege fenomenet knot. Eg har arbeidd ut frå ei hovudproblemstilling om å undersøkja korleis omgrepene å *knota* vert definert, og kva førestellingar som knyter seg til dette språklege fenomenet (jf. punkt 1.3).

Hovuddelen av avhandlinga har vore knytt til spørjeundersøkinga (kapittel 4–7). Granskinga av skriftlege kjelder (kapittel 3) og den språkhistoriske ramma for knot (kapittel 2) har vore mindre delar, men likevel viktige for heilskapen fordi dei har vore med på å gje ei større innsikt i fenomenet knot. Utan å plassera knot i ein språkhistorisk kontekst ville det vore vanskeleg å undersøkja kva som ligg i omgrepene å *knota* i dag, og denne delen har difor vore eit grunnlag for å forstå resultata frå granskinga av dei skriftlege kjeldene og spørjeundersøkinga. Gjennom granskinga av dei skriftlege kjeldene har det kome fram korleis tydinga av omgrepene å *knota* har endra seg dei siste tre hundre åra, og korleis fenomenet knot har vorte definert og forklart av språkforskarane og vanlege folk. Denne delen har vist korleis knot har vorte, og vert, oppfatta av personar som har valt å uttala seg om fenomenet i ulike kjelder. I spørjeundersøkinga har ulike sider av fenomenet knot vorte systematisk utforska, og dette har gjeve ei innsikt i kva førestellingar som knyter seg til knot blant folk i dag.

Målet med både granskinga av dei skriftlege kjeldene og spørjeundersøkinga har vore å undersøkja *definisjonar* og *førestellingar*, og det kan difor avslutningsvis vera interessant å gjera nokre samanlikningar mellom det som har kome fram i desse to metodiske tilnærmingane til den overordna problemstillinga. Eg vil fyrst ta føre meg definisjonsdelen av prosjektet, før eg ser på språkforskarane og informantane sine førestellingar om knot.

I kapittel tre (punkt 3.2 og punkt 3.3) såg me korleis omgrepene å *knota* har vorte definert i ei rekkje norske oppslagsverk. I dei eldste definisjonane, frå 1698 (jf. Ramus 1956), vart omgrepene nytta om språkbruken til ein nordmann som prøvde å snakka dansk. Vidare ser det ut til at tydinga har gått frå det å snakka 'fornemt' og pent til at omgrepene i dei fleste oppslagsverk i dag vert definert som ein unaturleg og tilgjort språkbruk (jf. *Nynorskordboka* 2001). Definisjonane av omgrepene har slik endra seg frå å skildra retninga på den talespråklege tilpassinga til å verta ei skildring av sjølve språkbruken (jf. punkt 3.3). Som me har sett (jf. punkt 7.2.1), definerer informantane i hovudsak omgrepene å *knota* på to måtar. Den fyrste definisjonen er at knot er *ei språkleg tilpassing til eit finare talemål*. Denne definisjonen er mest nytta av dei eldre informantane, og ser ut til å vera i samsvar med fleire av definisjonane av knot i eldre oppslagsverk (jf. Vidsteen 1900). Den andre definisjonen,

som er mest nytta av dei unge informantane, er at knot er *ei form for dialektblanding*. Sjølv om denne definisjonen av omgrepet viser til sjølve språkbruken, ikkje retninga på den språklege tilpassinga, er den annleis enn definisjonen me finn i fleire norske oppslagsverk i dag (jf. ovanfor). I staden for å skildra korleis knot vert oppfatta som unaturleg og tilgjort, kjem det i denne definisjonen fram kva som gjer at knot skil seg frå dialektbruk, nemleg at det er ei form for blanding. At fleire av informantane likevel oppfattar denne språkbruken som unaturleg, viser seg mellom anna på spørsmålet om korleis dei reagerer på knot (jf. punkt 6.4).

I punkt 3.4 presenterte eg eit utval av det som er skrive om knot i faglitteraturen. Her såg me mellom anna at språkforskarane meinte at det å knota kan verta oppfatta som falskt og unaturleg av dei som høyrer det (jf. Larsen 1993), og at det kan verta rekna som ein motsetnad til 'autentisk' språk (jf. Vikør 1999). Vidare kom det fram at knot kan verta rekna som eit brot på lojaliteten til lokalsamfunnet (jf. Jahr 1997), og at folk som knotar kan verta latterlegjorde og sett ned på (jf. Steinset 1975). Informantane i undersøkinga kjem inn på mykje det same i svara sine. Nokre svarer at dei synest det er noko som høyrest feil ut når folk knotar (jf. punkt 6.4), og andre trekkjer fram at folk som knotar ikkje snakkar ein 'eigentleg' dialekt (jf. punkt 6.2). Lojaliteten til bygdesamfunnet er også til ein viss grad synleg i svara til informantane på spørsmålet om reaksjonar på knot (jf. punkt 6.4). Elles er fleirtalet av informantane negative til at folk knotar (jf. punkt 6.4.2), og det er såleis grunn til å tru at folk som knotar framleis kan verta sett ned på. Likevel er dette ikkje heilt eintydig, for blant dei unge informantane er det mange som svarer at dei *ikkje* reagerer på knot, og nokre av dei eldre informantane forklarer at dei har forståing for at folk knotar (jf. punkt 6.4.2). Medan dei folkelege meiningsytringane i punkt 3.7 stort sett berre viste negative haldningar til knot, er meiningsane til informantane i spørjeundersøkinga altså meir delte. På same måte som det berre er dei med negative haldningar til knot som trekkjer fram eigenskapar ved språkbrukaren (jf. punkt 7.2.3), er det truleg i hovudsak også dei som er negative til knot, som vel å skriva om emnet i nettdebattar og lesarbrev. Spørjeundersøkinga har slik sett gjeve eit meir nyansert bilet av førestellingar om knot enn det som ville kome fram om eg berre hadde nytta skriftlege kjelder i dette prosjektet.

Felles for dei oppfatningane av knot som har kome fram gjennom granskninga av skriftlege kjelder og spørjeundersøkinga, er likevel at det ikkje er nokon som uttrykkjer at dei har eit *positivt* syn på det å knota. Gjennom arbeidet med dette prosjektet ser det såleis ut til at eg har fått stadfesta at den språklege toleransen i Noreg ikkje omfattar *all* variasjon i talemålet. Knot ser framleis ut til å vera ei form for individuell språkleg variasjon som ikkje vert oppfatta som naturleg og verdifull (jf. punkt 1.2). Likevel er ei nedvurdering av knot

mindre synleg i svara til dei unge enn dei eldre informantane. Det kan difor vera interessant å stilla spørsmålet om dette kan tyda på at knot spelar ei mindre rolle i det norske språksamfunnet i dag.

## **8.2 Vil omgrepet å knotा finnast i daglegtalen i framtida?**

Omgrepet å *knota* vart opphavleg nyttta om ein språkbruk som vart oppfatta som forsøk på å gjera seg *finare* enn ein var, noko eg i denne avhandlinga har kalla den *sosiale dimensjonen* ved knot (jf. punkt 2.2.3). Spørjeundersøkinga har vist at medan dei eldre informantane i stor grad framleis ser på knot som eit forsøk på å gjera seg finare enn ein er, ser det ut til at den sosiale dimensjonen ved knot er mindre synleg i svara til dei unge informantane. Dette viser seg i definisjonane deira, og også gjennom førestellingane dei har om kven som knotar, og kvifor dei gjer det. I tillegg er det om lag 40 prosent av dei unge informantane som svarer at dei ikkje bryr seg når folk knotar (jf. punkt 6.4.2). Ser me dette i samanheng med at om lag ein tredel av dei unge informantane ikkje kjenner til sjølve omgrepet å *knota* (jf. punkt 6.1.1), kan det sjå ut til at fenomenet knot spelar ei mindre rolle blant dei unge informantane enn dei eldre. Kan dette vera eit resultat som viser at omgrepet å *knota* er på veg ut av daglegtalen?

Som ei fylgle av dialektreisinga på 1970-talet (jf. punkt 2.4.2) har det vorte mindre vanleg å leggja om talemålet i visse situasjoner. Sosial utjamning og språkleg regionalisering har ført til at skiljet mellom dialektbruk og eit finare eller normalisert talemål ikkje lenger er like klart (jf. punkt 2.5.2). Det at dei unge informantane i mindre grad enn dei eldre reagerer på knot, i tillegg til at fleire av dei ikkje kjenner til omgrepet, kan tyda på at det i Noreg i dag er mindre bruk for eit negativt ladd omgrep for å bryta dialektnormene enn det var tidlegare. Likevel har me sett at mange av informantane reagerer på knot ut frå *estetiske* vurderingar. Vurderingar av knot som til dømes stygt, irriterande eller falskt finn me også hos fleire av dei unge informantane som definerer knot som ei dialektblanding. Dette kan vera eit resultat som viser at sjølv om førestellingane om ein sosiale dimensjon ved knot skulle forsvinna, kan andre vurderingar av språkbruk vera med på å føra omgrepet vidare.

Slik eg ser det, kan det også tenkast at dei eldre informantane er meir opptekne av dialektbruk enn dei unge. Det kan difor henda at dei unge informantane i undersøkinga vil ha andre førestellingar om knot når dei vert eldre. Sjølv om ein tredel av dei unge informantane ikkje kjenner til omgrepet å *knota* i dag, treng det såleis ikkje seiia at omgrepet ikkje vil verta nyttta i daglegtalen i framtida. Me har sett at tydinga av omgrepet å *knota* endra seg frå det oppstod og fram til i dag. På same måte er det mogleg at innhaldet i omgrepet også i framtida

vil endra seg og verta tilpassa den norske språksituasjonen. Dette er det likevel berre framtidige undersøkingar av fenomenet knot som kan gje eit svar på.

### **8.3 Tankar om vidare forsking**

Dette prosjektet har vore eit fyrste steg til å få innsikt i det språklege fenomenet knot. Eg valde å gjennomføra ei skriftleg spørjeundersøking med mange informantar for å undersøkja i kva grad det finst felles førestellingar om knot (jf. punkt 5.2.1). På bakgrunn av målet for denne undersøkinga, og den metoden eg har nytta, har eg ikkje gått nærmare inn på kva den enkelte informantar meiner om knot, men har fokusert på skilnader og likskapar i svara til informantane på gruppenivå. Det kunne difor vore fruktbart å gjennomføra ei meir kvalitativ granskning av førestellingar om knot, og såleis få utdjupande svar frå informantane. I resultata frå spørjeundersøkinga såg me mellom anna at nokre forsøkte å 'imitera' knot skriftleg, og eg meiner det ville vore interessant å sjå korleis dei ville skildra knot munnleg.

Resultata frå undersøkinga har vist ein tendens til at dei unge og dei eldre informantane definerer omgrepene om *knota* på ulike måtar, og at dei til ein viss grad har ulike førestellingar om fenomenet. Vidare har det også kome fram gjennom denne undersøkinga at svara til informantane frå jordbrukskulen skil seg ut frå svara til både gymnaselevane og dei eldre informantane på fleire av spørsmåla. Dette er resultat som det kunne vore interessant å undersøkja nærmare gjennom vidare forsking på fenomenet knot, både gjennom å sjå om ein finn dei same tendensane andre stader i Noreg, og også ved å kunna gå djupare inn i årsakene til desse skilnadene. Det ville vidare vore spanande å undersøkja førestellingar om knot blant heilt andre informantgrupper, til dømes folk i andre aldersgrupper.

Undersøkinga mi vart gjennomført i ei bygd på Vestlandet. Nedvurderinga av knot har vore sterkest i lokalsamfunna, og det kan truleg setjast i samanheng med at det har vore eit språkleg og kulturelt forsvar mot byane (jf. Jahr 1997: 366, punkt 3.4). Knot har tidlegare vore sett på som eit brot på bygdesolidariteten, og dette synet kjem også til ein viss grad fram i svara til informantane. Kva rolle knot spelar i dei norske byane, er eit spørsmål som eg gjennom denne undersøkinga ikkje har gått inn for å svara på. Det kunne derimot også vore ei interessant problemstilling for framtidige undersøkingar av fenomenet knot.

## LITTERATURLISTE

- Ajzen, Icek: 1988. *Attitudes, Personality and Behaviour*. Buckingham: Open University Press.
- Akselberg, Gunnstein 2005: Talemålsregionalisering – modellar og røynd. I: *Målbyting* nr. 7 [109–130].
- Akselberg, Gunnstein 2004a: Talemål, register og medvit. I: Mæhlum, Brit m.fl: *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*. 2.utgåva. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag [125–144].
- Akselberg, Gunnstein 2004b: Talevariasjon i Noreg. I: Mæhlum, Brit m.fl: *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*. 2.utgåva. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag [145–166].
- Akselberg, Gunnstein 2002: Evaluering av eigen dialekt og aktuelle faktorar i den dialektale sosialiseringssprosessen. Talemålsvariasjon og språkhaldningar hjå ungdom på Voss ved tusenårsskiftet. I: *Målbyting* nr. 6 [93–120].
- Akselberg, Gunnstein 2001: Talemålsendring, samfunnsutvikling og kulturell identitet. I: Bakke, Elisabeth og Håvard Teigen (red.): *Kampen for språket*. Oslo: Det Norske Samlaget [188–215].
- Akselberg, Gunnstein 1997: Kvalitativ eller kvantitativ sosiolingvistikk? I: Bondevik, Jarle m.fl. (red.): *Språket er målet. Festskrift til Egil Pettersen på 75-årsdagen 4. mars 1997*. Bergen: Alma Mater [23–34].
- Akselberg, Gunnstein 1995: *Fenomenologisk dekonstruksjon av det labov-milroyske paradigmet i sosiolingvistikken. Ein analyse av sosiolingvistiske tilhøve i Voss kommune*. Dr.art.-avhandling. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Akselberg, Gunnstein og Brit Mæhlum 2004. Sosiolingvistisk metode. I: Mæhlum, Brit m.fl: *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*. 2.opplag. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag [71– 86].
- Aksnes, Magne 1974: Talemål, skriftnormal og NRK. I: *Språklig samling* nr. 1/1974 [2–4].
- Aschehoug og Gyldendals Store Norske Ordbok 1991. Oslo: Kunnskapsforlaget.
- Baker, Colin 1995: *Attitudes and Language*. Clevedon – Philadelphia – Adelaine: Multilingual Matters: 83.
- Bakke, Elisabeth 2001. Språk og nasjonsforming i Noreg i eit europeisk perspektiv. I: Bakke, Elisabeth og Håvard Teigen (red.): *Kampen for språket*. Oslo: Det Norske Samlaget [42–71].
- Berntsen, Mandius og Amund B. Larsen 1978 [1925]: *Stavanger bymål*. Oslo: Samlaget.
- Bokmålsordboka 1993. Definisjons- og rettskrivningsordbok. 2. utgåva. Oslo: Universitetsforlaget.
- Brunstad, Endre 2003: Det reine språket. I: Sandøy, Helge m. fl. (red.): *Purt og reint. Om purisme i dei nordiske språka*. Volda: Egset trykk A/S [7–18].
- Brunstad, Endre 2000: Språknormer som forskingsobjekt. Refleksjonar kring språknormomgrepet og språknormforskinga. I: Brodersen, Randi og Torodd Kinn (red.): *Språkvitskap og vitskapsteori. Ti nye vitskapsteoretiske innlegg*. Larvik: Ariadne forlag [46–68].
- Bull, Tove 1996: Aasen, språk og identitet. I: *Språknytt* nr. 1/1996 [17–20].
- Burr, Vivien 2003: *Social Constructionism*. Second Edition. London: Routledge.
- Douglas, Mary 1966: *Purity and Danger. An analysis of concepts of pollution and taboo*. London: Routledge & Kegan Paul
- Dyvik, Helge 1998: Hva er et språk? I: Nordgård, Torbjørn (red.): *Innføring i språkvitenskap*. Oslo: Ad Notam Gyldendal [11–23].
- Eagly, Alice H. og Shelly Chaiken 1993: *The Psychology of Attitudes*. Forth Worth, Texas: Harcourt Brace Jovanovich.
- Escolas Ordbok. 1994. Nynorsk. Indre Arna: Escola.

- Farstad, Randi 1996: *En studie av språkholdninger og stereotype forestillinger om og blant sunnmøringer, romsdalinger og nordmøringer*. Upublisert hovedfagsoppgåve i nordisk språkvitskap. Trondheim: NTNU.
- Fossåskaret, Erik 1997: Ustrukturerte intervjuer med få informanter gir ikke i seg selv noen kvalitativ undersøkelse. I: Fossåskaret, Erik m.fl. (red.): *Metodisk feltarbeid. Produksjon og tolkning av kvalitative data*. Oslo: Universitetsforlaget [11–45].
- Giles, Howard & Peter Smith 1979: Accommodation Theory. Optimal Levels of Convergence. I: Giles, Howard og R. N. St.Clair (red.): *Language and Social Psychology*. Oxford: Basil Blackwell [45–65].
- Gjerdevik, Kari 2005: "Det er ikkje det at eg er stolt". Ein studie av kva oppfatningar nordmenn og islandingar til om dialekt/mállýska. Upublisert masteravhandling i nordisk språk. Bergen : Universitetet i Bergen.
- Grønmo, Sigmund 1996: Forholdet mellom kvalitative og kvantitative tilnærmingar i samfunnsforskingen. I: Holter, Harriet og Ragnvald Kalleberg (red.): *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*. Oslo: Universitetsforlaget [73–108].
- Gullevåg, Ingemund 1991: Språk og normar: eit filosofisk synspunkt. I: Sandøy, Helge m.fl. (red.): *Språkideologi og språkplanlegging i Noreg*. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Hallager, Laurents 1802: *Norsk Ordsamling, eller Prøve af norske Ord og Talemaader. Tilligemed Et Anhang indeholdende endeel Viser, som ere skrevne i det norske Bondesprog*. Kjøbenhavn: Sebastian Popp.
- Haugen, Einar 1965: *Norsk-engelsk ordbok. Norsk [bokmål og nynorsk] rettskrivnings- og uttaleordbok med oversettelser til amerikansk engelsk. Med en historisk og grammatiske innledning*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Haugen, Ragnhild 2002: Sjølvrapporterte språkhaldningar frå ungdomar i Sogndal. I: *Målbryting* nr. 6 [143–174].
- Hellevik, Ottar 1991: *Forskningsmetode i sosiologi og statsvitenskap*. 5. utgåva. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hernes, Reidunn 2005: Kvar i verda finst språket? Ei drøfting av sosiolingvistikken sitt studieobjekt – i spenningsfeltet mellom individ og kollektiv. I: *Målbryting* nr. 7 [145–167].
- Hernes, Reidunn 2004: Makta i talemålet. I: *Språknytt* nr. 3–4/2004 [22–25].
- Hewstone, Miles og Howard Giles 1997: Social Groups and Social Stereotypes. I: Coupland, Niklas og Adam Jaworski (red.): *Sociolinguistics. A Reader and Coursebook*. London: MacMillan Press Ltd. [270– 281].
- Hogg, Michael A. og Dominic Abrams 1995: *Social Identifications. A Social Psychology of Intergroup Relations and Group Processes*. 3. utgåva. London – New York: Routledge
- Hovland, Ragnar 2000: Guds straff og dens konsekvensar. I: Arnessen, Tom Christian m.fl.: *Med egne ord. Norsk for VKI yrkesfaglige studieretningar*. Bekkestua: NKI Forlaget [257–259]
- Husby, Olaf 1985: *Inntrykk av språkbrukarar. Ei undersøking av tillagte personlegdomsdrag ut frå munnleg språkføring. Sosialt distinktive drag i talemålet i Sandnessjøen*. Upublisert hovedfagsoppgåve i nordisk. Trondheim: Universitetet i Trondheim.
- Høyland, Randi 2005: *Meiningar om mål. Ungdomar på Stord si oppfatning av seg sjølv og stordamålet i relasjon til haugesundarar og haugesundsmålet*. Uprenta masteravhandling i nordisk språk. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Indrebø, Gustav 1951: *Norsk Målsoga*. Bergen: A.S. Griegs boktrykkeri.
- Iversen, Ragnvald 1921: *Bokmål og talemål i Noreg 1560 – 1630*. Kristiania: A.W Brøggers boktrykkeri.
- Jahr, Ernst Håkon 1997: On the use of dialects in Norway. I: Ramisch, H og K. Wynne: *Language in time and space. Studies in honour of Wolfgang Viereck on the occasion of*

- his 60th birthday. Zeitschrift für Dialektologie und Linguistic, Beihefte 97.* Stuttgart: F. Steiner [363–369].
- Jahr, Ernst Håkon 1994: *Utsyn over norsk språkhistorie etter 1814*. 2. utgåva. Oslo: Novus forlag
- Jahr, Ernst Håkon 1990: Dialekter og dialektbruk i Noreg. I: Jahr, Ernst Håkon (red.): *Den store dialektboka*. Oslo: Novus forlag [7–9].
- Kringkastingsringen 1956: *Meir norsk – mindre knot*. Oslo: Kringkastingsringen.
- Kristiansen, Tore 2003: Sproglig regionalisering i Danmark? I: Akselberg, Gunnstein m.fl (red.): *Nordisk dialektologi*. Oslo: Novus forlag [115–149].
- Kristiansen, Tore 1997: Attitudes in a Danish Cinema. I: Coupland, Niklas og Adam Jaworski (red.): *Sociolinguistics. A Reader and Coursebook*. London: MacMillan Press Ltd. [291–305].
- Kristiansen, Tore 1996: Det gode sprogsamfund: det norske eksempel. I: *Nydanske studier & almen kommunikasjonsteori* nr. 21.
- Larsen, Amund B. 1993 [1917]: Naboopposition – knot. I: Jahr, Ernst Håkon og Ove Lorentz (red.): *Historisk språkvitenskap/Historical Linguistics*. Oslo: Novus forlag [97–109].
- Lunde, Marit Merete 2005: Haldningar – finst dei? Og er dei i så fall å finna i individua eller i det sosiale rommet mellom dei? Ei drøfting av haldningsomgrepene fra ulike tilnærningsmåtar. I: *Måltryting* nr. 7 [7–44].
- Lyse, Peter 1976: *Att ved Tyrifjorden. Målfore og tradisjon frå Ringerike*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Milroy, Lesley 1980: *Language and social networks*. Oxford : Blackwell
- Mæhlum, Brit 2004a: Normer. I: Mæhlum, Brit m.fl: *Språkmøte. Innføring i sosiolinguistik*. 2. utgåva. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag [87–103].
- Mæhlum, Brit 2004b: Språk og identitet. I: Mæhlum, Brit m.fl: *Språkmøte. Innføring i sosiolinguistik*. 2. opplag. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag [104–124].
- Mørk, Vidar 1983: *Hjartespråk og skriftmål*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Niedzielski, Nancy A. og Dennis Preston 2000: *Folk Lingusitic*. Berlin – New York: Mouton de Gruyter.
- Nynorskordboka 2001. Definisjons- og rettskrivingsbok. 3. utgåva. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Nynorsk Ordliste 2000. 9.utgåva. Oslo: Samlaget.
- Omdal, Helge 1996: Språknormering og språklig klima i Norge. I: Mats Thelander (red.): *Samspel och variation. Språkliga studier tillägnade Bengt Nordberg på 60-årsdagen*. Uppsala: Textgruppen i Uppsala [357 – 374].
- Omdal, Helge 1994: *Med språket på flyttefot: språkvariasjon og språkstrategier blant setesdøler i Kristiansand*. Uppsala: Institutionen.
- Pontoppidan, Erik 1972 [1749]: *Glossarium Norvagicum*. I: Hamre, Håkon: Erik Pontoppidan og hans Glossarium Norvagicum (faksimile). Oslo: A.S John Grieg [31–91].
- Preston, Dennis R. 2004: Folk metalanguage. I: Jaworski, Adam m.fl. (red.): *Metalanguage. Social and Ideological Perspectives*. Berlin – New York: Mouton de Gruyter [75–101].
- Preston, Dennis R. 2002: What is folk linguistics? I: *Måltryting* nr. 6 [13–24].
- Preston, Dennis R. 1999: *Handbook of Perceptual Dialectology. Vol. 1*. Amsterdam Philadelphia: J. Benjamins
- Preston, Dennis R. 1996: Whaddayaknow? The Modes of Folk Linguistic Awareness. I: *Language Awareness*, Vol. 5, No. 1 [40–74].
- Ramus, Jonas 1956 [1698]: Ordsamling, Norderhov 1698. I: *Skrifter frå norsk målførarkiv* nr 6. Oslo: Jacob Dybwad.
- Rasch, Jacob 1957 [1698]: Norsk Ordsamling, Stavanger 1698. I: *Skrifter frå norsk målførarkiv* nr 9. Oslo: Jacob Dybwad.

- Ringdal, Kristen 2001: *Enhet og mangfold. Samfunnsvitenskaplig forsking og kvantitativ metode*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Røyneland, Unn 2004: Språk og dialekt. I: Mæhlum, Brit m.fl: *Språkmøte. Innføring i sosiolinguistik*. 2.utgåva. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag [13 – 31].
- Sandøy, Helge 2002: Norsk tale i to generasjoner. I: *Språknytt* nr. 3-4/2002 [10 – 13].
- Sandøy, Helge 1996: *Talemål*. 2. utgåva. Oslo: Novus forlag.
- Schjøtt, Steinar 1914: *Norsk Ordbok, med ordtyding paa norsk-dansk. Til skule- og literært bruk*. Oslo: Samlaget.
- Schuman, Howard og Stanley Presser 1996: *Questions & Answers in Attitude Surveys. Experiences on Question Form, Wording, and Context*. Thousand Oaks, California: Sage Publications.
- Seim, Inger Margrethe Hvenekilde 2005: Språkholdinger og undersøkelser av dem. I: *Målbryting* nr. 7 [45–59].
- Seip, Didrik Arup 1947: *Fornorskingen av vårt språk og forutsetningen for den*. 2. utgåva. Oslo: Skandinavisk kulturforlag.
- Skard, Matias 1912: *Nynorsk ordbok for rettskriving og litteraturlesnad*. Kristiania: H. Aschehoug & Co.
- Skard, Matias 1945: *Nynorsk ordbok for rettskriving og litteraturlesnad*. 4. utgåva. Oslo: H. Aschehoug & Co.
- Skjekkeland, Martin 2005: *Dialektar i Noreg – tradisjon og fornying*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Searle, John R. 1969: *Speech acts. An Essay in the Philosophy of Language*. Cambridge: Cambridge University Press
- Steinset, Åge 1975: Språk og identitet. I: Steinset, Åge og Jo Kleiven: *Språk og identitet*. Oslo: Det Norske Samlaget [7–60].
- Strømsodd, Svein Arne 1979: *Dialektholdninger i to bydeler i Oslo*. Upublisert hovedoppgåve ved institutt for nordisk språk og litteratur. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Tanums store rettskrivingsordbok 1996. 8. utgåva. Oslo: Kunnskapsforlaget.
- Torp, Alf 1963 [1919]: *Nynorsk etymologisk ordbok*. Oslo: H. Aschehoug & Co.
- Torp, Arne og Lars S. Vikør 1993: *Hovuddrag i norsk språkhistorie*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Venås; Kjell 1982: *Mål og miljø. Innføring i sosiolinguistik eller språksosiologi*. Oslo: Novus forlag.
- Venås, Kjell 1992: Dialect and standards in Norway. I: van Leuvensteijn, J.A & J.B. Berns (red.): *Dialect and Standard Language*. Amsterdam: North-Holland [337–350].
- Vidsteen, Christian 1900: *Ordbog over Bygdemaalene i Søndhordland: med en kortfattet Lydlære og Bøiningsslære samt Sprogprøver*. Bergen: John Griegs Bogtrykkeri.
- Vigeland, Bjørn 1995: *Norske dialektar. Oversyn, heimfesting og normalisering*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Vikør, Lars S. 1999: Austlandsmaål i endring. I: Kleiva, Turid m.fl. (red.): *Austlandsmaål i endring. Dialektar, nynorsk og språkhaldningar på indre Austlandet*. Oslo: Det Norske Samlaget [13–48].
- Vikør, Lars S. 1994: *Språkplanlegging. Prinsipp og praksis*. 2. utgåva. Oslo: Novus forlag.
- Vikør, Lars S. 1989: The position of standardized vs. dialectal speech in Norway. I: *International Journal of the Sociology of Language* 80 [41–59].
- Vikør, Lars S. 1974: Knot. Ein del kritiske merknader. I: *Språkleg samling* nr. 4/1974 [8–9].
- Wiggen, Geirr (red.) 1973: *Ny målstrid*. Oslo: Forlaget Novus.
- Økland, Einar 1974: Forsvar for ”knotet”. I: *Språkleg samling* nr 3/1974 [1–2].
- Øverland, Arnulf 1949: *Bokmålet – et avstumpet landsmål*. Oslo: Aschehoug.
- Aasen, Ivar 1873: *Norsk Ordbog med dansk forklaring*. Christiania: Mallings Bogtrykkeri.

## **ANDRE KJELDER**

*Bergens Tidende* 04.01.2003: De verste språksvikerne.

*Bergens Tidende* 07.01.2003: Knot?

*Bergens Tidende* 12.01.2003: Føremålet med knot.

*Bergens Tidende* 23.11.2003: Fra garpeknot til edelt bymål.

*VG* 04.02.2006: Vil ikke være knote-konge.

*VG* 10.11.1998: Snakker dansk!

*VG* 06.08.1996: Semje!

*Aftenposten Morgen* 25.08.2006: Språket vårt. Knot.

*Aftenposten Morgen* 17.12.1992: Sprog og forbilder.

*Dagbladet* 31.05.2005: Råneren snakker dialekt og sossen knoter.

*Dagbladet* 22.07.2000: Knoting fra Gursken.

*Nordlys* 24.10.2006: Mye knoting i tv og radio.

*Nordlys Morgen* 27.10.2000: Knoting til debatt.

*Adresseavisen Morgen* 18.05.2001: Foldvik, språk og toleranse.

*Fædrelandsvennen* 31.05.2006: Kva skjer med dialektane våte?

*Språkteigen* NRK P2: <http://www.nrk.no/programmer/sider/spraakteigen/>.

Norsk Målungsdom: [hppt://www.nynorsk.no/mnu/](http://www.nynorsk.no/mnu/).

Pressemelding om dialektpisen til Are og Odin 26.10.2005:

<http://www.nm.no/tekst.cfm?path=10197,10201,10202&id=1147>

*VG Nett* 23.04.2001: <http://www.vg.no/vg/psssst/frode.html>

*VG Nett* 03.03.1999: [http://interaktiv.vg.no/tett\\_paa\\_nett/html/98arents.html](http://interaktiv.vg.no/tett_paa_nett/html/98arents.html)

*VG Nett* 03.06.2000: [http://interaktiv.vg.no/tett\\_paa\\_nett/html/98dsoundnytt.html](http://interaktiv.vg.no/tett_paa_nett/html/98dsoundnytt.html)

Om å snakke norsk eller ikke 23.07.2005:

[http://www.spaltet.net/220705165903\\_om\\_snakke\\_norsk\\_eller\\_ikke.html](http://www.spaltet.net/220705165903_om_snakke_norsk_eller_ikke.html).

## VEDLEGG 1: TABELLAR

I dette vedlegget viser eg dei tabellane som eg refererte til i kapittel seks, utan å ta dei med i sjølve teksten. Den siste tabellen i kapittel seks var nummer 24 (jf. punkt 6.7.2), og her held eg fram nummereringa, slik at den første tabellen i vedlegget er nummer 25.

| <b>Kjenner dei unge informantane til omgrepelåknota?</b> |       |            |                    |     |            |
|--|-------|------------|--------------------|-----|------------|
| Voss gymnas  |       |            | Voss jordbrukskule |     |            |
| Ja   | Nei   | Ikkje svar | Ja                 | Nei | Ikkje svar |
| 18   | 14    | 1          | 23                 | 8   | 1          |
| 54,5%  | 42,4% | 3,1%       | 71,9%              | 25% | 3,1%       |

Tabell 25: Kjennskap til omgrepelåknota. Svara til dei unge informantane frå gymnaset og jordbrukskulen.

| <b>Kjenner dei unge informantane til omgrepelåknota?</b> |       |            |            |       |            |
|--|-------|------------|------------|-------|------------|
| Jenter (44)  |       |            | Gutar (21) |       |            |
| Ja   | Nei   | Ikkje svar | Ja         | Nei   | Ikkje svar |
| 32   | 12    | 0          | 9          | 10    | 2          |
| 72,7%  | 27,3% | 0%         | 42,9%      | 47,6% | 9,5%       |

Tabell 26: Kjennskap til omgrepelåknota. Svara til jentene og gutane.

| <b>Kjenner dei unge informantane til omgrepelåknota?</b> |       |            |  |       |            |
|--|-------|------------|--|-------|------------|
| Informantar frå Voss (30)                                |       |            | Informantar som ikkje er frå Voss (35) |       |            |
| Ja   | Nei   | Ikkje svar | Ja                                     | Nei   | Ikkje svar |
| 18   | 11    | 1          | 23                                     | 11    | 1          |
| 60%  | 36,7% | 3,3%       | 65,7%                                  | 31,4% | 2,9%       |

Tabell 27: Kjennskap til omgrepelåknota. Svara til informantane som er frå Voss og dei som ikkje er frå Voss.

| <b>Korleis reagerer du når du høyrer folk som knotar?</b> |                  |         |                |         |                   |         |
|---|------------------|---------|----------------|---------|-------------------|---------|
|   | Negativ reaksjon |         | Ingen reaksjon |         | Tolerant reaksjon |         |
|   | Svar             | Prosent | Svar           | Prosent | Svar              | Prosent |
| Voss gymnas (13)  | 8                | 61,5%   | 5              | 38,5%   | 0                 | 0%      |
| Voss jordbrukskule (18)                                   | 10               | 55,6%   | 8              | 44,4%   | 0                 | 0%      |
| Eldre (22)  | 17               | 77,3%   | 0              | 0%      | 5                 | 22,7%   |
| Samla (53)  | 35               | 66,1%   | 13             | 24,5%   | 5                 | 9,4%    |

Tabell 28: Korleis reagerer informantane når dei høyrer folk som knotar. Jf. diagram 1, punkt 6.4.2.

**Kvifor trur du folk knotar?**

|                      | Identitet |         | Kommunikasjon |         | Påverknad |         |
|----------------------|-----------|---------|---------------|---------|-----------|---------|
|                      | Svar      | Prosent | Svar          | Prosent | Svar      | Prosent |
| Voss gymnas (17)     | 8         | 47,1%   | 4             | 23,5%   | 5         | 29,4%   |
| Voss jordbr.sk. (25) | 2         | 8%      | 2             | 8%      | 21        | 84%     |
| Eldre (27)           | 12        | 44,4%   | 10            | 37,1%   | 5         | 18,5%   |
| Samla (69)           | 22        | 31,9%   | 16            | 23,2%   | 31        | 44,9%   |

Tabell 29: Kvifor trur informantane at folk knotar. Samla oversikt over svara. Jf. diagram 2, punkt 6.4.2.

**Knotar du sjølv?**

|                        | Svært ofte |         | Ganske ofte |         | Sjeldan |         | Aldri |         |
|------------------------|------------|---------|-------------|---------|---------|---------|-------|---------|
|                        | Tal        | Prosent | Tal         | Prosent | Tal     | Prosent | Tal   | Prosent |
| Voss gymnas (14)       | 0          | 0%      | 5           | 35,7%   | 3       | 21,4%   | 6     | 42,9%   |
| Voss jordbr.skule (18) | 1          | 5,6%    | 6           | 33,3%   | 10      | 55,5%   | 1     | 5,6%    |
| Eldre (22)             | 0          | 0%      | 4           | 18,2%   | 9       | 40,9%   | 9     | 40,9%   |
| Samla (54)             | 1          | 1,9%    | 15          | 27,8%   | 22      | 40,7%   | 16    | 29,6%   |

Tabell 30: Knotar informantane sjølve? Samla oversikt over svara. Jf. diagram 3, punkt 6.7.1.

**Viss du knotar; kvifor?**

| Viss du knotar; kvifor?  | Tal på svar |
|--|-------------|
| Vert påverka av andre  | 4           |
| Plukkar opp nokre ord  | 1           |
| Det er noko eg har gjort heilt sidan eg lærte å lesa og skriva | 1           |
| Det berre vert slik  | 1           |

Tabell 31: Informantane frå Voss gymnas sine svar på kvifor dei knotar sjølve.

**Viss du knotar; kvifor?**

| Viss du knotar; kvifor?                              | Tal på svar |
|--|-------------|
| Påverka av andre sitt språk (familie, vene, media)   | 5           |
| Eg blandar inn ord frå andre dialektar               | 3           |
| Fordi eg har foreldre frå andre stader               | 2           |
| Det skjer av seg sjølv/automatisk                    | 2           |
| Eg vil ikkje knota, men har nok endra dialekten litt | 2           |

Tabell 32: Informantane frå Voss jordbrukskule sine svar på kvifor dei knotar sjølve.

| Viss du knotar; kvifor?         | Tal på svar |
|---------------------------------|-------------|
| For å gjera meg forstått        | 6           |
| Det er noko som skjer ubevisst  | 3           |
| Har inga rasjonell grunngjeving | 1           |
| Har lett for å ta etter andre   | 1           |

Tabell 33: Dei eldre informantane sine svar på kvifor dei knotar sjølve.

| Viss du ikkje knotar; kvifor ikkje?                 | Tal på svar |
|---|-------------|
| Fordi eg er stolt av dialekten min                  | 3           |
| Fordi eg vil halda på dialekten min                 | 1           |
| Fordi eg har den dialekten eg har                   | 1           |
| Fordi dialekten min ikkje er noko å skamma seg over | 1           |
| Fordi eg er vossing og snakkar vossamål             | 1           |

Tabell 34: Dei unge informantane sine svar på kvifor dei aldri knotar.

| Viss du ikkje knotar; kvifor ikkje?                                 | Tal på svar |
|---|-------------|
| Eg er stolt av dialekten min  | 3           |
| Det er unaturleg for meg  | 2           |
| Fordi eg vert forstått  | 1           |
| Får det ikkje til   | 1           |
| Kvifor skulle eg det?   | 1           |
| Eg knota då eg var i arbeid, men no har eg heldigvis slutta med det | 1           |

Tabell 35: Dei eldre informantane sine svar på kvifor dei ikkje knotar.

| Korleis reagerer du når du høyrer folk som knotar? Informantane som knotar sjølve. |                  |         |                |         |                   |         |
|--|------------------|---------|----------------|---------|-------------------|---------|
|  | Negativ reaksjon |         | Ingen reaksjon |         | Tolerant reaksjon |         |
|  | Svar             | Prosent | Svar           | Prosent | Svar              | Prosent |
| Voss gymnas (7)  | 4                | 57,7    | 3              | 42,9    | 0                 | 0       |
| Voss jordbr.sk. (17)   | 9                | 52,9    | 8              | 47,1    | 0                 | 0       |
| Eldre (11)   | 7                | 63,6    | 1              | 9,1     | 3                 | 27,3    |
| Samla (35)   | 20               | 57,1    | 12             | 34,3    | 3                 | 8,6     |

Tabell 36: Reaksjonar på knot. Informantane som knotar sjeldan, ganske ofte og svært ofte.  
Jf. diagram 5, punkt 6.7.3.

**Korleis reagerer du når du høyrer folk som knotar? Informantane som aldri knotar.**

|                     | Negativ reaksjon |         | Ingen reaksjon |         | Tolerant reaksjon |         |
|---------------------|------------------|---------|----------------|---------|-------------------|---------|
|                     | Svar             | Prosent | Svar           | Prosent | Svar              | Prosent |
| Voss gymnas (6)     | 4                | 66,7    | 2              | 33,3    | 0                 | 0       |
| Voss jordbr.sk. (1) | 1                | 100     | 0              | 0       | 0                 | 0       |
| Eldre (9)           | 9                | 100     | 0              | 0       | 0                 | 0       |
| Samla (16)          | 14               | 87,5    | 2              | 12,5    | 0                 | 0       |

Tabell 37: Reaksjonar på knot. Informantane som aldri knotar sjølve. Jf. diagram 5, punkt 6.7.3.

**Samanlikning av reaksjonar på knot og om informantane seier dei knotar sjølve**

| Korleis reagerer du på knot? | Negativt (34) |         | Ingen reaksjon (14) |         | Forstår dei (3) |         |
|------------------------------|---------------|---------|---------------------|---------|-----------------|---------|
| Knotar du sjølv?             | Tal           | Prosent | Tal                 | Prosent | Tal             | Prosent |
| Svært ofte                   | 0             | 0%      | 1                   | 7,1%    | 0               | 0%      |
| Ganske ofte                  | 6             | 17,6%   | 6                   | 42,9%   | 2               | 66,7%   |
| Sjeldan                      | 14            | 41,2%   | 5                   | 35,7%   | 1               | 33,3%   |
| Aldri                        | 14            | 41,2%   | 2                   | 14,3%   | 0               | 0%      |

Tabell 38: Rapporterte reaksjonar på knot i høve til eigenevaluering.

## VEDLEGG 2: SPØRJEUNDERSØKINGA

*Svar så ørleg som mogeleg på spørsmåla under. Bruk gjerne baksida.*

### 1. Opplysningar om deg sjølv.

Alder \_\_\_\_\_ Kjønn\_\_\_\_\_ Kvar bur du på Voss? \_\_\_\_\_

### 2. Har du budd andre stadar enn Voss?

Nei

Ja

Stad

År

*Frå*

*Til*

---

---

---

---

### 3. Kva er typisk for vossamålet? Nemn minst fem viktige språklege trekk.

### 4. Finst det ulike variantar av vossamål? Gje døme.

### 5. Kva legg du i omgrepet å knota? (språkleg)

**6. Korleis snakkar ein vossing som knotar? Nemn minst fem språklege trekk.**

**7. Kvifor trur du folk knotar?**

**8. Meiner du det er visse typar menneske som knotar meir enn andre? Forklar.**

**9. Meiner du at folk knotar meir i nokre samanhengar enn andre? I så fall i kva samanhengar?**

**10. Korleis reagerer du når du høyrer folk som knotar?**

**11. Kor ofte snakkar du om språklege spørsmål og dialektbruk?**

Svært ofte       Ganske ofte       Sjeldan       Aldri

*Kommentar:*

**12. Kommenterer du andre sin dialektbruk?**

a. Når dei snakkar *finare* enn vanleg:

Svært ofte       Ganske ofte       Sjeldan       Aldri

*Kommentar:*

b. Når dei snakkar *breiare* enn vanleg:

Svært ofte       Ganske ofte       Sjeldan       Aldri

*Kommentar:*

**13. Får du kommentarar frå andre på måten du sjølv snakkar på?**

a. Kor ofte?

Svært ofte       Ganske ofte       Sjeldan       Aldri

*Kommentar:*

b. *Viss ja, frå kven?*

Familie       Vener       Framande       Andre \_\_\_\_\_

c. *Viss ja, kva slags kommentarar har du fått?*

**14. Knotar du sjølv?**

Svært ofte       Ganske ofte       Sjeldan       Aldri

a. Dersom du knotar; kvifor?

b. Dersom du ikkje knotar; kvifor ikkje?

## **VEDLEGG 3: INFORMASJONSSKRIV TIL DEI ELDRE INFORMANTANE**

Else Berit Molde  
Parkveien 16  
5007 Bergen

28. november 2005

Til deltakarene på eldretreff i Vonheim tysdag 29. november,

### **INFORMASJON OM SPØRJEUNDERSØKINGA**

Eg er student ved Nordisk institutt på Universitetet i Bergen, og held på med ei mastergradsoppgåve (tidlegare kalla hovudfagsoppgåve) om språk og språkhaldninga på Voss. Denne spørjeundersøkinga vert gjort med både yngre (vidaregåande skular) og eldre personar busett på Voss. Det er viktig for prosjektet at eg får mange svar frå begge aldersgruppene, og eg håpar difor at de vil hjelpe meg.

Sjølve utfyllinga av spørjeskjemaet tek om lag ein halv time, men dette vil naturlegvis variera etter kor nøyaktig de svarer. Undersøkinga er anonym, og skal sendast til meg i den ferdig utfylte konvolutten innan tysdag 6. desember. Frimerke finn de saman med spørjeskjemaet. Eg vil gjerne presisera at det ikkje fint riktige eller feil svar, de skal berre skriva det de sjølve meiner. Har de spørsmål eller kommentarar kan de kontakta meg på tlf 41625821 eller e-post else.molde@student.uib.no.

Prosjektet vert utført under rettleiing av professor Gunnstein Akselberg ved Nordisk institutt på Universitetet i Bergen, og skal vera ferdig innan hausten 2006.

På førehand takk for hjelpe.

Med venleg helsing

Else Berit Molde

## SAMANDRAG

Masteravhandling ved Nordisk institutt  
Universitetet i Bergen  
Våren 2007

Namn: Else Berit Molde  
Rettleiar: Professor Gunnstein Akselberg  
Tittel: *Knot. Omgrepets definisjonane og førestellingane.*

Målet med dette prosjektet har vore å få innsikt i det språklege fenomenet knot. Omgrepet *å knota* har vore nytta i Noreg heilt sidan 1600-talet, men det har ikkje tidlegare vorte systematisk undersøkt. Hovudproblemstillinga for avhandlinga har vore å undersøkja korleis omgrepet *å knota* vert definert, og kva førestellingar som knyter seg til dette språklege fenomenet. For å få svar på denne problemstillinga har eg nytta to metodar: ei granskning av skriftlege kjelder og ei spørjeundersøking med unge og eldre informantar. Som ei ramme for prosjektet har eg også plassert fenomenet knot i ein språkhistorisk kontekst, og gjort greie for tilhøve ved den norske språksituasjonen som eg meiner har medverka til at omgrepet *å knota* oppstod, og at det har vore nytta fram til i dag.

I denne avhandlinga har eg starta med å setja fenomenet knot inn i ei språkhistorisk ramme, og vidare teke føre meg korleis omgrepet *å knota* har vorte definert og forklart i eit utval norske skriftlege kjelder. Her har eg vist korleis tydinga av omgrepet *å knota* har endra tyding frå det oppstod på 1600-talet og fram til i dag, og presentert ulike syn på knot blant språkforskarar og vanlege folk.

Hovuddelen av prosjektet har vore ei skriftleg spørjeundersøking. Denne undersøkinga gjennomførde eg med unge og eldre informantar i bygda Voss, der dei unge vidare kunne delast inn i informantar frå allmennfagleg og yrkesfagleg studieretning. Det teoretiske rammeverket for undersøkinga har vore ei folkelingvistisk tilnærming, i tillegg til at eg har lagt vekt på å gjera greie for relevante teoriar og språkhaldningar og språknormer. Som utgangspunkt for spørjeundersøkinga har eg formulert fire underproblemstillingar, som tek føre seg avgrensing av knot, haldningar til knot, førestellingar om språkbrukaren og til sist eigenevaluering.

I drøftinga av resultata har eg studert skilnader og likskapar mellom svara til informantgruppene. Resultata frå undersøkinga har vist at dei unge og dei eldre informantane har til dels *ulike* definisjonar av omgrepet *å knota*, og at dei dermed også har ulike førestellingar om språkbrukaren. Motsett ser det ut til at dei har svært *like* normoppfatningar

av vossadialekten, og dei døma dei gjev på knot ser også ut til å vera samsvarande. Eit synleg skilje mellom dei unge og dei eldre informantane er at dei eldre i hovudsak definerer knot som eit forsøk på å snakka *finare*, medan dei unge i større grad ser på knot som ei form for dialektblanding. Dette påverkar også førestellingane deira om kvifor folk knotar, når det skjer og i kva samanhengar folk knotar mest.

Fleirtalet av informantane viser at dei har negative haldningars til knot. Dette kan tyda på at sjølv om nordmenn generelt vert rekna for å vera språkleg tolerante, omfattar ikkje toleransen den forma for språkleg variasjon som vert rekna som knot. Likevel er det fleire av dei unge informantane som svarer at dei ikkje reagerer på knot, og det er difor ikkje heilt eintydig kva rolle fenomenet knot vil spela i det norske språksamfunnet i framtida.

